



RYFYLKEMUSEET

FOLK i Ryfylke

2007



tema

VIGA

FOLK i Ryfylke 2007

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Redaksjon: Trygve Brandal, Grete Holmboe
Utgivar: Ryfylkemuseet
Nordenden 14
4230 SAND
Telefon: 52 79 29 50
Telefaks: 52 79 29 51
E-post: post@ryfylkemuseet.no
Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementsprisen for 2007 er kr. 250,-.

Abonnement inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i Ryfylkemuseet.

Bankgiro: 3202.07.01527


Design: Nenad Ignjatic

Ombrekking, trykk og innbinding: Stavanger Offset

ISSN 0800-4692

Foto på framsida:


Bildet på framsida er tatt i hagen i Viga ein vårdag i 1998 da dei nye fruktrea var komne i god vekst. Dei som står rundt treet er alle folk som har gitt gode bidrag til bevaringa av Vigatunet og utviklinga av den frukthistoriske hagen der. Frå venstre: Tor Helge Heggland, Terje Pundsnes, Georg Vika, Sven Randa, Øystein Randa, Åse T. Jensen og Jens Kleppa.



Stuttreist mat på torget i Stavanger. Sigurd Dale har stått her i 50 år og bydd fram kvalitetsfrukt frå Ryfylke.

Innhald

- 5 Forord
- 7 Trygve Brandal
Gard og folk i Viga
- 29 Grete Holmboe
Bygningane i Vigatunet
- 44 Åse T. Jensen
På vandring gjennom eit langt venskap
- 50 Anna Elisabeth Østgaard
Bilder fra en barndom
- 53 Roy Høibo
Kulturminne og museum
- 67 Trygve Brandal
Saufolk frå Viga
- 79 Grete Holmboe
Helletekking i Hjelmeland
- 89 Martin Nag
Myten om Vigavågen og Hjelmeland i Sigbjørn Obstfelders hjerte
- 97 Trygve Brandal
Frukt- og bærdryrking i Hjelmeland
- 111 Roy Høibo
Garden og livet
- 127 Ruth Anne Moen
Folkemusikk i Hjelmeland
- 138 Årsmelding 2006
- 152 Rekneskap 2006



Det kan kvile ein mystikk over Vigatunet. Den skal vi ta vare på. Men samtidig vil vi bruke Viga til å fortelja historia om ein livsstil som ikkje berre hører fortida til. Museumsarbeid har like mye med framtida å gjera, som med fortida.

Forord

Viga har vore museumstun sidan 1970. Folk med antikvariske interesser hadde vore merksame på det gamle tunet i Viga lenge før det. Og da husa blei fråflytte før dei blei moderniserte, og Sven Randa let det meste av inventar og utstyr stå att i husa, låg det godt til rette for bevaring og formidling av kunnskap om byggeskikk, husbunad og livet i og mellom husa på garden.

Arbeidet med etablering av ein frukthistorisk hage har gjort at Viga i tillegg er blitt ein plass der ein kan hente kunnskap om dei gamle fruktslaga i Ryfylke. Arbeidet med frukthagen er ein del av eit nordisk samarbeid for å bevare genmateriale. Målet er at vi etter kvart skal gi ei samanhengande framstilling av historia til frukt- og bærdfyrkinga i Ryfylke. Dette skal bli eit viktig tema i den utoverretta verksamda i Viga-tunet, og det er eit tema som også har eit framtidsperspektiv i forhold til engasjementet rundt rein og stuttreist mat.

Vårt engasjement i historia om frukt- og bærdfyrkinga har gjort at vi i fleire omgangar har gjennomført dokumentasjonsprosjekt retta mot næringa. Vi har såleis både eit historisk materiale og eit samtidsmateriale i samlingane til museet, men det kunne og burde vore gjort meir. Frukt- og bærdfyrkarane i Ryfylke er ein viktig del av norsk matproduksjon, og vi tykkjer det er viktig å løfte fram dei interessene og dei verdiane som er knytt til denne produksjonen og til den livsstilen som er knytt til han.

I vårt arbeid med innvandring til Ryfylke har vi observert ein trend dei siste åra som handlar om at unge, ressurssterke familiar frå kontinentet søker å oppfylle sine mål med livet ved å flytte til bygde-Norge. Vi har søkt om omframme midlar for å kunne finne meir ut av kva som ligg bak denne forma for innvandring, og korleis dei opplever møtet med bygdene, dei som kjem. Men alt nå veit vi at dei m.a. kjem fordi dei søker det reine, trygge og sunne som Ryfylke kan by på. Vi som bur i bygdene forvaltar såleis ein arv som er i ferd med å bli oppvurdert. I første omgang av folk som kjem langt vekke frå, men

kanskje etter kvart også av folk som bur nærmare oss. Vi må vera medvetne om denne arven, og ta godt vare på han.

I denne utgåva av FOLK i Ryfylke byr vi på ein del artiklar som vi håper skal bidra til ny kunnskap om historia til Viga-tunet, gi ei betre forståing av frukt- og bærdfyrkinga og eit innsyn i den livsstilen som er knytt til det å bu på og drive ein gard, og som ser ut til å bli høgt verdsett av trendsettande familiarer lenger sør i Europa.

Det går og fram av stoffet at vi har mange og store oppgåver framføre oss i Viga. Bygningane er i dårlig stand, og det er behov for omfattande restaureringsarbeid. Skal vi fange interessa til eit breiare publikum må vi dessutan gjennomføre ei kraftig oppgradering av kunnskaps- og opplevelingstilbodet. Vi har planar for alt dette, men ressursane våre er slik at vi nok må leva med at det vil ta tid før vi er der vi gjerne vil vera i Viga.

Utanom artiklane som er skrivne av dei tilsette ved museet, har vi stoff frå tre «gjesteskribentar». Martin Nag har skrive ein artikkel om Vigavågen og Hjelmeland med utgangspunkt i den tilknytinga Sigbjørn Obstfelder hadde til Viga. Anna Elisabeth Østgaard, som ferierte i Viga i 25 år, og som kjenner staden og folka svært godt, har levert ei poetisk tekst om da gamle Sven Thorsen døydde. Og så har Åse T. Jensen skrive om sine vandringer med Sven Randa. Åse har hatt Viga som arbeidsplass i ei årrekke, både som tilsett i Hjelmeland kommune, og seinare som frivillig museumsarbeidar.

Vi håper artiklane og bildestoffet vekker interesse, og ønskjer lukke til med lesinga.



Det eldste kjende bildet av Vigatunet er dette frå tida kring 1905. Det er teke av ingeniør Bassøe, som var i området i samband med bygginga av vegen mellom Fister og Hjelmeland. Det står fire personar framfor huset. Det er truleg brukarparet Marta og Sven Thorsen og to av døtrene deira. Vi ser elles løa og eit uthus til venstre, ein del av eldhuset til høgre for gardshuset og Sisselastova heilt til høgre. Foto frå bua i Vigatunet.

Gard og folk i Viga

Av Trygve Brandal

Vigatunet ligg på bruksnummer 1 i Viga. Bruket er framleis i aktiv drift, tilliks med nabobruket bruksnummer 2. Bustadhuset i museumstunet var i bruk til 1955, løa til 1969. I denne artikkelen skal vi sjå på kva slags gard Viga har vore gjennom tidene og korleis driftsgrunnlaget var her. Og vi skal høyra om kven dei var dei som har budd på bruket og drive det.

Gardsområdet til Viga ligg i botnen av ei vik og strekkjer seg frå sjøen og oppover til grensa mot Hauske. Denne vika må ha gjeve namn til garden. Seinare har vika eller vågen fått eit eige namn, Vigavågen, som språkleg sett eigentleg er smør på flesk. Grunnorda vik og våg tyder om lag det same.¹

Gardshusa ligg 30–40 meter over havet. Den gamle dyrka marka ligg i nærleiken av gardstuna. Utmarka strekkjer seg oppover mot Hauske i sør og utover Viganeset mot Randøy i sørvest. Her er det dyrka opp ny jord dei siste åra. I nesten 180 år har det vore tre bruk i Viga. Bruksnummer 3, som er det minste, vart skilt ut frå bruksnummer 2 i 1829. I over 200 år før det hadde det vore to jamstore gardsbruk her. Og i den eldste tida var det nok berre eitt bruk på garden.

DEN ELDSTE HISTORIA

Dei første menneska som budde i området, budde ikkje der husa står i dag. Dei budde på Viganeset, ute ved Fisterfjorden, i ein hidler som heiter Bonshidleren. Utgravingar i hidleren har slått fast at det må ha budd folk der i yngre steinalder, mellom 3000 og 1500 f.Kr. Bonshidleren er 10 meter lang og 2,5–3 meter breid. Han ligg under ein bratt fjellvegg vel 30 meter frå sjøen i 10 meters høgde over havet. I steinalderen gjekk sjøen høgare, så då låg hidleren nærmere vasskanten. Åpringen vender rett mot vest, og vi må rekna med at der var bygt opp ein vegg for å stenga vind og ver ute.


Frå hidleren er det fritt utsyn sør- og vestover Ølesundet og Fisterfjorden. Plasseringa var lagleg for fiske, fangst og jakt.

Det har alltid vor mykje fisk i fjorden her, og tidlegare gjekk både sel og nise gjennom sundet. Det vart funne tre eldstader i hidleren då han vart undersøkt i 1940. Dei fleste oldsakene vart funne ved den nordlegaste eldstaden. Der grov dei fram ei deformert øks av grønstein, ein fiskekrok av bein, fleire stykke av beinåler, leirkarskår, ei mengd flintstykke, dyrebein o.a. Gjenstandar laga av bein er sjeldne å finna fordi dei stort sett har gått i oppløysing i jorda. Men i Bonshidleren hadde desse gjenstandane halde seg. Funna her syner ei rikare og meir variert reiskapsmengde enn det vi kjenner frå dei fleste andre buplassar, der det stort sett berre er steingjenstandar som har halde seg.

Det har truleg vore også andre steinalderbuplassar på Viganeset. Ved ei arkeologisk undersøking i 1973 vart det lokalisert fem sannsynlege buplassar. Steinaldermenneska farta også i det området som i dag er innmark i Viga. I Eldhusåkeren på bruksnummemr 1 er det funne to halve steinøksar frå steinalderen.

Gravhaugar er det fleire av kring om på gardsområdet. Nokre er runde haugar, andre er avlange. På Akslehaug er det t.d. eit gravfelt med minst åtte rundhaugar. Haugane er ordna i to grupper. Dei fire største ligg øvst og lengst mot nord, dei andre ligg lenger nede og er mykje mindre. Ei stor gravrøys var fjerna før arkeologane kom i 1940. Det var køyrt hundrevis av sledelass med stein derifrå, og ein stor del av steinen var brukt til forbygging av elvebreidda i bekken som renn gjennom garden. Det hadde vore gravkammer i haugen, og på toppen hadde det stått ein bautastein. Denne var teken i bruk til ei bru over bekken. Gravhaugar har ikkje sikker datering, men det er vanleg å rekna med at mange av dei skriv seg frå folkevandringstida i tidsrommet 300–600 e.Kr.

Steinaldermenneska hadde ikkje fast busettnad ein stad, men dreiv heller med sesongmessige flyttingar mellom ulike buplassar ved kysten og i heia. I hundreåra som følgde føregjekk det ein gradvis overgang i retning av fast gardsbuset-



Uttak av ved frå skogen har alltid vore ein ressurs for gardsbruka i Viga. Her er det Sven (til venstre) og Øystein Randa som arbeider med kloving og stabling av ved ein fin vårdag. Foto: Herbjørn Tjeltveit.

nad, og ein overgang frå einsidig satsing på fangst og jakt til også å驱ra med jordbruk med fedrift og korndyrking. Folket som budde her gjekk over frå å vera jegrar til også å bli bønder. Tamdyra kom nok før kornåkrane. Husdyrhaldet vart som ein garanti mot dårleg jakt. Fiske og fangst skaffa framleis det meste av maten. Men skulle viltet svikta, kunne dei slakta ein sau eller ein kalv og greia seg gjennom dei kritiske periodane.

Det er vanleg å rekna med at korndyrkinga på Sørvestlandet vart teken opp kring 2500 f.Kr. Mykje av landet var skogdekt på den tid. Der dei ville ha åker, måtte dei først svi av skogen. I brannoska spirte kornet godt. Denne driftsmåten vart kalla svedjebruks. Åkerflekken måtte ha tilsyn og hegna mot husdyr og ville dyr, og dette gjorde det gamle flyttemønsteret vanskelegare. Eit omflakkande jegerliv vart gradvis erstatta av eit meir bufast bondeliv.

LANG BUSETNADSHISTORIE

Vi reknar med at Viga er ein av dei gardane der det har budd folk samanhengande gjennom eit par tusen år. Det første skriftlege dokumentet vi har om Viga, er frå 1308. Det er eit skinnbrev, og innhaldet i det er trykt opp i kjeldeutgåvane Dipomatarium Norvegicum og Regesta Norvegica.² I dette dokumentet kunngjer Torstein prest på Fister at garden Viga ikkje kunne avståast til domkyrkja, slik broren Jon hadde fastsett i sitt testamente. Grunnen var at Viga ikkje var odelsfri. I staden avstod han ein gard som vart kalla Nedstyrne til domkyrkja.

Svartedauen kring 1520 førte til avfolkning av mange gardar. Men Viga var ein god og sentraltliggjande gard, og det er ingen ting som tyder på at den vart liggjande øyde. Ein Jon er oppført som brukar i to kjelder rundt 1520, både i sakefallslista

frå 1519 og i skattelista for tiandepengeskatten frå 1521. Neste glimt vi får av det bevarte kjeldematerialet, er ei liste over bønder som betalte leiglendingsskatt i 1563. Då er «Hellie po Vige» nemnd. Garden ser ut til å ha blitt driven som eitt bruk gjennom 1500-talet. Men iallfall frå byrjinga av 1600-talet var det to jamtstore bruk på garden. Lensrekneskapen tek til i 1603, og frå då av og ut gjennom er det ført opp to brukarar. Landskylda for Viga auka etter kvart frå to til tre laupar smør. I 1590 er Viga ført opp med to laupar smør, i 1620 2 ½ laupar og i 1649 tre laupar smør.

GARDSBRUK OVER GJENNOMSNITTET

Den gamle landskylda på Viga var på tre laupar smør. Dei to brukarar var jamstore og hadde såleis 1 ½ laupar smør i landskyld. Dermed plasserer dei seg i øvre halvdel av gardsbruken i Hjelmeland om vi rangerer dei etter storleik. Vi skal først sjå på dette med skattematrikkelen frå 1723 som kjelde.³

Det var då 103 gardsbruk i Hjelmeland sokn. Det minste gardsbruket var garden Fundingsland. Her var landskylda ikkje rekna i smør, men i never. Jordleiga var tre vetter never, som tilsvara 111 kilo never. Omrekna i smørskylde utgjorde dette 18 mrk. smør.

Det største bruket var garden Tøtland i Vormedalen, ikkje så langt frå Fundingsland. Tøtland vart driven som eitt bruk og var på heile fire laupar smør. I 1723 var det Mikkel Jørgensen Smith som var brukar. Gardsbruken i Viga, som var på 1 ½ laupar smør, plasserer seg ein stad midt mellom desse ytterpunktene. Dei var seks gongar større enn Fundingsland, men 2,7 gongar mindre enn Tøtland.

Gjennomsnittsbruket i Hjelmeland i 1723 var på 3 pund 18 mrk. smør. Vigabruka låg såleis godt over gjennomsnittsbruket i landskyld. 26 av dei vel 100 brukarar var større enn gardsbruken i Viga. Det var udelte gardar som Aukland på Ombo, Assheim, Norda Knutsvik og Søra Knutsvik på Jøsneset, Østerhus og Vadla i Jøsenfjorden og Pundsnes på Hjelmeland. Og det var gardar med to store bruk, som Vestersjø på Ombo, Foss på Jøsneset, Kvame og Tuntland på Hjelmeland. 17 bruk var jamstore med brukar i Viga, med 1 ½ laupar smør i landskyld. Dei fire nabobruka på Mjølhus og det eine bruket på nabogarden Hauske var mellom dei som var på denne storleiken.

Matrikkelen frå 1723 oppgir at brukar i Viga sådde 4 ½ tonner korn og avla 20 tonner. Buskapen låg på 10 storfe, 15 smalar og ein hest. Dette er litt i underkant av det eit gjennom-



Det er eit tett bygningsmiljø i Vigatunet. Her ser vi gardshuset til venstre, løa bak, litt av eldhuset og så Sisselastova til høgre.

snittsbruk hadde, trass i at Viga låg høgare i landskyld. Den udelte garden Askvik ikkje langt frå Viga hadde ei landskyld som låg akkurat på gjennomsnittet, 3 pund 18 merker smør. Der hadde dei litt meir husdyr enn i Viga (2 hestar, 10 storfe og 18 smalar) og dei dyrka òg litt meir korn (24 tønner mot 20 tønner i Viga).

Vi har her heile tida brukt oppgåvene slik dei står i matrikkelen. Vi må ha i mente at oppgåvene jamt over låg lågare enn det reelle, både for åkerbruket og husdyrhaldet. Folk flest oppgav noko låge tal, fordi dei visste at oppgåvene kunne føra til justering av skylda, som i sin tur vart brukt til utrekning av skattane.

Eit vitnemål om at Viga vart sett på som ein god gard som kunne få høgare landskyld, har vi i matrikkelen frå 1668. Der vart det foreslått å setja opp landskylda med ein sjettedel, frå 3 til 3 ½ laupar smør. Men dette vart ikkje gjennomført. Der er det også operert med svært høge dyretal. Det heiter at det «92 Nøed og 4 Øger» på garden. Og utsæden av korn er oppgitt til heile 14 tonner.

Etter den nye matrikkelen i 1886 fekk bruksnummer 1 i Viga, der Sven Thorsen var eigar, ei skyld på 6 mark og 80 ore. Med det plasserte bruket seg på 19. plass mellom gardsbruken i Hjelmeland. Det største bruket då var nabogarden

Hauske, som vart driven som eitt bruk, med Hjelmeland pres-tegård som ein god nummer to. Fleire bruk som tidlegare hadde vore store var no oppdelte i mindre einingar.

DRIFTSGRUNNLAGET

I eldre tid levde folk på gardane av det garden kasta av seg. Det skjedde anten direkte, ved at dei produserte matvarer som dei forbrukte sjølve, eller ved at garden gav eit overskot for sal av ulike varer (kjøt, korn, ved) slik at dei kunne kjøpa andre nødvendighetsvarer som dei mangla. Fiske i fjorden kom i tillegg. Det kunne gje både mat til eige forbruk og kontante sals-inntekter.

Husdyra og åkrane var dei sentrale faktorane i gardsdrifta. Eldre matriklar og teljingar har opplysningar om dyretal og åkerdrift. Vi skal i det følgjande sjå på oppgåvane for bruksnummer 1 i Viga, det bruket som Vigatunet ligg på. Heile tida har vi i mente at dei taloppgåvane vi har må sjåast på som minimumstal som ofte kunne liggja godt under dei reelle tala. For åkerbruket har vi desse tala:

	KORN (tonner)		POTETER (tonner)		
	Utsæd	Avling	Utsæd	Avling	
1668	7				
1723	4 ½	20			
1775	5	35			
1803	6	30			
M.k. 1865	9 ¼	47 ½	4	25	
F.t. 1865	9 %	48	5	31	

Kornavlina kunne liggja på 20-30 tonner korn på 1700-talet. Vi reknar med at det vart dyrka opp nokre nye åkerflekkar etter kvart, og dermed ser kornavlina ut til å auka til bortimot 50 tonner i eit normalår i andre halvdel av 1800-talet. Dette tilsvrar over 3000 kilo korn. Treskinga var eit storarbeid med såpass store kornmengder. Det gamle var tresking med tust, men i 1863 fekk dei eit vassdrive treskeverk på garden. Det er nemnt særskilt i amtsagronomen si melding for det året, i lag med eit liknande treskeverk på Sand i Hjelmeland og eitt på Jelsa. I løveggen i Vigatunet syner enno hola der taua gjekk inn til treskeverket på låven.

I eldre tid var det mest berre havre som vart dyrka på dei små og spreidde kornåkrane, men på 1800-talet også noko

bygg og blandkorn. Potetene kom til som ein ny åkervekst frå kring 1800. Ein potetåker er nemnt i eit folgebrev frå 1806. Rundt 1865 dyrka dei 25-30 tonner poteter.

Husdyrhaldet utvikla seg slik etter taloppgåvane i kjeldematerialet:

	Hestar	Storfe i alt	Herav kyr	Herav ungdyr	Småfe
1668	2	16			
1723	1	10			15
1803	1	10	5	5	30
M.k. 1865	1	11	8	3	50
F.t. 1865	1	12			64

Merknad: M.k.: Matrikueringskommisjonen. F.t.: Folketeljinga.

Tala frå matrikkelen i 1668 verkar urimeleg høge og må takast med ei klype salt. Seinare ser det ut til at det ofte stod 7-8 kyr og 3-4 ungdyr på båsen, og i skuten auka sauetalet frå 30 kring 1800 til vel det doble 60-70 år seinare. Då var det truleg på sitt høgaste. I dag er det 11 kyr, nokre ungdyr og 40 vinterfora sauher på bruket.

I den gamle gardsdrifta vart det drive med både husdyrbruk og åkerbruk på alle gardar. Kornet og kua var to sider av same mynten. Åkerbruk og husdyrhald føresette kvarandre gjensidig i driftsopplegget. Halmen frå kornåkrane var ein viktig del av vin-terføret for dyra, og gjødsla frå husdyra var ein føresetnad for at åkerbruken kunne drivast og gje bra avlingar. Dette endra seg då moderniseringa av jordbruken sette inn mot slutten av 1800-talet, framover på 1900-talet og særleg etter andre verdskriga. Korndyrkinga vart redusert på mange gardsbruk og fall heilt ut dei fleste stader etter krigen. Utviklinga gjekk i retning av større grad av spesialisering, der det vart satset sterkt på ein eller nokre få produksjonar. I Viga var det kyr og sauher dei satset på.

Noko skog hadde dei i Viga. Det var tale om vedaskog, ikkje tømmerskog. I dei eldste matriklane er det sagt at dei hadde nok ved til eige behov på garden, men i 1803 rekna dei også med noko ved for sal. I 1865 meinte vurderingsmennene at Østen Svenson på bruksnummer 1 kunne selja 25 famner bjørkeved årleg, og dette var eit moment som talde sterkt på plussida i vurderinga av gardsbruket.

«Nogen Nøddeschoug» heiter det i matrikkelen frå 1668. Dette var nok hassel. Hasselnetene kunne også seljast på tor-

get i Stavanger og gje noko kontante inntekter. Tre andre gardar i Hjelmeland vart oppførte med nøtteskog i 1668. Det var Vestersjø og Aukland på Ombo og Bratt-Hetland i Hetlandsbygda.


FISKE, FRUKT, STAMPEMØLLE OG SKIFERBROT

Viga si plassering like ved sjøen gav rike sjansar til å驱va fiske for dei som budde her. Sjøen var fellesressurs og fri for alle, men i tillegg hadde Viga kastevågar ved sjøen, der dei heldt på ein enerett til å驱va fisket. Eit «Ringe Laxe- og Machrell fischende» i sjøen utanfor gardsområdet er nemnt i 1668-matrikkelen. I 1723 er det kalla «et uvist fischerie». Femten år seinare vart det sak mellom Ola Viga og Ola Tøtland om fiskeriet i Vigavågen. Ola Tøtland skulle ha vore «for nærgaaende i hans fiskeriets brug, at hand endog har betient sig af wige gaardens fische gilge og kastet der under landet med sin nod». Saka enda med forlik, der partane lova ikkje å hindra kvarandre i deira lovlege fiskerett.

Brukane i Viga har alltid hatt naust ved sjøen i Vigavågen med båt og reiskap, og dei har drive både husfiske og fiske for sal. I 1834 pakta Sven Ormson Viga bort fiskevågane som høyrd til bruket til Peder Jonson Dalen, Øye. Dei vart fredlyste, og det vart forbode for utedkomande å fiska der med net og garn. For dei husmennene som budde i Vigavågen og ikkje hadde jord, var fisket den viktigaste næringsvegen.

Fruktdyrkning var ei driftsgrein mange gardar starta med på 1800-talet og satsa meir på utover på 1900-talet. Slik også i Viga. Allereie ved utskiftinga i 1822 er det nemnt ein frukthage på garden, som hadde tilhørt brukaren av bruksnummer 1, men som no vart avstått til bruksnummer 2. Ved jordbrukssteljinga i 1939 var det 238 frukttrær og 150 bærbuskar på dei tre brukene i Viga. Det var det minste bruket, bruksnummer 3, som då hadde mest. På bruksnummer 1 har det i generasjonar vore frukt- og bærhage i hagen innanfor steinmurane like nedanfor det gamle bustadhuset. Det er her det sidan 1990 er stelt til ein frukthistorisk hage med eit rikt utval av fruktsortar fra Ryfylke.

Matrikuleringskommisjonen som vurderte alle gardar i 1865, målte opp 34,5 mål åker og dyrka eng på bruksnummer 1 i Viga. 26 mål av dette var sandjord og 8 mål var vassjukt. Naturenga var på 113,5 mål. Ein del var av god kvalitet, men noko var berget og bakket. Bruket hadde hadde utslåtten Støyde ute på Viganeset. Lauving dreiv dei mykje med for å ha




Viga vart frå gammalt av rekna som sjøgard, sjølv om tunet ligg nokre hundre meter frå sjøen. Naust, båtar, fiske og ferdsel på sjøen høyrd difor dagleglivet til i eldre tid.

til vinterfôr for dyra, heile 2000 lauvkjervar for året. Dette var ein plussfaktor for bruket, og det var også det faktum at dei hadde kort veg til sjøen og at garden var svært lettbrukt. Vurderingsmennene meinte at bruket var «mer end almindelig godt dyrket.»

Sommarbeite hadde garden for lite av sjølv. Ungnauta og sauene måtte det leigast beite for. Ei tid leide dei beite i Segadal i Jøsenfjorden. I nyare tid har bruket kjøpt seg inn i beitet i Berdalen i Sauda, og sauene vert sende dit på sommarbeite. Her har folk fra Hjelmeland og Fister vore eigara sidan 1896. Bruksnummer 2 har lenge hatt og har enno ein eigarpart i Vasstøl i Årdal, i lag med fleire andre fra Hjelmeland. Men i nyare tid har dei leigt sommarbeite for sauene ved Breiborg mellom Berdalen i Sauda og Brattlandsdalen i Suldal. Gunnar Vika fra Viga dreiv som sauengjætar der i Handelandsbeitet i same området i mange år mellom 1930 og 1960.

Det fanst også ei stampe i Viga på 1800-talet. Stampa er nemnt i folgebrevet fra Østen til Ola på bruksnummer 1 i 1806.



Helletaka er karakteristisk for Vigatunet. Det finst skifer i utmarka til bruksnummer 2 i Viga, men den er best eigna til murestein. Steinene til helletaka er nok henta frå skiferbrot andre stader i Hjelmeland.

I matrikkelførarbeidet frå 1819 heiter det at garden «har ubetydelig Stampemølle». Stamping vart brukt for å gjera vadmålet meir slitesterkt. Ei stampe var ei ganske enkel innretning med eit stort trau der dei la vadmålsstuane nedi. Ved hjelp av vasskraft og ein kadl vart to store trehammarar lyfte opp og sleppte ned i trauet. Når vadmålet fekk mange slike dunkar, vart det godt tøvt. Stamper fanst det ein del av rundtom i bygdene. På Hjelmeland var det stamper også på Einervoll, Fevoll og Kvame, og det var stampe på Fister, på Nessa og på Ristingsvoll i Årdal.⁴

Det var vasskrafta i Hauskeåna som dreiv stampa, og dei hadde også kvernhus i elva. Huset var felles for brukarane i Viga. Der stod også eit kvernhus til, som høyrdet til folk frå Øye på Randøy. Dei hadde ein gammal kvernrett på Viga sin grunn ved elva. Lensmann Sjur Olson Øye fekk skøyte på ei kvernhustomt på 16 kvadratalen i Viga i 1838 og betalte 20 spesidalar for henne.

I Viga si utmark fanst det noko skiferstein. Denne var lite eigna til taktekking, men kunne brytast til kubb og brukast til muring og liknande. Skiferfjellet ligg i søre enden av utmarka til bruksnummer 2, på ein stad som heiter Kåva. Steinbrotet i Viga si utmark er omtalt i ei frådelingsforretning mellom bruks-

nummer 2 og 3 i Viga i 1837. Der heiter det: «Fremdeles skal den til Gaardsbrug tjenlige Steen, der findes i Koveuren, være til felleds afbenytelse for begge de udskiftede Gaardeparter.»⁵

Skiferbrot fanst det fleire av i Hjelmeland. Dei største var på sørssida av Randøy, på Randa, Kåda og Sandanger. Men også på fastlandet kunne det brytast skiferheller til taktekking. Ein stad var i Ramnfjellet i utmarka til gardane Kleppa, Askvik, Lerstøl og Espeland, der det på Espeland sin grunn vart drive mest aktivt med uttak av skifer. Ein annan stad var Mannafjellet, i utmarka til bruket Barnevik under Li i Fister. Også på Solbjør i Fister har det blitt teke ut skifer. Vi veit ikkje kvar steinen til dei mange skifertaka i Viga har kome i frå, men det er nærliggjande å tenkja på Mannafjellet eller Espeland.

EIGEDOMSFORHOLD

Det var Stavanger katedralskule som åtte Viga. Dei åtte også andre gardar i Hjelmeland. Gardane Døvik og Store Nessa og ein part av Hovda tilhøyrdde også katedralskulen. I tillegg åtte andre geistlege eigrarar, som biskopen, «Lectoriet» knytta til domkapitlet og katedralskulen, samt soknepresten og kapellane ved domkyrkja ein del jordegods i Hjelmeland, slik at det som kan kallast bykyrkjelege eigrarar hadde hand om kring ti prosent av jorda i Hjelmeland i 1661.⁶ Også i andre bygder åtte skulen gardar og gardpartar. Skulen leigde ut dei to gardsbruka på garden og fekk leigeinntekter frå brukarane. Desse inntektene var del av «Skolemesters aarlige indkomst», altså ein del av rektoren si inntekt. Slik var systemet for mange stillingar både på det kyrkjelege og det verdslege området. Inntektene deira kom heilt eller delvis i form av leigeinntekter frå gardar og gardpartar som høyrdet embetet eller institusjonen til.

Når katedralskulen vart eigar av Viga, veit vi ikkje. Men vi veit at alt tidleg på 1300-talet heldt Viga på å bli gitt som gavet til Stavanger domkyrkje. Vi har før nemnt det eldste skriftlege dokumentet vi har om Viga, ei fråsegn frå 1308, der Torstein prest på Fister kunngjør at garden ikkje kunne avståast til domkyrkja, slik broren Jon hadde fastsett i sitt testamente. Grunnen var at Viga ikkje var odelsfri. I staden avstod han ein gard som vart kalla Nedstyrne til domkyrkja.⁷

Bispestolen vart flytta frå Stavanger til Kristiansand i 1682, og det same skjedde med katedralskulen. Etter den tid var det då Kristiansand katedralskule som åtte Viga. Slik var det i over hundre år. Men i 1790-åra var katedralskulen villig til å selja

gardsbruken i Viga, og dei to brukarane kjøpte bruken på offentleg auksjon og vart dermed sjølveigarar. Endre Olson fekk skøyte i 1793 og Peder Rasmusson året etter. Dei andre gardpartane som katedralskulen åtte i Hjelmeland vart også selde til oppsitjarane i desse åra.

UTSKIFTINGA I 1822

Det vart halde utskifting i Viga allereie i 1822, året etter at den første utskiftingslova av 1821 trådde i kraft. I Viga var dei tidleg ute. Viga, Fister og Skartveit på Halsnøy var dei gardane i Hjelmeland prestegjeld som gjekk i gang med dei første utskiftingane. Mange av desse tidelege utskiftingane var ikkje så fullstendige utskiftingar som vi kjenner frå seinare, etter utskiftingslova av 1857. Dei let stort sett den gamle gardsskipnaden vera som før og unngjekk delelinjer som gjorde det nødvendig med flytting av hus. Etter kvart vart dei opplevde som ufullstendige, og mange stader gjekk dei i gang med nye utskiftingar nokre tiår seinare.

Ikkje slik i Viga. Her er utskiftinga frå 1822 den einaste som har vore. Før den offentlege utskiftinga hadde dei to brukarane i Viga inngått ein minneleg avtale om utskifting. Men denne hadde Peder Rasmusson på bruksnummer 2 seinare gått i frå, og Sven Ormson, den nye brukaren på bruksnummer 1, kravde då offentleg utskifting.

Det var den 18. oktober 1822 at retten vart sett i Sven Ormson Viga sitt hus. Til stades var sorenskrivaren og fire lokale lagrettemenn. Det var Lars Klengson Dale, Jens Larsson Pundsnes, Lars Jensson Kleppa og så Ola Østenson Vormeland, som hadde vore brukar i Viga til 1818, då han flytte til Vormeland. Dei brukte den første dagen på ei grundig synfaring på innmarka på garden. Neste dag heldt retten fram. Dei grenselinene dei trekte var stort sett i pakt med slik det var avtalt i den minnelege utskiftinga. Innmarka vart delt i to like gode delar, og det same skjedde med utmarka, både buhagen i Viganeset og smalehagen eller heimemarka mellom Vigavatnet og innmarka. Sven Ormson på bruksnummer 1 fekk den nordre teigen av både innmark, smalemark og buhage, Peder Rasmusson på bruksnummer 2 fekk den søndre. Sven Ormson hadde året før flytta husa sine ut av fellestunet. Det gamle fellestunet låg der bruksnummer 2 sine hus ligg i dag. Sven etablerte sitt nye gardstun inn til berget noko lenger nede. Til bustadhus vart den gamle røykstova flytta, og så vart det bygt ein ny del med loft saman med denne. Dette



Gardshuset i Vigatunet vart bygt i 1821, etter utskiftinga på garden som ført til at Sven Ormson på bruksnummer 1 flytta sine hus til der dei står i dag. Vi ser inn døra til bua, den nye stova i gardshuset. Over døra står det skrive: «Dette Hus er bøgt 1821». Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

ELSE FRA JELSE OG CORPSLÆGE OBSTFELDER

Else Bolette Knudsen var dotter til Jelsa-presten Paul Knudsen. Ho vokt opp i Prestegarden på Jelsa. Else var fødd i 1795 og fem år då prestefamilien kom til Jelsa. På Jelsa-garden, som var nærmeste nabo, budde ein staut ung mann som heitte Lars Bjørnson Jelsa. Han var fødd i 1777 og såleis 18 år eldre enn Else. Han og Else fekk eit godt auge til kvarandre, trass i aldersskilnaden. Det likte ikkje ein eldre bror hennar, som kom heim på besøk. Han frykta det kunne bli til kjærleik og giftarmål og ville ikkje at søstra skulle bli bondekone. Difor talde han farem til å sende Else til Bergen, der dei hadde fine vener, til dømes biskop Hagerup.

Då Else skulle reisa, skreiv Lars farvelsangen «Else fra Jelsa» på fem vers. Der heiter det slik i vers to: «At jomfruen



«Batallions Chirurg» Johann Gottfried Obstfelder, farfar til diktaren Sigbjørn Obstfelder, budde i Vigavågen frå 1816 til han døydde i 1837. Han gifte seg med prestedottera Else Bolette Knudsen frå Jelsa i 1816, men den unge kona døydde etter eit halvt års ekteskap. Obstfelder var på besøk på Jelsa to år før dei gifte seg, og då rissa dei namna sine inn i tommerveggen i det såkalla Brodersenhuset på Jelsa. Der står framleis: «Johanne Christine Rosendahl, Johan Gottfried Obstfelder, Else Bolette Knudsen. 1814.» Vi ser Brodersenhuset midt på bildet. Skolemuseet på Jelsa, Den Riibergske Stifelse, ligg til venstre, og lenger bak ser vi husa på handelsstaden Bjergsted.

Else vil reise fra Jelsa, nedstemmer vort vaklende mod. Det røver vaar glæde at se en borttræde, som menigmand siger er god.» Vi veit ikkje nøyaktig når ho reiste til Bergen og kor lenge ho vart der. Men ho kom tilbake til Jelsa, og var framleis like fal og fri. Men då var Lars nyleg gift, eller skulle snart gifta seg med Kari Olsdotter Hagalid frå Hjelmeland. Det skjedde i 1812. Då var Else 17 år.

Fire år etter stod «Jomfrue Else Bolette Knudsen» på kyrkjegolvet i Jelsa kyrkje saman med «Batallions Chirurg Johann Gottfried Obstfelder». Faren hennar vigde dei vinterlaurdagen den 2. mars 1816. Brura var 21 år, brudgommen 38. Dokter Obstfelder var fødd i Tyskland, men hadde budd i Norge sidan 1808. Først på Kongsberg, sidan i Kristiansand. No hadde han nettopp blitt utnemnd til bataljondokter ved Det Stavangerske Musketérkorps og skulle bu i Vigavågen. Som tilhøyrande den kondisjonerte stand hadde han nok kome i kontakt med prestefamilien på Jelsa og den unge Else. Det hadde nok skjedd nokre år før. Eit vitnemål om det er tre namn og eit årstal som er rita inn i tommerveggen på loftssalen i eit gammalt hus på Jelsa frå 1787, det såkalla Brodersenhuset, som vart bygt til presteenkja Anna Maria Brodersen. Der står: «Johanne Christine Rosendahl, Johan Gottfried Obstfelder, Else Bolette Knudsen. 1814.»⁹ Kanskje er det truloving dette tyder. Gift vart dei som nemnt først i 1816, og dei busette seg i Vigavågen.

Johannes Arneson, som har skrive om ekteparet, forestiller seg at det for Else måtte

«vera useiande tungt å reisa frå det gilde Jelsa, dei mange kjære venene, og det livet og den rørsla som ovra seg der, og so hamna i den little, inneklemde vågen, og bu med ein utlenning ho lite kjende...

I Hjelmeland hadde han ord for å vera ein dugande og klok lækjar, men den som kjende Sigbjørn Obstfelder, kan godt tenkja seg farfaren hans som ein høvisk mann, reint riddarleg, men samstundes som ein stillvoren gruvelar, utan noko lag til å gjera det ljost og lett for den unge frua si, som sat der og lengta heim, – heim til det ljose og fagre Jelsa, som då var noko av eit kultursentrums, midtpunktet og livlegaste staden i heile midtre og indre Ryfylke.»

Om det var heim lengten som gjorde den unge dokterfrua sjuk,
veit vi ikkje. Men ho døydde i Jelsa den 21. september 1816,
etter vel eit halvt års ekteskap, 22 år gammal.

Dokter Obstfelder var enkjemann i seks år før han i 1822
gifte seg med Berta Andersdotter, dotter av gjestgjevar Anders
Andersson Kvaløy i Fisterfjorden. Dei fekk 15 års samliv.
Eldste barnet deira fekk namnet Else Bolette, etter dokteren si

første kone. I 1837 døydde dokter Obstfelder på ei teneste-
reise til Hegrestad, og han vart gravlagd i Egersund. Fem år
etterpå flytte Berta til Stavanger med fire born. Ein av dei var
Herman Fredrik, som vart far til diktaren Sigbjørn Obstfelder.
Såleis er der eit samband mellom Else fra Jelse og Sigbjørn
Obstfelder.

Lars Bjørnson Jelsa hadde eit godt auga til prestedottera Else Bolette Knudsen på Jelsa. Då Else skulle forlata Jelsa og reisa til Bergen, skreiv
Lars farvelsangen «Else fra Jelse» på fem vers. Her er det første verset med tonar til.

Else fra Jelse

tekst: Lars Bjørnson Jelsa
melodi: trad

Nu som - mer - ens kom - me ved vin - ter - ens om - me sig vi - ser i
sei - ren - de pragt. Mål - trost - er og sva - ler og gjøk - en i
dal - er i - stem - mer af yd - er - ste magt. Hvert føl - som - me
hjer - te ved sli - ke kon - ser - te opp - flam - me i lu - er og
brand. Men hvad kan det gav - ne når an - det vi
sav - ne? Snart dunk - lest den løf - ten - de klang.

er det gamle bustadhuset som framleis står i Vigatunet. Over døra inn til bestestova i den nye delen skreiv dei «Dette Huus er bøgt 1821». Sven fekk halvtanna år på seg, til korsmesse 1824, til å fjerna steinen på dei gamle hustomtene og til å flytta «de ham tilhørende Frugtrær i sin forrige Have». Korsmesse om våren var den 3. mai. Gjerde mellom teigane skulle vera ferdig oppsett innan tre år rekna frå korsmessedag 1823 til korsmessedag 1826.

BRUKSUTVIKLING

Vi har ovanfor nemnt at vi reknar med at det var eitt bruk i Viga til slutten av 1500-talet. Då vart garden delt i to like bruk. Slik var bruksstrukturen heilt fram til 1829. Då vart ein fjerdedel av bruksnummer 2 (1 pund 3 mrk.) delt frå til dottera Malene Pedersdotter, som var gift med Ola Endreson frå Røgjelstad. Dei hadde budd ei tid på Vaula på Mosterøy, men flytte no til Viga. Malene hadde arva parten som åtteåring ved skiftet etter mora i 1805. Det nye bruket fekk ein part av den vestre enden av innmarka og to skogteigar i utmarka. I tillegg fekk dei eit nytt stovehus, kalla «Kakkelenovnsstuen», men for den la dei ut vel 25 spd. I 1837 vart nye 1 pd. 3 mrk. fråskilt til Ola og Malene, slik at dei åtte 2 pd. 6 mrk., eller like stort bruk som Rasmus Pederson, bror til Malene. Etter dette tillegget skulle dei ha halvparten av innmarka, buhagen og smalemarka. Av hus skulle dei ha våningshuset og ein hevdaskut, medan Siri og Rasmus på bruksnummer 2 skulle ha røykstova, kornløa, stabburet og eldhuset.

Ola døydde i 1838, og Malene gifte seg opp att tre år seinare med Svein Eivindson Soppeland. Dette ekteskapet var kortvarig, det vart opplyst knapt eit år etter at dei gifte seg. Malene åtte framleis bruket og dreiv det med forpaktar.

I 1864 fekk Rasmus Pederson på bruksnummer 2, bror til Malene, auksjonsskyte på dette bruket. Året etter vart den parten som var frådelt i 1829, selt til Ola Torson og skyldsett til 1 dalar, seinare 1,58 skyldmark. Dette bruket fekk seinare bruksnummer 3 og skylda på det utgjorde knapt ein fjerdedel av det opprinnelege bruket det var skilt ut frå.

HUSMANNSPASS

I Vigavågen har det vore buplass gjennom fleire hundre år. I eit manntal frå 1664 er det nemnt ein Guttorm Vige Vog. Seinare er det nemnt folk her først på 1700-talet og kring 1760. Det budde folk i Vigavågen meir eller mindre saman-

DOKTERHUSET I VIGAVÅGEN

Dokter Obstfelder fekk bygt seg eit romsleg hus i Vigavågen. Kanskje vart det bygt kring 1830 til erstattning for eit eldre hus. Det vi veit om huset, skriv seg frå ei branntakst frå våren 1831. Huset var ein tømra halvannetasjes bygning, bordkledt, raud- og kvitmåla, tekt med teglstein på den eine og steinheller på den andre sida. Det inneheoldt eit stort rom trekt med tapet, to mindre måla rom, forstovegang, kjøkken, to avpanelte kammers, det eine var spiskammers. På loftet var det eit lite utbygd arkrom og i austenden eit avpanelt kammers. Under huset var det kjellar, som var «muret, dog ei hvelvet».

Huset var $24 \frac{1}{2}$ alen langt (15,4 meter), $10 \frac{1}{4}$ alen breidt (6,4 meter) og 5 alen høgt (3,1 meter). Det hadde sju vindu med heile fag, fem med halve fag pluss eit lite vindu. Takstmennene vurderte huset til ein verdi av heile 560 spesidalar. I tillegg takserte dei ein treetasjes jernkakkelomn til 25 dalar og ein toetasjes omn til 15 dalar, slik at summen vart 600 spesidalar.¹⁰

Vi veit ikkje kva som skjedde med huset etter at Obstfelder-familien flytte frå Vigavågen i 1842. Mest truleg vart det selt og flytta.

hengande frå 1790-åra til starten av vårt hundreår. Dei som budde her var strandsitjarar; jordvegen var minimal. Ekteparet Josef Jonson og Brita Olsdotter budde her frå 1790-åra til kring 1840. Han var husmannsson frå Kleppastranda, ho var gardmannsdotter frå Kleppa. Farfar til diktaren Sigbjørn Obstfelder, Johan Gottfried Obstfelder, var militærleikjar og budde i Vigavågen med familien kring 20 år, frå 1816 til han døydde i 1837. Sidan budde ekteparet Endre Olson og Brita Olsdotter i Vigavågen. Endre var eldste son til Malene og Ola på bruksnummer 3, Brita var dotter til Ola og Inger Børve i Hjelmelandsvågen. Desse familiene budde ikkje på same plass i Vigavågen. Enno heiter det Jøsopstykket der Josef og Brita budde, Doktorhagen der Obstfelder budde og Britthagen der Brita og Endre budde.

På Hagaflådå austanfor gardstuna har det vore to husmannsplass. På Andersplasset budde Anders Nilsson frå Vassvik under nabogarden Døvik og Anna Josefsdotter frå dei gifte seg i 1832 til dei braut opp og emigrerte til Amerika i



Det har vore fleire husmannsplass i Viga. På Hagaflådå austanfor Vigatunet har det vore to – Andersplassen og Oddeplasset. Frå Andersplassen reiste familien til Amerika i 1860. Den eine dottera heitte Brita og vart gift med husmannsson Paul Sandanger frå Sandangervågen på Randøy. Vel etablert i sitt nye heimland sende ho familiebilde til Viga, og det ser ut til at dei stod seg godt. Foto frå bua i Vigatunet.

1860. Oddeplasset låg eit par hundre meter frå Andersplassen. Der budde Odd Andersson og Anna Bjørnsdotter. På Jannaplassen på Viganeset budde det folk kring midten av 1800-talet. Plassen låg til sjøen ved Ølesundet, på ein stad som også vart kalla Støyde. Jan Olson og Ingeborg Henriksdotter hadde budd på Espholmen under Døvik og i Gullbergvik under Øye før dei kom hit.

Husmannstida i Viga varte til litt forbi 1900. Det var Endre og Brita i Vigavågen som var den siste husmannsfamilien. Dei kan like gjerne kallast strandsitjarar. Dei hadde berre ei hustomt og dreiv ikkje noko form for jordbruk. Endre hadde sin leveveg på sjøen, som fiskar og notbas. Det står «Husband uden Jord, Fisker» på han ved folketeljinga i 1865 og «Note-fisker, Husband» i 1900. Sonen Mikal Viga gjekk i faren sine fotspor og vart ein framståande notbas og storfiskar. Han flytte til Hundsnes og bygde opp ei omfattande verksemd der med sjøhus, notheng, barkeri og røykeri.

VIGA I 1801

Etter å ha sett på produksjonsgrunnlaget og gardsdrifta i Viga, skal vi i det følgjande flytta fokus over på dei folka som har budd her gjennom generasjonane.

I 2007 bur det 13 personar i Viga, dersom vi reknar med ungdommar som er ute og tek utdanning. Dei 13 er fordelt på fire husstandar. Folketalet var høgare før. Vi skal på kva eit par folketeljingar kan fortelja oss om busetjinga på garden bakover i tid.

Det første øyeblikksbildet hentar vi frå folketeljinga den 1. februar 1801. Då budde det 22 personar i Viga, fordelt på to gardbruksfamiliar og ein husmannsfamilie. På det eine bruket, som i dag har bruksnummer 1, der Vigatunet ligg, budde brukarekteparet Østen Torgerson og Kari Olsdotter. Dei var då 57 og 62 år gamle, og dei hadde tre voksne born buande heime. Det var dottera Marta på 28 år, sonen Ola på 26 år og sonen Østen på 19 år. Dei hadde tre voksne born til, som ikkje budde heime. Eldste sonen Torger var gift og busett som gardbrukar på Kilane i Erfjord. Dei yngre sønene Peder og Kleng hadde også flytta heimanfrå. Peder var i teneste på nabogarden Hauske, men Kleng veit vi ikkje kvar var. Peder vart seinare husmann i Diskedalen under Skår på Ombo. Sjølv om Østen og Kari skulle ha god arbeidshjelp med tre voksne born heime, så hadde dei likevel ei tenstejente i 1801. Det var den 19 år gamle Brita Olsdotter. Til husstanden hørde også innerstenka Malene Pedersdotter. Innerst tyder leigebuar. Malene var 68 år, og dei heiter om henne at ho hadde «sit ophold af sognets fattigkasse».

På det andre gardsbruket i Viga, som seinare fekk bruksnummer 2, var det yngre folk som hadde teke over. Brukaren Peder Rasmusson var 35 år og kona Siri Eivindsdotter 30 år. Peder hadde overteke bruket etter foreldra i 1790. Først dreiv



Hus og løe på folgestykket til bruksnummer 1 i Viga. Det var Sven Ormson Viga som busette seg på dette stykket ved sjøen då han gifte seg opp att som folgemann med Siri Henriksdotter i 1839. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

han fire år som bygselmann, men i 1794 fekk han skøyte på bruket og vart sjølveigar. Siri og Peder hadde ikkje vore gifte så mange år, og dei hadde to små døtre – Anna på fire og Malene på to. For å kunne driva bruket, trond dei fleire tenestefolk. Dei hadde fire, to drenger og to tenestejenter. Anders Enokson på 24 og Ommund Larsson på 19 var drenger, og Marta Ommundsdotter på 22 og Katrina Knutsdotter på 16 var jenter. Folgefølket, Malene Kristensdotter og Rasmus Sjovatson, som var foreldra til brukaren Peder Rasmussen, budde også på garden. Dei var 78 og 68 år gamle i 1801.

Ein husmannsfamilie levde også innanfor gardsgrensene i Viga i 1801. Det var ekteparet Josef Jonson og Brita Olsdotter. Dei hadde, som brukarparet på bruksnummer 2, to døtre på fire og to år gamle. Dei budde i Vigavågen, og dei heitte om Josef i folketeljinga at han «har der opryddet en plads». Dei hadde ei fattig enkje buande hos seg som innerst. Det var

Anna Nilsdotter. Presten skreiv om henne i folketeljinga at ho var vanfør og hadde «sit ophold af sognets fattigkasse».

Desse 22 personane var det som budde i Viga i 1801. Dei spente i alder frå 2 til 78 år. Her var to gardbrukarektepar og eit husmannspar. Eit eldre par var folgefølk. Fire born var mindreårige, tre vaksne ungdommar budde heime hos foreldra, fem ungdomar var i teneste, og to eldre kvinner var leigebuarar og fattiglemmer.

OG I 1855

Det andre glimtet av den samla gardsbusetjinga i Viga er frå 1855. Folketeljinga er datert 31. desember.¹¹ Då budde det 37 personar her. Dei fordele seg på seks husstandar. Tre var gardbrukarfamiliar, to var folgefamiliar og ein var husmannsfamilie.

På bruksnummer 1 budde brukarparet Østen Svenson og Malene Knutsdotter. Dei var 48 og 53 år gamle, og dei hadde

berre eitt barn. Det var Marta på 13 år. Tenestefolk hadde dei fire av – to drenger og to jenter. Jone Gunnarson på 28 år kom frå Hundsnæs ikkje langt unna, og Ola Svenson på 15 kom frå nabobruk i Viga. Dei to tenestejentene hadde sin heimstad litt lenger borte. Den eldste på 25 år heitte Anna Mikkelsdotter og kom frå Måland i Årdal. Siri Olsdotter på 19 kom frå Rødlendshagen i Fundingsland. Endeleg hadde dei ei eldre kvinne buande hos seg som fattiglem. Truleg var ho der ei kortare stund på legd, før ho flytte vidare. Det var Helga Lardsdotter frå Hagen under Prestegarden, som var 67 år i 1855.

Far til Østen heitte Sven Ormson. Han var 75 år og oppatt-gift med Siri Henriksdotter, som var frå Ås i Erfjord. Ho hadde vore gift og busett på Norda Knutsvik på Jøsneset, men vart enkje i 1836. Sven Ormson vart enkjemann i 1837, og to år seinare gifte han og Siri seg. Ho var då 38 år og hadde fem mindreårige born, Sven var 20 år eldre. No i 1855 var han 75 år. To av Siri sine born frå ekteskapet med Gunnar Gunnarson Knutsvik budde hos dei. Det var Eli på 29 og Gunnar på 22 år. Begge vart verande i Viga resten av livet. Eli gifte seg i 1858 med Knut Torson, og dei overtok bruksnummer 3 i Viga. Gunnar gifte seg i 1863, og han og kona Siri Larsdotter budde saman med hans mor Siri og stefaren Sven på folgestykket nede ved sjøen. Ved folketeljinga i 1865 er han kalla «logerende Jordarbeider». Alt i 1869, etter seks års ekteskap og i ein alder av 36 år, døydde Gunnar.

Til bruksnummer 1 høyrd husmannsplassen Hagaflådå. Der budde no i 1855 berre husmannsektekparet Anders Nilsson og Anna Josefsdotter. Døtrene Brita og Ingeborg på 21 og 16 år var ute i teneste, på Fister og på Øye på Randøy. Staden dei budde på vart kalla Andersplassen. I Vigavågen budde det ikkje folk i 1855, slik det gjorde både før og etter.

På bruksnummer 2 talde husstanden 11 personar i 1855. Det var mor og far, sju born, ei tenestejente og ei innerstkkone. Det var Rasmus Pederson og Siri Jakobsdotter som no var brukparar her. Rasmus var odelsarving frå garden, Siri var frå Eike på Halsnøy. Dei var begge 47 år gamle. Dei sju borna deira var mellom 17 og to år. Den eine tenestejenta dei hadde heitte Siri Mikkelsdotter Måland og var søster til Anna som tente på bruksnummer 1. Dei var frå husmannsplassen Dalavoll under Måland i Årdal. Hos Rasmus og Siri budde også Inger Johannesdotter Askvik på 61 år som innerst eller leigebuar.



Østen S. Viga var fødd på Husstøl i 1807 og døyde i Viga i 1903, 96 ½ år gammal. Han dreiv bruksnummer 1 i nesten 40 år, frå 1837 til 1875. Foto frå bua i Vigatunet.

Så var det bruksnummer 3, det minste av gardsbruka i Viga, som var fråskilt og oppretta i 1829. Her budde brukparet Ola Torson og Kari Rasmusdotter. Dei var i same situasjon reint familiemessig som Rasmus og Sir på bruksnummer 2. Dei var i 40-åra (49 og 42 år), og dei hadde sju born på mellom 17 og eitt år. Ola var frå husmannsplassen Ladberget under Pundsnes, Kari var fødd på Hia i Årdal, men hadde mesteparten av oppveksten sin på Einervoll. Det hende det på dette bruket at den tidlegare brukaren Ola Endreson døydde i 1838 frå kona og ni born. Det heiter at han var med på eit storkast

med makrellnota, då dei fekk 17 000 makrellar. Då gjekk han våt så lenge at fekk lungebrann og døydde. Ola og Kari kom inn som forpaktarar, og etter nokre år fekk dei kjøpa bruket.

Mest folk budde det i Viga i 1875. Då hadde 41 personar innanfor gardsgrensene. Det var tre gardbrukarfamiliar med 12, 4 og 7 personar, det var tre folgefamiliar på til saman 9 personar, og det var ein husmannsfamilie i Vigavågen med ni personar.

Fram til 1900 var folketalet i Viga redusert til under det halve. Ved folketeljinga i desember 1900 budde det 19 personar her. Dei tre gardbrukarfamiliane hadde ni, tre og tre personar, og i husmannsfamilien i Vigavågen var det fire personar.

FOLKET PÅ BRUKSNUMMER 1

Vi såg framanfor at det første skriftlege dokumentet om Viga er frå 1308. Men det første glimtet vi får av folk som har budd her, er frå 1519. Både då og to år seinare er Jon nemnd som brukar på garden. Genithæ er nemnd mellom drengar og koner i 1519. Dette kan vera eit kvinnenamn, og kanskje er det ei folgeenke det er tale om. Neste glimt er frå ei skatteliste frå 1563. Då er ein Helge nemnd som brukar i Viga.

Først frå byrjinga av 1600-talet gir kjeldematerialet oss litt meir kjennskap til folka på garden. Iallfall frå då av var det to bruk på garden. Robert er i lensrekneskapen oppført som brukar på det eine bruket frå 1603 til 1613. Han måtte ut med ei dryg bot på 9 ½ riksdalar i 1604 fordi han låg «i løsst leffnet medt hans thienestequinde», sjølv om han var gift mann.

Ein Omund Vigh er nemnd i ei sak i tingboka i 1616. Han skulda pengar til ein Tårn Sørenson, og på tinget lova han å gjera opp for seg innan to veker. Ola var brukar her i over 40 år, frå 1619 til han døydde i 1664. Vi veit at kona hette Berit, og vi kjenner namnet på sju born. Enkja Berit er oppført som brukar i 1665 og 1666, sidan er Jon Olson, sonen deira, oppført fram til 1700. Han var gift med Kari Torsteinsdotter, og vi kjenner til at dei hadde minst fire born. Etter at ho vart enkje rundt 1700, gifte Kari seg opp att med Ola Knutson Kvame og flytte til han på Kvame.

Det var då sonen Ola Jonson som overtok bruket i Viga. Han er nemnd som brukar her i 1701 og 1711. I 1711 var helsa sviktande. Han er då omtalt som «en blind Mand, sengeligende» i skattelista. Han må døydd det året, for neste brukar Sven Pederson bygsla bruket av lektoren i Kristiansand i 1711. Det heitte då at han bygsla bruket «som Olle Joensen er fra-



Jordajenta Marta Viga gifte seg med jelsabuen Sven Thorsen i 1860. Dei budde på Jelsa og på Høle før dei kom til Viga og overtok bruket i 1875. Kring 1890 gjekk dei til fotograf Greve i Stavanger og tok familiебilde. Dei to yngste i framgrunnen er Marta til venstre og Teodora. Olava står mellom foreldra Marta og Sven, og dei fire største bak er frå venstre Mallin, Karen, Tore og Østen. Marta hadde fødd også fem andre born til verda, men dei var no døde. Dei siste dødsfalla var døttrene Ingeborg og Simonine, som døydde på same dag i 1889, 12 og 18 år gamle. Foto frå bua i Vigatunet.

død». Sven var frå Bjelland i Hetlandsbygda i Fister sokn, og kona hans heitte Ingeborg Østensdotter. Dei var brukarar her kring 30 år. Dei døydde truleg med kort tids mellomrom kring 1740. Det vart iallfall halde skifte etter dei i 1741. Truleg har



Sven og Marta Thorsen fotografert i eldre år, truleg på sin 60 års brylupsdag i 1920. Sven var då 81 år, Marta 78. Foto frå bua i Vigatunet.

dei døydde under epedemiane av landfarsott (tyfus) og blodsott (dysenteri) som herja i Rogaland i 1740 og 1741.¹² Dei etterlet seg ingen born. Det var søskena deira som arva dei.

Neste par ut fekk også ei lang brukartid på garden. Det var Jakob Olson og Anna Olsdotter. Jakob var frå Breivik på Randøy, Anna sin fødestad kjenner vi ikkje. Han døydde i 1776, ho året etter. Dei som overtok som bygslrar på bruket etterpå, var Ola Sjurson og Elen Olsdotter. Ola var frå Breivik og var brorson til føremannen Jakob. Elen var frå Ytre Sandanger på Randøy. Då Ola fekk bygselbrev i 1776 frå forvaltaren Lars Smith i Stavanger, heitte det at Jakob Olson var død, og at

enkja Anna hadde «for ham i sin Alderdom og Svaghed godvillig opsgaet og afstaet» bruket mot å få folge av garden. Men folgeytinga vart kortvarig; Anna døydde alt året etter.

Dei nye brukarane Ola og Elen vart buande åtte år i Viga, fram til 1785. Då døydde far til Ola, Sjur Olson Breivik. Ola hadde odelsretten til Breivik, og han overtok då garden og flytte dit. Til Viga flytte då søster til Ola, Sissela Sjursdotter og hennar mann Endre Olson frå Kleppa. Dei var leiglendingar som forgjengarane dei første åra. Men så ville «Rectoratet i Christiansand» selja, og det var brukarane som kjøpte. Endre Olson fekk skøytet sitt i 1793, Peder Rasmusson på det andre bruket fekk sitt året etter. Endre betalte 320 riksdaalar for garden. Dermed var han sjølveigar. Det var han i fem år, fram til 1798. Då selde han garden til Østen Torgerson Ramsfjell.

Denne gardhandelen skal ha føregått under spesielle omstende. Det heile starta som ein skjemtehandel i eit gravøl, i følgje det Jone Eiane skriv i den gamle bygdeboka for Hjelmeland, som kom ut i 1938.¹³ Hans framstilling er det einaste vitnemålet vi har om denne gardhandelen. Han skrev 140 år etter at det hadde skjedd og bygde nok på den munnlege tradisjonen som fanst om dette. Det er difor ikkje sikkert at det han skriv stemmer i eitt og alt. Vi veit t.d. ikkje kva for eit gravøl det skulle ha vore i Viga i 1798. Ingen døydde der på garden dei åra. Men gravølet kan ha vore ein annan stad. Vi gir ordet til Jone Eiane.

SKJEMTEHANDELEN SOM VART ALVOR

«Øystein Torgerson Ramsfjell var ein stuttvasken og tjukkfallen kar, smålåten og godsleg til vanleg, såg helst noko truskylig ut for dei som ikkje kjende han nærrare. Han var på eit eller anna vis noko i slekt med Endre Viga. Nok er det at han var der i eit gravøl.

Då dei kom att frå gravbakken, skulde dei drikke gravøl. Drykken var heller sterk, som ventande kunde vere hjå so pass mann som gubben Endre Viga. – Leid ut på kvelden vart laget lystig, og Endre tok på drive lått og lögje med Ramsfjellmannen.

Seier han so: «Eg hev ein gard fal for 1000 dalar, men ingen greier løysa meg av.» «Det var leit for deg det», seier hin, «men er so du er i beit med dette, so får eg løse deg av då». Folk fekk seg ein god lått på dette, for i den tid var det galmannsnakk å tru seg til leggje 1000 dalar på bordet for nokon Hjelmelandsbue, og aller minst for ein frå Ramsfjell.

No fekk Endre blod på tonn. Han reiser seg og seier: «Kom med handa di gubbe!» Øystein reiser seg og legg si hand i Endre si, og Endre bed tvo av dei mest vyrde i laget kome fram og slå på. Dermed var gardhandelen lovleg avgjord. Papira skulde dei få skrivne snøggast råd var. Etter mykje gaman med dette gjekk lyden til sengs.

Andre morgenon straks dei råkast, orda Øystein frampå at det var best å få handelen skriftleg, so det ikkje vart kluss um nokon av vitna fall frå. Øystein var svært alvorleg.

Endre stokk av dette, for han skyna det var eit høgt spel han hadde drive um kvelden. Men han låst vere i godt lag og dreiv moroa vidare med å låst vilje selje garden på nyttil ein av bestevenene sine. Jau, det vart handel no og. Karane handtokst, og Endre ropa til Øystein og ein til at dei fekk kome og slå til.

«Nei takk!» seier Øystein, «eg har kjøpt garden din, eg vil ha han, og du må ikkje tru eg er so stor tosk som du held meg for.»

No for moro-hamen av Endre og for pure ålvoret bad han vakkert um å få handelen gjord um inkje. «Nei, det vert nok inga råd med det, Endre» svarar Øystein. «Ellers er det berre som det skal vere dette. Den som skal ha alle til narr, lyt finne seg i å verte største narren sjølv til sist. Handelen står fast den, og dokumenta vil eg ha skrivne straks. Pengane skal du få greit nok.»

Endre fekk likevel utsetjing med skrivinga og vona på at han skulde anten lokke eller skräme Øystein til å vere rimeleg seinare. Øystein meinte han hadde vitne nok, so det var ikkje so fárleg med skrivinga nett no.

Endre var godven med Hjelmelandspresten og bad han um å hjelpe seg. Presten gjorde sitt beste for Viga-mannen. Øystein fekk seinare bod um å møte på prestekontoret. Presten la tunga i motlaget; men det var inga råd med Ramsfjell-Øystein. Han stod på sitt, han.

Det vart då til at dei skulde skrive vilkår. No kom presten og Viga-Endre med ymse vilkår. Millom anna skulde Øystein love ikkje å låne pengar i Hjelmeland eller få nokon Hjelmelandsbu til å kavere for seg, og pengane skulde leggjast på bordet i Viga den og den dagen. Vart ikkje det gjort, skulde handelen gå upp. – Jau, Øystein gjekk med på dette og både skreiv under. Med dette og andre vilkår tottest no både prest og besteven ha fått bra klave på hin, so Endre sikkert nok fekk sitje i Viga som før.

No leid det til betalingstida, berre 3 dagar var att. Øystein gjekk til Kilane. Sonen, Torger Kilane og ein annan Erdfjordbu hadde sagt seg viljuge å kavere for eit lån han hadde fått lownad på hjå Osmund Bergaland i Jelsa. Andre morgenon då dei kom utfor døra i Kilane, var det slik snø komen um natta at han gjekk til beltet, og is hadde lagt seg i fjorden. Det såg reint rålaust ut dette; men det gjaldt mykje, so dei laut prøve å ta ut likevel.

Dei subba og vassa i snø til Osnes. Der fekk dei låne båt og braut seg over fjorden til Tednes. Derifrå bala dei seg landvegen til Sandvika, og no hadde dei endeleg open sjø. Dei kom då til Bergaland på Ombo um kvelden våte og utasa, men Bergelandsfolka vart hæve so det vart både klædesbyte og gjestebod.

Dagen etter vart siste fristen med dei 1000 dalar. Osmund fann fram skrinet sitt og talde upp det Øystein vanta. So for dei sør fjorden dei tri og Osmund, og fyre kvelden låg 1000 dalar på bordet i Viga – til lite glede for Endre.»

Det vart handel av, og skøytet vart tinglyst den 12. juni 1798. Ei avskrift av skøytet står innført i sorenskrivaren si pantebok. Om alt skjedde slik Eiane skriv, veit vi som sagt ikkje. Men at Østen lånte pengar på Bergaland på Ombo, er det kjeldebelegg for. Same dagen som skøytet vart tinglyst vart det også tinglyst ein pantobligasjon frå Østen Torgerson til Johannes Ormson Bergaland (Eiane kallar han Osmund) for eit lån på 550 riksdalar med pant i garden.

Kvar det vart av Endre og Sissela? Jo, dei flytte ut til Bokn i Karmsundet, til eit bruk på garden Boknaberg.¹⁴ Der budde dei i nokre år framover. Dei var enno yngre folk under 40 år og fekk to born til medan dei budde der. Men så døydde Endre i 1802, 43 år gammal. Kvar det sidan vart av enkja Sissela Sjursdotter, veit vi ikkje. Fleire av borna vart buande på Bokn som vaksne.

NYE FOLK


Østen Torgerson som no kom til gards var opphavleg suldøling. Han var fødd på Valskår og var gift med Kari Olsdotter frå Berge i Sand. Dei budde først nesten 20 år på Meland i Ulladalen, der dei kjøpte eit bruk i 1770. Dei selde i Ulladalen i 1788 og flytte til fjellgarden Ytre Ramsfjell på nordsida av Jøsenfjorden. Der kjøpte dei og dreiv begge bruka i ti år. Bakgrunnen for flyttinga frå Ulladalen er skildra slik av Jone Eiane:

«Folk sleit tungt i Ulladalen den tid. (Eiane meiner at dette var i hardåret 1812, men det var altså på 1780-talet.) Mykje av høyet fann dei i heia, og um vinteren var det eit svære kav å få det heim. (---)

Eldste sonen på garden, Torger, var i 18-20-årsalderen. Ein dag sa han til far sin: «Dette held eg ikkje ut lenger, far. Du får vere her, um du vil; men no lyt eg ut til sjøkanten og prøve få meg arbeid, for der skal vere likare med maten, seiest det, og verre enn me har det her, kan det ikkje verte.



Martha Thorsen Viga på dørhella på baksida av gardshuset i Viga.
Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.



Sven Randa var fødd på Randa i 1918, men flytte til besteforeldra Sven og Marta, morbror Østen og mostrene Malene og Martha i Viga som treåring. Han vokser opp som barn åleine i huset, og som voksen overtok han garden. Knebukser, strømper og tresko var dagleg antrekk for gutningar på den tid. Foto frå bua i Vigatunet.

Øystein svara: «Nei, sonen min, fer du, so greier me oss ikkje her me andre, so det er best me fylgjest. Eg har hørt gjete ytre Ramsfjell er til sals; me får reise ut og sjå på den.»

Jau, begge brukar var fale, og det enda med at Øystein kjøpte alt. Seinare vart indre parten teken att på odel, men ytre parten hadde han i mange år. So er sagt at dei trega ikkje på dei flytte til Ramsfjell. Det var ein god gard på mange vis, og med åra vart Øystein ein halden mann.¹⁵

Østen og Kari var godt vaksne då dei kom til Viga. Han hadde passert 50 år, ho nærma seg dei 60. Borna var i ferd med å bli vaksne; yngste sonen var 16 år. Livshistoria deira er ei historie om mobilitet i det gamle samfunnet. Såleis bryt ho med myten om det statiske bondesamfunnet, der folk skal ha vore stadbundne og i liten grad villige til å flytta på seg. Østen Torgerson var fødd på Valskår i Hylsfjorden, budde som voksen på Meland i Ulladalen, på Ytre Ramsfjell i Jøsenfjorden og til sist i Viga. I sitt vaksne liv åtte han tre gardar etter kvarandre og budde på dei. Han og kona Kari prøvde gardbrukarkår



Søskena Østen og Martha Thorsen Viga saman med Sven Randa framfor gardshuset. Bildet er truleg teke på slutten av 1930-talet. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

på såpass ulike gardar som innlandsgarden Meland i Ulladalen, heiagarden Ramsfjell og sjøgarden Viga. Østen skal ha sagt at det var godt å koma til Viga. I Ulladalen ville dei fløyma av, og på Ramsfjell ville dei fyka av. I Viga var dei ikkje truga, korkje av ei fløymande elv eller ein hylande austavind.

Østen og Kari gav frå seg garden i Viga 1806. Østen var då 60 år gammal, Kari var sju år eldre. Det var ikkje eldste sonen Torger som overtok garden. Han hadde som før nemnt gifta seg med enkja Marta Eriksdotter på Kilane i Erfjord i 1792, og dei budde der på Kilane. I staden var det nestyngste sonen Ola som overtok gardsbruket i Viga. Det skjedde formelt med skøyte i 1806. Det store lånet som Østen hadde fått fra Johannes Ormson Bergeland då han kjøpte garden i 1798, var ferdig nedbetalt året før han leverte garden til sonen.

Då Østen og Kari gav frå seg garden, fekk dei folge. I ei tid lenge for alderstrygd og pensjon var dette ein måte å sikra at den eldre generasjon skulle ha noko å leva av etter at dei hadde levert garden. I folgebrevet vart det nedskrive det dei skulle ha av ytingar frå gardsproduksjonen. Av korn skulle dei ha 5 ½ tonne havrekorn, to tonner blandakorn (bygg og havre) og ei halv tonne reint korn (bygg). Poteter hadde dei starta med i Viga i 1806. Dei gamle skulle ha ein potetåker som var så stor at der kunne setjast fire skjepper «Jordæbler», dvs. 72 kilo poteter. Dei skulle ha to kyr og åtte sauer, som skulle stellast og beita saman med den øvrige buskapen på bruket. Det dei trong av ved skulle dei få «hiemført og ophugget», dessutan «Lys og Opvartring i Sygdoms Tilfælde.» Det var stampe mølle på garden, der dei også stampa vadmål for andre. Folgefølka skulle ha halvparten av inntekta frå stampinga. Kvar dei gamle skulle bu, var ikkje noko problem. «Huus til Beboelse ejer de Folgetagende selv», heiter det i folgebrevet. Vi legg merke til at korkje folgemannen Østen eller sonen Ola var godt skrivekyndige. Dei skreiv begge under folgebrevet «med iholdt Pen».

Etter nokre år i følgå vart Østen enkjemann i 1811. Han var då 65 år og tydelegvis ikkje for gammal til å gifta seg opp att. Den nye kona heitte Marta Kristine Torsdotter og var frå Eide på Ombo. Ho var kring 25 år yngre enn han og såleis 42 år då dei gifte seg i 1812. Ho fødde to born til verda dei følgjande åra. Det var Kari f. 1812 og Østen f. 1816. Eit halvår etter at Østen var fødd, døydde faren Østen Torgerson. Han vart 70 år gammal. Enkja Marta Kristine heldt fram med å bu i folga på garden i mange år framover.



Frå bryllaupet til Sven Randa og Kristi f. Ritland i 1954. Framme frå venstre Olga og Hans Thorsen frå Stavanger. Bak brudeparet Kristi og Sven står hennar foreldre Anna og Lars Ritland. Til høgre står Lars Randa, far til Sven, og Martha Thorsen Viga, moster til Sven. Bak til venstre Malene Randa, søster til Sven, og til høgre bror hans Ola Randa saman med kona Petra og dottera Olaug. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

Ola Østenson fekk skøyte av faren i 1806. To år før vart han godt gift med Karen Jensdotter frå Aukland på Ombo. Dei budde i Viga og dreiv bruket i 12 år, fram til 1818. Då braut dei opp og flytte til Vormeland. Det skjedde på den måten at Ola og Sven Ormson Husstøl bytte gardar. Den garden Sven bytta bort, var Vormeland, som han var одelsarving til. Sven og kona Marta flytte frå Husstøl til Viga, og Ola og Karen flytte frå Viga til Vormeland.

Sven og Marta hadde budd på Husstøl saman i 12 år før det. Marta, som var frå Berakvam i Jelsa, hadde først vore gift med Østen Osmundson Husstøl. Han døydde i 1806 etter fire års ekteskap, og då gifte den unge enkja seg opp att med Sven Ormson frå Vormeland. Sven var arving til Vormeland, men han kom ikkje til å overta den garden. I staden vart det

altså slik at dei to ektepara på Husstøl og i Viga bytte gardar med kvarandre. På Husstøl overtok etter kvart Osmund Østenson, Marta sin son frå første ekteskap. Det vart utført makeskifteskøyte til dei nye eigarane.

Vi kjenner ikkje bakgrunnen til at dei to ektepara bytte gardar. Dei var godt kjende og stod saman i den store haugianarflokken i Hjelmeland. Og slike makeskifte og gardbyte skjedde somme tider andre stader òg.

Ola og Karen flytte altså frå sjøgarden Viga til fjellgarden Vormeland saman med dei fem borna sine. Dei dreiv Vormeland i 20 år, fram til 1838. Då overtok sonen Jens Vormeland. Han var gift med Helga Vormeland, ei kjend kvinne frå haugianarmiljøet i Hjelmeland på den tid. Dei gamle vart buande på Vormeland all sin dag. Ola døydde der i 1842, Karen først 20 år seinare.

DAGENS SLEKT KJEM TIL VIGA

Det nye brukarparet Sven Ormson og Marta Larsdotter budde så som eigarar og drivarar på bruksnummer 1 i Viga i nesten 20 år. Med dei kom den slektlinia inn som framleis er på bruket. I 1837 døydde Marta, 54 år gammal. Sven var to år yngre. Han overlet garden til sonen Østen, som no var rundt 30 år, og gifte seg opp att eit par år seinare og sette seg til som folgemann på folgestykket nede ved sjøen, der det vart bygt hus og løe.

Østen Svenson gifte seg med Malene Knutsdotter frå Sedberg (Austigard) i Årdal. Dei dreiv gardsbruket i Viga i nesten 40 år. Dei fekk berre eitt barn, dottera Marta. I 1875 overtok ho og ektemannen Sven Thorsen frå Jelsa garden. Dei hadde då vore gifte i 15 år og hadde budd både på hans heimstad Jelsa og på Høle. Sven Thorsen hadde stillinga som lensmann i Høgsfjord i seks år, frå 1868 til 1874. Det var altså ein mann med røynsle frå ymse anna enn gardsarbeid som no kom til Viga. Han fekk også mange offentlege verv etter at han vart busett i Hjelmeland. M.a. var han ordførar i 1878-1879. Tilknyting til Hjelmeland hadde han hatt lenge. Ole og Peder Thorsen, som kom til Hjelmelandsvågen og kjøpte gjestgjevieriet der i 1844, var farbrørne hans.

Marta og Sven hadde seks born på mellom eitt og 15 år med seg då dei flytte inn i Viga. Sidan fekk dei fleire. Fem av borna døydde før dei vart vaksne, og berre eitt av borna kom til å gifta seg. Det var Olava, som flytte til Randa. Sonen Tore reiste til Amerika og døydde der 20 år gammal. Dottera Teodora var jordmor i Stavanger. Dei tre søskena Malene

KONTINUITET

Oddbjørg Randa Heggland, som i dag er eigar og drivar av bruksnummer 1 i Viga saman med ektemannen Tor Helge Heggland, er 6. generasjon i same slekta på garden. Det starta med Sven Ormon og Marta Larsdotter, som kom til gards i 1818. Sonen Østen Svenson overtok etter han, dottera Marta Thorsen etter han, sonen Østen Thorsen etter henne, søstersonen Sven Randa etter han, og så Oddbjørg Randa Heggland etter han.

På nabobruket bruksnummer 2 i Viga har det vore enno lengre generasjonskontinuitet. Anna Lena Kleppa, som eig og driv bruket i dag i lag med ektemannen Kjell Magne Hjrungdal, er etterkommar i 8. generasjon etter Kristen Andersson og Brita Nilsdotter, som fekk bygselbrev på bruket i 1741 og flytte til Viga frå Årdal. Anna Lena må setta fem tipp'ar før oldeforeldre når ho skal omtale Kristen og Brita, som kom til Viga for 266 år sidan.

DØDENS REGIMENT

Sven og Marta Thorsen gifte seg i 1860 som unge folk. Han var 21, ho var berre 18. Dei skulle koma til å få mange born. Marta fødde 12 born til verda i løpet av 26 år mellom 1860 og 1886. Det var eitt, to eller tre år mellom fødslane. Men livsens vilkår kunne vera slik i andre halvdel av 1800-talet at ikkje alle borna levde opp, sjølv ikkje i denne godt velståande gardbrukarfamilien.

Fem av borna døydde før dei vart vaksne. Sonen Olai døydde etter berre ei vike. Ein annan son Tore vart to år gammal, og to jenter – Ingeborg Karina og Teodora – døydde begge 12 år gamle. Dottera Simonine Matilde døydde 18 år gammal i 1889, på same dag som søstera Teodora, den 26. april. Den 4. mai vart dei to jentene på 12 og 18 år gravlagde saman på Hjelmeland kyrkjegard. Noko dødsårsak er ikkje oppgitt i kyrkjeboka, men vi må rekna med at det var ein smittsam sjukdom dei døydde av. Fem av 12 born i denne familien døydde før dei vart vaksne. Foreldra Marta og Sven var på kyrkjegarden mange gongar for å gravleggja nokon av sine. Det var større barnedødelighet i denne familien enn det som var vanleg. I tillegg vart heller ikkje dottera Karen Olava gammal. Ho døydde i 1903, 37 år gammal.



Familiebilde av Kristi og Sven Randa med dottera Oddbjørg. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

(Mallin), Østen og Martha vart buande heime som ugifte og overtok drifta av gardsbruket etter kvart som foreldra vart eldre. Østen, Tedora og Marta samt Olava på Randa fekk heimelsbrev på garden i 1941, fleire år etter at faren Sven Thorsen var død. Malene døydde i 1931, Teodora i 1942, Østen i 1946 og Martha i 1981.

Olava Randa var den einaste i ein stor søskengflok som var gift og hadde etterkomrar. Eldste sonen til henne og ektemannen Lars Randa heitte Ola, og han kom til å overta garden på Randa. Nesteldste sonen Sven Randa kom med tida til å overta garden i Viga. Det starta med at han flytte til Viga som barn og budde der saman med besteforeldra Sven og Marta, morbror Østen og mostrene Malene og Martha. Noko av bakgrunnen for at han flytte var at mora Olava på Randa ikkje var helsesterk. Søstra Marta hadde flytta til Viga først. Men så døydde ho som barn, og då var det aktuelt at eit anna av Olava og Lars Randa sine born skulle flytta til Viga. Opprinneleg skal det ha vore eldstesonen Ola som var tiltenkt det. Men då dei kom for å henta han, skapte han seg slik at dei ikkje såg syn på å ta han med seg. I staden vart det broren Sven som vart med til Viga. Han var då tre år gammal.

Sven vokser opp i Viga, og etter at morbroren Østen Thorsen var død, overtok han som eigar og drivar av garden. Formelt skoyme fekk han ikkje før i 1960. Han gifte seg med Kristi Ritland, og dei fekk dottera Oddbjørg i 1955. Då hadde dei



Sven og Øystein Randa køyre høy med den første traktoren på garden, ein Massey Ferguson. Traktoren fekk dei i 1964. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.

byggt nytt bustadhus på garden, og kunne flytta inn i det før jenta kom til verda. Gudrun Ritland, søster til Kristi, budde på garden saman med dei. Ho heldt fram med det etter at Kristi døydde i 1969. Gudrun døydde i 1999. Også Øystein Randa, yngste bror til Sven, budde på garden og var med i gardsdrifta saman med broren gjennom eit langt liv. Øystein døydde i 2004, Sven i 2005.

Oddbjørg Randa og ektemannen Tor Helge Heggland er dagens brukarpar på bruksnummer 1 i Viga. Dei overtok garden etter hennar far Sven Randa i 1988. Dei har borna Kristin (f. 1984), Oddgeir (f. 1986), og Cecilie (f. 1995). Oddbjørg er etterkomar i 6. generasjon etter Sven og Marta som kom til Viga i 1818. Dei er hennar tipptippoldeforeldre.

Trygve Brandal (54) er historikar og førstekonservator med ansvar for samlingane ved Ryfylkemuseet.

NOTAR

- ¹ Framstillinga i det følgjande byggjer i hovudsak på gardskapitlet om Viga i bind 2 av bygdeboka for Hjelmeland. (Trygve Brandal: Hjelmeland. Gardar og folk. Bind 2. Stavanger 1990 s. 491–506.)
- ² DN bind IV nr. 77 og RN bind 3 nr. 491.
- ³ Her byggjer vi på grunnlagsmaterialet i skattematrikkelen og på Trygve Brandal: Hjelmeland. Bygdesoge 1, Stavanger 1997 s. 207–210.
- ⁴ Trygve Brandal: Hjelmeland. Bygdesoge 2, 1800–1990, Stavanger 1994, s. 100.
- ⁵ Statsarkivet i Stavanger, Ryfylke sorenskriveri, tingbok 7 (1835–1843) s. 163b–174a.
- ⁶ Brandal 1997 s. 102 f.
- ⁷ DN bind IV nr. 77 og RN bind 3 nr. 491.
- ⁸ Johannes Arneson: Fjordbuar. Utg. av Martin Nag. Oslo 1985, s. 33.
- ⁹ Arneson 1985 s. 36.
- ¹⁰ Statsarkivet i Stavanger, Ryfylke sorenskriveri, tingbok 1828–1835 s. 188a.
- ¹¹ Hjelmeland prestegjeld er eitt av nokre få prestegjeld som har nominativ folketeljing frå 1855. Dei fleste stader finst det berre taloppgåver frå 1855. Men sokneprest Thaulow har etterlate seg detaljerte folketeljingslister frå både 1835 og 1855. Dei finst i sokneprestarkivet på Statsarkivet i Stavanger.
- ¹² Brandal 1997 s. 187.
- ¹³ Tor Skiftun: Hjelmeland. Skipreid, herad og kyrkjesokn. Gard og ætt. Stavanger 1938, s. 498–500.
- ¹⁴ Birger Lindanger: Bokn, Gard og ætt. Band 1, Stavanger 2001 s. 413.
- ¹⁵ Skiftun 1938 s. 498–499.
- ¹⁶ Etter samtal med Oddbjørg Randa Heggland.



Bygningane i Vigatunet

Av Grete Holmboe

Vigatunet ligg nydeleg til under berget. Det er ei samling av bygningar som fortel om det levde livet på garden, og om den tradisjonelle byggeskikken i Ryfylke. Det er ein byggeskikk som har utvikla seg over tid, der handverket er blitt overført frå mann til mann gjennom det å arbeida i lag. Me kan følgja utviklinga i lafteteknikken, og me kan følgja den stavkonstruksjonen som er typisk for området vårt. Det spesielle i Viga er likevel alle dei hellelagde taka. Dei fortel oss noe om lokale materialressursar og korleis materialtilgongen og dei lokale klimaforholda har utfordra bygningshandverkarane til å utvikla si heilt spesielle helletekking. Dette gjer at Vigatunet er så godt tilpassa det kulturlandskapet det ligg i.

TUNET

Det gamle fellestunet i Viga låg der bruk nr. 2 ligg i dag. Ein kan sjå opp til det når ein står i Vigatunet. Som følgje av utskiftinga i Viga i 1821–1822, etablerte eigaren av bruk nr. 1, Sven Ormson Viga, det nye gardstunet inntil berget noe lenger nede. Han fekk med seg noen hus, mellom anna den gamle røykstova. Ho vart bygd inntil ei ny stove med loft. Over døra inn til bestestova, er det malt «Dette Huus er bøgt 1821». I stovehuset kan me følgja den utviklinga stovehusa i Ryfylke var igjennom frå dei mellomalderiske tømra røykstovene fram til det tredelte stovehuset.

Stavkonstruksjonen

For å få forståing for kva bygningar me har i Viga har me tatt med litt om byggetradisjonen i Ryfylke i denne artikkelen. For er det noe i vår lokale byggeskikk som er typisk for vår region, må det vera stavkonstruksjonen, eller grindakonstruksjonen, som han vert kalla lenger nord på Vestlandet. Både løa i Viga og naustet er bygd i stavkonstruksjon, og er to typiske eksemplar på vår regionale byggeskikk. Me skal og sjå på korleis me kjenner laftet i Ryfylke, og korleis det er brukt i Viga. Då helle-



Stav, slinder og kroband i løa i Viga.

tekkinga i Viga er så spesiell, har me via dette tema ein eigen artikkel.

Stavkonstruksjonen er ein typisk vestnorsk byggeskikk, som me i dag finn eksempel på frå grensa mot Agder i sør, til Romsdalen i nord. Ein veit om bygningar i dag som vart bygd på 1500-talet. Ser me på dei parvise stolpeholna som arkeologane grev fram, kan det sjå ut som det er forloparen til stavkonstruksjonen me kjenner i dag. Dei eldste stolpeholna er frå 1500–2000 år f.Kr. Framleis er her handverkarar i vår region som set opp byggverk i den same tradisjonen.

Prinsippet for stavkonstruksjonen er to stavar som er bunde saman med ein dragar som i Ryfylke kallast slindre. Dette dannar eit reis. Stavane blir sett på ein handstein, der ein passar på at vatnet vil renna vekk frå steinen. Ofte kan ein sjå ein liten innhogd trekant øvst på staven. Dette er merke etter stokken

som vert brukt under reisinga. Reiset er stiva av med kroband som går frå stav til slindre. Dette er felt inn i staven med svalehale eller drahogg. Slindra er felt ned på staven med tiløksa slindrehals, ned i stavøyre, slik at slindrehovudet kjem i utkanten av staven.

Stavbygget kan vera sett saman av fleire slike reis. Reisa blir bunde saman med stavlegjer, dragarar, som leggast oppå slindrene, mot stavøyra. For at ikkje stavlegja skal vri seg, blir det sett ned ein god todl i slindra, eller ein liten kluns som blir nagla fast til slindra. Stavlegja kunne vera felt ned i slindra. Stavlegja kan vera kløyvd rundstokk. Då ligg margsida inn mot todlen. Eller ho kan vera ein tiløksa rundstokk. Langsidene blir



stiva av med kvarkeband som går frå stavane og opp i slindra, eller med skråband eller krossband som går frå stav til stav. Nedst og øvst på stavane er det felt inn neglingar på halv ved. Desse er spikerslag for bordkledningen, på same tid som dei fungerar som avstiving.

Det vanlege på desse bygga hjå oss var at taket var eit sperretak. Sperra var øksa av nedst mot upsa, og felt ned i stavlegja. I mønet var dei felt saman med not og penn. Stokken vart barka for å unngå udyr.

Alle samanføyinger i ein stavkonstruksjon er festa med trenaglar. Dette gir ein elastisitet som føyer seg med vinden.

Til eit stavbygd hus treng ein ulike typar virke. Ute i kyststrøka brukte ein gjerne eik til stavane. Inne i Ryfylke er det furu som er det naturlege materialet. Virke til stavane finn ein i rotenden av stokken i godt adla furu. Her er det mest adel, og gjerne noe tovete struktur i fibrane som sug mindre vatn. Ein kunne tåla både litt solsprekkar og litt vridding i stokken. Stokken blei skoren på fire sider, såpass at ein fekk av huden. Dei gamle stavane speta godt på utsida av stavøyra. Slindra og stavlegja henta ein frå midtstokken. Denne kunne gjerne ha litt frisk kvist, som verkar som armering. Slindra blir skoren eller øksa på to sider. Til sperr, neglingar og avstivingar plukka ein seinvokste tre for å få best mogleg styrke til smekrast mogleg dimmensjon. Til kledninga var det viktig å få mest mogleg adla furu, som sto seg best i vind og vær, medan ein ikkje var så nøyne med troporda på taket. Her var det ofte mykje gjennombruk av gamle materialar, kledningsbord, båtbord og anna.

Lafteknikken kom i bruk på 1100-talet. Dette var ein teknikk som gav tette veggar, der tømmeret hadde ein isolerande funksjon, og blei brukt til bygningar for folk, dyr og oppbevaring av mat. På Vestlandet heldt ein likevel fram med stavkonstruksjonen i uthusbygningane, der det var viktig med tett tak, men god gjennomlufting. Sjølv om den nye bindingsverkonstruksjonen blei brukt på dei store sjøhusa som kom frå 1700-talet og framover, heldt ein fram å bygge mellom anna løene og nausta i stavkonstruksjon. Det er ein konstruksjon som er utprøvd over lang tid, han er sterkt og krev relativt lite tømmer. Tradisjonen fekk ein knekk rundt 1920–30-talet, då nye landbruksreiskap fekk problem med høgda under slindrene. Likevel blei det sett opp stavløe så sent som i 1960. Konstruksjonen har fått ei ny renessanse i vår tid. Me små endringar og forbeteringar har konstruksjonen såleis vore i tradisjonell bruk i nær 4000 år.



Illustrasjonen viser ei uteløe i stavkonstruksjon på Randa.

Lafteknikken i Ryfylke

Lafteknikken er ein nordeuropeisk byggeskikk som kom til Noreg i tidleg mellomalder, rundt 1100 e.kr.f. Det har vore lafta hus i hjå oss like til dei isolerte bindingsverkhusa kom på 1950-talet. Teknikken har utvikla seg over tid. Ved å studera form og teknikk på novhogg og stokkeform, er det muleg, saman med andre opplysningar, å tidfesta bygningane. Dette er interessant i Viga der bygningane har ulikt opphav og historie.

Vagenovet er den eldste kjente lafteformen. Det er eit enkelt novhogg, og lafta med rund stokk utan su eller dublingar.

Finndalslaftet har vore den vanlege novforma i landet gjennom middelalderen fram til svartedauen rundt 1350. Så gamle bygningiar har me ikkje i Viga, og knapt nok i Ryfylke. Einaste kjente finndalslafstokkane er gjenbruk av stokkar i eldhuset på Sørstad i Suldal.

Raulandslaftet kjenner me til frå datert tømmer i Rauland-stova frå Søre Rauland i Uvdal i Numedalen, frå 1250-talet. Det er eit novhogg med kinningar, kinningsnov, også kalla kvarkenov. Denne nova finn me i Guggedalsloftet frå Bråtevit, der eldste delen er datert 1282. Same kinningsnov kan me følgja like fram til sinklaftet tar over midt på 1800-talet.

I Ryfylke ser det ut til at bruken av sinklafet fell sammen med utviklinga av stovehuset frå to-roms hus til det tredelte huset frå midten av 1800-talet. Eilert Sundt skriv etter ei reise på Jæren og i Ryfylke i 1860: «...her fikk jeg ikke alene den forklaring af kjendte mænd, at det indtil nu nylig havde været almindeligt at have på gården en sådan stue og en lignende bod, men jeg traf endog til at se hin forandring foregå så at sige for mine øine: jeg var i et hus, hvor boden netop var flyttet hen til stuen, men arbeidet med at indrette under-rommet til et stadselig sengeværelse og med at indrette en del af forstuen til kjøkken var ikke ganske færdigt endnu.»


Ein nyttar gjerne den gamle stova, eller bua og sette den inn til den nye stova. Såleis er det vanleg at ein finn ulike laftemotdar i to stover under same tak, med kinningsnov i den gamle delen, og sinklafet i den nye.

I Viga blei det bygd på ei ny buadel med lem ved flyttinga av tunet i 1821, slik Eilert Sundt skriv om. Men det var nok noe for tidleg for sinklaftet, men me finn sinklaftet i fjoset og i Sisselastova.


I Ryfylke brukte dei sinknov med tapp. Sinklafting og lafting med plogd plank er lafteformer som har vore i ubroten tradisjon like fram til i dag. Kristen Jørneland, Hjelmeland, sette opp hus i plogd plank så seinst som i 1950–60-åra, og både




Vagenov. Frå 1100-talet




Finndalsnov. Frå 1100-talet – 1350-talet



Raulandsnov. Frå 1250-talet – 1850-talet



Sinknov. Frå 1850-talet – 1950-talet



Pløgd plank. Frå 1880-talet – 1950-talet

Daniel Hoftun, Suldal, og Ola Hustveit, Sauda, har sjølv lafta med sinknøv.

Tømmerstokken blei kløyvd og høvla til på plassen. Det blei laga ei stelling, eller ein bukk. Ein mann sto oppe, og ein mann nede og saga. Så blei planken høvla med oksa, ein høvel for to mann.

Plogd plank kunne ein også kjøpa ferdig hjå forhandlar. Trelasthandlar Øgreid i Stavanger hadde filial i Sauda og betjente såleis det indre Ryfylke derifrå. Planken vart laga av kløyvd tømmer, dvs. ein halv tømmerstokk blei skoren til to toms plank. Det blei frest ut dobbel not og penn på høvleriet, medan nova blei hogge og tilpassa på plassen.

Ein nyttar rettvokst malma virke frå andrestokken i treet, det vil seia to til tre meter frå rota. Ein kunne malma treet på rot ved ringbarking for å få mykje adel. For å hindra sprekkar blei stokken margsprengt. Dette blei gjort med kilar som ein slo inn mot marginen. Sprekkene etter margsprenginga blei skjult av suinga i neste stokken.

Det eldste var å bruka den runde stokken som han var, berre med noe avretting. Ut over i middelalderen blei det vanleg å hogga stokken oval. Størrelsen på tømmeret varierte. Det gamle var å bruka ein mal til å forma eller hogga tømmeret etter. Dette er ein teknikk som er gått ut av bruk, men ein kjenner til følgjande måte å gjera det på: Ein fjerdedel av ovalen til stokken blei øksa ferdig av gongen. Ved hjelp av snorslag og sikkert augemål blei ovalformen passe presis.

Seinare vart stokken øksa til for å få rettast muleg sider. I følgje Halvor Vreim kan det dreia seg om husa frå 1600–1700-talet. Førebiletet var dei murte og pussa bygningane. Det gamle var å flat hogga tømmeret etter at veggen var sett opp. Det var viktig at veggen var strengt i lodd. Ein brukte skarvøks til å grovhogga med og to teljeøkser med krokete skaft kvar sin veg til å sletthogga med. I seinare tid vart tømmeret flat hoggd før huset kom opp. Som oftast finn me stoveveggene høvla slette og fine, medan veggen mot kove, vedas-kut eller yttervegg er svært grovt tilhogd.

Frå seinmiddelalderen hendte det ein kløyvde stokken. Dette for å spara skog, transport eller arbeid. På 1700-talet i dei meir skogfattige strøk av landet, som f.eks. på Vestlandet, kløyvde ein tømmeret.

Ved sinknoving og lafting med plogd plank blei tømmerstokken kløyvd i to. Ein kløyvde stokken i to slik at ein fekk mykje adel på eine halvdelen og geita på andre sida. Kløyving av stokken blei gjort med kilar eller med sag. Når ein saga var ein

to om arbeidet, ein sto oppe, og ein nede. Stokken vart så telja, eller høvla slett og fin.

Det var ikkje slik at den eine teknikken avløyste den andre. Dei vart brukt side om side i lange tider etter som det passa, like fram til vår eiga tid. Dette hadde også med kva tilgong det var på handverkarar.

Laftestokkane blei lagt på einannan slik at stokken i første omfar hadde rotenden i eine enden. Neste stokk blei lagt motsatt veg. Stokkane låg andføtes. I underkant av kvar stokk blei det hogd ei renne som blir kalla meddrag, eller su. Suet blei hogge etter eit riss som blei trekt opp med eit meddrag. Meddraget er ein reiskap med to klør, der avstanden mellom klørne kan stillast. Suet vart gjort romt for å gje rom for sig og for tetting.

Noen seier dei brukte vanleg myrmose som tetting. Men her er ein mosetype som ber namnet husmose. Namnet skulle tilseia at det er denne som blei nytt. Kanten på meddraget skulle vera så skarp at når ein la mosen på stokken under, og la neste stokk oppå, skulle denne klippa mosen. Den øvste stokken kviler såleis på den under med to skarpe kantar. Vekten av stokken gjer at han ligg støtt.

For å hindra at stokkane vrir eller forskyv seg, blir det brukt dømlingar, eller dublingar, som ein seier hjå oss. Dublingen er ei rundhoggen trenagle som blir drive ned i eit hol i stokken under og i eit hol i stokken over. Det var viktig at ein bora holet noe djupare enn lengda på dublingen, omlag 1». Dette for å gi rom for sig. Dublingane blei sett med ein avstand på omlag 3 m, og aldri over kvarandre. Ein brukte dublingar ved dør- og glasopningar og i raustet, der det ikkje var nover til å halda veggen på plass med. Ein brukte og dublingar på lengre spenn. For å stiva av lafteveggen ser ein elles at ein har brukt ein vertikal strekkfisk, grada inn på innsida av lafteveggen, slik me ser det på stabburet i Viga.

For å stiva av dei avkutta laftestokkane ved dør- og glasopningar blei det også sett inn beitski. Lokalt kallar ein desse for kinnungar. Kinnungane blei festa til veggen med not og penn. Det ser ut til at det eldste, og det mest brukte har vore at kinnungen har hatt not, og veggen penn.

Det var vanleg at ein hogg til tømra og sette huset opp førebels nær plassen stokkane var felt. Dette truleg for å spara unødig transport av virke som skulle hoggast vekk. Nær sagt alle tømmerhus er merka. Dette var for oppattsetting på den nye permanente staden. Merkinga me finn på noen av byg-


ningane i Viga, er såleis ikkje nødvendigvis teikn på at dei er flytta frå annan stad. Men saman med andre opplysningar kan dei vera med å underbygga ein slik teori.

STOVEHUSET


Stovehuset har vore nytta som gardshus i Viga like fram til Kristi og Sven Randa bygde nytt hus i 1955. Etter det har huset stått tomt til det vart gjort til museum. Det lukkelege med dette er at huset ikkje har vore gjennom moderniseringar med innlagt vatn og kjøken. Huset står fram som det gjorde då det var i aktiv bruk, med den originale innreiinga og med autentisk interiør. Her er det ikkje flytta til noen gjenstandar.

Bygningen er sett saman av den gamle lafta røykstova og ei ny lafta stove med loft. Mellom stovene er det gang i reisverk, med eit avdekt spiskammers. I enden av røykstova er det bygd på ein vedaskut i reisverk, og i enden av bestestova, ein reiskapskut.

Den gamle røykstova skal vera frå 1600-talet. Det er ei stor og flott, lafta stove på 5,5 x 5,6 meter, mønt like opp, og med ljore i taket. Stova er kledd med panel på veggar og skrähimling. Det er markert brystning med ei profilist, og heile brystninga er måla brun, medan veggane er grøne. Taket er målt med eit rosa skjer.



Røykstova med ljore i taket.





Slagbordet sto ved glasa. Her ser me Martha og Kristi ein gong rundt 1954. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.



Interior frå røykstova slik ho står i dag.

Det har nok stått ein røykomm i hjørnet der vedkomfyren står i dag. Slike røykomm var vanlege i Ryfylke før ein fekk pipe. Omnen var mura som ei grue, men røyken trakk opp gjennom ljoren i taket. Sidan fekk dei vedakomfyр. Denne vart kopla til pipa frå bestestova med omnsrør opp til høgalemmen. Elles i stova finn me mjølkehylla på andre sida av døra, eit langbord framfor glasa, der det var best lys, og seng i den fjerde kroken. Ved endeveggen er det i tillegg eit skatoll og ei veggklokke. Stova er såleis innreia etter same tradisjon som me finn elles i Ryfylke, og som sikkert kan førast tilbake til tida då røykstova var ny. Det spesielle i Viga er at dei har halde tradisjonen, og endatil kokt i stova så lenge. Einaste elektriske installasjonen var to lyspærer i stova.

Me har vore så heldige å få snakka med to damer som kjenner husa godt. Det er Marta Randa Sandanger, f. 1922, og Anna Elisabeth Østbø, f. Thorsen 1924. Marta er søster til Sven Randa, og voks opp på Randa, men var ofte i Viga på besøk. Anna Elisabeth er ein noe fjerne slekting, men hadde somrane i hytta i Britahagen, nede ved sjøen. Begge to var mykje i Viga i oppveksten. I 1941 var Anna Elisabeth taus på garden.

Marta og Elisabeth fortel at dei om vinteren kokte og åt i stova. Dei la godt i komfyren, og lufta om nødvendig med ljoren. Måltida åt dei ved slagbordet som sto ved glasa. Det store langbordet som står der i dag, er det bordet som blei brukt då det var skule i Sisselastova. Dei heldt seg stort sett med ein dreng og ei jente i Viga. Desse åt saman med husfolket. Marta hugsar bestefar Sven som sat i gyngestolen. Senga i røykstova var for dei gamle som trong stell. Gamle Østen Viga låg her. Då Sven Thorsen blei gammal og sjuk, var det dottera Marta som stelte for han. Seinare stelte ho også for bror sin, Østen, då han blei gammal.

Då røykstova var ny, på 1600-talet, var det heilt sikkert ein gang framfor stova, bygd i reisverk, med enkel bordkledning. Det same finn

me i dag, der me har dør inn til gangen både frå hagesida, og frå baksida. Gangen er kledd med bord også på innsida. Det er delt av eit lite spiskammer til oppbevaring av kjørlar og smør. Så er det bygd på ein nyare lafta del, med buafunksjoner, det vil sei rom for gjester og oppbevaring av klede. Denne delen blei bygd på i 1821, då tunet blei flytta, med ei bestestove i første etasje, og sovelem i andre. Bestestova blei brukt til å ta i mot gjester. Her låg det eit stort teppe som var sydd saman av ryer som var farga, karda, spunne og vove på garden. Dei var flinke med henda kvinnfolket i Viga. Tante Mallin, Malene til Østen, hadde diplom i veving. Det var ein bieder-meyersofa på veggjen rett frå. Elles var det dei same møblane me ser i dag. Det blei dekka på det fine bordet som står midt i rommet. Ved større høve, som Anna Elisabeth skriv om i artikkelen sin, når det var gravferd, blei det dekka med langbord både i stova og bestestova.




Over døra til bestestova står det «Dette Hus er Bøgt 1821».



Kristi og Martha kardar og spinn i røykstova. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.



Interior fra bestestova rundt 1954. Foto utlånt av Oddbjørg Randa Heggland.



Hovuddøra i gongen med trappa opp til lemmen.

Trappa går opp frå gangen. På lemmen er det eit kleskott og eit sovekammers. Gutanesov på mannfolksalen, på stovelementen, medan jentenesov i kammerset. Når Marta var på besøk frå Randa, sov ho på salen i lag med Østen, Sven og drengen, medan tante Martasov i kammerset saman med tenestejenta.




Interiør frå mannfolksalen.

Dei låg på halmsekker. Oppå halmsekken var det ei heimeoven rugga, voven som løpar av tjukt ullgarn, og sydd saman på midten. Oppå rugga var det laken om sommaren, eller kvittlar av heimespunne ullgarn om vinteren. Der var pute og dyna, med kvitt trekk av mjølsekker, så lenge dei fekk kjøpt det, eller av noe blomstra stoff. Når dei redde opp til gjester i Sisselastova, så var det med fint kvitt sengetøy med helka mellomverk.

Det er sua undertak i heile stovehuset. I tillegg er himlingen kledd med bord i soveromma. Likevel fortalte Sven Randa, då me intervjuja han, at det hende dei vakna med sno i senga når været var slik.

Glasa på salen har blysprosser og gulaktig glasruter. Det er marmorerte midtpostar i begge glasa. Desse midtpostane har ei 1700-tals form. Det kan vera glas som opphavleg har vore i den gamle røykstova.

Stovehuset i Viga fortel ei spennande bygningshistorie, og illustrerer veldig godt utviklinga av det typiske stovehuset i Ryfylke. Her har me den eine av to røykstover i museet si eige, og den absolutt eldste, og med autentisk innreiing og inventar. Såleis representerar stovehuset ein viktig del av vår byggeskikk.



Oppmålt av Stein Schjelle, juni 1973
Rentegnet av Ingrid Lowzow, april 1974



SISSELASTOVA

Det var Sissela Faltinsdotter på Fevoll som sette opp dette huset rundt 1840–1842. Ho flytta til Viga saman med dottera si, Anna, for å komma vekk frå mannen sin. Ho var med i haugianarflokken, og blei vel tatt i mot av sine trusfellar i Viga. Då mannen døydde i 1851, flytta ho tilbake til Fevoll. Etter dette tente huset ei stund som skulestove. Då Sissela døydde i 1857, kjøpte Østein Vikha huset hennar på auksjon. Etter kvart blei Sisselastova tatt i bruk som gjestebu.


Sisselastova består av ei lafta stove med lem. Gangen framfor stova er i reisverk. Det er delt av eit spisskammers. Frå gangen går trappa opp til stovelemmen. I andre enden av huset er det sett på ein vedaskut i reisverk. Stova er lafta med sinklaf. Det er sua undertak, som igjen er kledd med bord på stovelemmen. I stova står etasjeomn med omnsrøy opp til stovelemmen. Her i frå er det mura pipe.



Lås på døra til
stovelemmen.

ELDHUSET

Tømmeret i eldhuset er lafta med kinningslaft og runde stokkar som er jamna til på utsida. Her er stokkar frå 9 til 12" høgde. Ved døra er det flyttemerker frå tredje stokken, og beitskiene er skjøtt på. Alt dette tyder på at bygningen har hatt eit liv før han kom hit. Så skal det og vera flytta frå Hauskevågen, dit det anten var kome frå Nessa, eller det var reist av tømmer



frå Nessa-skogane. I allefall er det knytt Nessa-tradisjon til dette eldhuset.


Det er mura ei stor grue og pipe i eldhuset. I grua står vedkomfyren, og ved sida av grua er det omn med takke. Uti svåla på eldhuset var det flueskap med netting framfor. Her blei den daglege maten oppbevart. Det var innlagt springvatn i eldhuset. Dette må ha letta arbeidet ganske så mykje.

I eldhuset blei det baka lefse, potekake, syrekake og hellekake. Slaktet blei tilreidd her, kleda kokt, og mjølka kinna og ysta. Kleda blei kokt i eldhuset, og skylt i bekken. Dei kinna smoret av sur mjølk. Kinninga gjekk føre seg på hella utanfor eldhuset.

Om somrane flytta huslyden ut i eldhuset med kokkinga og måltida. Der satt Østen sjølv øvst ved bordet. Tenestefolka åt alltid i lag med husfolket. Mor til Anna Elesabeth fortalte at i



Flyttemerker og påskjøtte beitskier tyder på at bygningen er flytta.



Eldhuset før det blei bordkledd.


gamle Østen si tid, var det slik at dei sette skeiene i veggen etter måltidet.


Det var Anna Elisabeth som hang opp dei raudruta gardina i glaset i eldhuset, og framfor hylla, då ho var taus der i 1941. Ho hugsar og godt at ho var med og vaska ned veggane i eldhuset.

STABBURET

Også stabburet har vore flytta. Nummereringa av tømmeret startar først på tredje stokken her og, og over døra er det hakk som tyder på at denne stokken kan ha vore brukt til noe heilt anna før. Laftet er kinningslaft, også jamt på begge sider. Stabbane er høgreiste steinar. Det er delt av kornbingar langs eine vegg og hengt opp ei rame for turking i taket.

I stabburet blei maten lagra, kornet i kornbingane, mjølet i tønner og kjøtet i saltestampar eller til turk under taket. Flatbrød og lefser blei stabla i ruver, medan brødet hadde eige skrin som truleg blei oppbevart i spisskammeret i stovehuset.






LØA

Løa er ei tradisjonell seks reis stavløe i to etasjer, med to køyrebruer, 20 meter lang og 10 meter brei. Stavane står på oppmura handsteinar. Innafor stavane er det lafta ei fjoskasse på 6,5x13,5 meter. Fjoset er nok sett opp ei tid etter stovehuset, då det er brukt sinklafte.

Dei hadde kyr, kalvar og sauer. Om somrane gjekk kyra på beite i Neset. Marta fortel ho var med onkel Østen og dei ut for å molka. Mjølka hadde dei med seg heim i ovale blikkspann som dei bar på ryggen, opp frå sjøen. Om somrane, når dyra var ute og fjoset reinvaska, sette dei opp vevstolen i fjoset. Det var praktisk, så slapp dei alt støvet i stova. Frå fjoset går det trapp opp til høyløa. Ved sida av fjoset er det eit rom kor dei hadde ein gris eller to til eige bruk. Seinare var grishuset i eit rom i reiskapshuset bortanfor løa.

Det er stall i løa, med plass til tre hestar, og to hevdaskutar. Anna Elisabeth fortel, det var då dei hadde to hestar i Viga. Den eine merra skulle ha føl. Ho blei så galen av eit kvart, og sparka hol i veggjen til hevdaskuten, med det resultatet at hesten heldt på å dukna i landet. Det blei sendt bod etter dyrlege Holmboe frå Stavanger. Han fekk ho opp. Men det gjekk gale med følet. Østen lurte då på om han kunne eta kjøtet. Då svara Holmboe at «Du kan spise sjølv fanden om han bare er godt kokt».

Oppen finn me høyløe, kornløe og trøskjegolv. Dei brukte helst den søre køyrebrua når dei køyrt inn høyet. Så var det å hiva og dra høyet



over. Det var tungt arbeid. Marta fortel dei hadde det kjekt i løa med å hoppa i høyet, ho og broren Sven, og Anna Elisabeth.

Det var ikkje køyretøy i Viga før vegen kom. Dei hadde slede som dei frakta likkista eller anna ned til båten, og rodde så til kyrkja på Hjelmeland eller kor dei skulle.

Østen Viga fekk alt i 1863 vassdreve trøskjeverk. Vatn henta han frå elva like ved, og leda vatnet over markene, og så i trerenne ned til vasshjulet under løa.


Det flotte med løa på Viga er at all reiskapen står der han høyrer heime. Såleis er det eit godt høve til formidling av livet på garden. Utfordringa er å få tømt løa for det som ikkje høyrer til. Ei endå større utfordring er at vekta av hellene på taket over tid er blitt for mykje for konstruksjonen. Slik ho står no kan ho ikkje brukast i formidling. Museet har ein kjempeoppgåve

framfor seg, der heile helletaket må av taket før ein kan starta med utskifting og opprettning av konstruksjonen. Målet er å setta i gong eit større prosjekt i 2009, der me mellom anna vil gjennomføra eit dokumentasjonsprosjekt på helletekking.

KVERNHUSET OG TØRKA

Kvernhuset ligg eit stykke nedanfor tunet, ned Sjoarvegen, ved elva. Det er lafta med kinningslaft. Marta Randa hugsar ho var med onkel Østen og mol på kverna. Seinare fekk dei mala mjølet på Fiskå.


Like ved kvernhuset finn me tørka. Bygningen er sett opp i stavkonstruksjon med to reis som står på oppmura handsteinar. Ho er kledd med ståande over- og underliggarar, og er den einaste bygningen i Vigatunet som har teglpanner.



Tørka



Kvernhuset



NAUSTET

I Vigavågen ligg ei naustrekke med tre naust. Naustet i midten er det som hører til Vigatunet. Det er eit stavnaust med fire reis. Naustet følger terrenget, og skrår ned mot sjøen og båtstøa. Som del av båtstøa ligg ein stor, flat helle. Denne er registrert som fornminne, og har truleg vore ein bautastein.

I naustet finn me kyrkjebåten, og to andre båtar som hører til museet. Det var båter som blei brukt når ein skulle til Stavanger med frukt og poteter, og når ein skulle ha sauene på sommarbeite, eller når ein skulle til kyrkje på Hjelmeland. Naustet blir framleis brukt av brukarane i Viga.

ANDRE BYGNINGAR PÅ GARDEN

Det har vore to hønsehus. Gamle hønsehuset sto ved Sisselastova, mellom Sisselastova og do. Nye hønsehuset står framleis ved vegen oppanfor den nye frukthagen. Det



Interior frå naustet.



Bautastein i båtstøa ved Viganaustet.

har også vore smie, badstu og stampe i Viga. Stampa låg ved på Stampeflådå, medan badstua må ha ligge på Basstuegrå nedanfor Sisselastova og over Hagaflådå. Smia låg nedved Doktorhagen. Det er berre stadnamna på garden som minner om desse bygningane.

BYGNINGANE I VIGATUNET SOM DOKUMENTASJON

Slik Vigatunet står i dag med alle sine ulike bygningar er det ein dokumentasjon på rama rundt det levde livet på garden frå 1821 til 1955. Det er ikkje andre bygningar eller bruksting på garden enn dei som har vore i bruk der. Noen bygningar og gjenstandar har kome til desse åra, og noe er kome vekk, liksom folket har kome og blitt borte. Det har såleis skjedd ei utvikling fram til tunet blei museum. Museet ønskjer å framstille garden mest muleg slik han var då Sven og Kristi Randa flytta inn frå det gamle stovehuset og inn i det nybygde huset sitt i 1955.

Bygningshistorisk har Vigatunet stor interesse. Her finn me ei av dei veldig få bevarte røykstovene i Ryfylke. Saman med påbygget frå 1821, kan me veldig klart følgja utviklinga av stovehuset, frå den enkle lafta kassa med gang framføre røykstova, til det tredelte stovehuset med lem. Sisselastova er med og fyller ut dette biletet.

Vigatunet gir rom for dokumentasjon av ulike lokale handverkstradisjonar, der ein kan studera lafteteknikkar og gjera studiar av stavkonstruksjonen, og sjå korleis ein har nytta



Løa på Viga er stor og flott, men byr på store utfordringar med vedlikehald.

furuua som virke i dei ulike bygningsdelane. Dei har truleg nytta eigen skog i Viga, der ein har hatt kunnskap om behandling av virke på rot, om å tørka virket og trekka ut adelen i treet.

Så langt er det altså mykje spennande med Vigatunet. Det mest særmerkte er likevel dei hellelagde taka. Det er ein spesielt stor samling av hellelagde tak, og måten hellene er lagt på er veldig typisk for Hjelmelandsområdet. Her er dei lagt med sidesvis overlapp i tillegg til overlapp av rastet over, medan ein elles i landet legg kant i kant sidesvis, og med overlapp i neste rastet. Det kan vera tilfeldig at det er ulike måtar å legga hellene på, men det kan også ha samanheng med klima. Helletakene i Viga representerer såleis ein svært lokal handverkstradisjon som det er viktig å ta vare på som dokumentasjon på lokal handlingsboren kunnskap. Vigatunet er eit godt eksempel på korleis bruken av lokale materialressursar og handverkskompetanse gjer at bygningane fell så godt inn i kulturlandskapet.

Grete Holmboe (58) blei tilsett som antikvar for bygningsvern ved Ryfylkemuseet i 2002. Ho har diplomeksamnen i interiør og design frå Kunsthåndverkshøgskulen i Bergen, og har lang praksis frå tidlegare arbeid med rehabiliterings- og restaureringsprosjekt.

LITTERATUR

Arne Berg: Norske tømmerhus frå mellomalderen, band 1 og 5, Oslo 1988/1998
Jon Bergsåker: Glytt frå det gamle gardsmiljøet på Vika i Hjelmeland. Frå bygd og by i Rogaland 1970

Trygve Brandal: Hjelmeland. Gardar og folk. Bind II

Trygve Brandal: Hjelmeland. Bygdesoge. Bind II

Grete Holmboe: Hus og heim. Årbok Ryfylkemuseet. Folk i Ryfylke 2004. Tema Kolbeinstveit.

Grete Holmboe: Tysselandsløa. Årbok Ryfylkemuseet. Folk i Ryfylke 2005. Tema Hustveit

Grete Holmboe: Byggeskikken i Ryfylke. Rapport nr 2. Konstruksjonar i tre. 1997

Åse Jensen: På vandring gjennom Vigatunet og garden Viga. Frå Haug og Heidi 3/1992.

Trond Løken: 4000 år med trehus i Rogaland. Sølberget Magasin. 1995

Helge Schjelderup: Frå forhistoriske byggemåter til husbygging i vår tid. Sølberget Magasin-1995

Eilert Sundt: Om bygnings-skikken på landet i Noreg. Gyldendal 1976

KJELDER

Intervju: Marta Randa Sandanger, f. 1922

Intervju: Anna Elisabeth Østgård, f. 1924

Oppmålingsteikningar: Stein Schjelle 1973

Gamle fotografier


Eigen dokumentasjon

På vandring gjennom eit langt venskap

Av Åse T. Jensen

Åse T. Jensen har hatt ein lang arbeidsdag i Viga-tunet. Først som medlem av «Makkamjølsklubben», så som tilsett i Hjelmeland kommune med særleg ansvar for museums- og kulturvernoppgåver, og dei seinaste åra som frivillig medarbeidar for Ryfylkemuseet. Gjennom dette engasjementet er ho blitt godt kjent i tunet og med dei som har budd der. I denne artikkelen deler ho noe av denne kunnskapen med oss.

Sven Randa var fødd 03.01.1918. Han hadde eit rikt og godt liv i Vigatunet – i «gamlatunet» så vel som i «nya huset».



Sven og Øystein Randa på kveldssete i Vigatunet 2003. Dette var siste kveldssetet begge var med på. Øystein døyde i 2004, Sven i 2005. Foto: Åse T. Jensen

Første gang eg vitja Viga var 03.01.1978. Sven fylte 60 år og heile «Makkamjølsklubben» vart bedt til gjestebod på åremålsdagen. «Makkamjølsklubben» var veneforeining til Hjelmeland bygdamuseum. Eg vart kjent med fleire søsken og andre familiemedlem. Ein fortalte om linduken som hadde vore veldig lang, men no var delt i to. Lina vaks på Linakeren på Måland i Årdal.

Martha Thorsen, tanta, levde fortsatt og var med i laget. Ho hadde budd heile livet på garden Viga. Sven kom heim til meg og fortalte at tante var flytta til Årdal sjukeheim. Ei tid seinare døydde ho (1886–1981). Då hadde ho vore som ei mor for Sven frå han flytta til Viga som 3-åring. Foreldra og resten av søskenflokkene budde på garden Randa, Randøy, medan Sven skulle overta garden i Viga med tid og stundar (fekk skøyte i 1960).

GAMLATUNET

Gamlatunet er rikt på minne – ein utroleg dokumentasjon for meg som museumsarbeidar.

Eg skulle laga utstilling om grunnskulelova, som vart 350 år og fortalte dette til Sven. Ein dag kom han med traktoren til utstillingslokalet. På tilhengjaren hadde han bordet som vart nytta til omgangsskulen i Sisselastova. Enda steintavla fekk eg låna til utstillinga. Sven trudde bestemora lært å skriva på tavla.

Ein sommar delte eg omvisartenesta med Kjellaug Laugaland. Ho fortalte at hennar far, Jone Hausken (f. 1887), hadde skulegong i Sisselastova nokre år. Så hadde dei skule på Hundsnæs og seinare i Askvik (frå 1896).

SØNDAGSTUR

Sven og eg gjekk mykje på tur i lag. Ofte la han søndagsturen opp til plantefeltet. Det var gran som skulle vera hogstmoden til neste generasjon. Skogen var heller tett og slapp lite sol ned til skogbotnen. Trea hadde mista nålene nedover stammen og



Fjøl og høvel laga av Sven. Fjøla var frå folkeskulen, høvelen frå Hjelmeland arbeidsskule. Foto: Åse T. Jensen.

hadde som ei krone i toppen. Det var alltid svalt mellom grannstammene. Sven meinte det var som å vera i ein katedral.

Seinare reiste Sven til Brasil og vitja verdas største katedral. Han undra seg over rikdommane til katedralen i Brasil. Vel heime att, meinte han fortsatt at plantefeltet var finaste katedralen – fred og ro for søndagsturen fann han der – eg var glad for å vera med.

STADNAMN

Eg skulle samla på stadnamn og sluttføra fylkesprosjektet for Hjelmeland kommune – Viga var ein av gardane som var att. Sven fortalte om badstova som hadde vore i tunet. Området utanfor Sisselastova vert kalla Basstu-egrå som eit minne om fleire hus på garden.

Nok ein aktivitet har eige namn. Vadmal hadde kvinnfolka i veven. Vadmalet må stampast for å få rette kvaliteten på stoffet. Nedanfor nyaste huset på garden ligg Stampeflådå. Stampa vart selt til garden Ristingsvoll i Årdal. Kvernhus og tørkehus for korn står att ved Ånå. Fleire brukarar hadde kvernrett i Ånå.

Kornbingar og mjøltønner vitnar om aktivitet og nytteverdi. Jamvel eit hol i ei låvedør fortel om travle dagar. Når kornet skulle treskast, la dei trerennar frå Ånå og gjennom løa. Vatnet vart ført i renna og fall ned på eit vasshjul som dreiv treskjeverket.

Lengre oppe mot plantefeltet kjem vi til Hagaflådå – ei stor ekre som nå gjer mat til sau og ku. Truleg har Hagaflådå, så vel som Stampeflådå og Basstuegrå vore kornåkrar som duva i vinden og ga bonden dagleg brød.

Andresplass ligg ved Sjoarvegen – vegen startar på Hauskje og går forbi gravhaugane og ned til sjøen. Her var kai og båt til Stavanger. All post kom til Viga. Brevvekt og lodd er fortsatt att – Sven hugsa at brevhuset vart lagt ned og postkassa fjerna. Andres tok familien med seg til Amerika – og sende eit biletet heim til Viga. Fotoet av husmannsfamilien heng på veggen, på plassen er restar etter husmurar. Ein surapal er att. Sven og eg hausta apalen eit år. Eg laga eplegele som fekk ein flott raudfarge og god smak. Gudrun Ritland (f. 1911) hadde ikkje sett finare farge på eplegele. Gudrun stelte huset for Sven og bror hans, Øystein (1925–2004). Sven fortalte han hadde 100 Norgesglas i kjellaren. Desse skulle helst fyllast før vinteren kom. Fryseboksen letta nok arbeidet.

Nede ved sjøen er Doktorhagjen. Dr. Obstfelder eigde hus og grunn her. Far til forfattaren Sigbjørn Obstfelder, vart fødd her. Sigbjørn og faren vandra frå Jørpeland til Viga. Sigbjørn Obstfelder ville sjå dei gamle tuftene og har skrive eit stykke om vandringa som gjekk over Espeland. Sven hugsa murene etter husa.

Oddeplass og Brittahagjen var også husmansplassar. Brittahagjen har enda hus som er hytte for Johannes Thorsen sin familie. Sven hadde kjent 7 generasjonar av slekta ved

naustet i Vigavågen. Sleksnamnet, Thorsen, på garden og i Vågen har felles røter. Endre og Brita Viga sette namn på plassen.

I naustet ligg kyrkjebåten med 8 årer i lag med fleire småbåtar.

Brua til Randøy kom først i 1976. Industriområdet kom nokre år tidlegare. Sven fortalte om forhandlingar med kommunen og grunnavstång.

Tidlegare gjekk kyrne i Viganeset, og dei rodde til Essvigå for å mjølke morgen og kveld.

Mjølka vart samla og kinna til smør. Separatoren letta arbeidet med mjølka, og alle gamle koller dei skumma fløyte av, vart flytt frå mjølkehylla i røykstova og bort i Sisselastova. Separatoren hadde fast plass i eldhuset. Då vegen til Fister kom i 1963, vart mjølka henta med bil.

Vi vandrar vidare – gjennom eit felt med høgstamma brakje ute i Viganeset, og Sven fortalte at dei var tenkt nytta til gjerddepålar. Brakjestokkane råtnar seint. Seinare tider kom pålane på pallar, ferdigimpregnerte og av anna treslag.

Sven hovla materiale og laga kister av brakjestammane. Eg trur vi var ti som fekk kvar sitt fint sinka meisterverk. I Vigatunet er enda prøvestykjene han laga på arbeidsskulen i Spinneriet i Hjelmelandsvågen. Første fjøla han hovla i grunnskulen finst også.



Skrin laga av einer. Dette var ei gáve frå Sven til artikkelforfattaren.
Foto: Åse T. Jensen.



Bryne i gneis funne av Sven.
Foto: Terje Tveit,
Arkeologisk museum i Stavanger.



Kniven frå steinalderen. Foto: Terje Tveit, Arkeologisk museum i Stavanger.

Jannaplass var nok ein husmannsplass. Lengre ned mot sjøen er Bonshidlaren, steinalderbuplassen.

Sven fann ein øks frå steinalderen. Arkeologisk museum tar vare på den. Mange år seinare fekk eg ein bergkrystall han fann på eigedomen. Eg hadde steinen i nokre år, såg at folk hadde arbeidd med steinen. Etter ein praksisperiode ved Arkeologisk museum var eg overtydd om at gjenstanden høyrte til der. Steinen vart konfiskert som staten sin eigedom. Gåva var ein kniv frå steinalderen og vitnar om tidleg busetnad i området. Sven fekk diplom med bilete av kniven.

Arkeologisk museum hadde søndagstur til fortida i tunet, kokte kjøt i kokegropar og synte andre aktivitetar frå vikingtida. AMS forvaltar eit felt gravhaugar i Viga. Folk åt syrekake og eplekake i eldhuset – dei vandra på Sjoarvegen som ligg ved gravhaugane og til dei to borgaråsane i nærleiken. Når vikingane og tidlegare fiendar nærma seg Vigavågen, drog huslyden med dyr og utstyr opp på Borgaråsen. Her ligg att Stein som vart nytta som mur og våpen.

Røphaug er eit minne frå tida før mobiltelefonen vart alle-mannseige. Tidlegare generasjonar ropa frå haugen i staden for å springa til folk dei skulle kontakta. Eg vil tru dei nyttar eit slags teiknspråk for å kommunisera med kvarandre – kanskje i lag med rop.

KARDING, SPINNING OG VEVING

Eit krinsarbeid som førte til eit teppe på Fister skule, hadde eit kurs i karding og spinning i forkant. Sven og eg drog i veg med rokk frå Viga og kardar – mine var nye. Først skulle vi raspa og så laga kardar eller tuller. Dette var barnelærdommen til Sven. Frå hendene hans kom doble tullar fram, jamne og lekre låg dei mellom kardane. Spinninga og tvinninga gjekk leikande lett.

Seinare sette han seg bak veven i Sisselastova og vov eit stykke på gardinstoffet som låg på. Jarane vart jamne og trådane blei slått inn like jamt som resten av veven. «Men,» unnskylda Sven seg, «eg e' jo bonde.» Som sjakkspelar veit eg at bonden kan bli konge når trekket ligg vel til rette.

Formodrene hans fylte sneller og laga hesplar av tråd med ulik tjukkleik og kvalitetar som ull og lin – kanskje hamp til strikskjorta. Nesle og myrrull har fibrar som kan som kan nyttast til klede. Lerret, dreil, krokbraggd og rosengang er nokre få veve-metodar, damask og flensvev er meir tidkrevjande og avansert.



Sneller frå Viga. Foto: Åse T. Jensen

FRUKT OG BÆR

Sommarstid henta Sven og eg blåbær og tyttebær på vandringsane våre; nokre gongar i neset og stad然 han henta på som barn. Ein gong dro vi til Ritland der Kristi, kona hans, var frå. Gudrun, søstera hennar, som stelte huset frå Kristi døyde frå han, var flink til å fortelja frå barndommen.

Planen var å gå fort fram til husa på bomvegen som kom fleire tiår etter at garden var fråflytt. Bæra kunne plukkast på vegen heim.

Vel framme trefte vi Arne, svogeran til Sven. Han har hytte på Ritland og kunne visa fram garden og fortelja om ein stor søskenflokk som framleis vitjar staden i lag med barn og barnebarn.

Vi køyrt i Arne sin bil attende til Kleivaland der bilen til Sven var parkert. Korgene var tomme og dei få bæra vi nappa med oss, åt vi rett frå hentaren før vi sette oss i bilen og køyrd heim.

Oppå Hagaflådå vaks ei rekke med ville bringebær. Sven ringde og fortalte når bæra var modne. Å henta bringebær er ein fin syssel på varme sommarkveldar.

Arbeidet med frukthistorisk hage i Viga tok til i 1988. Da hadde Sven lenge fortald om to stader i Viga han brann for i tillegg til eigen heim og gamletunet. Eine var Reinå på Basstuegrå nedanfor Sisselastova, og det flotte steingjerdet i tunet. Eg byrja å snakka om ein frukthage med nye tre av gamle sortar på innsida av steingjerdet. Sven hadde drive frukthage der i mange år. Forfedrane like frå 1821. Hagen var i ferd med å døy ut, så Sven meinte vi kunne spørja grunneigaren om plassen. Kommunen måtte vera med for å dekka kostnadene med hagen. Ryfylkemuseet måtte sjølv sagt vera med – like eins kultursjefen. Georg Vika, venen til Sven, var heradsagronom og oppvachsen i folgehuset, ville vera med. Og det var nettopp han som vart oppringt frå Nordiska genbanken som også ville samle på gamle fruktsortar frå Ryfylke. Då vart hagen nyttig også. Grunna klimaendringane vil forskarar ha klonarkiv ute i distrikta. Frø av andre kulturvekstar blir lagra i gruvene på Svalbard og i Alnarp, Sverige. Statskonsulent Even Bratberg og eg ordna dei praktiske tinga med innsamling og poding av frukttre. I 1990 vart dei første trea planta ut ved hjelp av Einar K. Time, fylkeslandbruksjef, fruktdyrkjarar og andre interesser. Lokal-TV kom, filma frå plantinga og snakka med folk.

Langs hagen ligg bekken open, resten av bekken er lagt i røyr. Reinå er ein del av eit nytt plantefelt (2005–2007) med

frukttre. I alle år gjekk Sven her med langorven og Reinå låg nysleggen og fin mesteparten av tida. Han humra og lo litt av seg og meinte han hadde laga ris til eigen bak med ynskjett sitt om å ta vare på Reinå.

Alle søndagstreffa og kveldseta i tunet kravde ein del forarbeid og etterarbeid. Sven stilte opp med bord, stolar, vasking av stovene så vel som kaker og kaffi. Sjølv sagt var han trugen gjest og likte seg i laget. Gudrun og Øystein var også med

Sven døydde 4. mai 2005. Eg strødde kalk i frukthagen bak steingjerdet da Tor Helge, svigersonen, kom med flagget. «Er han død nå?» spurde eg. Tor Helge berre nikka.

I arbeidsklede sto vi der medan flagget vart fira på halv stong for bonden i Viga.

Ikkje berre veggene viser minna frå fortida. Flyttemerka, spor etter oppgangssag og teljing kan vi snakka om. Like eins bileta på veggene. Ein liten gut i lag med diamantbrureparet i 1920, Sven og Martha Thorsen, heitte Øystein Thorsen (1916–1980). I 1975 hadde han arbeidsplassen sin i Den norske Creditbank i Stavanger. Eg takka for meg og sa: «Eg vil flytta til Hjelmeland». Han fortalte om ei hytte ved sjøen i Viga han reiste til i ferier, om garden Viga og si eiga hytte på Randa.

Arkivert er stykket om 50-års bryllaupsdag. Dagen fekk førstesideplass i Stavanger Aftenblad i 1910.



Provestykke laga av Sven medan han var elev på Hjelmeland arbeidsskule. Foto: Åse T. Jensen

GULDBRYLLUPET PAA VIGA

Frå Hjelmeland meldes til «Aftenbladet»:

Som tidligere meddelt i «Aftenbladet» kunde Svend Thorsen og hustru, født Viga, igaar feire sit guldbryllup. Bruden er 68, brudgommen 71 aar, raske og rørige er begge to og ser meget yngre du, end aarene angir. Han var en tid lensmann i Høgsfjord, men overtok for ca. 30 aar siden sin hustrus odelsgaard Viga i Hjelmeland, som han fremdeles driver med same interesse som før.

Han har været adskillig benyttet i kommunens teneste; han var saaledes en tid ordfører, forligelseskommissær etc., og han deltar fremdeles i de kommunale val med lyst og iver. Han er fremdeles taxtmand for Hypotekbanken.

Egteparret har havt 12 børn, hvoraf 5 er i live. Af disse er en gift til Randa i Fister, en av døttrene er jordmor i Stavanger og de øvrige er hjemme.

Igaar var flagene heist ianledning guldbryllupet, og du paa dagen indfandt der sig endel venner og bekjendte for at gratulere brudeparret, ligesom her indløb en hel del telegrammer fra udenbygdsboende, som ikkje havde anledning til at møde frem.

Stavanger Aftenblad onsdag 27. juli 1910

Alle gjenstandane har sin historie med alt som er tatt vare på. Etterkvart fekk eg lov til å arbeida med tinga. Dei skulle registrerast og konserverast. Sven hjelpte mykje til. Han vart ivrigare etterkvart som dei gamle bruksjienstandane vart rydda på plass, stilte opp med hammar og spikar når det var trong for det

Eg hang vasselen inn i eldhuset. Ein har sirleg skore på åket: Martha Thorsen, på eine skuldaren og 29/11.89, på andre. Sven likte ikkje at selen vart flytt. Truleg hang selen på same spikar like frå 1889.

Vi hang opp eit nytt åk på spikaren. Somme har prøvd seg med vasele og to bøtter vatn. Martha Thorsen sitt åk vert låst inn når tunet er stengd.

Sven Randa fekk ein velfortent kulturpris frå kommunen for å ha tatt vare på alle bruksjienstandane etter forfedrane.

GARDINENE I VIGATUNET

Av Åse T. Jensen

Ingen veit kor dei kjem frå
dei er ikkje tilpassa glas i tunet
likevel heng dei
fire fag i eit rom

for lange
med heklebord
og veven med jarekant
frå mannen kan hugse
heng dei

kor er
- det som hende
- dei som var her
- alle barna
med blomekrans?

på utsida går mannen med lonljå
andre rodde frå bær og skjer

pynta seg i Pyntesundet
med eigne og lånte fjær

henta seg heim
krukker og kar og kaffi med
rå – og ubleika tråd
til makrellgarn
og rennebom

på innsida
- flittige hender
rørte og skrubba
vov og bar ved
duka bordet til kveld

med kvernkallen sin produksjon
til graut – og humle
til kvardag og fest
til helgedagsfred
til doktorhagjen og kyrkjebåt

dei heng
støv og smuss
fillet og frynset
med verde
gardinene i Vigatunet

Bygningane kjøpte Hjelmeland kommune i 1970 og overførte til Rogaland folkemuseum i 1975 – noe eg fekk vera med på gjennom arbeidsplassen min. Gjenstandane og bygningane er delar av kulturarven som skal leverast vidare til komande generasjonar.

Åse T. Jensen (61) er frivillig medarbeidar i Viga-tunet. Ho har tidlegare vore kulturvernkonsernt i Hjelmeland kommune.

KJELDER:

Artikkelen bygger på samtalar med Sven Randa, notat i samband med innsamling av stadnamn og støttar seg dessutan på faktaopplysningar i Trygve Brandal: «Hjelmeland Gardar og folk», bind 2, Hjelmeland kommune 1990.

Bilder fra en barndom

Av Anna Elisabeth Østgaard

Det går en liten jentunge barføtt vegen fra sjøen og opp til gården. Fjorden ligger frisk og blå bak henne. Vegen har dype spor etter kjerrehjul og sleder. I midten gror graset, men kantene er nyslatté og gode å gå på. Det skal hentes smør og poteter til den første makrellmiddagen i sommer. Forbi folgehuset går vegen mellom to steingarder. I utkanten av tunet her står ranke, høye grantrær som mor og mosteren plantet en gang i ungdommen da familien leide huset om sommeren. Kalte de den granhaugen eller gravhaugen, tro? Det var så mange forninner her i bygda. I åkeren er det funnet både spinnehjul og nålebryne, og engang en gullring.

Innover Voksmoen på den andre siden høyes det. «Vendaren» sparker grasdottene muntret høyt til værs i solskinnet, det er en artig maskin. Langs vegen oppover er bøen slått og på Stampaflåtå er høyet alt kjørt inn. På høyre siden står byggen grønn og i god vekst på Storåkeren. Det lukter sommer.

Rundt hjørnet på låven kjennes grusen varm under de bare føttene, inne på tunet er de glatte, slitte hellene kjølige og gode. Det er liksom litt høytid å komme inn på gården med disse gamle, ærverdige husene. Av mor sin har hun lært å respektere både gården og folket her. De er langt ut i slekt, men så nære hinannen likevel.

I eldhuset sitter Martha denne dagen og steker potet og hellekaker på den store støpejernplaten som er innmurt i gruen. Tørr og fin kvistved ligger i en haug ved siden. De gode hennene hennes er hvite av mel og hun kjevler drevent ut kakene og legger dem på platen. Flatbrød og lefser ligger allerede i stabler på stabburet. Brøddeigen står til heving i det store, brune fatet. Slåttefolket stelles godt. Snart er det mellommat. Det vanker en stor flatbrødbit med rømme på til den tynne byjenten og smør og potter kommer i kurven.

Det er stille i tunet denne sommerdagen i 1934. Martha går til og fra og ser til far sin som ligger til sengs i røykstova. Den gamle kjempen er kommet dit hen som så mange før han. De

lå sin siste tid i den store skusengen i hjørnet av den storstova hvor husets folk hadde sine måltider i vinterhalvåret og praten gikk om dagens gjøremål. Det vanket nok en og annen kommentar fra den kanten og et godt råd i tidens løp.

Den lille jenten tør ikke gå inn å hilse på Sven. Hun er for sjener til det enda han er mormors farbror og datteren Malena er hennes gudmor. Kona til Sven, Martha Øystensdatter Viga har gått bort noen år tidligere, jenta kunne ikke minnes henne. Sven hadde giftet seg til gården. Han var av Thorsenslekten på Jelsa og hadde vært både ordfører og lensmann. En kar det sto respekt av.

En dag denne sommeren sovner Sven, bonden til Viga, inn til fredens hvile, 95 år gammel. Trofast pleiet av sine døtre til det siste.

Forberedelsene til gravferden tar til. Det blir sendt bud etter bedemann, en oppgave mannen på Kleppa har hatt i årevis. Han bringer budskapet til familie, slekt og bygda ellers, fra gård til gård og ordner med prest og begravelse.

Avdøde blir stelt og kisten blir satt på låven til dagen for gravferden. Det er ventet stor deltagelse og det blir slaktet en kalv, bakt lefse, kaker og kokt dravle. Dagen for gravferden begynner familie og slekt å samle seg i huset. Kvinnfolket kommer med førnign i tinene. Dravle, smør, lefser og vafler. Det kan komme godt med. Det blir gjerne en kaffestund for de nærmeste før følget samles i røykstova.

Kisten står der allerede. Åpen, slik at alle kan ta avskjed. Den gamle hviler som en høvding her under det høye, rosa taket med glomen åpen i mønsåsen. Ansiktene med de rene trekkene er som meislet i marmor med praktfullt hvitt hår og skjegg. Dagen er lys og blå utenfor de smårutete vinduene.

Følget sitter tett. Karfolket i svart vadmel og kvite skorjet. Kvinnene i svarte kjoler, noen med svart skaut. Den lille jenta sitter mellom mor sin og mormor. Hun ser at familien fra Randa er kommet, der både barn og ungdom er med. Hun er omrent jevngammel med de to yngste, litla Martha og Øystein. Det er

jo bestefaren de skal følge. Undres på om de hadde hvalpen med i dag, de trenger ny gårdshund i Viga. Alle hundene blir kalt Snorre eller Bisma. Mange tanker farer gjennom hodet mens hun sitter der. Bedemannen leder salmesangen og leser fra bibelen. Sangen er sterk og dyp og gjør inntrykk på barnet. Så blir lokket lagt på kisten, utgangsalmen synges og kisten bæres ut og settes på sleden på tunet som er strødd med bjørkelauv. Forspendt den blakke fjordingen går ferden ut fra gården forbi åker og eng med utsyn til den vide fjorden og fjellene som blåner innover.

Det er som en vikingferd der følget kommer nedover mot sjøen. Utenfor folgehushuset er vegen strødd med granbar. I stranden luter de gamle, grå naustene under tunge helletak. Ved gamlekaien ligger skøyten og venter for å føre kisten med følge til begravelse på Hjelmeland. I denne vegløse bygda følger de fleste med båten.

På gården dekkes det i mellomtiden langbord i røykstova og i bua. Det blir middag med flere bordsetninger. Kalvestek og sviskegrøt. Tallerkenstablene blir høye i eldhuset, døtre og naboer hjelper til.


Etter måltidet tar karfolket seg en tur til Hagaflåtå for å studere nybrottet og drøsen går. Det er ikke så ofte slektninger møtes.

Det lir mot kveld og molketid. Arbeidet må gå sin gang, kyrne kan ikke vente. Folket tar på hjemveg. De har fulgt en hedersmann til kvile.

For en liten jente på 10 år blir denne dagen et fint og verdi fullt minne for livet, føyet sammen med så mange andre minner fra barndom og ungdomsår i Viga om tradisjoner og en kultur som nå er i ferd med å forsvinne fra våre bygder.

I 1946 døde Østen Thorsen Viga, sønn av Sven. Hans gravferd var den siste som gikk ut fra Vigatunet.

Anna Elisabeth Østgaard (84) var feriegjest i Viga over ein periode på nærmere 25 år. Ho er den eldste i dag som kan fortelle om korleis det var i Viga. Anna Elisabeth Østgaard bur i Bærum.



Detalj av stort gulvteppe i bua. Spunnet, plantefarget og vevet i Viga.



Frå tunet i Viga 1952. Finn Johannessen frå Stavanger tok ein serie med foto frå tunet på denne tida. Bildet er utlånt av Øyvind Tjølsen.

Kulturminne og museum

Av Roy Høibo

Det var nok ikkje tilfeldig at Viga blei museumstun. Men dei som kunne fortald oss om korleis tanken om å verne Viga-tunet vokс fram, og kva grunnar som blei lagt vekt på i argumentasjonen for å kjøpe husa og bruke pengar på istrandsetting og vedlikehald er alle borte nå. Det som ligg att er fragment av ei historie som ser ut til å ha starta alt i 1933, eller noen år før det.¹

I 1933 blei Valdemar Hansteen engasjert til å måle opp hovudbygningen i Viga. Valdemar Hansteen var ein arkitekt som utførte ein del oppdrag for Fortidsminneforeningen, og det ser ut til å vera fleire interessante gardstun som blei målte opp på denne tida. Viga må har vore kjent som ein gard med bygningar av antikvarisk interesse før Valdemar Hansteen blei sendt dit. Men vi har ikkje lukkast med å finne spor etter den første interessa for tunet.

I arkivet til museet dukkar Viga for alvor opp i 1970. Da får medlemmane og årsmøtet melding om at museet om hausen sette i stand taket på uthusbygningen i Viga. «Det står att å fornye bordkledningen både på lоа og på fleire av dei andre bygningane», står det i årsmeldinga for 1970. Så må vel museumsstyret hatt ei drøfting av dette nye og det ein måtte forstå kunne bli eit stort engasjement for eit museum som den gongen blei drive av frivillige medarbeidrarar og milde gåver?

Jo, i mars 1968 har drøfting av Viga-tunet nedfelt seg i møteboka for styret i form av følgjande vedtak: «Formannen får fullmakt til i samråd med fylkeskonservatoren å forhandle med Hjelmeland kultur – og museumsnemnd om (overtaking av) Vika-tunet for å få tunet restaurert og knytt til Rogaland Folkemuseum.» «Overtaking av» er sett i parentes. Var dei kanskje ikkje heilt sikre på kva dei ville, dei som sat i styret? I same møtet vedtok dei å forhandle med Albert Moe i Suldal om å overta stovehuset hans, så kanskje noen meinte det var fornuftig å fara fram noe varsamt?



Første gongen museumsstyret blei avfotografert i Viga var i 1981. Med på bildet er frå venstre: Ommund Berge, Børge Skeie, Sven Randa (tidlegare eigar, bak), Stein G. Sægrov, Ola Meltveit, Sverre Kvadsheim, Jan H. Lexow og Einar Sæland.

Likevel er museumsstyret på etterskot i forhold til formannen sin. Peder Heskstad hadde alt hausten 1967 hatt drøftingar med fylkeskonservator Vea og Hjelmeland kommune om Viga. I eit brev til Hjelmeland formannskap i oktober 1967 viser Heskstad til at det er fylkeskonservatoren som har spurt Rogaland Folkemuseum om å ta hand om Vigatunet. Dette meiner han at museet kan, men på vilkår av at det bygger på eit samarbeid med Hjelmeland kommune og kulturminnenemnda. «Vi meiner at ein gjennom eit slikt samarbeid kan ha grunn til å trу at tunet vil kunne bli restaurert og halde vedlike på fullgod vis. Ein vil også ved dette opplegget kunne gjere seg von om verdfull hjelpt av fylkeskonservatoren», skriv Heskstad.

HJELMELAND KULTUR- OG MUSEUMSNEMND

Det var museumsnemnda som kjørte saka i Hjelmeland. Museumsnemnda var oppnemnt av Hjelmeland heradstyre i juni 1948. Med i nemnda var Lars Vadla, Ølesund, Mallin Skår, Skår, Andreas O. Hauge, Skiftun, Sven Gjil, Jøsenfjorden, Arne Hetlelid, Vormedalen, Åsmund Ramsfjell, Solvang, Sven Randa, Askvik, Eli Bjelland, representant for Solvang husmorlag og Jenny Hausken, vald av Solvang bondekvinnelag. Åsmund Ramsfjell blei vald til formann. Vi merkar oss at Sven Randa, bonde i Viga, var mellom medlemmane.

Det første nemnda gjorde var å setta opp eit arbeidsprogram. Punkt ein var å samle «bruksting av alle slag ute og inne, til sjøs, til lands og til fjells, – klede- og husbunad, brukskunst, vevnader, arbeid i jern og metall, skrivne og trykte ting o.m.a.». «O.m.a. betyr truleg «og mykje anna». Det er resultatet av dette programmet som etter kvart blei den samlinga som nå er Hjelmeland bygdemuseum og som frå 2006 er ein del av Ryfylkemuseet. Samlinga blir delvis utstilt i tilknyting til biblioteket i Hjelmelandsvågen.

Punkt to var å «arbeida for å få tak i eit eller fleire høvande hus, der me kunne samla alt, og såleis få til eit bygdetun noko-lunde slik som dei hadde det og levde før».



Arbeidet til Museums- og kulturvernemnda førte etter kvart til oppbygging av ei anstendig bygdesamling. Her frå lokal i barnehagen i 1992.

Men det gikk ikkje så fort. Det møtet der programmet blei vedtatt blei halde i romjula 1949, 1 1/2 år etter at nemnda var oppnemt, og det neste møtet som blir referert i møteboka til nemnda blei halde 2 1/2 år etter det att, i juni 1952. Da hadde nemnda kome så langt at medlemmane hadde notert seg «ymse slag ting som er verdfulle og som medlemene av nemnda bør be folk ta vare på til dess ein får hus til å ha tinga i».

Arbeidet med å få etablert eit bygdetun hadde heller ikkje kome nærmare noen løysing, og ambisjonane ser ut til å bli dempa. I møteboka står det at ein i staden for å arbeide for eit bygdetun vil arbeide for eit Hjelmelandstun da det vil vera mindre krevjande. Det er ikkje så godt å vita korleis ein tenkte om skilnaden på eit bygdetun og eit Hjelmelandstun, men vi kan gjette på at eit bygdetun blei oppfatta som eit museum med mange tilflytte bygningar, medan eit Hjelmelandstun var mindre omfattande – kanskje eit ståande gardstun? Det er haldepunkt for å kunne tru at museumsnemnda alt da såg for seg Viga som eit Hjelmelandstun.

Det skjer tilsynelatande lite utetter på 50- og 60-talet. I alle fall ingenting som er verdt å notere i møteboka for nemnda. Bortsett frå at nemnda endrar namn. Frå 1960 heiter ho Kulturvernemnd og museumsnemnd. I juni 1965 blir det protokollert ei grunngiving for kvifor det skjer lite: «Då Hjelmeland Museums- og kulturvernemnd ikkje har forsvarleg oppbevaringsplass for fortids utstyret til fedrene våre som budde her i bygdene kring, har ein måttå innskrenka seg, diverre, med inn-samlinga.»

Men så skjer det, som vi alt har sett. Det var nemnda som i 1967 hadde bedt Hjelmeland kommunestyre ta opp til drøfting kjøp av Viga. Og kommunestyret var positivt, det vedtok samrøystes å gi nemnda fullmakt til å kjøpe bygningane.

Før ein kom så langt hadde det vore mye fram og tilbake. Det var reist nytt bustadhus i Viga i 1955 og gamletunet var fråflytt, Sven Randa hadde omsider (1960) fått skøyte på garden etter å ha drive han lenge, og i 1962 hadde han handgitt tunet til Hjelmeland kommune. Men handgivinga var tidsav-grensa, og da ingenting hadde skjedd til 1965 blei handgivinga trekt attende. Handgivinga omfatta dei fleste av husa i det gamle tunet.

Rogaland folkemuseum var ein viktig støttespelar. I brev til formannen i museums- og kulturvernemnda i 1962, same året som Sven Randa gav lovnad på bygningane, går den museumsfagleg sakkunnige i museumsstyret, konservator

Jan H. Lexow ved Stavanger Museum, «sterkt inn for Viga-tunet som bygdetun for Hjelmeland». Nemnda legg denne tilrådinga til grunn for si tilråding til kommunestyret, og får altså støtte for forslaget sitt der.

Det blir vald ei nemnd som skal tinga med Sven Randa om ein avtale. I denne nemnda sit Ola Meltveit (seinar styremedlem og styreleiar i Rogaland Folkemuseum/Ryfylkemuseet), Bjarne Østerhus og Kjellaug Laugaland. I januar 1970 låg det føre eit avtaleutkast som blei godkjent av kommunestyret og kjøpet kunne gjennomførast. Kjøpekontrakten blei underskriven 10. februar 1970. Hjelmeland hadde fått sitt bygdetun.

Avtalen gikk ut på at Sven Randa selde til Hjelmeland kommune røykstova, altså hovudbygningen i gamletunet, Sisela-stova, stabburet, eldhuset, løa, kvernhuset, tørkehuset og naustet. Med naustet følgde den gamle åttringen. Inventaret i bygningane blei deponert til kjøparen, men var altså framleis i eiga til seljaren. For dette betalte Hjelmeland kommune 35.000 kroner. I tillegg skulle det betalast ei årleg leige.

Ein interessant føresetnad i kjøpekontrakten er at «Hjelmeland kommune overdrig eigedomsretten til Rogaland folke-museum, og at kommunen og museet saman syter for restaurering og vedlikehald av bygningane». Rogaland folkemuseum var altså meir enn ein rådgivar, og det måtte ha vore meir inn-gåande drøftingar om Viga enn det som går fram av sparsame møtereferat. Overføringa av bygningane og dei rettane Hjelmeland kommune elles hadde fått i Viga skjedde i mai 1974. Da hadde museet alt i fleire år meldt om at det var utført vedlikehaldsarbeid på bygningane.

Noen aktivitet elles er det ingen vitnemål om. Strevet med å setta husa i stand ser ut til å ha kravd meir enn nok. Museet får etter kvart hjelp av bondekvinnelaget og museumsnemnda til vasking og rydding og ymse anna. Men ressursane var elles små. Frå 1975 hadde museet ein konservator på deling med Stiftelsen Ullandhauggarden, men han skulle altså drive med museumsarbeid ei rekke stader utetter på Jæren og innetter Ryfylke, særleg i Suldal, attåt manøvrering i eit kulturpolitiske landskap der både museumsfinansieringa generelt og Rogaland folkemuseum spesielt var i endring.

Likvel ser det ut til at ein fekk utført ein del heilt nødvendige reparasjoner, og alle husa blei måla. Det ser altså ut til at museet la stor vekt på å følge opp overtakinga av ansvaret for det gamle tunet i Viga. Men økonomien gjorde at alle ønskjelege tiltak ikkje kunne settast i verk. Museet engasjerte t.d.

Oslo Veggdyrkontroll for å sjekke mit-angrep, og fekk tilbake eit kostnadsoverslag på 42.200 eks. mva. for å bli kvitt billene. Det ville ha tatt bortimot halve årsbudsjettet til museet, og det er ingen teikn som tyder på at utrydding av skadedyra blei sett i verk.

Derimot blei det i 1977 oppretta ein avtale om tilsynsarbeid med Øystein Randa, bror til den tidlegare eigaren, Sven Randa. Dette var ein avtale som sto ved lag i mange år, og Øystein og Sven gjorde ein god jobb med å sjå etter og melde frå om skader. Dei utførte og mindre arbeid for å sikre bygningane mot skader ved lekkasjar og liknande.

Fokuset i desse første åra var altså på reparasjon og vedlikehald av bygningane. Men i 1980 blei det gjennomført tiltak for å opne tunet for publikum. Museet fekk da til ein avtale med Hjelmeland bondekvinnelag om å halde søndagsope museum frå slutten av juni til slutten av august. Bondekvinnelaget delte jobben med Bygdeungdomslaget. Dette var ei god ordning som blei vidareført dei nærmaste åra, og framleis er det Bondekvinnelaget som tar på seg hovudreingjeringa av bygningane før sommarsessongen.

Også frå skulen blei det vist interesse for tunet, men museet måtte svare at det ikkje hadde hatt kapasitet til å utarbeide noe undervisningsopplegg.

STORE VEDLIKEHALDSOPPGÅVER

Sjølv om museet straks tok i ferde med vedlikehaldet av bygningane, var det meir å ta fatt i enn det museet rakk å gjera noe med. Da museet var gjort om til regionmuseum for Ryfylke i 1981, blei det utarbeidd ein rapport om vedlikehaldssituasjonen. Det sto ikkje sprekkt til. Museet hadde ansvaret for eit 50-tal bygningar, og mest alle stader var det store vedlikehaldsoppgåver. Det skulle ennå gå årevis før museet fekk midlar til å opprette fast stilling for handverkar og 25 år før det blei to. Situasjonen var fortvilt og styret skrapa kassa for det som fanst, sette i verk tiltak for å søke omframme midlar og tok initiativ for å avhende bygningar som hadde mindre interesse. I Viga var det oppgåver å ta fatt i på mest alle husa. Museet fekk hjelp av byggmeister Jakob Sande til å sjekke tilstanden og setta opp ein kalkyle for nødvendige tiltak. Denne blei lagt til grunn for søknad om omframme midlar frå Norsk kulturfond, Rogaland fylkeskommune og Hjelmeland kommune, 185.000 tilsaman. Kommunen og fylkeskommunen var straks velvillige, og i 1983 fann også kulturfondet å kunne prioritere tiltaket. Dei


tyngste oppgåvene var restaurering av konstruksjonen i løa og omlegging av taket. Det var elles fleire tak som måtte vølast, det var behov for å skifte ein del roten kledning og det var behov for reparasjon av dører og glas.

Men nå var det problem med arbeidskrafta. Jakob Sande trakk seg frå jobben. Da vedtok styret å opprette engasjementsstilling for handverkar, og Ståle Moe frå Sand blei tilsett frå april 1984. Dette var den første handverkarstillinga museet hadde i si da snart 50-årige historie². I tillegg blei Åge Mæland frå Hjelmeland engasjert for ein stuttare periode og museet hadde sivilarbeidar som også var med på vedlikehaldsarbeidet. Dermed kunne mye av det som sto på lista over nødvendige tiltaka gjennomførast, men ikkje alt. Framleis var det meir som burde vore gjort.

Museet prioriterte midlar til opprettning av fast stilling for handverkar i budsjettsoknadane til fylkeskommunen. Men lukkast ikkje, og i 1985 var dei omframme tilskotta til vedlikehald i Viga oppbrukte. Det blei også laga utgreiingar og arrangert møte og seminar med kommunane for å vekke interessa for museumssaka. Men responsen var svak. Berre i dei kommunane der museet alt hadde eit visst engasjement var det interesse for utviklinga av museet. Det galdt Sauda, Suldal og



Frivillige og betalte medarbeidarar i Viga 1984. Frå venstre: Sven Randa, Karen Hetlelid, Åse Jensen (bak), Gudrun Ritland, Øystein Randa, Ånen Stråbø (bak), Ola Meltveit, Åge Mæland, Ståle Moe og Knud O. Staurland.



Kjell Johnsen blei engasjert som handverkar frå 1990.

Hjelmeland. Slik blei situasjonen oppsummert i årsmeldinga for 1987: «Vedlikehaldet av den store bygningsmassen er framleis det store problemet for museet. Styret har drøfta problemet ved fleire høve, og prøvd å setta i verk ymse tiltak for å finne fram til ei løysing. Dette har førebels ikkje lukkast, og forfallet går nå raskare enn vedlikehaldsarbeida.»

Men så lausna det. Hausten 1989 lukkast det å få Rogaland fylkeskommune og Sauda, Suldal og Hjelmeland kommunar med på ei prosjektfinansiering av ei handverkarstilling, og i april 1990 blei Kjell Johnsen engasjert i stillinga. Kjell hadde da alt i fleire vende vore innom museet og utført enkeltjobbar. Dette var dessutan midt i den store arbeidsløysa, så museet fekk tilført ein del arbeidskraft gjennom ordninga «Arbeid for trygd». I Viga blei det sett i gang ei større restaurering av naustet, taket på røykstova blei reparert og det blei utført mindre arbeid på Sisselastova, løa og stabbur.

Den opphavlege prosjektperioden skulle vare i tre år. Da denne perioden var slutt lukkast det å forlenge perioden med eitt år til, men så var det slutt. Først i 1995 fekk museet midlar som ga grunnlag for opprettning av fast stilling for handverkar. Da hadde museet vore i drift i snart 60 år og det hadde gått 15 år sidan museet blei omgjort til regionmuseum for Ryfylke. Museet hadde lenge vore det største bygningsmuseet i Rogaland.

Tilsettinga av handverkar i fast stilling la grunnlaget for eit meir kontinuerleg og langsiktig vedlikehaldsarbeid. Men det var altfor lite med berre ei stilling. Samtidig var det behov for å utvikle kunnskapane om den gamle byggeskikken og kompetansen i vedlikehaldet av gamle bygningar. Same året som vi fekk handverkarstillinga kom vi i gang med eit prosjekt kalla «Bygningsvern i Ryfylke» som nettopp hadde til formål å bygge opp den sakna kunnskapen og kompetansen. Dette har etter kvart ført til at Ryfylkemuseet nå er landsleiane i faget og vi har for tida (hausten 2007) ei bygningsavdeling med ein antikvar som avdelingsleiar og med to fast tilsette handverkarar, ein prosjektilsett handverkar og praksisplassar for ungdom under utdanning. Men etterslepet av vedlikehaldsoppgåver er stort, og den nyvunne kunnskapen avdekkar store oppgåver i forhold til eit truverdig bygningsvern, som vi ikkje var klar over tidlegare.

I Viga er det behov for ein nokså omfattande innsats for å få husa i den stand som dei burde vera, og for at dei skal tene formidlinga av kunnskap og opplevingar på ein god måte. Arbeidet med dette starta hausten 2007, men vil måtte strekke seg over fleire år.

FORMIDLING AV KUNNSKAP OG OPPLEVINGAR

Formålet med å ta vare på gamle hus og gjenstandar og dei historiene som er knytt til plassane er å formidle kunnskap og opplevingar. I mange år var dette ei underordna sak i Viga. Det var så mye anna som kravde merksemd og ressursar, og museet kjente at forholda ikkje låg godt til rette for å satse mye på den utoverretta verksemda. Men i 1988 tok kulturvernsekretæren i Hjelmeland, Åse Jensen, initiativ til ei drøfting av framtida for Viga. Den mest spennande ideen som kom fram var tanken om å gi hagen som hørte det gamle tunet til nytt liv, gjerne ved hjelp av gamle fruktslag. Åse Jensen engasjerte seg sjølv sterkt i arbeidet med å få til denne hagen, og er ennå i dag, nå som frivillig medhjelpar, engasjert i arbeidet med å ta vare på hus og hage og gjenstandar i Viga. Vi kjem tilbake til arbeidet med hagen nedanfor.

Så var det spørsmålet om å få til truverdige interiør, og samtidig prøve og fortelja ei historie om livet på garden i tidlegare tider. Utgangspunktet var godt i Viga. I kjøpekontrakten med Sven Randa var det tatt inn eit vilkår om at seljaren skulle deponere ein del av det gamle innbuett i bygningane. Dermed er bygningane utstyrt med autentiske møblar, bilde, bruksting

og reiskap. Åse Jensen har lagt ned eit stort arbeid for å registrere og preparere innbuett, og bortsett frå vedvarande problem med mitangrep, framstiller hovudbygningen seg med eit godt bevart historisk innbu. Løysinga på behovet for utstilling av materiale som ikkje naturleg hørte til i miljøet blei løyst ved å ta Sisselastova i bruk til slikt formål.

Museet kom altså i gang med eit utviklingsarbeid som omfatta både bygningane, interiøra og uteområdet, og det var etter kvart grunnlag for å prøve og få til lengre opningstider enn dei timane kvar søndag som bygdekvinne- og bygdeunddomslaget hjelpte til med. Museet sökte om 10.400 kroner og fekk 8.000 i tilskott frå Hjelmeland kommune til utvida opnings-tider. Dette gjorde at museet frå sommarsesongen 1992 kunne halde ope dei fleste dagane i veka. Museet hadde ein god støttespelar i kultursjefen i Hjelmeland, Njål Tjeltveit. Så lenge det var råd passa han på at museet fekk midlar som ga grunnlag for å halde tunet ope 4–5 dagar i veka om sommaren.

I tillegg tok kulturvernsekretæren initiativ til eit årleg kvelds-sete om hausten som har halde fram i alle år sidan. Her er det gjerne foredrag om eit aktuelt tema, eller song og musikk, og så kaffe og noe å bite i, og gjerne ein smak av årets frukthast, om det er noe å smake på. Kveldssetet blei etter kvart supplert med andre arrangement under nemningar som kvelds-stemne, kyrkjekaffe, sommartreff eller gjestebod. Det har også




Åse Jensen tok initiativ til ei rekke ulike arrangement i Viga. Her er det fruktfest i det fri i 2001.

vore gjort forsøk på å trekke Vigatunet inn i tilbodet under den årlege Frukt- og laksefestivalen i Hjelmelandsvågen, men dette har ikke vore så vellukka. I 1992 arrangerte Arkeologisk museum sin «Søndagstur til fortida» i Viga med stort program og godt besøk.

Kulturkontoret i Hjelmeland tok initiativ til å få til ei betre skilting av Viga. Det einaste skiltet som viste til Viga så langt var ein vegvisar der ein kjører opp til tunet frå fylkesvegen mellom Hjelmeland og Fister. Nå kom det skilt også frå riksveg 13. Det gjorde det lettare å finne fram for folk som ikkje var kjente frå før.

Dei ulike tiltaka som blei sett i verk for å gjera Vigatunet meir tilgjengeleg og gjera det meir attraktivt å besøke staden viste att i statistikken. Første året med utvida opningstider auka besøket med over 1000. Men så gikk det ned att, og har svinga nokså mye gjennom åra. Nedanfor følgjer ei grafisk framstilling av besøket i Viga dei siste 15 åra:



På det meste har besøket vore oppe i 1200–1300 besøkande. På det minste under 300. Generelt er det slik at publikum stiller større og større krav til eit aktivt tilbod for at ein stad skal framstå som attraktiv å besøke. Utanom ved dei særlege arrangementa som er nemnt ovanfor har det ikkje vore eit slikt tilbod i Viga. Staden ligg dessutan utanom hovudvegen, og krev at folk tar ein omveg for å finne fram. Som resultat av svake besøkstal og nedtrapping av driftsstøtta frå kommunen blei dessutan opningstidene reduserte att fram mot årtusenskiftet. Vi meiner



Godt besøk av både folk og dyr da Arkeologisk museum i Stavanger arrangerte «Søndagstur til fortida» i Viga i 1992.

likevel at Viga har eit stort potensiale, og trur at dei tiltaka som det nå blir arbeidd med skal føre til veksande interesse for å besøke staden. Dette kjem vi tilbake til nedanfor.

EIT NASJONALT KLONARKIV FOR FRUKT OG BÆR

Etter initiativ frå Fylkeskultursjefen hadde dei tre regionmusea i Rogaland og bygdemusea på Jæren (Jærmuseet var ennå ikkje skipa) utarbeidd ein plan for å styrke arbeidet med nyare landbruksogje, og i 1980 blei det gjennomført ei omfattande registrering og innsamling av nyare landbruksreiskap. Ryfylkemuseet var med på dette, og det blei samla inn noe reiskap, særleg i Hjelmeland, men museet var nett i 1980 i ein overgangsperiode der både organisering, ansvarsområde, plassering av hovudsete og personale var oppe til drøfting, og resultata bar preg av det.

Men så blei det stilt midlar til rådvelde for framhald av arbeidet, og da la museet fram planar for eit feltarbeid i Hjelmeland for å samle minne om frukt- og bærdfyrking. Dette innsamlingsarbeidet blei gjennomført i 1982, og ført til ein fyldig rapport som m.a. danna grunnlaget for ein artikkel om frukt- og bærdfyrking i Hjelmeland i Folk i Ryfylke nr. 2 1984. Det var



I 1985 laga vi ei utstilling om frukt og bær i Hjelmeland. Bildet viser sproyteutstyr frå tidlegare tider.

Trygve Brandal som utførte jobben. Han blei seinare medlem i styret for museet, etter kvart styreleiar, og er nå tilsett i stilling som førstekonservator ved museet med ansvar for samlingane.

I 1985 blei dette engasjementet følgt opp ved at museet produserte ei utstilling om frukt og bær i Hjelmeland. Temaet var såleis vel førebudd da tanken om å etablere ein historisk hage i Viga kom opp.


Dette skjedde i 1988. Etter ei avklaring med grunneigar blei det i juli tromma saman til eit breitt samansett møte for å drøfte saka. Med på møtet var m.a. Even Bratberg, konsulent ved Statens fagteneste for landbruket (SFFL) og representant for Nordisk Genbank, som i alle år har vore ein god støttespiller i arbeidet, og heradsgartnar Terje Pundsnes, som lenge var ein ivrig pådrivar i arbeidet. Samarbeidet mellom desse fagpersonane og kulturversekretæren (Åsse Jensen) var ein viktig føresetnad både for å komma i gang med det praktiske arbeidet, og sikre ein tilfredsstillende dokumentasjon av materialet. Hjelmeland kommune sluttar seg til planane om ein frukt-historisk hage i Viga, og lova økonomisk støtte både til investeringar og drift.

Det blei nemnt opp ei prosjektgruppe som skulle delta i arbeidet med utviklinga av hagen. I denne gruppa sat:

- Njål Tjeltveit, kultursjef
- Håkon Helgøy, varaordførar og fruktdyrkar
- Sven Randa, bonde i Viga
- Tor Helge Heggland, bonde i Viga (svigerson til Sven)
- Terje Pundsnes, heradsgartnar
- Georg Vika, heradsagronom
- Trygve Brandal, styreleiar i bygdemuseet
- Even Bratberg, statskonsulent
- Roy Høibo, museumsstyrar

Dette var ei god arbeidsgruppe, og det blei utarbeidd planar for innsamling, poding og utplanting av vel 100 tre av 52 ulike fruktslag i hagen. Etableringskostnaden for hagen blei rekna til 75.000 kroner. I tillegg til støtte frå Hjelmeland kommune fekk museet støtte gjennom fylkeslandbrukskontoret frå Landbruks utbyggingsfond. Elf Aquitaine Norge sponsa hagebenkar med logo på.

12. mai 1990 var alt klart for opning og planting i hagen. Det blei ein stor dag med godt frammøte, m.a. frå Rogaland frukt-dyrkarlag, og etterfølgjande reportasje i Rogalandssendinga på fjernsynet.



12. mai 1990 var det planting og opning av hagen i Viga. Det var stort frammøte av folk og mange kunnige hender som deltok.



Det var folk frå fruktdyrkarlaget som stilte opp på dugnad for å gjennomføre plantinga. Midt i bildet ser vi fylkeslandbruksjef Einar K. Time. Njål Tjeltveit til høyre.

Det var semje om at det vidare arbeidet med hagen skulle skje i samarbeid med ei mindre gruppe enn den prosjektgruppa som hadde arbeidd fram planane for hagen. Det blei nemnt opp ei faggruppe med heradsgartnar Terje Pundsnes, Georg Sæbø frå fruktdyrkarlaget, bonde og grunneigar Tor Helge Heggland, Jens Kleppa frå Hjelmeland kulturstyre og Åse Jensen, som nå også var medlem i styret for Ryfylkemuseet.

Dei nærmaste åra blei det gjennomført ei forsiktig supplering av utvalet av fruktslag, trea blei merka og det var behov for skjøtsel og stell av hagen. Det blei bestemt at trea skulle skjerast som moderne frukttrær for å gi plass til flest muleg sortar. I ettertid viste det seg at dette ikkje var så lurt, og det blei nokså snart sett i gang eit arbeid for å skaffe areal som både kunne gi rom for fleire sortar og som kunne gi trea rom til å vekse seg store. I tillegg til arbeidet med hagen blei det arbeidd med planar for innsamling av reiskap og utstyr som var brukt i fruktdyrkinga. Utanom tilskotta frå Hjelmeland kommune gav også Nordisk genbank støtte til drifta.

Det som likevel påkalla mest merksemd ein periode midt på 90-talet var ei ambisiøs målsetting om å utvikle eit informasjonsopplegg «kring fruktdyrkinga og den økologiske, økonomiske og kulturelle samanhengen denne går inn i». Tanken var at museet kunne gi bidrag ikkje berre til kunnskap om gamle fruktslag, men også om vilkåra for fruktdyrking opp gjennom tidene og utfordringar for fruktbonden i samtid og framtid, og om livsforma som var knytt til fruktdyrkinga spesielt og landbruket i Ryfylke-bygdene meir allment. I meir praktisk språkbruk formulerte vi det slik at det var eit mål «å få til eit populært informasjonsopplegg som gir ei forståing av kva fruktdyrking går ut på, og kva ho betyr for familien på garden, lokalsamfunnet og busettinga i Ryfylke».

Ei gruppe med Njål Tjeltveit, kultursjefen, Terje Pundsnes, som nå var prosjektleiar for bygdeutvikling, Sven Kleppa frå landbrukskontoret, Stig Hellerslien frå Hjelmeland næringsutvikling, Dan Dyrli Daatland frå Høgskulen i Stavanger og Roy Høibo blei etablert for å ta i ferde med oppgåva.

Ved Ryfylkemuseet var det alt utarbeidd ein plan for oppgradering av formidlingstilboda ved avdelingane til museet, der eit sentralt element i Viga var etablering av eit bildespel i Sisselstova. Museet ønskete elles å tilbakeføre driftsbygningen slik at han kunne formidle den opphavlege bruken, og setta eldhuset i stand slik at det også kunne brukast i formidlinga. I gruppa la Terje Pundsnes vekt på å få fram den økologiske tenkinga

som var på veg inn i fruktodyrkinga, og på den måten gi eit bidrag til å fremje Ryfylke-frukt som rein og sunn mat. Gruppa valde å arbeide etter to linjer: Den eine innanfor dei rammene ein hadde når det galdt bygningar og areal, ei anna som føresette ei monaleg utviding av aktivitetene.

For å skaffe materiale til formidlingsaktivitetane sette museet i gang eit dokumentasjonsprosjekt der vi inviterte oss sjølve til å dokumentere to fruktgardar gjennom eit heilt år: Deltidsbruket til Ellen Louise Eiane og Trygve Brandal på Eiane ved Jøsenfjorden og heiltidsbruket til Sigrun, Sigurd og Ola Dale i Askvik. Vi blei tatt vel i mot, følgde brukta frå skjeringa tok til på ettermiddagen til siste epla var selde om hausten, og fekk eit brukbart materiale. Men det var verre med pengane til å omforme materialet til eit attraktivt formidlingstilbod. Produksjonskostnadene for eit bildespel, teknisk utstyr og innreiing av Sissela-stova blei kalkulert til vel 900.000 kroner, og det let seg ikkje gjera å finansiere.

Den neste store utfordringa var å skaffe areal til utviding av hagen. Dette gikk det til slutt betre med, sjølv om det tok tid å finne ei løysing.

Problemet var at den tette plantinga av tre som skulle skjeraast på moderne vis ikkje var så vellukka. Det var dessutan behov for å ta vare på fleire slag enn dei som var samla inn i første runde. Ei studiereise som m.a. omfatta besøk på Echstedtska Gården i Säffle fekk mye å seia for tankane om korleis ein utvida hage burde sjå ut. Men det var ulike tankar om kor ei utviding av hagen burde skje.

I utgangspunktet var det naturleg å tenkje seg at det ville vore mest tenleg og fått til ei utviding i Viga, men eigarane tykte ikkje dei hadde noe areal å avgjort om dei skulle oppretthalde den produksjonen dei hadde på garden. Dermed blei det sett i gang i arbeid for å finne anna areal.

Eit alternativ som tidleg kom inn var Bondshidler, eit stykke utmark noe sør for Viga. Etter kvart blei også lokalitetar på Høyland i Årdal, Sæbø, Sande og Kleppa vurderte. Ein ide om å laga ein filial på Håland i Erfjord blei og drøfta. Men ingen av desse forslaga fekk noen allmenn tilslutning i faggruppa for hagen. Eitt argument var at det var ueheldig å splitte opp samlinga, ei anna at ein burde ha ein lokalitet der ein kunne ha utstillingar og andre former for formidling om fruktodyrkinga. Det var dessutan vanskeleg å få ekstern tilslutning til dei vala som blei forsøkt gjort, og dermed vanskeleg å finne økonomisk grunnlag for eit utviding av engasjementet.



Faggruppe og grunneigarar på synfaring i hagen. Frå venstre: Jens Kleppa, Åse Jensen, Øystein Randa, Sven Randa, Georg Sæbø, Terje Pundsnes og Tor Helge Heggland.

Gudmund Eiane var nå kome inn som ny representant for fruktodyrkarlaget i faggruppa, og var gjennom fleire år ein handlekraftig leiar for gruppa. Men det langvarige strevet med å finne høveleg areal for vidare utvikling gjorde at arbeidet etter kvart blei noe motlaust.

Men så opna det seg ein utveg hos Jørgen Årthun på Nesvik og faggruppa og museumsstyret satsa sterkt på at dette skulle bli den sentrale frukthistoriske hagen for Ryfylke. Da hadde det gått fem år, og det var på høg tid å finne ei løysing om ikkje heile engasjementet for å ta vare på frukthistoria skulle gå tapt. Ti mål var det tale om, av dette seks mål dyrka og fire mål udyrka mark.

Det blei sett i gang eit stort arbeid for å ordne med frådeiling, planlegging og finansiering av den nye hagen på Nesvik. Investeringane blei kalkulerte til snautt 1,2 mill. kr. Av dette var ein vesentleg del knytt til etablering av eit bildespel. Men responsen var svak. Etter ein omfattande søknadsrunde lukkast det å samle 128.000 kroner, av dette var eit tilskott på 108.000 frå Ryfylkefondet knytt til eit vilkår om

at Hjelmeland kommunen tok på seg kostnaden med drifta av hagen, og at finansieringa elles gikk i orden. Det såg ikkje lyst ut, og nærverande museumsstyrar foreslo å gi opp heile greia. Men styret valde å gå ein ny runde med Hjelmeland kommune.

Det hjelpte ikkje. Kommunen var negativ til å gå inn med ressursar på ein heilt ny plass, men ga opning for tilskott til utviding av hagen i Viga. Og nå lukkast det å finne areal der. Eit areal rett sør for museumstunet og den eksisterande hagen kunne stillast til rådvelde. I 2003 blei det inngått avtale med grunneigaren, ny plan for hagen i Viga blei utarbeidd, og Hjelmeland kommune sa seg villig til å støtte både dei nødvendige investeringane og drifta av hagen. Det var nå også inngått ny avtale med Genressursutvalet som m.a. sikra ei lita støtte til drifta også derifrå. Dei første trea blei plana ut hausten 2004.

Da var det nære på 10 år sidan behovet for meir areal blei tatt opp til døfting. Men samtidig som ein var ved målet for strevet med å finne areal, var dette starten på eit fornya engasjement for Viga og den frukthistoriske hagen der.



Den nye og utvida hagen fekk ein dårlig start da rådyra gjorde invasjon i hagen. Tor Helge Heggland, Knut Vadla og Trygve Brandal vurderer det miserable resultatet. Etter at det kom høgt straumgjerde kring hagen har det gått betre.

EIT BREIDT ENGASJEMENT I HJELMELAND

Museums- og kulturvernemnda var ein viktig initiativtakar og samarbeidspartner i strevet med å skaffe Hjelmeland eit bygdetun. Men sjølv om Rogaland folkemuseum gikk inn og tok ansvaret for Vigatunet blei det ikkje gjennomført noe breidt samarbeid om museumsoppgåvane i Hjelmeland.

Nemnda kom etter kvart til å gå under nemninga «Makkamjølsklubben», og medlemmane i klubben gjorde eit storartat arbeid med registrering og preparering av den gjenstandssamlinga som nemnda etter kvart bygde opp. Dei tok og i mot gode råd og hjelp frå folkemuseet, men der gikk og grensa. Da museet i 1979 inviterte seg sjølv til møte med «Makkamjølsklubben», og signaliserte interesse for å drøfte eit samarbeid, fekk det positiv respons, men samarbeidet kom til å avgrense seg til råd om registrering og preparering, hjelp til å skaffe materiell til arbeidet og hjelp til planlegging og innreiing av lokale. Rogaland folkemuseum, seinare Ryfylkemuseet, hadde altså eit relativt sterkt engasjement i forhold til arbeidet i bygdemuseet, men det var først etter at Staten gjennomført den såkalla «Museumsreforma», «Makkamjølsklubben» for



Makkamjølsklubben feira 15 års jubileum i Viga i 1989. Vi kjenner att stiftar og distriktslege Hans Ongkiehong til venstre i framgrunnen i samtale med Åse Jensen (i bunad med ryggen til). På andre sida av bordet Sven Randa, Ola Meltveit og Georg Vika. Ved bordet bak ser vi Jens Kleppa (i lys dress).



I 1989 laga vi ei utstilling om Jærstolen. Her frå produksjonslokala til Njål Hetlelid. Det er Njål og mora som er i arbeid.

lengst hadde lagt inn årene, og kommunen hadde tenkt seg nøyne om, at samlinga i 2006 gikk inn i Ryfylkemuseet.

Engasjementet avgrensa seg likevel ikkje til det arbeidet som gikk føre seg i det lokalet bygdemuseet hadde til disposisjon i kjellaren i barnehagen. Njål Tjeltveit, mangeårig kultursjef i Hjelmeland og ein god støttespelar for Ryfylkemuseet, arbeidde hardt for å gjera Spinneriet i Hjelmelandsvågen til eit kulturhus. Museet blei tidleg invitert med som rådgjevar i arbeidet med vern og rehabilitering av bygningen, og bruk av bygningen som utstillingsrom. Mellom dei utstillingane museet bidrog til var eit utstilling om jærstolen: «Jærstolen – ekte Hjelmelandsprodukt», og ei utstilling om Hjelmelandsvågen.

Kampen om Hjelmelandsvågen var elles ei sak som ikkje kom til å fremje samarbeidet mellom Ryfylkemuseet og Hjelmeland kommune. I 1979 blei det sett i gang eit arbeid for å vurdere reguleringsplanen for Hjelmelandsvågen. Fylkeskonservatoren gjorde da merksam på at det var verneinteresser i området som kommunen burde ta omsyn til i arbeidet. Da reguleringsplanen blei lagt fram i 1981 var desse interessene, etter museet sitt syn, ikkje ivaretatt, og museet engasjerte seg nokså direkte i debatten om utviklinga av Hjelmelandsvågen. I eit brev til kommunen peika vi på at planen ville føre til at 20 bygningar måtte rivast, og vi tillet oss å undre oss over at Fylkeskonservatoren ikkje var kontakta før reguleringsplanen blei lagt fram. Dette ført til at saka blei sendt til-




Vi var bekymra for miljøet i Hjelmelandsvågen og tillet oss å delta i debatten om ein ny reguleringsplan. Det var det ikkje alle som likte.

bake frå Formannskapet på grunn av feil saksbehandling. Fylkeskonservatoren blei konsultert og etter to års saksbehandling kom ein ut med eit kompromiss. Det viste seg altså at Ryfylkemuseet også hadde venner i kommunen, men noen tykte nok at museet burde halde seg unna såvorne saker.

Etter kvart vokste det fram eit behov for ei nærmare avklaring av samarbeidet mellom regionmuseet og kommunane i Ryfylke. Museet inviterte til ei brei drøfting av problemstilling-

ane i 1986, men responsen frå kommunane var svak. Hjelmeland merka seg ut mellom dei kommunane som reagerte positivt på invitasjonen. Behovet for å drøfte samarbeidet blei seinare tilskunda av den museumsplanen som fylkeskommunen vedtok i 1992, og som tok opp behovet for eit nærmare samarbeid mellom regionmusea og lokalmusea. Saka blei ytterlegare utdjupa i ein handlingsplan for lokalmusea som fylkeskulturnkontoret sendte ut i 1996. I februar 1997 sendte museet ut ein invitasjon til kommunane om opprettning av samarbeids-



Mellan dei oppgåvene vi skulle prøve å gjera noe med i Hjelmeland var dokumentasjon og formidling av dei gamle handverka. Kåre J. Hellelid er ein av dei siste tradisjonsberarane, og har deltatt med utstilling og demonstrasjon av korgarbeid ved fleire høve.



Samlinga til Hjelmeland bygdemuseum er nå flytta til eit lokale i tilknyting til biblioteket i Hjelmelandsvågen og skal stillast ut der.

avtalar. Formålet med avtalane skulle vera å seia noe om det langsigktige målet med eit samarbeid, og fastslå noen resultatmål for ein nærmare fastsett periode.

Hjelmeland kommune ga også denne gongen rask tilbakemelding på invitasjonen, og blei den første kommunen der det kom i gang konkrete drøftingar om eit samarbeid. Før året var omme var avtalen gjennomdrøfta, vedtatt og underskriven. Avtalen omfatta følgjande forhold:

- Samarbeidet om vedlikehald og drift av husa og hagen i Viga skulle halde fram.
- Museet skulle utvikle eit formidlingsprogram om landbruks historie med vekt på fruktdyrking.
- Museet skulle dokumentere og formidle kunnskap om dei gamle bygdehandverka.
- Alt museumstilfang i Hjelmeland skulle registrerast og leggast inn i database.

Avtalen har sidan vore retningsgivande for arbeidet i Hjelmeland, men det har ikkje vore råd å komma i mål med tiltaka. Det viktigaste arbeidet som har vore gjort er oppfølging av arbeidet med dokumentasjon og formidling av frukthistoria.

Så kom Staten på banen. Gjennom ei stortingsmelding frå Kulturdepartementet seinhaustes 1999³ varsla Staten ikkje noe mindre enn ei museumsreform. Dei som ville vera med blei lova meir pengar til både drift og investeringar. Vilkkaret var, på den eine sida, at musea slo seg saman i regionale einingar, og at dei, på den andre sida, meldte seg inn i nasjonale nettverk. Målet var å heve kompetansen, og dermed kvaliteten på museumsarbeidet.

Ryfylkemuseet heiv seg rundt, og inviterte til breitt samarbeid om museumsreforma i Ryfylke. Men nå var ikkje Hjelmeland i front. Det var skifte i administrasjonen og det lokale arbeidet med bygdemuseet blei prioritert. Ryfylkemuseet deltok også nå som rådgivar i det okale museumsarbeidet i Hjelmeland, men arbeidde parallelt for å få på plass ein avtale om vidare utvikling av drifta i Viga. Først på nyåret 2006 var det klart for underskriving av ein avtale som gjorde at Hjelmeland kommune gikk inn i den såkalla konsoliderte museumseininga for Ryfylke og at Hjelmeland bygdemuseum blei ein del av Ryfylkemuseet. Kommunen valde likevel å fortsetta det lokale museumsarbeidet på eiga hand gjennom opprettning av ei lokal stilling knytt til bygdemuseet.

VIGA SOM HOVUDATTRAKSJON LANGS RYFYLKEVEGEN

Viga-tunet er eit svært særprega bygningsminne som antikvariske interesser var merksame på lenge før det kom på tale å overta bygningane som museumstun. Ved at det autentiske inventaret også er bevart, har staden særleg høg kulturhistorisk verdi, og gir eit godt grunnlag for formidling av kunnskap og opplevelingar om tida frå tunet blei etablert slik det nå står i 1821, og fram til det blei fråflytt i 1955. Etablering av ein frukt-historisk hage som eit klonarkiv i samarbeid med Nordisk Genbank har skapt grunnlag for ytterlegare interesse for Viga.

Ved Ryfylkemuseet har vi lenge meint at Viga-tunet har potensiale for å gi eit større bidrag både til utviklinga av reiselivet i Ryfylke, til høgare medvitet om matproduksjon generelt og frukt- og bærdyrkning spesielt, og om levemåten i bygda. Men vi er ikkje der nå, og det vil koste både tid og pengar å komma dit.

Vi har for det første eit arbeid å gjera med vedlikehald av bygningane. Fleire av bygningane er i därleg stand, og verst står det til med løa. Ryfylkemuseet har slite med svak bemaning i alle år. Frå 2007 har vi omsider to handverkarar i fast arbeid, men sjølv det er ikkje mye, og det er mange oppgåver å ta fatt i. Arbeidet med bygningane på Viga blei likevel sett i gang hausten 2007, og vil halde fram dei nærmaste åra.

Åse Jensen har på frivillig basis, etter at ho sluttar som kulturvernsekretær i Hjelmeland kommune, drive med registrerings- og prepareringsarbeid i Viga, og har lagt ned eit stort arbeid med å få på plass sengetøy og gardiner. Det er berre mindre justeringar som skal til før hovudbygningen presenterer seg på ein fullgod måte. Men i dei andre bygningane er det behov for ein grundigare gjennomgang av kva som skal stillast ut, og korleis det skal gjerast.

Den store utfordinga er likevel å få til eit formidlingstilbod som både gir forstand på det som Viga representerer, og som er kjekt å oppleve både for unge og eldre.

Frukthagen vil i seg sjølv bli eit aktivum etter kvart som han veks til. Her kan det ligge til rette både for besök gjennom vekstsesongen, og for særlege arrangement knytt til ulike årstider og ulike aktivitetar i hagen. Vi har tidlegare vist til at heradsgartner den gongen, Terje Pundsnes, ivra for å bruke hagen i Viga som ein demonstrasjonshage for eit hagebruk med naturlege virkemiddel i kampen mot skadedyr og sjukdom. Vi antar at hagen vil ha interesse både for folk flest og for spesielt interesserte.

Men så må vi setta bygningane og hagen inn i ein sammenheng. Vi må finne utveg til å ta i bruk moderne utstillingsteknikk og audiovisuelle hjelpemiddel. Vi hadde ein ide om å bruke løa og Sisselastova til dette, og meiner at det framleis er realistisk. Men da må bygningane først settast i tilfredsstilande stand, og vi må ha noen pengar til å produsere tilboden. Driftsmidlane til museet rekk ikkje til denne typen utviklingsoppgåver.

Fekk vi til dei tilboda som her er skisserte, ville Viga framstå som ein interessant stad å besøke. Men vi slit med infrastrukturen. Viga ligg utafor allfarveg, ein må kjøre ein omveg for å komma hit. Og når ein først kjem fram er avkjøringa til tunet primitive, parkeringsarealet begrensa og serverings- og toalettforholla svært enkle. Det er i dag vanskeleg å ta i mot bussar i Viga.

Den vidare utviklinga av Viga som museumstun og turistattraksjon er avhengig av eit godt samarbeid med grunneigaren, Hjelmeland kommune, regionale utviklingsaktørar og reiselivsnæringa. Staden har eit stort potensiale, men det må settast inn langt større ressursar enn dei vi har hatt til rådvelde så langt, om vi skal greie å realisere dette potensialet.

Ved Ryfylkemuseet har vi tru på Viga, og vi har planlagt å prioritere eigne ressursar i Viga dei nærmaste åra. Kanskje skal vi våge oss til å seia at om fem år er Viga ein blømende besøksstad i sommarsesongen, eit bokstavleg tala levande museum, og med godt skulebesøk og godt besøkte aktivitetsdagar frå skjeringa i hagen blir utført på ettermiddagen til frukta er i hus utpå hausten ein gong?

Roy Høibo (59) er direktør ved Ryfylkemuseet og har vore tilsett ved museet sidan 1981.

NOTAR

¹ Artikkelen bygger i hovudsak på materiale i arkivet til Ryfylkemuseet.

² Rogaland Folkemuseum blei skipa i 1936. Den opphavlege tanken var å etablere eit friluftsmuseum ved Mosvatnet i Stavanger. Etter krigen arbeidde museet for å erverve og ta vare på enkeltbygningar og bygningsmiljø på sine opphavlege tutfer kring om i bygdene. Fram til 1975 blei museet drive utan fast tilsett personale.

³ St.meld. nr. 22 (199–2000) – Kjelder til kunnskap og oppleveling – Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet (Abm-meldinga)



Sauene har spelt ei stor rolle i gardsdrifta i Viga i lang tid, og fleire som har budd her har vore framståande saudefolk.

Sauefolk frå Viga

Av Trygve Brandal

Sauen har alltid spela i rolle i gardsdrifta i Viga, som på dei fleste gardar i Ryfylke. Tre menn frå bruksnummer 3 på garden tok saueinteressa lenger enn dei fleste. Dei fekk tilsyn med sauер på sommarbeite som eit viktig levebrød i ein lang periode av sitt liv. Dei var gjætarar for sauedrifter på sommarbeite, for det meste i beiteheiar i Sauda.

Gunnar Knutson Vika¹

Han var fødd på bruksnummer 3 i Viga i 1859. Gunnar dreiv lenge med sauedrifter og krøterhandel. Kring 1880 leide han Aurådalen i Bykleheiiane eitt år saman med Tore Ingebretson Nes frå Årdal. I åra etter låg han i heia i lag med Ola Hauske frå Hjelmeland og Einar Østerhus frå Årdal med handelsdrift. Dei låg mykje i Bykleheiiane om somrane med drifter, så som i Aurådalen, Gyvassfjellet og Storsteinsstranda.

Om hausten dreiv dei austover til Oslo og slakta der i tre år. Etter kvart som borna til Gunnar og kona Ane kom til i 1880-og 1890-åra, brukte presten ulike titlar på familiefaren då han førde dåpsborna deira inn i kyrkjeboka. Gunnar er kalla *Handelskarl* i 1886, *Handlende* i 1889, *Fæhandler* i 1892 og *Faarhandler* i 1894. I 1889 leide han heiabitet Tretthidler saman med Jone Larsson Laugaland. Det var Jon Brotteli dei leide av, og dei hadde sauher, kyr og geiter i drifta. Også i Gyvassfjellet, Grasdalen, Nilsebu og Gåringsmoen i Suldal leide han driftsbeite.

Mot slutten av 1890-åra overtok Gunnar som forpaktar på prestegarden i Hjelmeland, og familien flytte då inn dit. I 1905 flytte dei tilbake til Viga og overtok farsgarden hans.

Syvert Vika


Eldste son til Gunnar heitte Syvert Vika. Han vart ein endå meir kjend heiamann og sauegjætar i Ryfylke enn faren. Han vart fødd på bruksnummer 3 på garden Viga i Hjelmeland i 1884, som den eldste av sju søsknen.

Syvert fekk interessa for sauher og heia inn frå barnsbein av. Også på morssida var det folk av same slaget, t.d. morbroren Syvert Mjølhus. Då han var på det 11. året, var Syvert Vika med far sin og gjætte i Årdalsheia. Dei var i lag med Gunnvor og Søren Kaltveit i heia. Det var Gunnvor og Syvert som gjekk i lag, og Gunnar og Søren for seg. Gunnvor Kaltveit gjekk med eit barn under bringa, og det leid så langt at ho måtte gå heim for det. Andre dagen etter at ho var kome heim til Kaltveit, fødde ho barnet.

Alt året etter skal Syvert ha vore med faren til austheiane for første gong. Syvert vart vaksen kring hundreårsskiftet, og då kom han aktivt med i eit miljø av ungdommar i Hjelmeland og Årdal som dreiv som sauegjætarar og driftekarar i heia om somrane. Det var leigesmale dei tok i mot i driftene sine. Sauene kom mykje utanfrå øyane. Dei vart ført i båt til Moldfallet mellom Fister og Hjelmeland. Der tok dei dei på land og starta så på den lange driftavegen austover. Gunnar Vika slutta av i austheiane, og då dreiv svogerden Syvert Mjølhus vidare der nokre år. Syvert Vika var då med morbroren sin der.

Faren Gunnar dreiv mykje i lag med Einar Østerhus og Ola Hauske, og Syvert dreiv ein del i lag med Einar Østerhus den yngre, som han var jamngammal med. M.a. skal dei to ha forpaktat garden Rage i Årdal ei kortare tid i lag med søstrene sine Taletta Østerhus og Tomine Vika. Det kan ha vore før Einar Østerhus den eldre flytte til Rage med familien i 1905. Då kom dei helst til å bu på den gamle husmannsplassen Holmane under Rage nede ved Tysdalsvatnet, og det kan vera då ungdommane budde oppe på Rage.

I 1908 tent Syvert Vika hos Kristen Meltveit i Hetlandsbygd. Kristen hadde kjøpt Berdalen i Sauda i lag med Ola Bjelland i 1894, og dei hadde sendt sauher dit sidan den tid. Det var sonen Torfinn Meltveit som hadde hatt tilsyn med sauene i Berdalen ei tid, men no skulle han på eksersis. Kristen Meltveit ba då Syvert reisa i staden. Dermed starta han på det livet som han skulle koma til å drive kvar sommar i heile 54 år, fram til og med 1961.



Syvert Vika i Slettedalen i 1947. Han var då 63 år gammal. Syvert dreiv som sauengjætar i Slettedalen og Berdalen i Sauda i 54 år, frå 1908 til 1961. Foto: Georg Vika.

Dei første åra budde Syvert på Berdalsstolen. Då var det stoling på stolen Indrejordå i Slettedalen, som høyrdet Årtun til. Der stolte Ingeborg Årtun, og det gjekk ikkje annleis enn at dei to bestemte seg for å gifta seg. Det skjedde i 1916, og etter den tid budde dei på Indrejordå kvar sommar. Frå då av hadde Syvert tilsyn med sauherdene både i Berdalen og Slettedalen. Og dei dreiv med kyr og geiter og ysting på Indrejordå.

Syvert og Ingeborg, som med tida fekk fire born, levde lenge som eit slags nomadar. Dei budde fast i Viga i Hjelmeland, og borna gjekk på skule i krinsen der. Men når sommaren kom, reiste heile familien inn til Indrejordå og budde der i tre-fire månader. Den første tida gjekk rutebåten «Fisterfjord» ekstratur frå kai til kai og henta smale som skulle inn til Sauda, og då var familien Vika med på båten. Seinare vart det meir skøyter som gjekk inn med sauherdene, og då reiste familien med vanleg rutebåt til Sauda. Så gjekk dei til Hellandsbygda og var innom hos skyldfolket der. Det tok to timer å gå gamlevegen frå Hellandsbygda og inn til Indrejordå. Etter at det kom veg til Minnehaugen i 1928, køyrdet dei utsty-

ret sitt dit med hest og kjerre. Derifrå la dei på kløv og gjekk inn gjennom Slettedalen.

På Indrejordå var det eit bra stølshus til å bu i og ei løe. Der var kring 12 mjølkekyr dei starta med om våren. Sidan fleire av kyrne var haustbere, minka det kraftig av med mjølkemengda utover hausten. I tillegg hadde dei 60-70 leigde geiter på stølen, mest frå Hjelmeland og Årdal.

Syvert gjekk sine turar i heia om sommaren og såg om sauene. Han hadde ein langtur som han tok av og til, og som han brukte heile dagen på. Då gjekk han inn Berdalen, over Glupen og heim Slettedalen. Ein annan tur gjekk inn Berdalen, opp Glupen og utover bråta mot Flåtajuvet, ned Flåtabakkane eller utover ved Raudhammartjørna og ned der.

Syvert Vika tok inn leigesmale til drifta si i Slettedalen og Berdalen, ei drift som på det meste kunne telja 2000 dyr. Det var sauherdene som kom mange plassar i frå, frå Strand, Hjelmeland og Fister, frå øyane og frå Nord-Rogaland.

Etter at beitesesongen var over, var det Syvert sitt ansvar å få samla sauene. Då brukte han å ha med seg ein fast gjeng av folk. Det var helst Olaus Meltveit, broren Gunnar Vika, Torstein og seinare Ivar Aartun frå Sjernarøy. Før samlinga tok til, handla Ingeborg inn mat frå Sauda. Varene vart køyrde i varebil til Hellandsbygd og kløvja derifrå og inn til Indrejordå. - Mor kokte kjøttkaker og saus i ei full jerngryte og den største kasserollen full av poteter, fortel dottera Nille Bruknapp. Dei hadde også kjekkjøt som det vart laga sosakjøt av. Det gjekk mykje mat i samlinga. Dei kjøpte inn kjøpebrød, for det skulle vera noko ekstra godt då. Men dei baka også brød sjølv, og dei laga mjølkekaker kvar einaste dag, nokre enkle pannekaker av byggmjøl.

Samlarane smurde seg niste, som dei pakka inn i eit lommetørkle og festa i selane bak. Sur mjølk var den vanlege drikka. På stolen hadde dei eit stort trekjer med surmjølk. Dei måtte røra godt i mjølka, så ho ikkje klumpa seg. Den mjølka var litt «brådå», noko meir sur enn vanleg. Om kveldane i samlinga var det godt drøs i stova på Indrejordå. Der var ikkje sengeplass til alle i huset. Nokre låg i ei anna stølshytte kring 100 meter ifrå.

Ungane til Syvert og Ingeborg gledde seg til samlinga om hausten. Det var ei avveksling. Då kom det samlarar, og stellet i matvegen vart betre enn vanleg. Samlarane kunne og ha med seg godsaker: -Me visste det var Rosentripseple i skreppa til Sven Kleppa, og dei var veldig gode, hugsar Nille

Bruknapp. Det ho gledde seg mest til, var at Olaus Meltveit brukte å ha med seg ei heil plate med Freia sjokolade til ungane. Det var sjeldan kost i dei dagar. - Det var berre så lenge før han gjekk og opna på den skreppa, syns ungane.

Syvert Vika var ein unik sauemann. Han var ein meister til å kunna kjenna sau. Han kjende kvar sau som han hadde i beitet, sjølv om der kunne vera eit par tusen dyr. Det er ein prestasjon som få kan gjera han etter. Han visste kven som åtte sauene når han såg han på lang avstand, han trong ikkje sjå korkje malingsmerke eller øyremerke. Tidleg på sommaren brukte han å jaga sauene på plass innover dalen, og då skilde han frå ein sau her og ein sau der etter kvar han ville dei skulle gå. Så då han kom inn til Berdalsbotn, var flokken mykje mindre enn då han starta. Når dei gjekk med drifta ned til Sauda om hausten, gjekk Syvert gjennom flokken både ein og fleire gongar og såg etter kva sauene som var med.

Syvert kjende ofte sauene betre enn det eigarane gjorde. Ein mann kom bort til han ved hegna ein haust og sa: -Eg ser ikkje ein sau, eg trur eg feilar kvar ein. -Nei, sa Syvert, du har kvar klaua. -Seier du det, sa mannen. -For eksempel den sauene som står der, sa Syvert, det er din. -Ja, våge meg, mannen måtte vedgå det. -Jo, du har kvar ein, kunne Syvert slå fast. -At Syvert kunne kjenna kvar sauene til alle eigarane, det var fantastisk, meinte Ivar Aartun, som var mykje i lag med han på samling. Og han visste kvar kvar enkelt sau hadde gått og beitt. Var der ein ung sau som ikkje kom inn att året etterpå, så spurde han: -Kva kom til den? Kvifor er ikkje den sauene her i år? Då såg han at ho feila.

Syvert Vika var den første som prøvde å bruka fly i ettersan-



Skøyta «Komet» frå Fister på Vigavågen i eitt av dei tidlege etterkrigsåra. Båteigaren Bjarne Sandvik står til venstre. Vidare Sven Randa, Syvert Vika, Svein S. Kleppa og Ingeborg Vika. Dei er klare for å reisa til Sauda med sauene. Foto: Georg Vika.

king. Det skjedde eitt av dei siste åra han dreiv i Berdalen og Slettedalen. Det vart visst ikkje nokon stor suksess. Problemet var at flyet fór så fort fram at det var vanskeleg å sjå alt på den korte tida.

Syvert hadde ein framifrå hund med seg den første tida. Han kunne senda han ganske langt i veg for å henta sauene. Men seinare hadde han aldri hund med seg i heia, og han ville heller aldri at andre skulle ha hund med seg. Han meinte sauene skulle ha fred og ro. På stolen på Indrejordå hadde dei likevel alltid hund, og den brukte dei noko til å jaga sauene tilbake og liknande.

Syvert Vika var profesjonell sauegjætar, også i den forstand at beiteleiga frå saueigarane utgjorde ein viktig del av inn-tekta hans. I den tida var det ingen som brukte bankgiroar når noko skulle betalast. Og dei som skulda han pengar, betalte ikkje sjølvbedde når sesongen var over. Difor laut Syvert helst reisa rundt og krevja inn pengane. Mange frå Randøy hadde sauar i drifta hans, og til dei var det kort veg å skota robåten over frå Viga.

Syvert Vika heldt på lenge med gjætinga i Berdalen. Siste året hans var i 1961, då han var 77 år. Då hadde han drive i heia om somrane i 67 år, og dei 54 siste i Sauda. Ein markert personlegdom i sauemiljøet i Ryfylke la dermed bort heia-staven.



Syvert Vika står med klar med fiskestang og skal av stad og loysa sauar som står i feste. Stanga vart brukt til å smygja tau rundt halsen på sauene. Vi ser innover mot Berdalsbotn. Foto: Georg Vika.

Gunnar Vika

Syvert Vika hadde ein 13 år yngre bror som også dreiv som gjætar og tilsynsmann for sauedriften i Saudaheiane. Det var Gunnar Vika (f. 1897). Han leigde Handelandsbeitet i Sauda frå kring 1930 og hadde tilsyn med opp til 2700 sau her på det meste. Også her vart det teke inn mykje leigesmale frå Hjelmeland, Hetlandsbygda i Fister, Halsnøy, Skjold og Vats.

Gunnar dreiv som sauegjætar heile sommaren, mykje på same måten som broren Syvert. Han budde på ein sal på loftet hos Anders Selland i Hellandsbygd. Men han gjekk i heia heile sommaren. Han vart gift med Ingeborg Handeland, og dei busette seg i Hellandsbygd. I samlinga hadde han nokre faste folk med seg ofte. Det var gjerne broren Knut Vika, og

Ivar Aartun samla saman med han i åtte år, frå 1936 til 1943. Seinare var Gunnvald Skogen frå Skjold, Gunnar Roaldkvam, Andreas Bjerga, Jonas Halsne, Hartvig Skartveit og Hallvard Klungtveit med Gunnar på samling.

Knut Vika døydde i heia under ettersamling i 1953. Han fekk eit illebefinnande og seig om. Mange mann var med på å frakta liket ned til Hellandsbygda. Gunnar Vika hadde sitt siste år som driftegjætar i heia her i 1959/1960.

Folk som gjekk i lag med han, minnest Gunnar Vika som ein uvanleg sprek kar. Han gjekk så lett i heia at det såg ut som han ikkje var nedpå. Brørne Gunnar og Syvert Vika var uvanleg glade i fjellet, har Rolf Nilsen i Hellandsbygda fortalt. Han var mykje i lag med dei på ettersamling i ungdommen.

Den vanlege beiteleiga skulle tilsvara verdien av eitt kilo lammakjøt. Då fekk eigarane sauene sine leverte på kaien i Sauda. Gjætarane dreiv som sjølstendige næringsdrivande med sauedriften, men vart aldri rike på dette arbei-



Gunnar Vika (til høgre) og Hallvard Klungveit i Hellandsbugd ein haustdag kring 1950 med drifta frå Handelandsbeitet. Foto utlånt av Svein S. Kleppa.

det. Gunnar Vika sa det det siste året han samla at han i grunnen ikkje kunne forstå kvifor han hadde halde på i så mange år. Det hadde vore alt for mykje slit i forhold til inntektene, meinte han. Han hadde nok hatt planar om å slutta før han gjorde det, men sauueigarane oppmoda han om å halda fram, og dei lova at dei skulle vera med på samlinga om hausten. Men når hausten kom, var det få som meinte dei hadde tid, viste det seg.

Med sauedrift i heia

På slutten av 1800-talet fanst det eit system med driftetrafikk og beiting i høgheia. Mönsteret i dette var at driftekarar kjøpte opp smale og store i Ryfylke og elles på Vestlandet om vinteren og våren, gjætte dyra på leigde beite i heia om sommaren, og før så om hausten ned til Stavanger, Kristiansand eller over til Telemark, Kongsberg og Oslo for å slakta dyra og selja kjøtet der. Det verkar som driftetrafikken var noko som for det meste vart drive av driftige ungdommar, før dei vart gifte og etablerte.

Driftekarane levde ikkje noko latmannsliv. Det var ofte surt og slitsamt for dei med skropelege herbyrge og skralt kost-

hald. Hadde dei mjølkekyr med seg, levde dei betre. Då kunne dei laga seg graut, hagletta, sprengd mjølk og liknande. Elles var det helst tørt brød og spekekjøt dei hadde i skreppa. Uveret kunne kom over dei, særleg under drivinga vår og haust. Då kunne dei ha nok med seg sjølve, om dei ikkje også skulle ha buskapen å passa på. Dette var før regnkleda si tid. I uversbolkar gjekk dei dyvåte til skinnet frå morgen til kveld. Og dei overnatta under hidlerar og store steinar, og der var det sjeldan tett når regn og uver sette inn. Likevel var dei visst lite sjuke. Dei må hatt ei jernhelse og kunne tola å frysja og ha det vondt.

Gunnar K. Vika, Einar Østerhus og Ola Hauske var tre kameratar frå Hjelmeland og Årdal som låg mykje i heia i lag og gjætte i ungdommen. Dei var jannaldringar, alle var fødde i 1859. Ola Hausken vart seinare busett i Stavanger, og han var ein av grunnleggjarane av maskinfirmaet Eik & Hausken. Han og Gunnar Vika var for grannnegutar å rekna, medan Einar Østerhus voks opp på Ristingsvoll i Årdal. Dei dreiv driftetrafikk til Oslo i lag i minst tre år på 1880-talet, då dei sjølve var i 20-åra.


Dei skreiv ei vise om sitt heialiv. Ho var på mange vers, men i dag finst det berre tre:

*Du kan nå aldri tenkja deg slik eit slavaliv.
Å såleis gå å travat udi så lang ei tid.
Ja, det er an't enn heime for der er sundag og,
men det me helst må gløyma og ikkje koma i hug.*

*Me sko ikkje klaga om ikkje alt var bra
når berre me fekk eta rett som dei heime pla.
Men tenke femten timer å gå der forutan mat
og såleis gå å travat den lange sumars dag.*

*Trøyte og svultne var me, og våte atte te,
og klær me ei fekk byta som det var gagn i.
For alt det som hadde, det var i gjøna vått,
me måtte i det liggja, og det var inkje godt.*

Ein gong medan dei låg ved Gyvatnet og gjætte ein sommar, skulle Einar heim til Årdal i bryllaup. Han hadde tre søstrer på Ristingsvoll som gifte seg i 1882, 1884 og 1886, så det må ha truleg ha vore i eitt av desse bryllaupa han skulle. Då er det fortalt at han starta austanfrå om morgonen ørtidleg i eit vold-



Tre kameratar som dreiv driftehandel i lag. Dei kjøpte opp smale om våren, beitte dei i heia om sommaren og dreiv dei den lange vegen til Oslo og slakta og selde der. Frå venstre Ole Hausken, Einar Østerhus og Gunnar Vika. Einar var frå Årdal, dei to andre frå Hjelmeland. Alle tre var fødde i 1859, og bildet skal vera teke i Oslo i 1882. Hundane var visst deira, men stavane lånte dei i høve fotograferinga. Foto utlånt av Svein S. Kleppa.

somt fint ver og gjekk helst naken ut heile heia. Og han gjekk berrføtt. Han skal også ha vore nedom på Meland i Vormedalen for å henta kjærasten Ingeborg Meland, men då han kom dit, var ho gådd. Dei gifte seg i 1883, så dette kan vera ein peikepinn om at dette skjedde i 1882, før dei var gifte. Då var det i tilfelle den eldste søstera til Einar, Borghild, som

heldt bryllaup og gifte seg med Jone Torsteinson Riskadal. På vegen til Årdal skal Einar også ha vore nedom i Viga eitærerd. Derifrå gjekk han så over Eggjabø og ned til Årdal og møtte opp der i bryllaupet om kvelden. Den strekninga han gjekk den dagen, er ein veg som det normalt tek minst to dagar å gå.

Saugegjætarane som låg i Gyvassfjellet med drift, hadde kontakt med folk i Bykle. Dei leigde beitet av garden Brotteliid. Torjus Skaråsen var ein mann særleg Einar Østerhus hadde mykje med. Ein gong dei skulle slutta av beitesesongen og starta på vegen austover mot Oslo, gjekk dei nedom han for å takka for i år. På spørsmål om korleis det stod til, svara han at dei hadde det berre bra. Då protesterte kona som sat inne. -Du må ikkje seia det, Torjus, for me eig ikkje mat i huset. Både ho og han var sjukleg, så dei dei kunne ikkje ta på den lange roturen på Botsvatnet ned til Bykle for å handla. Det er Ingeborg Kaltveit, dotter til Einar Østerhus, som har fortalt dette.

Einar fortalte dei då at der hadde gått to-tre store reinar i lag med sauene i heia heile sommaren og hadde blitt spake. - Kom opp og skyt dei reinane, sa han til Torjus. Kona og han hadde snakka om at han kunne gå på jakt, men han hadde ikkje tort for skuld gjætarane. No gjekk han, fekk skyta to reinar, og lånte hest av dei og kløvja kjøtet heim. Derved var dei bergea. Kona fekk det mjølet dei hadde att mot at ho baka ei god rue med flatbrødleivar, som dei skulle ha å eta på vegen til Oslo.

Til Austlandet med drifta

Driftkarane hadde ein lang veg framfor seg då dei starta frå heiane, anten det no var Bykle-heiar som Gyvassfjellet og Aurådalen dei hadde lege i, eller det var i Ryfylkeheiane, og skulle驱ra til Oslo. Det var ei strekning på 30-40 mil. Vegen gjekk til Bykle i Setesdal og over heia til Dalen i Telemark. Derifrå gjekk dei nok via Seljord og Åmot til Notodden, og så over Meheia til Kongsberg. Dei siste etappane gjekk via Hokksund, Drammen og så til Oslo. Drivinga like til Oslo kunne ta veker. Driftkarar frå Haugalandet låg gjerne i Røldal om sommaren. Om hausten dreiv dei gjennom Telemark og austover til Oslo.

Karane hadde minst ein hest med, og ein av dei reid ofte føre på hesten, eller han kunne køyra med vogn. I kløvja på hesteryggen eller i vogna hadde dei mat og klebyte. Var det

kyr eller andre store med i drifta, ville dei helst selja dei som livdyr i dei bygdene dei før gjennom. Vart dei ikkje av med dei på den måten, blei også dei selde som slakt.

Ei stor drift kunne ikkje drivast for fort. Det skal ha vore vanleg å bruka to-tre veker på turen fram til Oslo. Det var ikkje til å unngå at sauene måtte beita der dei før fram gjennom bygdene. Dei måtte ha avtalar med folk langs vegen om å leiga beite til dyra. Men stundom kunne nok driftekarane ikkje vera så nøgne på det og sjå sitt snitt til å sleppa dyra inn på ekrene til folk også der dei ikkje hadde nokon avtale. Dei rekna med at det var lettare å få «*forlatelse enn tillatelse*» og sette si lit til at dei sjølve slapp frå det berre med noko kjeft.

Då driftekarane kom fram til Kristiania, måtte dei leiga seg beite til drifta og plass til å halda til med slaktinga. Så var det å slakta noko kvar dag og køyra skrottane til Youngstorget i byen eller å prøva å selja dei til private kring om i husa. Somme var slaktarar sjølve, andre kunne leiga folk til å hjelpe seg med slaktinga. Kjøtkontrollen i Oslo kom ofte og kontrollerte at slaktinga og kjøthandsaminga gjekk forskriftsmessig føre seg. Skulle karane vera på torget med slakt i 6-7-tida om morgonen, måtte dei starta med slaktinga i 2-3-tida om natta.

Einar Østerhus, Gunnar Vika og Ola Hauske var saman om ei drift til Oslo i fleire år i ungdommen. Dei leigde seg eit jordstykke av ein major og let sauene beita der. Folk til å klippa og slakta leide dei òg. Ein av dei tre var som regel med på slaktinga, dei to andre køyrd skrottane rundt på ei firhjula vogn. I dei åra dei dreiv med dette, tapte dei berre to saueskrottar, har Ingeborg Kaltveit, dotter til Einar Østerhus, fortalt. Dei leverte ut saueskrottar frå hus til hus til dei som hadde tinga og skrev ned namna på kjøparane. Pengane gjekk dei så rundt og kravde inn på laurdagen. Då var det to tilfelle der kjøparane ikkje ville betala. Dei meinte han hadde betalt før, men hjelme-landsbuane var sikre på at det hadde dei ikkje. Stort sett gjekk det likevel godt å få inn pengane.

Dei kunne gjerne bruka rundt tre veker på å slakta og selja ut det dei hadde i Kristiania. Så skulle dei sjølve ta på heimvegen. Det var to måtar å ta seg fram på. Anten kunne dei over land same vegen som dei hadde kome med drifta. Eller dei kunne fara sjøvegen med kystruta frå hovudstaden til Stavanger.

Driftetrafikken var ein episode i omsetninga av saueslakt. Den spesielle driftsforma med oppkjøp av dyr om våren, feiting av dei på sommarbeite og driving direkte til Austlandet og slak-

Med drift gjennom Telemark

Olav H. Hovda har skrive noko om faren Hadle Hovda (fødd på Bergeland i Årdal) sitt liv som driftkar i 1880-åra, i lag med Hallvard Svadberg, ein annan årdalsbu. (Driftkarar frå Årdal og heilav i 1880-åra, kronikk i Stavanger Aftenblad 2.12. 1972). Etter først å ha skildra kor gjestmildt dei hadde blitt mottekne i Bykle, skriv han om korleis det var å koma til Telemark:

Bar det so vidare over heia til Dalen i Telemark. Dit dei kom seint ein kveld. Men der møtte dei eit heilt anna lynne, folk var meir «fiendsleg» innstilt. Dei skal nett roa seg for natta, då ei kjerring kjem fykande til dei, sint og galen – og byd dei til å dra seg herifrå noko brennfort. «Drifta dykkar et opp og trakk ned so mykje eg eig!» skjente ho. – Nei, dei kunne ikkje det, no når svarte natta stundar til, svara dei. «Ja vil de ikkje lyda, får de ta fylgjene – dette skal meldast til lensmannen i morgen den dag!» skrek kona.

Og rett nok, neste morgen ser dei kjerringa fer i veg i sin beste stas, røykjande på ei svær langpipa. Då visste karane kva dei hadde i vente. Jau, lensmannen kom, han morska seg som dertil, og grov og spurde om alt mogeleg. Slutten av samtalens lydde om lag slik: Lensmannen: «Og så var det namnet og kvar du høyrrer heime.» – «Hadle Bergeland frå Årdal i Rogaland.» Lensmannen: «Det lyg du, så lang du er.» – Vil kanskje lensmannen sjå svart på kvitt?» Lensmannen: «Jau, det er rett nok det – de må verkeleg orsaka – men dette namnet har eg aldri hørt før. Det er heilt ukjent på desse kantar.»

Noja, dei kom 'kje til å høyra meir om denne saka, så dei slapp vel ifrå det.

ting nær marknaden der, hadde hatt si tid då vi var komne fram til år 1900. Driftsforma kvilte på to føresetnader: At det fanst folk som ville selja eittårige lam til driftekarane om våren heller enn å fø dei fram sjølve. Og at det ikkje var andre måtar å få fram kjøtskrottane til Austlandet som kjendest betre enn å driva dyra fram levande. Begge desse føresetnadene fall etter kvart bort. Det skjedde ved at det kom nye båtruter, også med

kjølerom for slakt, som betra transporten mellom Stavanger og Oslo mykje. Og det skjedde ved at bønder som før hadde selt eittårige lam til oppkjøparar om våren, no heller sjølv sende dei på høgfjellsbeite og slakta dei om hausten. Oppkjøparane hadde hatt si tid, driftetrafikken gjekk over i historia.

Beiteområda Indrejord og Berdalen i Sauda

Dette beiteområdet går frå Indrejord i nordenden av Slettedalsvatnet og nordover på austsida av Slettedalselva over Kyrkjenuen og omfattar Berdalen og området aust til Tinden, der det grensar mot Handelandsbeitet. Beitet ligg på 500 meter over havet på det lågaste ved Indrejord og går opp til Kyrkjenuen på 1602 meter. Området har ei naturleg og god avgrensing. Vassdraga i Berdalen og Slettedalen gav gode skiljeleier i aust, sør og vest.

Det budde folk i Berdalen gjennom kring 30 år på 1800-talet. Den eine familien var Sjur Tjøstolvson Berdalen og kona Kari Nilsdotter. Dei flytte frå Ekkjlevika i Røldal til Berdalen i 1850 og sette seg opp hus inne ved Flåtavatnet. I 1853 fekk



Tre markerte profilar i Berdalen og Slettedalen. Frå venstre Tor Aartun, Ivar Aartun og Syvert Vika ved hegna på Tre, Indrejordå i Slettedalen. Bildet er teke kring 1947. Foto: Georg Vika.

Sjur og broren Tjøstov kjøpa kvar sin halvdel av Berdalen frå far sin og vart sjølveigarar på den mest bortgøynde garden som noko gong har funnest i Sauda, to og ei halv mil inn i fjelheimen og 660 meter over havet. På Berdalsstølen budde Tolleiv Torgeirson og Disa Johannesdotter Årtun med borna sine.

Sjur og Kari kjøpte bruket Storehaugen nede på Årtun og flytte frå Berdalen i 1857. Broren Tjøstov og kona hans Ingeborg flytte då inn i Berdalen. Etter seks år braut også dei opp og flytte til Litlarød og sidan til Nes. Då vart det folketomt inne på Flåtå i Berdalen, men lenger ute, på Berdalsstølen, budde enno Tolleiv og Disa. Tolleiv døydde i 1877, og då flytte enkja til Årtun, der ho vart oppattgift.

Etter den tid var det hardingar som åtte Berdalen. Dei budde der ikkje, men stølte der. Før 1900 overtok to fisterbuar som eigarar for å bruka Berdalen til beite. Det var Kristen Meltveit og Ole Bjelland, som kjøpte Berdalen for 6000 kroner. Pantebökene fortel at dei kjøpte av tre forskjellige eigarar. Bnr. 4 frå skifteretten i konsul Lars Berntsen, Stavanger sitt dødsbu

(kjøpekontrakt 1896, tinglyst skjøte 1900, pris 2400 kroner. Berntsen hadde kjøpt frå hardingane Haldor Jakobson Eitrheim og Herborg Olsdotter, enke etter Jakob Ivarson Eitrheim i 1895), bnr. 5 frå Elias O. og Lars S. Tokheim i Odda (skjøtet skrive i 1898, tinglyst i 1900, pris 2200 kroner) og bnr. 6 etter offentlig auksjon (skjøte 1899, tinglyst 1900, pris 1400 kroner).

I den første tida vart dyra gjætte, og då rekna dei med at der var plass til 1200 dyr. Utan gjætar var det nok med 700 dyr. Så mykje sauvar hadde ikkje dei to kjøparane, og dei tok inn leigesmale frå Strand, Fister, Hjelmeland og Nedstrand. Beiteleiga var 75 øre for sauvar dei første åra. Etter nokre år vart det også selt frå partar. Det skjedde gradvis, og i dag er det 11 eigarar til Berdalen – frå Fister, Randøy, Hjelmeland og Tau.

Dei første åra var det Kristen Meltveit som stod for beitet. Då var det som regel to gjætarar som såg etter sauene heile sommaren. Mellom dei var Torfinn Meltveit, Johannes Thomsen, Ådne Hetlelid og Johannes Hovda. Frå 1908 var Syvert Vika gjætar åleine. Han kunne ha tilsyn med kring 2000 dyr til saman.

I samlinga om hausten var det ein grunnstamme av folk som Syvert hadde med. Det var Ivar Aartun, Olaus Meltveit, Kristen Meltveit, Kristen Helgøy og Bjarne Eide. Han likte seg därleg viss nokon av desse ikkje kom. Ivar Aartun og Kristen Meltveit kom ofte inn ein dag eller to før for å setja opp hegna. Det gamle mønsteret var at dei starta å samla på ein fredag, heldt fram på laurdag og søndag, dreiv ned på mandag, skilde på tysdag og reiste heim den dagen. Seinare, etter at han vart bedehusmann, ville ikkje Syvert bruka helga til samling. Då reiste dei inn på mandag, samla dei neste dagane og reiste heim på fredag.

Dei brukte nok lenger tid på samlinga før enn det som er vanleg i nyare tid. Men så var det òg ganske få mann som skulle samla mykje sauherd. Då var dei gjerne fem mann som samla, i dag er det nærmare 20. Dei brukte å gå høgdene til å begynna med og jaga sauene ned. Så murte dei og stengde med nett fleire stader for at ikkje smalen skulle trekkja opp igjen. Sauetalet vart etter kvart redusert i beitet, og då kunne dei òg korta ned på samlingstida.

Samlinga i heia her har til sine tider bydd på dramatikk. Slik var det ein dag i 1935 eller 1936. Då var det Syvert Vika og Olaus Meltveit, begge godt vaksne, som skulle samla i lag med ungdommane Ivar Aartun og Ola Meltveit. Dei starta fra Indrejorda om morgonen og skulle til Berdalsbotn. Då var det det finaste ver du kan tenkja deg, speglend klårt på vatna og ikkje ei sky på himmelen. Dei rekna med at veret skulle vara, og kledde seg deretter. Men før dei var komne inn til botnen, hadde det roke opp til storm og styrregn. Syvert og Ivar gjekk øvst og skulle koma ned Flåtabakkane, og Olaus og Ivar gjekk nede. Det vart ei stund for dei å venta, og då vart dei dyktig kalde. Bekkene hadde vakse seg store, dei laut gje opp å få sauene over der dei hadde tenkt. Syvert såg at det var gale med Ola, og ville gå heim til husar på Indrejorda med han snarast råd. Olaus og Ivar skulle ta båten og prøva og ro nedover vatnet.

Då dei kom rundt eit nes, møtte dei uveret. Om dei rodde eit åretak fram, vart dei pressa to-tre tilbake. Det gjekk ikkje; dei



Samlarar ved hegna på Indrejorda i Slettedalen i 1950-åra. Frå venstre: Johannes, Torstein og Nikolai Aartun, Gunnar Kleppa og Torstein Vika. Foto: Georg Vika.

laut kreka seg til land som best dei kunne, dra opp båten og gå heimover. Olaus hadde store vanskar med å gå skikkeleg. Det var mørkt då dei kom fram til ei vik. Der sette Olaus seg ned og ville eta. Han tok fram nokre våte skiver han hadde og drakk av det kalde vatnet i bekken. På spørsmål om han ikkje fraus, svara han nei. Ivar skunda på og ville gå vidare, og fekk han med seg litt om senn. Då dei nærma seg hytta i 11-tida om kvelden, møtte dei Syvert med flaggermuslykta. Han hadde då gått ut for å leita etter dei. Det gjekk godt, dei kom fram til hytta, fekk varm mat og varmen i kroppen. Året etter fortalte Olaus at han ikkje hadde trudd at han skulle koma levande til hytta den kvelden.

I førstninga vart sauene utanfrå frakta på store lektarar som vart slepte av dampbåt inn til botnen av Saudafjorden. Det var ei sjøreis på kring 12 timer. Seinare overtok motorskøyter transporten. Frå kaien i Sauda var det 12 timars driving fram til Berdalen. Dei starta med det same dei kom fram om kvelden, stogga og kvilte nokre timer midt på natta, og heldt fram neste morgen. Drivinga gjekk ikkje fort. Mange stader ville sauene ta av frå vegen og opp gjennom liane. Då var det for



Hjelmelandssmåle klare til å reisa til Sauda. Der skulle dei på sommarbeite i Slettedalen og Berdalen. Personane er frå venstre Olav Kleppa, Ola Meltveit, Arne Klingsheim og Alf Kleppa ved styrehuset. Det var han og broren Leif Kleppa som åtte Havørn I. Foto: Georg Vika.

folket å gjera ein lang omveg for å møta dei og få dei ned att på vegen. Så det var travelt nok å driva på vegen, det var ikkje berre å rusla bak sauene. I seinare tid har sauene blitt køyrd inn til Indrejord eller Berdalsvatnet med bil. Den siste drifta på landevegen til kaien i Sauda og med skøyte til Sjernarøy gjekk hausten 1976.

Når dei skulle driva sauene heim frå Indrejordå om hausten, kunne dei drivast over elva ved Indrejordsvatnet viss elva var lita. Men var det flaum, måtte alt i saman, gjerne tusen sauar, gå over ei svært smal hengebru. Det måtte mykje jaging og hujing til for å få sauene over. Men når dei først kom inn på bruhaugen, sprang dei så fort at det hende rett som det var at det før ein sau eller eit lam rett i elva. Då stod nokre mann klare lengre nede og huka dei og fekk dei på land att.

Drifta frå Berdalen vart lenge jaga inn i ei hegne på Sønnå. Derifrå vart så sauene drivne ned til kaien og om bord i den ventande skøyta. Seinare fekk dei seg hegne lengre oppe, på Birkeland, vel to kilometer frå kaien. Etter at vegen inn til Berdalen kom først i 1950-åra, gjekk drivinga ned til Sauda

mykje raskare. Då starta dei med å jaga sauene like på kaien, skilde der same dagen og førte smalen heim.

Etter at Syvert Vika sluttar av som gjætar, vart etter kvart Indrejord beitelag skipa. Det dekker austsida av Slettedalen med Brendehaugane og Berdalen. Fleire sauereigarar har hatt sauar på beite her og har vore med på samling her lenge. Beitelaget har gitt ei hyrdenål i sòlv til fem personar med meir enn 50 års fartstid i heia her. Det er Lars Nordbø frå Nedstrand, Georg Vika frå Hjelmeland, Ivar og Tor Aartun frå Bjergøy og Bjarne Eide frå Nedstrand.

Handelandsbeitet i Sauda

Dette beitet dekker eit stort område som ligg mellom Berdalen og Brattlandsdalen på begge sider av vegen frå Hellandsbygd via Breiborg til Røldal og støyter i sør mot gardane i Hylsfjorden sine beite oppover mot fjelltoppen Skaudel på 1538 meter. I nord går beitet til nedre og øvre Sandvatnet og til grensa mot Hordaland. Mykje av beitet utgjer ein brei dal mellom dei høge fjellstroka i søraust og nordvest. Alt i alt er lendet sterkt vekslande og høver godt for sauene. Men beitet er svært vidsvaist og lite oversiktleg. Det er også store tilgrensande fjellstroka ein må gå over under samlinga, så denne fell tung og arbeidskrevjande. Til skilnad frå Slettedalen og Berdalen er det ikkje «drette» på det til å samla i, ei hovudretning eller eit dalføre.

Frå kaien i Sauda er det 18 kilometer bra veg til Handeland. Før dreiv dei sauene inn hit og vidare inn Eljuvet heilt til endes på beitet eller gangevegen til Dalevatn og vidare til Dokkabedet. Tilkomsten blei lettare då vegen om Breiborg til Røldal stod ferdig i 1960. Det var A/S Saudefaldene som var byggherre på denne vegen. På det meste hadde dei 130 mann i arbeid på veganlegget.

Størsteparten av beitet høyrer til gardsnummer 43 Handeland i Hellandsbygd. A/S Saudefaldene har kjøpt eitt av bruket på garden og mykje av heia til eitt av dei andre og eig såleis mykje av desse beitestroka. Noko høyrer til eit par bruk på Årtun og noko til garden Storli.

Inste delen av beitet, det som ligg innanfor Svartavatn, har frå gammalt av vore nyttå som driftabeite, medan det som ligg heimanfor Svartavatn og Holmavatn tidlegare vart nyttå til stolsbeite. Sidan 1930-talet har heile heia vore brukt til driftabeite. Gunnar Vika leide Handelandsbeitet frå kring 1930 og kunne ha ei sauedrift med opp til 2700 sau her på det meste. Det var

for det meste leigesmale frå ymse bygder i Ryfylke og Nord-Rogaland. Frå 1950-åra kom det t.d. mykje sauer frå Vikedal. Bønder derifrå gjorde avtale med Gunnar Vika og sende smalen inn med lastebil.

Om vårane følgde bøndene alltid med i lastebilen når smalen skulle fraktast til beiteområdet. Bilen køyerde til Hellandsbygd, og der stod Gunnar Vika og venta. Han tok mot smalen og dreiv han innover i beiteområdet åleine. Vika visste kor han ville plassera ulike saudeflokkar i beiteområdet han leigde. Gunnar Vika jaga dyra over Botneelva som ofte var stor. Når dyra kom på andre sida, roa dei seg.

Sommaren gjennom hadde Gunnar Vika ansvaret for smalen frå Vikedal. På samlinga om hausten var det med 10–12 mann. Ein av desse var Gunnar Roalkvam frå Vikedal. Han var son til Bjørn Roalkvam, den første vikedalsbuen som leigde beite i Sauda.

Då Gunnar Vika sluttar å ta mot beitesmale først på 1960-talet, tok bøndene frå Vikedal over ansvaret for beitesmalen sin sjølv. Beiteområdet var det same, men no leigde dei direkte av Ola Handeland. Det beiteområdet som Gunnar Vika disponerte, blei no delt opp, og det kom beitelag som stod for organiseringa. I Breiborg og Sandvatn beitelag sitt område beitte det sauer frå Vikedal, Sandeid, Skånevik, Sjernarøy og Hjelmeland.

I nyare tid er dei saueeigarane som brukar beitet her samanslutta i Breiborg/Sandvatn beitelag. Det gjeld kring 20 saueeigarar, som til saman sende vel 2700 sauer og lam på beite her i 1994. Innanfor beitelaget er det fire grupperingar. Det opprinnelige Breiborg sarkelag består av øybuar, hovudsakleg frå Sjernarøyane. Sauene til brørne Svein S. og Gunnar Kleppa frå Hjelmeland beiter mot Skaudel og utgjer ei gruppering for seg. Svein S. har vore gardbrukar på bruksnummer 2 i Viga, Gunnar på Gjestfell. Ved Sandvatnet held



Sauer frå Hjelmeland ved Storlitjøra på veg til Hellandsbygd våren 1937. Det er gjætaren Gunnar Vika som står på vegen i dress og hatt. Foto: O.K. Fløgstad.

brodrene Roaldkvam frå Sandeid og Vikedal til, og i eit område mellom desse tre beiter det sauer heimehøyrande m.a. i Tysvær og Skånevik.

Trygve Brandal (54) er historikar og førstekonservator med ansvar for samlingane ved Ryfylkemuseet.

Artikkelen byggjer for det meste på boka *Sau og hei. Sauenhald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet*, som forfattaren gav ut i 1996 saman med medforfattar Njål Tjeltveit, og som Ryfylkemuseet var utgjevar av.

NOTAR

- Denne familien har skrive slektsnamnet Vika med k. I denne boka brukar vi konsekvent skrivemåten Viga med g i gardsnamnet fordi det er i samsvar med den lokale uttalen.



Villhelletak i Vigatunet. Biletet viser baksida av eldhuset og stovehuset.

Helletekking i Hjelmeland

Av Grete Holmboe

I Hjelmeland går det ei skiferåre av kvartsfeltspat i fjellet på sørsida av Randøy, som strekkjer seg over Randa, Kåda og Sandanger. Ho kjem att på fastlandet, på gardane Kleppa, Askvik, Lerstøl og Espeland, og på Solbjør og Mannafjellet på Fister. Denne førekomensten av skifer vart nytta i den tradisjonelle byggeskikken i desse områda, til tekking av tak. Me skal i denne artikkelen sjå litt på korleis dei lokale handverkarane brukte skiferen til å tekka taka.

Skiferbrotet i Jondal i Hardanger, er truleg det eldste brotet i landet. Her har dei brote kvernsteinar, turkeheller og baksteheller frå før 1421. Truleg har dei også brote takheller. Håkonshallen i Bergen hadde heller då det brann i 1429, og Munkeliv Kloster kan ha hatt skifer rundt 1350. Likevel er det først tidleg på 1800-talet ein for alvor bryt heller til taktekking. Lagmannstova på Agatunet i Hardanger vart tekt med heller i 1848. På Voss, der det er store skiferførekomster, var det ikkje vanleg med helletekking før langt ut på 1800-talet. Der var det dei store løetaka som først vart hel-lagde.

Første gong ein hører om skiferbrotet på Randa, er i eit matrikelførrearbeid i 1819. Det kan likevel vera at dei har tatt ut skifer til eige bruk før det. Først på slutten av 1800-talet vart det sett i gong produksjon. Det var i første omgang gatestein som vart sendt til Stavanger. I 1895 overtok Carl Trygstad frå Bergen rettane. Han sette i gong ein større produksjon av lappskifer i 1904. På det meste var det 80-100 mann i arbeid. Det var sett opp kai og bygd veg fram til kaien, og skiferen vart eksportert til

inn- og utland. Men den lett tilgjengelege steinen tok slutt, og etter kvart vart drifta flytta til Kåda, og deretter til Sandanger. Det gjekk føre seg fleire transaksjonar i åra framover, til den organiserte drifta stoppa i 1925. Sidan fortsette bygdafolket drifta ei tid til det etter kvart berre vart tatt ut Stein sporadisk.

Det vart også tatt ut skifer på Solbjør på Fister og ved Ramnafjellet, i utmarka mellom Kleppa, Askvik, Lerstøl og Espeland. På Espeland vart skiferbrotet nemnt første gong i 1803. I 1838 veit me at det vart tatt ut Stein her. Brukarane på Espeland tok ut skiferheller sjølv, og til tider vart brotet leigd ut til andre i 1879 til eit bergensfirma, i 1890 til vossingar, og i 1898 til stavangermenn.

Lappskifer

Den store satsinga i skiferbrota, har nok samanheng med bruken av lappskifer og fasettskifer som kom på moten i byane samtidig med sveitser- og jugendarkitekturen, gjerne saman med dei firkanta, såkalla Sandneshusa.



Gamle gardshuset på Randa, bnr.1, med helletak, og det nye huset med lappskifer.



Steinsaksa kom i bruk frå 1884. Hjå Lars Randa er han framleis i bruk.

Skiferen let seg forma ved å hogga med ein hammar. Dette er ein tidkrevjande jobb, og ein mann kunne greia 60–80 heller om dagen. I 1884 laga vossingen, Aadne Rene, skifer-saksa. Med ei slik saks kunne ein mann greia 400 skiferheller om dagen. Saman med betre vegar og kommunikasjon, gjorde det at ein fekk ein industriell produksjon rundt århundreskiftet.

Klipping av skiferen går føre seg i steinbrotet. Steinsaksa vert sett oppå ein stabbe. Ein held skiferstykket med venstre handa, og fører det gjennom saksa medan ein klipper med høgre. Dette gjer ein på same måten i dag som ein gjorde det for 100 år sidan. Ved større produksjon er saksa mekanisert, men prinsippet er det same. Samanlikna med tilsvarande skifer frå Otta og Voss, er Randa skiferen hard og vond å jobba med.

For å produsera skifer, treng ikkje steinblokken vera meir enn 50x50cm. Steinen vert spalta på same måten som til heller, heilt ned til ein halv tomme. I Ryfylke var det lappskiferen som vart brukt. Standardmål på lappskifer er. 8x14", 10x16",



Det gamle gardhuset på Randa, bnr.3.

12x18". I tillegg til takhella, vert det og produsert rems og gavlastein.

No var det ikkje lappskifer det skulle handla om i denne artikkelen, men me synst det høyrar med i biletet av hellebrota i Hjelmeland. Men i Vigatunet er det ikkje brukt lappskifer. Me vil difor konsentrera oss om helletekkinga.

Helletak i Hjelmeland og Viga

Dokumentasjonsmateriale me viser til i artikkelen bygger på studiar på dei tre gardsbuka på Randa og i Viga, der det er helletak på nær sagt alle taka på gardane. Hellene er større enn lappskifer og fasettskifer. Dei kan vera hogde i rektangulære heller, men slett ikkje alltid. Ser ein på baksida av husa, kan det sjå temmeleg vilt og rotete ut.

Det er naturleg at ein til alle tider har nytta seg av den naturlege førekomensten av heller til husbygging, men me har ikkje dokumentasjon på dette anna enn der me veit alderen på husa. Tunet i Viga vart flytta i 1821, og alle bygningane fekk då helletak. Det er nok den eldste sikre dateringa me har. Me veit ikkje sikkert kor hellene i Viga kom frå, men tradisjonen seier at det var Øystein Sveinson, f.1807, d.1903, son til bonden i Viga, Svein Ormson, som braut hellene i Mannafjellet.

Steinbrotet

Me har fått følgje Lars Randa i skiferbrotet hans på Randa. Her var det produksjon av skifer på 1890-talet. Lars har tatt ut stein i brotet i si tid på garden. Han lært seg til arbeidet frå han var gutunge og gjekk med ein murar frå byen som hadde leigeavtale med far hans. Han har og plukka opp eit og anna frå Jan Espeland, som ei tid dreiv skiferuttak i Espeland, og elles lært av eigne erfaringar. Det er ikkje mykje som skil produksjonen hans i dag frå den som vart gjort for 100 år sidan. Det meste av arbeidet går framleis føre seg for hand.

Emnet til heller og skifer får han ved å sprengja ut blokker av stein og kløyva desse. For brukte ein minebor og feisel for å få borehol, medan ein i dag brukar maskinar til dette arbeidet. Sprengstoffet er framleis krut. Dynamitt ville sprengt steinen sundt, medan krutet er meir skånsamt. Oppi skogen på Randa er det ei hola der dei gjøymde krutet. Ved utsprenging av steinblokkene for spalting får ein fram både store og små blokker etter kor sleppene, årene i steinen går. Dei store blokkene vert kløyvde til heller, medan dei mindre vert brukt til skifer. Dei små blokkene som vert att, er høveleg byggstein.



*Skiferbrot
på Randa.*



*Skiferstein
og blokkar i
steinbrotet.*



Lars Randa kløyver heller.

Kløyving av heller

Til helleproduksjonen kan steinblokkene vera temmeleg store, om lag 80x80x30cm. Blokka vert kløyvd på midten. Lars støtar steinen til foten medan han arbeider med kløyvinga. Han finn ei åre i kanten, og slår kile bortetter åra. Reiskapen er ei øks som han brukar til kile, og ei slegge til å slå med. Treskaftet på øksa gjer arbeidet meir skånsamt for armane. Det er sjeldan det er bruk for å kvessa kilane. Han må slå forsiktig på kilane, høyra på lyden og klangen, eit slag på kilen, og steinen delar seg. Slik held han fram, og delar kvart emne i to til han har fått den rette tjuknaden på hella. Den ferdige hella er på om lag 1”.

Det kan gå årer, eller stikk, som plutselig skjer ut til sida. Då har ein ikkje kontrollen, og hella vert vraka.

Når hella er ferdig kløyvd, kan ho formast til hoggen helle. Då størar han hella mot foten att, held slegga bak steinen og slår med baksida av øksa bortetter kanten han skal ha vekk.

Tekking med heller

Då me sist arbeidde med dokumentasjon av helletak i 1999, lukkast det oss å få snakka med noen informantar som sjølv har vore med og lagt helletak på gamlemåten, har reparert slike tak, eller kjent til metoden av andre grunnar. Me har van-

dra i Vigatunet saman med Sven Randa, og på Randa saman med Gudmund Slåtten, og me har intervjua Kristen Jørmeland, som vel var ein av dei siste som hadde kunnskapen i levande tradisjon.

Dei hellelagde taka me kjerner til er sperretak, eller sperretak på bjødnar (åsar), der sperra ligg med 90–100 cm avstand.



Eldhuset på Randa. Bnr.3



Sperra på Viganaustet blei skifta i 1989. Hellene blei tatt ned og lagt oppatt nøyaktig slik dei låg.

Stovehuset, eldhuset og Sisselastova i Viga har sua undertak med strø som hellene er festa i. Kristen Jørneland hadde skifta fleire stovetak i Hjelmeland der undertaket var sua. På Randa finn me undertak av ståande over- og underliggende ukanta bord. Med slike undertak får hellene ein vernefunksjon. Me ser og at det i stovehusa i Viga er kledd med bord under sutaket i dei romma som skal tena til opphold.

På lører og andre uthus er troet, eller sutaksborda, som dei seier i dette området, lagt med omlag 5 1/4" x 6" liggande bord. Sutaksborda er av flaskskorne, ikkje justerte bord, skore på oppgongsag. Borda skulle vera av godt adla furu. Det var ikkje uvanleg at borda heldt seg så pass at dei vart nytta oppatt der som bygningen vart flytta. Sutaket vart lagt med innsida opp, og nagla til sperra. Størrelsen på hellene avgjorde avstanden mellom strø eller sutaksbord. Var det store heller, la ein inn eit ekstra bord.

Hellene vart sorterte så ein fekk dei finaste og jamnaste på framsida av huset. Første rasta vart lagt med dei største hellene, og ein starta gjerne med ei god, stor helle som kunne gå over to sutaksbord. Hellene vart lagt sidelangs med overlapp. Plasseringa av huset, og omsyn til vind og trekk, bestemte retninga på hellene.

Hellene vart festa med nagle gjennom hol i øvste kant av hella, og ned i sutaksbordet. Hola blei hogde med bor og sleggje. Boret var ei åttekanta jernstong som var kvesst i eine



Sperretak med sutaksbord og heller.



Hellene er festa med trenagle.

enden. Ein slo med sleggja på boret, samtidig som ein vred på bordet. Til nagle brukte ein furu med adel, gjerne spik. Han var firkanta, skava av i kantane og smalna (speta) sånn passe. Han skulle fylla heile holet. Naglen vart slått i, og kappa over hella.

Hellene vart ikkje hogde eller forma på. Ved legging av hellene var det om å gjera å få ein fin, bein kant nede. Var det to beine sider, la ein dei slik at dei viste. Hellene måtte ikkje ha gongar, eller spor som kunne leda vatnet inn under taket. Dette var særleg viktig over nagleholet. Ein kunne hogga hakk i sporet for å leia vatnet vekk. Var sporet for stort, måtte ein



Naust i Vigavågen med hogde heller.



Baksida av loa i Viga med villheller.

hiva heile hella. Neste rasta med heller vart lagt med same retning, og med overlapp over holet på hella nedanfor. Hellene i andre rasta var mindre enn dei nedanfor, og vart vidare mindre for kvar rast. Utfordringa låg i å få hellene til å ligga støtt, og ikkje leda vatn innunder.

Mønet kunne sluttast av ved at hellene frå eine sida av taket stakk litt utføre stuven på hellene på andre sida. Det har og vore mykje brukt å legga ein kjøl av bly eller sink, eller det vart lagt mørnesteinar av tegl.

Eit villhelletak kunne leggast med heller som ikkje var forma i det heile. På finare tak, eller den sida av taket som vendte mot vegen, brukte ein gjerne hogne heller. Prinsippet for legginga var likevel den same.

Helletaket gav eit kaldt tak. Det var og ei stor utfordring å få det tett. Sov ein på lemmen i hus med helletak, måtte ein rekna med å vakna med snø i senga.



Reparasjon av helletak med ståltrå.

Vøling av helletak

Det er festet som ryk på helletaket. Slik sett var ei trenagle meir haldbar enn smidd spiker. I vårt klima vil ein jernspiker rusta lenge før ein nagle av godt adla virke ville rotna. Når festet ryk, må ein til å ta ned hellene fram til den skadde naglen. Men ein kan og lura det til og fiksa på skaden ved å lirkha hella på plass og festa ho med ståltråd. Stålträden festar ein til nagleholet dersom det er muleg, eller ein slår träden rundt hella, heng ho opp og festar ho til eit sutaksbord over.

Utfordringar i Viga

Ryfylkemuseet har ei flott samling av helletak i Viga, men og ei stor utfordring. Taka er tunge. Over tid ser me no at bygningskonstruksjonane er i ferd med å bryta saman. Særleg gjeld det løa. Her er det ikkje nok å jekka opp og lirkha på plass.



Helletaka i Viga byr på store utfordringar.

Heile taket må av for å retta på stavkonstruksjonen. Det vil seia at taket må leggast på ny.

I den samanhengen vil me nytta høvet til å henta fram det som endå måtte finnast av lokalt tradisjonshandverk på helletekking, og intervjua mulege informantar. Det ønskjelege er å få tak i tradisjonsberarar, det vil sei handverkarar som er beraar av ein tradisjon som har vore overført gjennom arbeid. Handlingsboren kunnskap, kallar me det i dag, eller immateriell kulturarv. Me ønskjer å få tradisjonsberarar på helletekking

med oss i arbeid, saman med våre museumshandverkarar og andre som ønskjer å læra seg kunsten. Ein kan ikkje lesa seg til eit handverk, det må lærast gjennom praktisk arbeid. Arbeidsprosessen vil me dokumentera med foto og notat. På denne måten får me reparert løa og lagt eit nytt helletak. Like viktig er det at me får endå betre kunnskap om lokal helletekking, og at me får formidla denne vidare til yngre kreftar. Dette er ei føresetnad for å kunne halda helletaka vedlike i framtida.



Jan Bjørnstad og Lars Randa brukar drill for å laga naglehol.



Det blei lagt hogne heller på naustet på Børøy, festa med galvanisert spiker. Prinsippet for legginga var likevel det tradisjonelle.



Det nye naustet på Børøy har eit flott moderne arkitektonisk uttrykk sjølv om det er brukt lokale materialar og gamle handverksteknikkar.

Hellebak i moderne tid

Den lokale helletekkinga er ein viktig del av kulturlandskapet. Det er lokale materialar som er tatt i bruk og tilpassa lokale klimaforhold. Eit slikt hellebak er vakkert. Det er det og moderne arkitektar som har sett. Stavangerarkitekten Helge Schjelderup er arkitekten bak eit nybygd naust på Børøy, reist i den gamle stavkonstruksjonen, med veggar av stein og hellebak i år 2000. Lars Randa og Jan Bjørnstad sto for steinarbeidet og helletekkinga. Ved sida av å vera handverkarar med auge for stein, har dei henta kunnskapen sin hjå mellom anna hjå Kristen Jørmeland. Me fekk vera med ein dag og dokumentera arbeidsprosessen. Dei hadde god materialtilgong frå steinbrotet på Randa, og hogg hellene til rektagulære heller. Det blei nytta moderne hjelpemidlar til boring av naglehol, og hellene blei festa til sutaket med galvanisert spiker. Utover det, blei taket lagt på tradisjonell måte. Resultatet blei eit flott stadt tilpassa naust som gjerne kan stå som eit bilet på korleis den lokale helletradisjonen kan nyttast i framtida.

Grete Holmboe (58) er leiar for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Ho har vore knytt til museet gjennom prosjektarbeid sidan 1995, og blei tilsett i fast stilling som antikvar i 2002. Ho har lang praksis frå tidlegare arbeid med rehabiliterings- og restaureringsprosjekt.

Informantar:

Sven Randa, intervju 1999

Kristen Jørmeland, intervju 1999

Lars Randa, intervju og demonstrasjon i steinbrot, 1999

Gudmund Slåtten, intervju 1999

Torstein Vika, intervju 1999

Dokumentasjon av tekking med heller:

Lars Randa og Jan Bjørnstad, nytt naust på Børøy

Referanseobjekt:

Bygningane i Viga og Randa

Litteratur:

Arne Berg: Skifertekking og skiferkledning, Norske Fortidsforeningen, Årbok 1945

Jon Bersåker: Glytt frå det gamle gardsmiljøet på Vika. Frå bygd og by i Rogaland 1970.

Trygve Brandal: Hjelmeland Bygdesoge. Bind II

Trygve Brandal: Gards- og ættesoge for Hjelmeland, bind II

Johanne Margrethe Dahl, Gruver og skjerp i Rogaland, STF årbok 1980

Grete Holmboe: Prosjekt bygningsvern i Ryfylke. Rapport nr. 1. Bygging med stein.1996

Grete Holmboe: Prosjekt bygningsvern i Ryfylke. Rapport nr. 5. Taktekking. 1999



Vigatunet med hagen 1952. Foto: Finn Johannessen. Utlånt av Øyvind Tjølsen.

Myten om Vigavågen og Hjelmeland i Sigbjørn Obstfelders hjerte

Av Martin Nag

I STEDET FOR ET FORORD: MYTEN OM VIGATUNET...

I myte-boken «Solidaritet» (2004) bringer jeg et bilde (av Vigatunet) og denne teksten:

«**MYTEN OM KIRSEBÆRHAGEN I HJELMELAND...**
Se, dette tun! – Vigatunet i Hjelmeland, en kvintessens av Ryfylkekultur; smak av eple og kirsebær; av Tsjekhov og Obstfelder: Myte! ... Ja! – nede ved sjøen, for enden av Sjoarvegen i Vigavågen, bodde Obstfelders farfar, militærlegen, og her er faren født... Og hit valfartet far og sønn i 1884, da Sigbjørn var 18 år: Myte! ... Vigatunet? – et herresete, midt i Ryfylke; verdt en herskapelig visitt, en kulturvernet plett, som Hjelmeland tar godt vare på, – med miljøkonsulent Åse T. Jensen som driftig leder!»

OVERTURE: MYTEN OM VIGAVÅGEN I OBSTFELDERS HJERTE...

Hvorfor var – eller ble – Hjelmeland i Ryfylke en magisk egn for Sigbjørn Obstfelder (1866–1900)? ... Jeg tror det har med to fundamentale forhold å gjøre: 1) Her var faren, Herman Obstfelder (1828–1906) født; og Sigbjørn hadde et eksistensielt behov for å underlegge seg åndelig sin fars «rom» – i vid mening... 2) I Hjelmeland opplevde Obstfelder den første forelskelse, – vakre Ryfylke-Ellen Ådnesen (1867–1953) ble «en pæl i kjødet» på ham, eller som han så inntrengende formuleret det: Ellen ble «kvindeideen i min hånd», altså: urbildet på det evig kvinnelige, som dro ham til seg – og dro ham til Hjelmeland: En livsviktig impuls av skjønnhet!



På reportasjetur i Hjelmeland en sommerdag 1980. Fra venstre: Morten Helliesen, journalist og fotograf i «Rogalands Avis», Emil Koksvik, Marion Berntzen Koksvik, Åse Nøkling og Andreas Helliesen. I bakgrunnen – Hjelmelandsvågen med Sæbø-gardene.



Fra klokker-hagen i Hjelmeland, der Obstfelder ofte har sittet og grublet, diktet og drømt. Utsikt mot Hjelmebandsvågen og Mula, - neset der Jøsenfjorden begynner.



Fra klokker-hagen i Hjelmeland, på eiendommen til Alv Birkeland, 83-åringen til høyre i bildet.

MYTEN OM HJELMELAND I DR. OBSTFELDERS HJERTE...

Sigbjørn Obstfelder (1866–1900), – den store dikter – var sterkt og stolt (!) opptatt av sin slekts-bakgrunn i Hjelmeland, dit farfaren, den tyske militærlegen Johan Gottfried Obstfelder (1787–1837), ankom i 1822, 35 år gammel... Johannes Arneson skriver:

«Dr. Obstfelder fekk Vigavågen lengst ute i Hjelmeland. Det var ein liten gard, i grunnen ein husmannsplass under Viga litt lenger opp»...

Ja! – ikke bare i «i grunnen»: Obstfelder-familien bodde hos fisker Josef Johannesen, «Fisker, blind paa ene øie», i «Wigewaagen», eller på «Wigaflaadene»... Dr. Obstfelder, gift med Berte Andersdatter Kvaløy (1796–1974), hadde fire barn, tre gutter og en pike... Da dr. Obstfelder døde, bodde enken og barna ennå i fem år i Vigavågen; før familien brøt opp i 1842 og dro til Stavanger... Jeg vil sitere meg selv – i



Fra klokker-hagen i Hjelmeland. Marion Berntzen Koksvik holder i hånden et maleri (ukjent maler) av «det naturlige lysthus», som Obstfelder skriver om i en av sine skisser. Videre: Emil Koksvik og Andreas Helliesen.

boken «Sigbjørn Obstfelders øyeblikksbilder fra Hjelmeland, Strand og Stavanger» (1982); konkret dokumentasjon:

«Ennå i dag finnes det er stykke på åkeren i Vigavågen som heter «Doktor-hagjen», til minne om dr. Obstfelder. «Doktor-hagjen» ligger på sletten ved Sjoar-vegen (Veien til sjøen). Dette forteller – en sommerdag 1981 – Johannes Thorsen, som eier en rød hytte på oppsiden av Sjoar-vegen, med utsikt over «Doktor-hagjen». Like ved ligger også den såkalte «Brita-hagjen» oppkalt etter moren til den gamle, kjente notbasen Mikal Viga». (s. 9)

I min Obstfelder-biografi (1996) skriver jeg om militærlege Obstfelder, sammenfattende, – fra tysk til norsk romantikk:

«Doktor-hagjen» heter ennå den teig i tilværelsen, doktor Obstfelder bebodde i 21 år... Så å si i sentrum av Norsk Romantikk, – ansikt til ansikt – ikke med Hardanger– men Ryfylke-fjorden!» (s. 20)

MYTE OM EN MAGISK REISE TIL VIGAVÅGEN, ANNO 1884...

Om morgen den 26. september 1884 møtte den 18-årige Sigbjørn Obstfelder for første gang Hjelmeland som «rom» omkring far Herman Obstfelder, som nå var 56 år gammel: Far og sønn møter Hjelmeland og Vigavågen ovenfra, så å si i fugleperspektiv denne vakre september-morgen... Det er især høy tid for far Herman; han har ikke vært her siden oktober 1842, da han 14 ½ år gammel – flyttet til Stavanger sammen med familien: Nostalgi etter Vigavågen – hele 42 år etter fraflyttingen! ... Ja, i høy grad – høy tid! ... En hildring, nesten et Fata Morgana i Hjelmeland/Vigavågen: «Fjorden med alle Øerne, alle gamle, kjendte Stederne for min Fader, som var ganske lykkelig»... Ja! – Sigbjørn lar seg smitte av den lykkelige far Herman, og gir et prosadikt i miniatur fra myte-møtet med Hjelmeland... Far og sønn kommer fra Strand, der de har valfartet til mor Bertha Obstfelders grav på Strand kirkegård; hun døde i 1880... Og far og sønn har fått båtskyss – først over Bjørheimsvatnet, så over Tysdalsvatnet... Og de har overnattet på Byrkja, fordi de ikke fikk nattelosji på Ingvaldstad... Og nå prosadiktet Hjelmeland:

«Det gik saa videre nedover forbi Espelandsvandet, et smukt Tjern med Nøkkeroser – længer nede et Skiferbrud,



Utsikt mot fjorden fra klokker-hagen i Hjelmeland – med lars herligsk Ryfylke-stemning, lavmålt gåtefull. Her likte Sigbjørn Obstfelder å sitte og se utover.

Fjorden med alle Øerne utenfor, alle gamle, kjendte Stederne for min Fader, som var ganske lykkelig»...

Et impresjonistisk inspirert dikt til Hjelmeland «rom»!

PS: Dette er hva Obstfelder «sier», i en skisse, skrevet kort etter begivenhetene... Obstfelder er antydningens kunstner, fremfor noen; for ham er det ikke alltid nødvendig å brette ut, tydeliggjøre... Men indirekte sier Obstfelder også dette: Den lykkelige far Herman 56 år gammel, tok den 18-årige sonnen med seg – og valfartet til Vigavågen, det nesten hellige sted, hans fødested; om aftenen den 26. september 1884... Megetsgende magisk er avslutningssetningen på prosadiktet om Hjelmeland: «Det var første Gang, jeg var paa Hjelmeland, men blev ikke sidste»: Nesten en folkevise, dette!

MYTEN OM ÅNELIG «ROM» OMKRING JACOB ÅDNESEN...

I min store Obstfelder-biografi (1996, 328 s.) har jeg også en rekke kapitler om Obstfelder-familien i Hjelmeland; bl.a. «Omkring Johannes Arneson, – Obstfelders beste ungdomsvenn?» (s. 63–65) ... Her dokumenterer jeg en egentlig sensasjonell ting: at den 21-årige Jacob Ådnesen var aktiv Thranitter! – han står i 1851 oppført på medlemslisten (nr. 10) i «Høilands Arbeiderforening»; han er oppført som «Skoleholder»... Leder av den dynamiske «Høilands Arbeiderforening» var en eldre bror av Jacob, – nemlig «Huusmand» Torkel Aadnesen Haabet», «Pladset Haabet under Høilands Præstegaard»... Torkel Haabeth, bror av Jacob Ådnesen, var utsending til «Lillethinget» – Thranittenes «Storthing» i juni 1851... Og da Thrane ble arrestert (7/7–1851) kom også Torkel Haabeth i søkelyset, men unngikk arrestasjon – så vidt... Undres om ikke også 21-årige Jacob Ådnesen har følt at han var «i faresonen»? ... Mon han ikke søkte til Hjelmeland nå, for å komme til et sikrere sted, nesten til et «eksil», spørkefullt sagt? ... Bakgrunnen for disse ukjente fakta i Det skjulte Rogaland har jeg lagt frem dokumentarisk kommenterende i boken: «Nytt lys over Thranitter-bevegelsen i Stavanger,

Høyland og Voss» (1986) ... Spissformulert: Den unge lærer og klokker Jacob Ådnesen, – Sigmund Obstfelders vrtskap i Hjelmeland, og far til bestevennen Johannes og hans elskede Ellen, – hadde virkelig vært i episentrum av norsk historie anno 1851, det forunderlige år, som rystet Norge (sml. også Ibsen, Hertevig o.a.)...

PS: Jacob Ådnesens bror, Torkel Haabeth, forfattet et sensasjonelt manifest (se min ovenfor nevnte bok, s. 74–79), der det bl.a. heter: «Den Kamp som føres, angaaer os Alle uden Undtagelse, saa mange som henhøre til den undertrykte Klasse i Samfundet», revoltering i ånd...

MYTEN OM HJELMELAND I OBSTFELDERS HJERTE...

I min store Obstfelder-biografi har jeg – foruten kapitlet om Johannes Arneson og hans krets, – følgende kapitler med stoff, for det mest nytt stoff, med tilknytning til Hjelmeland: «Militærlege Obstfelder, – et «mysterium» i Ryfylke?» (s. 20–21); «Solidaritet i Hjelmeland 1838?» (s. 21–22); «Portrett av farmor Berthe Obstfelder, – sterkt kvinne i «noget nedbrudt Tilstand»» (s. 22–23); «Far og sønn, – et dobbelportrett: «Jeg! En Haandværkers Søn!» (s. 27–29; her gir jeg et portrett av far

Herman Frederik – «født i naturvare Hjelmelandsvågen», – «han glemte aldri Hjelmeland, – «Det tapte paradis»; Hjelmeland i Obstfelders hjerte» (s. 35); «Ellen fra Hjelmeland, – «a Norwegian Beauty»» (s. 36); «Brevet til Anna Ådnesen, - i ly av et kyss som lå og ventet i Hjelmeland» (s. 41–43);



Bakpå originalen av dette fotografi har Johannes Arneson skrevet:
«Noko av Hjelmelandsvågen og Hjelmen.
Sande i skuggen innunder Sandsåsen,
men ein kan ikkje sjå husa frå Sæbo der
eg tok bilætet. Dei to kvite hustaka langt
ute er frå Paula sin heim. Det myrkare
t.h. er Tilla L. sin. Me ser lite av husa i
Vågen for frukttrær. – Teke 1925»

«Eg gløymer alt av glede, naturglede»: Omkring Obstfelder som nynorsk-dikter» (s. 65–67: «To dikt til Ellen Ådnesen, – Obstfelders urkvinnebilde?» (s. 90–92); «Kameratkvinnen Ådel Gjøstein, – substitutt for Ellen Ådnesen?» (s. 92–97); «Længsel efter de blaa Ryfylkefjelde: Vilhelm Krag om vennen Obstfelder» (s. 102–103); «Træk og farver til kvindeideen i min ånd», - Ellen Ådnesen fra Hjelmeland i Ryfylke» (186–189); «Novelletten «Liv» i lys av Ryfylke-Ellen og mor Serine» (s. 191–193); «Ellen Ådnesen i novelletten «Sletten»» (s. 207–208); «Kort-romanen «Korset», - avholdenhetspris» (s. 225–226; også om Ellen Ådnesen); «Proverbet «Om våren» – og «Lyse Nætter»: «Jeg trode ikke, jeg var ren nok»» (234–235; også om Ellen her): «Valfart og pilegrimsferd: «En forfærdelig overdrivelse om vor fjeldtur» (s. 252–255; en avdramatisering av den legendariske fjellturen til Årdal/Hjelmeland i 1899); «Farmor tok sig av hans første Oppdragelse»: Otto Luihn intervjuer Bertha Obstfelder» (s. 287–290); om Bertha fra Hjelmeland... Også i «Tidstavle»

(s. 296–307) er Obstfelders tilknytning til Hjelmeland redegjort for i kronologisk-biografisk rekkefølge...

På side 308 bringer jeg det vakre foto av Ellen Ådnesen, som jeg fikk låne av sønnen Alv

(Martin Nag: «Øyeblikksbilder», 1982, s. 154).

I artikkelen «Lysets dikter. Om den sosiale kvekerdom hos Sigbjørn Obstfelder», i «Årbok 1996. Arbeidernes Historielag i Rogaland» (s. 25–62), skriver jeg i en

bildetekst bl.a.: «Dette er Ellen Ådnesen (1867–1953), ca. 17 år gammel, slik hun så ut, da Obstfelder møtte henne i Hjelmeland sommeren 1884; urkvinnen, drømmekvinnen i hans liv; med avglans i seg også av mor Serine... Og slående lik kvinnen han giftet seg med seksten år senere, i 1898: Ingeborg Weeke fra København! ... Madonna, – uoppnåelig, hellig, rafaelsk, som på et «ikon»...



Birkeland (1896–1983), under en studie-valfart til Obstfelders egn i Hjelmeland, anno 1980!

Myten om Hjelmeland i Obstfelders hjerte...

PS: Etter Farens død fikk den 10-årige Herman Obstfelder i 1838 en «Værge» på Askvik, nabogården til Vigavågen, bonde Siur Olsen Fosaaen, fra Fosså ved Jøsenfjorden; solidaritet med enkefrau Berta?

MYTEN OM ET OBSTFELDER-»BRYLLUP» – UTEN BRYLLUP...

Søndag den 14. august 1890 satt den 24-årige Sigbjørn Obstfelder på Hjelmeland brygge, litt diskret til side; og ventet på at «Kirkebåden» skulle komme fra Fogn, via Vigavågen og Pundsnes; for å frakte brudgommen, Knut Birkeland (1860–1895), – lærer på Fogn, og hans følge til Hjelmeland og bruden der, – Ryfylke-skjønnheten og klokker-datteren, Ellen Ådnesen (1867–1953)... Obstfelder skriver: «Kirkebåden kommer, kommer, er der, om næsset, fosser, er ved bryggen»... Legg merke til den impresjonistiske film-teknikk, – med kameraøyet følger



Bilde-tekt – hentet fra «Øyeblikksbilder», 1982, s. 157:

«Bildet må være tatt ca. 1912–1913. Fra venstre – 44-årige Ellen (Eli) Torvik; Sønnen Egil Torvik (f. 1910), i dag lektor ved Kongsgård skole i Stavanger; 16-årige Alv Birkeland og endelig husfaren, herr Torvik, Ellens (Elis) 2. ektemann. (Hennes første ektemann, lærer Birkeland, døde tidlig).

Sigbjørn, hektisk og heftig, «Kirkebåden», som rommer «rivalen» Knut (billedlig talt)... Men Sigbjørn har nok tenkt seg (om ikke mer) inn i rollen som «brudgom»; ikke for ingenting skriver han, mildt avledende og vill-ledende: I disse dage står hun brud, hun, som gav mig de første træk og farver til kvinneideen i min ånd»... Sterke ord, dette! – hva innhold angår; og artistisk velberegnende: Ikke: i dag står hun brud, men «i disse dage står hun brud»... Dokumentasjon! – uten direkte «dokumentasjon», i dårlig mening... For det personlige er gjennomlevd, adlet til kunst! (Se «Myten om brudeferden i Hjelmeland», i min bok «Trojka!» – 2002 – s. 142-143)...

Så rart – Sigbjørn så å si krysset spor, via denne valfart til Hjelmeland: I 1984 hadde han fulgt far Herman, underveis til Vigavågen, fødestedet... Og nå, anno 1890, gikk Sigbjørn i sine egne spor, - en eiendommelig valfart til «kvinneideen i min ånd», så å si et «bryllup» (symbolsk sett) – uten bryllup: Myte!

MYTEN OM «DET LAVE HUS» UNDER HØY HIMMEL I HJELMELAND...

Den 14. august 1890 må Obstfelder ha overnattet hos klokkerfamilien, Jacob Ånesen (1830–1919) og hustru Hanna Ånesen (1841–1922), – foreldrene ikke bare til bruden, Ellen Ånesen, men også til Johannes Arneson (1865–1967), – Sigbjørns kanskje beste venn; han hadde overnattet hos klokkefamilien ved fem tidligere besøk i Hjelmeland... Og han hadde også gitt denne nester klassiske karakteristikk av klokkerhuset: «Bag os lå det lave hus, under hvis tag der boede en familie, der arbejdede for at leve efter det kristne livs målestok»... En verdig, kjærlig og ikke minst respektfull skildring av «det lave hus» med høye vyer og høy himmel over seg... (Se «Myten om Sigbjørn Obstfelder i Hjelmeland», i min bok «Trojka», 2002, s. 144, og Myten om «Det hvite hus» i Hjelmeland, i samme bok, s. 143...) Se dessuten Myten om «Obstfelder-huset» i Hjelmeland, i min bok, «Solidaritet», 2004, s. 49)...

Sigbjørn Obstfelder tilhører verdenslitteraturen, og det vil ikke være ubeskjedent og unrealistisk, hvis entusiaster i Hjelmeland, f.eks. under ledelse av Ryfylkemuseet i Sand, tar et initiativ og lager en minneplate som markering på eller ved «det lave hus» med de høye mål og med nedslag i norsk litteratur; f.eks. med en ordlyd, a la denne: «Den kjente norske forfatter Sigbjørn Obstfelder besøkte dette hus seks ganger hos klokke-familien Jacob Ånesen, som nær venn av sonnen

Johannes og døtrene Ellen og Anna... Obstfelder var også nært knyttet til Hjelmeland, via slekt: Hans far, Herman, var født i Vigavågen: Hjelmeland i Obstfelders hjerte... Minne-plate, reist av Obstfelder-venner, i beundring»: Myte!

MYTE OM EN EKSISTENSIELL EGN FOR SLEKTNEN OBSTFELDER...

Jeg har i mange år hatt et skapende samarbeid med Åse T. Jensen, miljø-konsulent i Hjelmeland kommune, – om Obstfelderiana i Hjelmeland... En gang berømmet jeg noe hun hadde skrevet om Vigatunet, - «Ode til Vigatunet», kalte jeg det (i brev 27/9-1992), og presiserte: «For meg var topp-punktet dette: «Tuntreet, ein over 80 år gammal blodbok, veks i skiljet mellom frukthagen og tunet... 'Mektig er han og fargerik der han lar solstrålane leika i krona»... I samme brev fremhevet jeg også hva Åse Jensen skrev om Vigatunet i Hjelmeland: «Nedanum folgehushuset mot ånå, er «Doktorhaien». Her budde ein feltskjær, dvs. ein militær-lege. Sonen hans, som var fødd her, vart far til forfattaren, Sigbjørn Obstfelder»... Deretter sitter jeg Obstfelders kjærlighetserklaering til Vigavågen i 1884, og avslutter – for femten år siden nå:

«Ven, ven er denne skildringen, den 56-årige faren Herman Fredrik, – møter «Doktorhaien», 42 år senere; sug!

Hva – om du laget en plakat, Åse, med denne «tekst» på, som et blikkfang i Vigatunet? ... Obstfelder på Hjelmeland, – tema for et «Obstfelder-værelse» i Vigatunet!»

Så rart – å skrive denne artikkel for «Folk i Ryfylke», – en oppfølging og utdyping av det nevnte brev – med andre midler: Synliggjoring av en eksistensiell egn for slekten Obstfelder!



Hjelmeland, sommeren 1980. Alv Birkeland og jeg studerer det vakre bildet av mor Ellen, – «a norwegian beauty», som Sigbjørn kalte henne... (Foto: Morten Helliesen)

KONKLUSJON: Obstfelder hadde et nært, magisk forhold til Hjelmeland, her hadde han røtter... Far Herman var vokst opp her; og Sigbjørn planla endog å skrive en roman om far Herman, - så spennende og motsetningsfull var hans lagnad... Og farfaren, dr. Obstfelder fra Tyskland? – også en fascinerende skikkelse, som utfordret dikter-fantasien... Og for ikke å snakke om farmor Berta, - den sterke kvinne som i mangt og meget var en mor nr. 2 for Sigbjørn i barndommen... Og ikke minst – myte-møtene med Ellen Ådnesen, – selve «kvinneideen i min ånd», intet mindre... Jo! – i flere plan ble Hjelmeland for Obstfelder en konkyylie, – en klangbunn av liv, av norsk natur og lynne, ja, endog av Norge i Obstfelders hjerte: Myte! (Mandag, 11/6-07, kl. 19.00)

Martin Nag (80) er statsstipendiat og er busett i Oslo. Han har skrive ei rekke artiklar og bøker om folk i Ryfylke, sist «Under forvandlingens lov! Nye myter!», Kveldsbeleika forlag 2007.

LITTERATURLISTE

Her følger en bibliografi i ti ledd, over temaet: Obstfelder og Hjelmeland, nedfelt i min forskning 1980–2007...

- 1) «Om Obstfelder og Hjelmeland», «Stavanger Aftenblad», 22.–23/8-1980...
- 2) «Sigbjørn Obstfelders øyeblikksbilder fra Hjelmeland, Strand og Stavanger», 170 s. Solum Forlag, Oslo 1982.
- 3) «Da Obstfelder ikke var i livsfare anno 1899, et oppgjør med en hardnakket mytedannelse», i «Konklomerat», essays, Solum Forlag, Oslo 1992, s. 55–70.
- 4) «Sigbjørn Obstfelder: Uro og Skaperkart. En biografi», 328 s. Solum Forlag, Oslo 1996.
- 5) «Lysets dikter: Om den sosiale kvekerdom hos Sigbjørn Obstfelder», i «Årbok 1996. Arbeidernes historielag i Stavanger»; s. 25–63.
- 6) «Veien til Kveldsbel-Eli fra Hjelmeland, eller Obstfelders «erotiske» reise gjennom Strand!» i: «År-ringer. En forfatters dagbok», Jørpeland 1997, pri-vattrykk, opplag 100, s. 25-30... Foredrag, holdt i Grimsli «aula», søndag 3/8-1997; gjenopptrykt i «Det menneskelige ansvar», Stavanger 2005, s. 374–377.
- 7) «Obstfelder-myter», i «Trojka!» Martin Nags Kveldsbel-eika Forlag, Stavanger 2002, s. 141–146, bl.a. om «brudeferden» og «det lave hus»...
- 8) Obstfelder-stoff i «Synliggjøring», Martin Nags Kveldsbel-eika forlag, Stavanger 2003, s. 105–106; om Ellen i proverbet «Våren»!
- 9) Obstfelder-stoff i «Solidaritet», Martin Nags Kveldsbel-eika forlag, Stavanger 2004, s. 48–51, bl.a. om «Obstfelder»-huset... i Hjelmeland...
- 10) Stoff om Obstfelder i Hjelmeland i «Det menneskelige ansvar», Martin Nags Kveldsbel-eika Forlag, Stavanger 2005, s. 125: Myte!



Sprøyting av frukttrær på Skår på Ombo ein gong i 1930-åra. Sprøyta og tønna med sprøytevæske står på ein hestaslede. Det er Jone Skaar som sprøyter og Magne Skaar som pumper opp trykket. Frå Ryfylkemuseet sitt fotoarkiv.

Frukt- og bærldyrking i Hjelmeland

Av Trygve Brandal

Hjelmeland har i generasjonar vore den største fruktkommunen i Ryfylke. Opptakten vart gjort på 1800-talet, og veksten heldt fram i åra etter 1900 og gjennom mellomkrigstida. Dei første etterkrigsåra var likevel glansperioden for næringa. Gode avlingar, stor etterspurnad og gode prisar gav godt økonomisk utbytte. Plomma spelte størst rolle, Hjelmeland var den fremste plommekommunen i landet. Og lenge var bærldyrkinga mest like viktig som fruktdyrkinga. I denne artikkelen skal vi følgja hovudtrekka i utviklinga av næringa, fram til notidas spesialiserte fruktbruk med nye fruktsortar i tettplanta hagar.

TIDA FRAM TIL 1920

Embetsmennene var gjerne føregangsmenn innan jordbruks- og hagebruk i sine lokalsamfunn. Så også i Hjelmeland. I opplysningsperioda var det ei motesak mellom storfolk å ha ein vakker hage. Det første vi veit om hagebruk på våre kantar, er hagen til sorenskrivar Barth i Knutsvik på Jøsneset. Han skal ha vore på 18 996 kvadratalen i 1760-åra, som tilsvavar 7,5 mål. Her var det eple-, pære- og plommetre så vel som bærbuskar og prydbuskar.¹ Men også vanlege bønder kunne ha frukttrær og bærbuskar. På slutten av 1700-talet delte Stavanger Amts Landhusholdningsselskap ut fleire premiar til kjøkken- og frukthagar i Hjelmeland.²

Eit vitnemål om at Hjelmeland var plassert på kartet når det galdt hagebruk i fylket, får vi i 1829. Då kom det eit tilbod frå Norges Vel om at ein ung bondegut kunne få opplæring i hagebruk ved å ta to års teneste hos ein handelsgartner ved Kristiania. Landshusholdningsselskapet rådde til at ein gut frå Hjelmeland måtte få denne opplæringa, fordi «Hjelmelands Beliggenhet gjør det særlig skikket for Havebruget.» Eit «subject» skal også ha blitt sendt, men vi veit ikkje korleis det sidan gjekk med han.

Hjelmelands Sokneselskap, som var i verksemd frå 1830 til 1841 og hadde framhjelp av jordbruksnæringa på program-

met, var også opptekne av hagebruket. På spørsmål frå sentralt hald i 1833 om det var «nogen urtegaardskyndig Mand i Sognet, der kan fremme Haugedyrkningen», vart det svara: «Ingen, der just har været i Gartnerlære, men nogle af Bondestanden forstaae dog at pode og behandle Frugtrær. Dog er Haugevæsenet her kun i meget ubetydelig Drift.»³

At det ikkje berre var embetsmennene som hadde syn for hagebruket, er husmannen Bjørn Trælsholmen på Fister eit døme på.⁴ Han var ein føregangsmann i si bygd. Frå 1850-talet begynte ein annan føregangsmann, offiser Conrad Weisenberg i Knutsvik, å arbeida aktivt for fruktdyrking. Saman med sokneprest Thaulow, etterfylgjaren sokneprest Hofgaard og lensmann Siqveland tinga han frukttrær og bærbuskar frå Hamburg og gjorde mykje for å vekkja folk til syn for fruktavl og hagestell. Weisenberg skal også ha vore den første som i større omfang begynte med sal av frukt frå hagen sin.

Desse føregangsmennene sin innsats bar frukter, bokstavelig tala. I siste halvdel av 1800-talet tok hagebruket seg opp. For femåret 1866-1870 opplyser lensmannen at hagedyrkinga var ubetydeleg⁵, men i 1907 var det 270 mål med frukthage og vel 11 000 frukttrær i Hjelmeland.⁶ Bærldyrkinga betydde likevel mest for salsproduksjonen på denne tida. På 1870-talet vart det selt heile 500 tonner solbær, stikkelsbær og rips, 50 tonner tytebær og «nogle» tonner eple og pære. Dette innbringa årleg 2100 kroner.⁷ Av seinare beretningar går det fram at næringa møtte ein del motbør. Truleg skuldast dette begynnarsvansk med uheldige sortar og liknande. På 1890-talet var fruktdyrkinga igjen i framgang, og ved hundreårsskifte var næringa av «megen betydning».

Ein føregangsmann som også bør nemnast var gardbrukar Kristen Selvaag på Sande. Etter at han tok over garden i 1872, sette han i gang med planting i stor stil av både frukttrær og bærbuskar.

Frå først av var det mest epletre det vart satsa på. Men det syntet seg at verlaget høvdde mindre godt for dei sortane som

dei hadde då. Difor gjekk mange over til pæredyrking. Rundt 1900 vart det planta fleire etter måten store pærehagar, t.d. på Skår, Sæbø, Skiftun og Eiane. Amtsgartnaren – den stillinga vart oppretta i 1903 – rådde og til dette, og etter kvart vart pæra dominante i fruktdyrkinga i midtre Ryfylke. Samtidig med denne overgangen til pære var også plommedyrkinga i framgang.

Tidlegare hadde fruktdyrkinga si stilling som attåtnæring vorte tydeleg markert ved at trea vart planta på «utskjegler» på gardane, på därleg jord som ikkje kunne brukast til så mykje anna. Den nyplantinga som ein fekk rundt 1900 representerte noko nytt både ved storleiken på plantingane og ved at dei tok god innmarksjord til fruktdyrking. Mange reagerte når dei såg folk som tok beste bøen til frukt.

Fleire teitjingar frå første del av 1900-talet gir opplysningar om fruktnæringa. Jordbrukseljinga frå 1907 gir dei høgaste tala. Då var det vel 11 000 frukttrær i Hjelmeland, knapt 4000 i Fister og vel 4000 i Årdal, til saman nesten 19 000 tre. Desse



På den store jubileumsutstillinga i Kristiania i 1914 var det fleire deltakarar frå Hjelmeland. Olav Sæbø var mellom dei som fekk diplom på utstillinga. Han fekk sølvmedalje i særutstilling for bær i emballasje. Reisa til hovudstaden føregjekk med rutebåt til Stavanger, nattruta til Bergen og tog frå Bergen til Oslo. Frå Hjelmeland bygdemuseum si samling.

la beslag på 270 mål av jordbruksarealet i Hjelmeland og om lag det doble om vi også reknar med Fister og Årdal. Hjelmeland hadde etablert seg som den leiande fruktkommunen i fylket, og denne posisjonen har kommunen halde sidan.

Eit vitnemål om at fruktdyrkinga var i godt gjenge i desse åra før første verdskrig, er det at folk frå bygdene her deltok på i alle fall to landsutstillingar – i Bergen i 1910 og i Kristiania i 1914. På landsutstillinga for hagebruk og gartneri i Bergen i 1910 finn vi to utstillarar frå dette distriktet. Det var Ola Mosnes, Fister i «Klasse 12. Samling av forskjellige arter og sorter frukt i mindst 2 sorter» og Nils Førre, Hjelmeland i «Klasse 14. Samling av mindst 5 pæresorter».⁸ På den store jubileumsutstillinga i Kristiania i 1914, som var ei storstilt mønstring av det det frie Norge kunne presta på alle felt, var deltakinga herifrå større. I klasse for «Træfrugt 5–10 sorter av en eller flerarter, egnet til dyrking for salg i vedkommende distrikt» deltok Thorstein Riskedal, Årdal, Malenius Skår, Ombo, Olaus Grønvik, Fister og Ola Mosnes, Fister. Malenius Skår stilte også ut i klassa for «Frugt i emballage. A. Kjernefrugt i kasser, almindelig handelsvare.» Og Olav Sæbø fekk sølvmedalje i særutstillinga for bær i emballasje.⁹

MELLOMKRIGSTIDA

Mellomkrigstida var ein kraftig vekstperiode for fruktdyrkinga i Hjelmeland. Det samla tretalet auka frå knapt 18 000 i 1917 til vel 60 000 i 1939. Mesteparten av auken kom på 1930-talet. Medan vi tidlegare berre har kjent til det samla tretalet, får vi frå 1929 også opplysningar om fordelinga på dei ulike fruktslaga. No var det plommetra som dominerte. Rundt 60 prosent av frukttrær i Hjelmeland var plommetre. Plommedominansen var størst i Hjelmeland sokn, noko mindre i Fister og Årdal. I tillegg til fruktdyrkinga var det ei omfattande bærdyrking på denne tida. Bærdyrkinga var truleg på topp i 1929, då vi for første gong får oppgitt talet på bærbuskar. Det var vel 65 000 bærbuskar i noverande Hjelmeland kommune då. Solbæra var heilt dominante og stod åleine for 76 prosent av bærbuskane. Ripsbuskane utgjorde 21 prosent, stikkelsbæra berre 3 prosent. Svært mange hadde frukt og bær på denne tida, både gardbrukarar og folk med småstykke og tomter.

Bærdyrkinga nådde toppen rundt 1930 og gjekk kraftig tilbake dei følgjande åra. Hovudårsaka var at det vart slutt på bæreksporsjon til England. Talet på bærbuskar vart redusert til nesten ein tredjedel på ti år frå 1929 til 1939. Då bærekspor-

ten til England tok slutt, og det ikkje var muleg å omsetja alt på den heimlege marknaden, reiv mange opp bærbuskane sine og planta frukttre i staden.

BÆREKSPORTEN TIL ENGLAND

Bærekporten over Stavanger kom i gang mot slutten av 1800-talet. Eksportstatistikken har tal for dette frå 1889. Desse første åra var det snakk om ganske små kvanta. Gardbrukar Kristen Selvaag på Sande var ein føregangsmann i organisering av bærømsetjinga, både når det galdt sal innanlands og eksport til England. Landhusholdningsselskapet i Stavanger skipa til ei prøvesending av bær i 1895, og bæra vart innkjøpte hos Selvaag. Seinare var det han som var drivkrafta. Han fann fram til den gode marknaden i Newcastle, inspirerte sendingane, retta på manglar og hadde oppyn med alt. Når dei hadde funne fram til den rette emballasjen og transportmåten, slik at bæra kom fram i frisk tilstand, var etterspurnaden stor. Emballasjen vart femliters sponkorger med lok og hank. Den vanlegaste transportmåten var å senda varene med rutebåt frå Stavanger til Bergen og med Englandsbåten derifrå til Newcastle.¹⁰

For femåret 1901–1905 kunne lensmann Kolbenstvedt i Hjelmeland rapportera at bærekport har begynt å spela ei rolle som binaering. Han meinte at dersom avsetningsforholda heldt seg gode, ville «en ikke ubetydelig Indtægtskilde derved være aabnet.»¹¹ I neste femårmelding kunne lensmannen meldt at bærekporten hadde vore i vekst. Før marknaden var innarbeida, var prisane ujamne, men det hadde betra seg etter kvart. I 1911 vart det eksportert for 7000 kroner, og han rekna utsiktene framover som «særdeles lovende». ¹²

I desse åra utvikla bærekporten seg frå forretningsekport, driven av eksportørar i Stavanger som kjøpte opp bæra og



Brørne Lars og Magnus Tuntland har teke ein pause i bærhentinga. Tuntland var ein av mange garðar i Hjelmeland som dreiv mykje med bærdyrking i mellomkrigstida og sende bær til England. Frå Ryfylkemuseet sitt fotoarkiv.

selde dei vidare, til lagsekport. Dyrkarane gjekk saman i bærlag og eksporterte bæra sine direkte til England utan mellomledd. Ein stor del av denne eksporten var organisert gjennom eit eksportlag som Stavanger Amts havebrugsforening skipa. I femåret 1911–1915 var eksporten «i jevn fremgang ved at benytte ny ensartet kurvtype, ensartet pakning og merkning, ved forbedring av tranporten og ved at søke sammensluttet de lokale eksportlag med havebrugsforeningen under ledelse av dennes regnskabsfører.»¹³

Bærekporten auka jamt og samt. «Det gjekk over grenene ei fema med planting og hagestell som aldri fyrre langs sjøkanten», skriv Tor Skiftun.¹⁴ Bærekporten vart i åra framover ei inntektskjelde av stor vekt. Vi har tal berre for den samla bærekporten over Stavanger. Eksporten vart dobla kvart femår frå 1900 til 1915. Maksimum før første verdskrig vart nådd i 1913 med 236 tonn. Under krigen stoppa ekspor-

ten opp, men vart teken opp att i 1920, og nådde snart nye høgder. Toppen vart nådd i 1926. Då vart det eksportert vel 287 tonn bær over Stavanger. Med tre kilo bær pr. korg var det nesten 100 000 korger!

Nedgangen sette inn frå 1929, og det skuldast to ting. Prisane til produsentane gjekk ned, og det vart lagt toll på importen i England. Dermed var det ikkje rekningsvarande lenger å senda bær, og heile eksporten over Nordsjøen tok snart slutt.


Medan eksporten stod på, utvikla han seg frå samordna eksport til sterke desentralisering. I perioden før første verdskrig var ein stor del av eksporten samordna gjennom Stavanger amts havebrugsforening sitt eksportlag. Dette laget hadde frå 1907 og utover tilsett ein forretningsførar som ordna med eksporten og hadde prosentar av salet.¹⁵ I 1908 sende fire bærlag frå Hjelmeland varer til England gjennom denne felleseksporten. Det var Skiftun, Sæbø, Tuntland og Kleppa eksportlag. I tillegg eksporterte Kristen Selvaag direkte. Til saman sende desse nesten 5500 korger med rips og solbær over Nordsjøen det året.¹⁶

Etter kvart sende fleire lokale bærlag kvar for seg direkte til mottakarar i England. Bærdrykarane i kvar grend gjekk saman og skipa bærlag. I Hjelmeland sokn skal det ha vore sju bærlag med beinveges eksport til England. I tillegg vart ein del av eksporten også teken hand om av Ryfylke Fruktlag, som vart danna i 1918.

Dei som sende direkte til England, nytta ein engelsk kommisjonær i Newcastle. Han tok imot varene og ekspederte dei vidare, rekna prosentar for sitt arbeid og sende oppgjer og sjekkar tilbake. Dei største mottakarane av norsk bær i Newcastle ser ut til å ha vore William Bulman og Naylor Hewitt & Co., men i tillegg kjenner vi til fire andre mottakarar.¹⁷

Bær er ei vare som må omsetjast straks ho er hausta. Det var difor viktig å få god transport over Nordsjøen så ofte som muleg i sesongen. Mesteparten av varene gjekk med Englandsbåten. Han gjekk frå Bergen, men hadde anløp i Stavanger mandag kveld og frå 1927 også tysdag kveld. Det hende òg at det gjekk ekstrabåtar til Bergen med bær som skulle sendast med Englandsbåten derifrå.

Jøsenfjord Rutelag sette opp rutebåten «Fisterfjord» i eks-traturar over Nordsjøen med bær nokre gongar, i allfall i 1924 og 1925. Eitt år chartra dei lastebåten «Kleven», som Brødrene Olsen i Stavanger åtte. På ein av turane til



Emballasjen som frukta vart pakka i var lenge lite einsarta. Det vart brukt ein heil flora av kasser og tonner i ulike storleikar. Bildet er frå ei utstilling om frukt og bær i Hjelmeland bygdemuseum i 1985.

«Fisterfjord» skal dei ha kome ut for därleg ver. Båten tok inn vatn, bæra vart bløytte og mygla, og mannskapet var sjøsjuke. Båten var i minste laget for nordsjofart med ømtåleg last.

Prisane som produsentane fekk for bæra svinga sterkt etter tilbod og etterspurnad i England. I gode år var fortjenesta svært god, i därlege år dekte ikkje betalinga fraktkostnadene. Prisen kunne vera oppe i 6–7 kroner pr. korg på det beste, men nede i 38 øre korga eit anna år. Eitt år skal dei som sende bær ha blitt skuldige nokre øre på kvar korg dei sende. Men dei vart ikkje kravde for skulda.

All bær vart eksportert i femliters sponkorger med hank. Loket var stift papir og vart trykt hos Dreyer i Stavanger. Der var påtrykt kva type bær det var i korga og namnet på avsendar og mottakar. Loka vart sydde på med tråd i sikkssakkmonster. Sponkorgene vart laga i Hjelmeland. Mange små produsentar laga korger, og ein mann dreiv størst og skapte seg eit levebrød av dette. Det var Johannes Hetlelid i Vordmedalen, som laga både korger og jærstolar. Han laga fleire ulike typar korger, men medan englandseksporten stod på, var bærkorgene det dominante produktet.

OMSETNING TIL BESVÆR

Stavanger var hovudmarknaden for frukta frå Hjelmeland. Det var fleire måtar å omsetja frukta på. Ein kunne reisa på torget i Stavanger og stå og selja frukta si der, ein kunne selja til oppkjøparar i Stavanger eller andre byar, eller ein kunne levera til omsetningslag, i dette tilfellet Ryfylke Fruktlag. I det store og heile var nok omsetninga problematisk i mellomkrigstida. Det var først med Ryfylke Fruktlag og Gartnerhallen etter krigen at omsetninga kan seiast å ha kome inn i ordna former.

Torghandelen var den eldste og vanlegaste omsetningsmåten for frukt. Fruktdyrkarar frå Hjelmeland reiste helst med rutebåten til byen når dei skulle på torget. Men somme gjekk også med eigne skøyter og motorbåtar. Men det var overflod av seljarar på torget; tilboden var langt større enn etterspurnaden. Torget var heilt sprengt, og det stod seljarar utover Strandkaien, rundt Kongsgård, i parken og attmed Breivatnet.¹⁸ Særleg plomma måtte helst omsetjast på dagen, og mykje vart selt til spottpris den siste torgtimen. Eit interessant poeng i samband med torghandelen er at det hadde mykje å sei for kjøpekrafta i byen om hermetikkfabrikkane var i gong eller ikkje. På den måten var fruktsalet avhengig av eit godt brislingsfiske.

Alternativet til torget var dei private grossistane. Mange leverte til slike, men ikkje alle var like solide, og mange dyrkarar fekk aldri skikkeleg oppgjer for det dei hadde levert.

Ryfylke Fruktlag vart skipa i 1918.¹⁹ Laget eksisterte fram til 1940, då det vart lagt ned. Same året gjekk tre mann saman om å danna det nye Ryfylke Fruktlag. Dette fekk si store periode etter krigen på 1940- og 1950-talet. Vi kjenner lite til drifta av det gamle Ryfylke Fruktlag. Laget hadde medlemmer frå alle fruktherada i Ryfylke og kontor i Stavanger. Men det var ein liten del av fruktproduksjonen som vart omsett gjennom dette laget. Heller ikkje Gartnerhallen i Stavanger, som vart skipa i 1938, makta å få hand om særleg stor del av fruktomsetninga før krigen. Det var først etter krigen at omsetningslaga Ryfylke Fruktlag og Gartnerhallen skulle koma til å spela ei verkeleg stor rolle i fruktomsetninga.

Sjølv om omsetninga ofte var vanskeleg, kunne frukta gje sårt tiltrente inntekter i vansklege mellomkrigsår. I ein avisrapportasje frå hagen til Malenius Skår på Ombo frå 1932 fortel han at han eit par år før hadde hausta 85 tonner pære og selt for 5000 kroner. Dei dyrka meir pære enn poteter på garden, sprøyte hagen fire gongar for året og fekk fin vare.²⁰ Ein

annan mann fortalte journalisten at han hadde fått eit oppgjer nettopp på 1300 kroner for plomme. «Og kva får me elles for det me sel? Ingenting netto, å segja.»

SPRØYTING VENN INNPASS

Synet for at det var nødvendig å sprøyta fruktrea for å få god kvalitet på avlinga voks gradvis fram i tida etter 1900. Det første vi hører om spøyting i Ryfylke, er at fylkesgartnar Hidle i 1916 fekk innvilga ein søknad til Stavanger amts havebrugsforening om 50 kroner til sprøyteforsøk i Ryfylke.²¹ Desse sprøyteforsøka har tydelegvis vore vellukka og vekt interesse. I november 1921 løyvde Rogaland landbrukselskap 200 kroner til Hjelmelands landbrukslag til kjøp av ei amerikansk fruktresprøyte. I mars året får Fister hagebruksforening ei tilsvarende løyving.²² Desse sprøytena var truleg trosprøyter. Heile krinsane var gjerne med i sprøytelaget, så det var nok ikkje alltid så lett for alle å få sprøyta på det mest laglege tidspunktet. Men det første opptaket var gjort, og etter kvart kjøpte mange eigne sprøyter.

Det som det var mest aktuelt å sprøyta mot på denne tida, var skurv og tæger på pæra. Det var gjerne i samband med sprøyting mot insektangrep at sprøytinga slo gjennom. Dei som hadde sprøytt, var gjerne skadefrie, medan dei andre



Sprøyting av frukttre på Ola Holmen på Øye på Randøy kring 1950. Sprøyta er traktordriven, og traktoren tilhører Jon Meland og var den første på Randøy. Frå Ryfylkemuseet sitt fotoarkiv.

fekk avlinga øydelagd. Slike erfaringar førte gjerne til at sprøytinga vann innpass.

I dag vert det brukt ferdigkjøpte spesialiserte sprøytemiddel, framstilt av internasjonal kjemisk storindustri. I sprøytinga sin barndom var sprøytemidla langt færre og mindre spesialiserte. Det gjekk mest på svovelkalk og bordauxvæske, som var ei blanding av nylæska kalk og blåstein. Mot pæreteleærger vart det brukt nikotinsulfat innblanda i bordauxvæske.

Sprøyter har det vore fleire generasjonar av. Dei første var gjerne berekna på trøing eller handpumping for å skapa trykk. Neste steg var Kubberudsprøyten, som mange skaffa seg. Sprøytevæska vart her blanda i ei tønne eller ein stamp som gjerne stod på ei trillebære saman med sjølve pumpa. Dei hadde så ein 10 meters slange som dei sprøyte med. Det var tomanns arbeid å sprøyta med ei Kubberudsprøyte, ein å stå og pumpa og ein å gå med slangen og sprøyta. Dei som hadde elektrisk straum, bytte gjerne ut Kubberudsprøyten med motorsprøyter som hadde elektrisk motor. Dei hadde då lange straumkablar som dei hengde på elektrisitetstrådane, og gjekk så og sprøyte med lange slangar ut frå sjølve sprøyta.

FRUKT I TØNNER OG TREKASSER

Tønner var lenge den mest brukte emballasjen for frukt. Det var helst vanlege sildetønner på 116 liter som vart brukte. Elles vart frukta pakka i kasser, gjerne store kasser som tok eit par skjepper (ei skjeppe=18 liter). Emballasjen var i det heile lite einsarta; det vart brukt ein heil flora av kasser og tønner i ulike storleikar. Hardinger som låg med party i Stavanger og selde frukt om hausten, hadde frukta i store bingar i rommet. Ein hadde lite syn for varsam behandling av frukta, ho vart gjerne handtert som poteterr. Etter kvart vann det synet fram at ei varsam behandling av frukta kravde mindre kasser. I løpet av mellomkrigstida ser det ut til at tønner og store kasser vart avløyste av 20 kilos kasser for eple og pære og 10 kilos kasser for plomme.

Den store frukt- og bærproduksjonen i Hjelmeland og distriket rundt skapte trøng for store mengder fruktkasser og bærkorgar. Den lokale bærkorgproduksjonen har vi nemnt ovanfor, og også kasser vart produsert lokalt. På Hjelmeland starta Magne Sæbø Hjelmeland kasse- og trebundskofabrikk i 1933. Verksemda vart overteken av Ola Almenningen fem år seinare. Det vart bygt ein fabrikkbygning i Allmenningen i 1935, og denne vart seinare utvida. Fabrikken laga frukt- og

grønnnsak-kasser, trebotnar og trebotnsko. I 1950 var det åtte mann som arbeidde på fabrikken, og årsproduksjonen låg på 28 000 kasser, 12 000 par trebotnar og 10 000 par tresko.²³

Sagbruket på Sigmundstad vart bygt i 1875, som ei vassdriven sirkelsag. I 1926 vart det modernisert og vasskrafta utbygd til elektrisitetsverk, som forsynte både sagbruket og dei nærmaste gardane. Sagbruket vart drive som ein del av garden til 1933, då to av sønene på Sigmundstad, Bjarne og Sigmund, overtok det og utvida drifta med kassefabrikk. Verksemda fekk då namnet Sigmundstad Sagbruk & Kassefabrikk. Dei skar material til private og til møbelfabrikkar på saga og laga frukt- og tomatkasser på kassefabrikken. Mesteparten av tømmeret vart kjøpt kringom i Ryfylke og slept heim med båten «Siggen» i store fiskebeinsflåtar. Fabrikken kunne gje arbeid til 4-5 personar. Arbeidet vart mykje letta då dei fekk spikremaskin i 1946.²⁴


Gerhard Tjentland og Anders Svadberg starta sagbruk og kassefabrikk i Årdal i 1938 under namnet Tjentland & Svadberg. Dei heldt til på saga på Svadberg, der det hadde vore sagbruk lenge. Men dei utvida drifta til også å omfatta kassefabrikk. Anders Svadberg døyde i 1943, og sidan dreiv Gerhard Tjentland åleine. Dei laga mange slags kasser, men mest fruktkasser og ostekasser til meieriet.²⁵

ETTERKRIGSTIDA

Etterkrigsåra frå ca. 1945 til 1960 var gode år for fruktnæringa. Avsetninga var god og prisane etter måten høge. Som følgje av varemangel under krigen hadde mange bra med pengar å kjøpa for. Den norske økonomien var svak og underlagt sterke importrestriksjonar. Sukkertilgangen var dårleg, og det vart frå sentralt hald oppmoda til dyrking av sukkerhaldige landbruksprodukt, m.a. frukt og bær. Avsetninga var god og prisane høge.

I Hjelmeland var talet på frukttrø i vekst. Det hadde vakse lite frå 1939 til 1949, men fram til 1959 auka tretalet med 20 prosent og nådde sitt absolute klimaks med nesten 72 000 tre. Framgangen kom på pære og plomme, medan eple gjekk noko tilbake. Bærdyrkinga gjennomgjekk ei liknande utvikling – svak tilbakegang i 1940-åra og ny oppgang i 1950-åra, men her er auken i 1950-åra sterkare, nesten ei dobling. Solbær var framleis det dominante bærslaget.

I frukthagane stod det mest plommetre. Det hadde blitt planta og poda mykje plommetre like før krigen. Desse kom i full bering etter krigen og gav store kvanta. Avlinga var jamt



Fister hermetikkfabrikk vart starta i åra etter krigen av Tormod Meland og Dagfinn Solberg. Det var både frukt og bær som vart hermetisert. Bildet er frå ei utstilling om frukt og bær i Hjelmeland bygdemuseum i 1985.

over gode, etterspurnaden var stor og prisane høge. Mange leverte 500–1000 kasser med plomme kvar haust, og når prisen kunne vera oppe i 20 kroner kassen, kunne mange beint fram leva av hagane sine, også dei som sat på småstykke og tomtbruk.

Det nye Ryfylke Fruktlag som vart skipa i 1940 kom til å stå heilt sentralt i fruktomsetninga i Hjelmeland i dei gode åra for næringa i tida 1945–1960. Det hadde stor betydning at laget kom i kontakt med Tønsberg bryggeri og leverte store kvanta plommer og bær dit til hermetisering og sylting. Leveringa til Tønsberg kom i gang i 1946. Fruktlaget, ved forretningsførar

Ola Hetlelid, eller Ola Tønsberg som han vart kalla på folkemunne, kjøpte opp plommer og samla den på Hjelmeland. I plommetida på ettersommaren og hausten kom folk til Hjelmelands-kaien med motorbåtar og skøyter fullasta med plomme. Der vart det stabla opp tusenvis av plommekasser, som vart henta av kystgodsbåtar og frakta til Tønsberg. Fruktlaget leverte også frukt til mange andre stader. Dei sende varer langs heile kysten fra Oslo til Nord-Norge. På denne tida var Hjelmeland den fremste plommekommunen i landet.

Hausten 1950 var Stavanger Aftenblad sin utsende medarbeidar på Hjelmeland og rapporterte frå plommesjauen, og oppslaget kom på første side i avis med overskrift «Sveittedråpen fell tidt i Hjelmelandsvågen, som er blitt eksporthamn for Ryfylkefrukta.» Reportaren fortel at 4000 10-kilos kasser med gul plomme vart lasta om bord i kystrutefartyet «Kong Sverre» av ei lang rekke på 15 mann «i langen». Dessutan vel 50 tønner med fråsortert plomme. Tidlegare var det sendt 14 000 kasser frå Ryfylke Fruktlag, og dessutan store kvanta til Gartnerhallen, til Jåtun Fellessalg og til private fruktgrossistar. Det var Tønsberg bryggeri som skulle ha heile lasta til «Kong Sverre», og sjølvaste innkjøpssjef Sverdrup hadde møtt fram for å inspisera vara. På kaien

«samlast det stuttkjerrer og langsledar, bilar frå Årdal og Fister, motorbåtar frå Skartveit, Knutsvik og Skiftun, alle nedlesste av plomme, og alle lossa. Var det underleg at det vart trongbølt og at ekspederenga knirka litt? Ja, «Kong Sverre» vart til slutt jaga ut på fjorden og tok inn siste lasta i rom sjø.

– Her e' så ubergjeleg me' plomma. Eg henta, pakka, sorterte og spikra heile dagjen, og ser plomma og kassar om nottå og. Det e' verre enn någå vinna, seier ein av karane. Og det er ei hektisk haustonn. Ein må ta plomma før ho er fullmogen, og det drivande veret siste dagane har mest sprengt fruktdyrkarane i Ryfylke. Nå minkar det på den gule plomma. Men så kjem Victoria, Grev Altan og til slutt Ombo-plomma. Det vert ikkje så hardt jag då, men lang stunda kan ein ikkje kvila.»

NÆRINGA VED SKILJEVEGEN

Dei gode tidene i åra etter krigen hadde i stor grad samanheng med at norsk frukt var einerådande på heimemarknaden som følgje av omfattande importrestriksjonar. Då det vart letta på desse frå siste halvdel av 1950-talet, møtte næringa straks



Nyare frukthagar er prega av små tre i tettplanting. Bildet er fra Ytre Eiane.

store vanskar. Folk var nyfikne og meir interesserte i å kjøpa eksotiske sydfrukter enn norsk frukt. Det galdt både fersk frukt, som druer og bananar, og hermetiserte varer som fersken og fruktblanding. I tillegg var kvaliteten på den utanlandske frukta innanfor dei sortar vi produserte sjølve, som eple og pære, betre enn den norske, slik at heimeproduksjonen tapte her også. Det var nok slik at kvaliteten på den norske frukta ofte var kritikkverdig på denne tida. Store delar av produksjonen hadde gått til konservesfabrikkane, som ikkje kravde så fin vare. Dermed hadde det vore lite oppmuntring til kvalitetsproduksjon.

Den utanlandske konkurransen stilte næringa ved skiljevegen. Det gjekk ikkje lenger å dyrka frukt som haustedyrking.

Skulle den norske frukta hevda seg i konkurransen, måtte det satsast på kvalitetsproduksjon, moderne metodar og rasjonell drift. Det kravdest omleggingar og investeringar i ei tid då prisutviklinga for frukt var lite oppløftande. Kvar enkelt frukturdyrkar stod overfor valet om å satsa vidare på frukt eller redusera. Mange valde det siste alternativet, slutta med frukt og gjekk over til mjølke- og kjøtproduksjon, som då tyktest ha betre lønsemd.

Denne utviklinga syner att på statistikken over frukttrær og fruktbruk. På 15 år, frå 1959 til 1974, vart talet på frukttrær i Hjelmeland redusert til mindre enn ein tredel og kom ned på 18 000 tre. Talet på fruktbruk (bruk med meir enn 50 tre) gjekk tilbake frå 355 i 1959 til berre femteparten, 72 bruk, i 1974.

TIDA ETTER 1975

Midt på 1970-talet snudde tilbakegangen til ein forsiktig framgang. Gamle hagar vart hogde, og nye tre planta. Det var eple det vart mest planta av, slik at det vart det viktigaste fruktslaget. Hjelmeland var ikkje lenger nokon utprega plommekommune. Vi kan seia at fruktodyrkinga dei siste tiåra har falle til ro på eit lågare nivå. Dei som framleis driv med frukt, har satsa på det, driv etter moderne metodar og har gjerne det som den viktigaste produksjonen på garden. Tala på frukttre kan elles ikkje direkte samanliknast over tid, fordi små tre og tettplanting har erstattat store tre planta på rikelege avstandar. Dette er nok den viktigaste forvandlinga næringa har gjennomlevd i nyare tid. Frukthagane ser annleis ut enn før. Dei store trea er erstattat med små tre i lange tette rekker. Dei er planta på stadig meir svaktveksande grunnstammer og treng ein støttestaur for å kunne stå støtt. Nye sortar har erstattat dei gamle. Fosseple og Torstein er ute, no er det Aroma, Summerred og Discovery o.fl. som vert dyrka. Dei som driv med frukt i Hjelmeland i dag satsar aktivt på kvalitet og på rasjonell drift, og frukta vert marknadsført som kortreist og miljøvennleg Ryfylkefrukt.

Det er ei markert spesialisering som har funne stad i jordbrukskret. For nokre tiår sidan dreiv dei fleste gardar med mange produksjonar. Dei dyrka gjerne både korn og poteter, dei hadde kyr, sauer og griser, og dei dreiv noko med frukt og bær. I dag driv dei fleste berre med ein eller to produksjonar. Dei som driv med frukt har blitt langt færre, men dei driv til gjengjeld større og meir spesialisert. Dei andre som hadde ein eldre frukthage, har sluttat. I følgje statistikken var det 355 fruktbruk i noverande Hjelmeland i 1959 (bruk med minst 50 frukttrær). Dette talet vart redusert heilt ned til 80 i 1979 og vidare ned til 32 i 1999. Desse 32 brukna hadde då til saman 527 dekar med frukthage.²⁶

Dei siste statistikktalet for talet på frukttrær i kommunen er frå 1989. Då var det vel 38 000 frukttrær i Hjelmeland. Det var ein markert framgang frå 1969 og 1979, men godt under toppunktet i 1959. Epletrea utgjorde 64 prosent i 1989, pæratre 20 prosent og plommetrea 13 prosent. Etter den tid har det blitt planta mest eple, plomme og ein del moreller, medan pærehaugane har blitt reduserte. Sterkare tettplanting gjer som nemnt at samanlikning av tretal over tid ikkje gir så god mening. For tjue år sidan var planteavstandar på 4–5 meter x 1,5 meter rekna som tettplanting. I dag vert det planta ned til 3,5 x 0,75



Små og opne tre skal gje god lystilgang og god utvikling av farge og smak på frukta. Aroma har blitt den dominante eplesorten. Den finst i to variantar, som gul og raud Aroma.

meter, og då er det plass til over dobbelt så mange tre pr. dekar.

Økologisk fruktproduksjon har enno ikkje slått gjennom, men såkalla integrert produksjon har blitt drive lenge. Det inneber at det berre skal sprøyta når det er eit dokumentert behov for det, og at alle dyrkingsmessige tiltak i hagane inngår i ei heilsakapleg tenking om miljøvennlig produksjon. Fagleg sett står næringsutøvarane i Hjelmeland på eit høgt nivå. Dyktige rettleiarar har medverka til det. Lenge var det heradsgartnerar og fylkesgartnar som stod for rettleiinga, men etter kvart vart også fruktrettleiinga integrert i forsøksringane i landbrukskret. Ryfylke forsøksring hadde ei fagstilling på frukt, men denne vart lagt ned i 2003. Etter den tid har fruktodyrkarane i Ryfylke vore tilknytta det breiare fruktmiljøet i Indre Hardanger Forsøksring, og dei kjenner seg i stor grad å vera i same båt som sine yrkesbrør i Hardanger.

Sortar i frukthistorisk hage i Viga

Fra 1990 har det vore ein frukthistorisk hage i Vigatunet. Sjå Roy Høibo sin artikkel «Kulturminne og museum» i dette heftet for historia til hagen. Hagen har blitt utvida dei seinaste åra, og det er høgt ut ein del tre i den gamle hagen. Nedanfor er dei ulike sortane som finst i hagen ved utgangen av 2007 opplista. Dei er ordna alfabetisk, og det er opplysningar om kvar podekvistane vart henta for å gjenskapa nye tre av dei gamle sortane. Vi har 86 ulike fruktsortar i hagen. Ein del sortar er det to tre av, slik at det samla talet på frukttre er 133. Fordelinga er slik: Eple 62 sortar og 92 tre, pære 12 sortar og 23 tre, plommer 9 sortar og 15 tre og moreller 3 sortar og 3 tre.

EPLE

Sortsnamn	Opphav	Sortsnamn	Opphav
Abunda	Kringeland, Tysvær	Glassfalleple	Kringeland, Tysvær
Arora	Imsland	Granat	Solland, Marvik, Suldal
Arreskov	Vanvik, Suldal	Gravenstein	Hjelmeland
Astrakan, kvit	Viga, Hjelmeland	Grønnvikeple	Nord-Skår, Hjelmeland
Bananeple	Finnøy	Haugeple	Hjelmeland
Beauty of Bath	Vanvik, Suldal	Haustkalvill, raud (Lisaeple)	Erfjord
Belle de Boskoop	Nesvik, Hjelmeland	Hedlesbøeple	Vanvik, Suldal
Bestefarseple	Nedstrand	Hetlevikseple	Viga
Charlamowsky	Vanvik, Suldal	Hedlevikseple	Hedlevik, Marvik, Suldal
Daveple		Hofgaardeple (= Slava Petersburg)	Vanvik, Suldal
Dei søte	Nedstrand	Holmaeple	Flat-Hetland, Hjelmeland
Drengeple	Flat-Hetland, Hjelmeland	Hustoppeple	Vanvik, Suldal
Dyrskogeple	Solland, Marvik, Suldal	Hustofteple	Imsland
Eithuneple	Vanvik, Suldal	Holjaeple (= James Grieve)	Vanvik, Suldal
Flaskeeple	Fister	Håkonseple	Nedstrand
Fosseple	Nord-Skår, Hjelmeland	James Grieve	Nessa, Hjelmeland
Furuholm	Tau	Jaques Lebel	Erfjord
Garborgeple	Fanrem planteskule, Trøndelag	Jordbæreple	Erfjord
Gladstoneeple	Vanvik, Suldal		



Georg Sæbø skjer fruktrea i hagen i Viga nokre år etter at dei vart planta. Åse T. Jensen til høgre. Georg var i fleire år Rogaland Fruktdyrkarlag sin representant i styringsgruppa for den frukthistoriske hagen og gjorde dugnadsarbeid i hagen. Trear vart først av forma som moderne tettplantingar, m.a. med nedbinding av greinene. Etter kvart har vi gått bort fra dette og vil la trea meir få utvikla seg naturleg, slik som det var i dei gamle frukthagane.

EPLE

Sortsnamn	Opphav
Juteeple	Vanvik, Suldal
Kalberg Favorit (=Cellini)	Stavanger
Karlstrup	Kringeland, Tysvær
Laxton Superb	Nessa, Hjelmeland
Maglaeple	Solland, Marvik, Suldal
Oldmorseple	Vanvik, Suldal
Ottøy – fine	Marvik, Suldal
Pauleple (= Belle de Boskoop)	Nesvik, Hjelmeland
Ribstone	Hjelmeland
Riskadalseple	Riskadal, Årdal
Rival	Vanvik, Suldal
Rosentrips, raud	Solland, Marvik, Suldal



Frukttre i bløming framfor gardshuset i Viga.

PÆRE

Sortsnamn	Opphav
Amanlis	
Charnau	Jøsneset
Gråpære	
Haustbergamott	Erfjord
Hardypære	Jøsneset
Hestavikpære	Jørpeland
Knutsvikpære	Jøsneset
Miklapære	Øvre Espedal, Forsand
Precose	
Skår spesial	Erfjord
Sukkerpære	Nedstrand
Tengesdalspære	Solland, Marvik, Suldal

PLOMME

Sortsnamn	Opphav
Admiral	Jøsneset
First	Eiane
Helgøyplomme	Helgøy
Hestaplomme	Fister
Jefferson	Jøsneset
Metly	Vanvik, Suldal
Sandeplomme	Hjelmeland
Sviskeplomme	Hjelmeland
Tråneplomme	Jøsneset

MORELLER

Sortsnamn	Opphav
Moreller	Ombo
Norske	Jøsneset
Rese-Marta	Ombo
Sande/Foss	Jøsneset

Genressursar i gamle fruktslag

Den frukthistoriske hagen i Viga er tilknytta Norsk genressurscenter. Dette senteret er eit rådgjevande organ for Landbruks- og matdepartementet og har som oppgåve å sikra ei berekraftig utvikling av nasjonale genressursar i husdyr, planter og skogstre.

Modernisering av landbruket, globalisering av handel og generelt press på plantene sine leveområde er dei viktigaste årsakene til at plantegenetisk materiale er i fare og at gamle plantesortar og viktige genotypar forsvinn, også i Norge. Norge er etter internasjonale avtalar forplikta til å forvalta sine genetiske ressursar på ein berekraftig måte. Sortar av frøforma planteslag blir bevart med frø i Nordisk genbank, medan plantetypar som må bevarast som levande planter blir tekne hand om nasjonalt.

Mange av dei viktigaste jord- og hagbruksvekstane, som korn, gras og dei fleste grønnsakene kan takast vare på med frø, noko som er ei svært rimeleg bevaringsform. Men ein del planteslag lar seg ikkje bevare som frø, anten fordi

arten ikkje produserer frø eller at frøet ikkje er sortsekte. Dette gjeld f.eks. frukt og bær, potet, nokre grønnsaksLAG og mange prydplanter. Ein del planteslag blir også teknere vare på i samlingar med levande planter fordi ein ikkje kjenner nok til korleis dei kan bevarast med frø eller at plantene blir brukte i andre sammenhengar, f. eks. i undersøkingar og i informasjon og formidling.

Den strategien som er vald inneber at plantesamlingane blir etablerte i samarbeid med institusjonar som på ulike måtar har tilgrensande verksamhet og der samlingar av planter kan innarbeidast i deira aktivitetar. På den måten oppstår synergier i ressursbruk og ved at plantene blir brukte i ulike sammenhengar, og samlingane får ein funksjon i å spreia informasjon om bevaring av genetisk mangfold. Det er her hagen i Viga kjem inn i bildet. Vigatunet er eitt av 11 klonarkiv eller sortssamlingar i landet som har eit samarbeid med Norsk genressurscenter.

Det finst eit stort mangfold av gamle fruktsortar i Norge. Dette skuldast at dei er godt tilpassa vårt klima, at dei er fleirårige og konkurransesterke og at vi har ein lang tradisjon med fruktdyrking i landet. Til saman er det teke vare på kring 400 forskjellige stortar i klonarkiva. Genressurssenteret har ut frå kjennskap til sortane, deira eigenskapar og historiske betydning, utarbeida lister over kva fruktslag som bør takast vare på i Norge, såkalla mandatsortar. Listene finst på nettsidene til Plantearven (www.plantearven.no.) Denne gjennomgangen har avdekkat om lag 100 kjente og betydningsfulle sortar framleis ikkje er samla i noko klonarkiv. Arbeidet med bevaring av gamle fruktslag er såleis ikkje avslutta.



Vigatunet fotografert i 1996 med den frukthistoriske hagen i framgrunnen.



Møte i faggruppa for hagen i Viga i 2005. Frå venstre Knut Vadla, representant frå Rogaland Fruktdyrkarlag, Lars Slettebo, kulturleiar i Hjelmeland kommune, Trygve Brandal, førstekonservator ved Ryfylkemuseet, Åse T. Jensen, med langvarig innsats for hagen, og Tor Helge Heggland, grunneigar i Viga. Roy Hølbo, direktør ved Ryfylkemuseet, var også med på møtet, men står bak kameraet.

Trygve Brandal (54) er historikar og førstekonservator med ansvar for samlingane ved Ryfylkemuseet.

Artikkelen byggjer hovudsakleg på det prosjektarbeidet forfattaren utførte for Rogaland Folkemuseum i 1982, som resulterte i rapporten «Frukt og bærdyrking i Hjelmeland. Rapport frå innsamlingsarbeid sommaren 1982.»

NOTAR

- 1 Tor Skiftun: Hjelmeland. Skipreid, herad og kyrkjesokn. Gard og ætt. Stavanger 1938, s. 219.
- 2 Eivind Hognestad: Rogaland Landbruksselskap gjennom 150 år. 1776–1926. Stavanger 1926, s. 79.
- 3 Utskrift av Hjelmeland sokneselskap sin protokoll ved Hermund Kleppa, Interkommunalt Arkiv i Rogaland.
- 4 Åmund Grønvik: «Fister» i H.M. Fiskaa og H. Falck Myckland (red.): Norges Bebyggelse. Sørlege seksjon. Herredsbindet for Rogaland. Midtre del. Oslo 1958, s. 191.
- 5 Lensmannsberetninga 1866–1870.
- 6 NOS, Jordbrukssteljinga 1907.
- 7 Lensmannsberetninga 1871–1875.
- 8 Katalog for Landsutstillingen for Havebruk og Gartneri i Bergen i 1910.
- 9 Norges Jubilæumsutstilling 1914. Katalog IX. Havebruk-Gartneri. Høstutstillingen 7.–11. oktober. Kristiania 1914.
- 10 Skiftun s. 222f.
- 11 Lensmannsberetninga 1901–1905.
- 12 Lensmannsberetninga 1906–1910.
- 13 Femårsberetning for Stavanger amt 1911–1915 s. 9.
- 14 Skiftun s. 223.
- 15 Dette går fram av styreprotokollen til Stavanger amts havebrugsforening, i kopi på Ryfylkemuseet.
- 16 Amtstinget 1909 s. 406, beretning frå amtsgartnaren for 1908.
- 17 Dette og det følgjande baserer seg hovudsakleg på Josenfjord Rutelag sitt arkiv (privatarkiv nr. 306, Statsarkivet i Stavanger), mappe med korrespondanse 1924–1929, og Rogaland landbruksselskap sitt arkiv (privatarkiv nr. 179, Statsarkivet i Stavanger), arkivstykke 238: Korrespondanse, mappe Bærekraft til England 1923–1927.
- 18 Olav H. Hovda: Bær og frukt på torget i 30-åra. Kronikk i stavanger Aftenblad 24.8. 1981.
- 19 Johs. Sætherskar (red.): Det norske næringsliv. Rogaland fylkesleksikon. Bergen 1950, s. 992.
- 20 Rogaland 17.9. 1932.
- 21 Stavanger amts havebrugsforenings protokoll, styremøte 14.1. 1916, sak 3.
- 22 Statsarkivet i Stavanger, privatarkiv 179: Rogaland landbruksselskap, arkivstykke 213: Korrespondanse Hidle 1921–1937.
- 23 Sætherskar 1950 s. 990f.
- 24 Sætherskar 1950 s. 990f. og Målfrid Snørteland: «Sigmundstad Sagbruk og Kassefabrikk. Folk i Ryfylke 1986 s. 45–51.
- 25 Sætherskar 1950 s. 919f.
- 26 Tal frå landbrukssteljingane til Statistisk Sentralbyrå.

Garden og livet

Av Roy Høibo

Livet på landet har vore attraktivt for byfolk i lange tider. Dei siste åra har vi sett at det er attraktivt også for folk som bur i tettbygde strok nedover på kontinentet. Dei kjem til utkant-Norge for å finne fred, meinings, ro, tryggleik og eit reink miljø. For ti år sidan gjorde vi eit lite dykk ned i livet på landet. Formålet var i første rekke å finne meir ut om frukttdyrkinga i Ryfylke, men det ga oss også eit glimt inn i ei livsform som har attraktive element i seg for slike som søker eit alternativ til stresset og maset, kriminaliteten og miljøøydinga i storbyområda. Kanskje ser vi starten på ein trend der noen av dei verdiane ryfylkingane forvaltar kan bli høgare verdsett enn dei har vore ei tid?

Det var kaldt vintervêr med austavind og fem minus på Sand. På Eiane hadde gradestokken stoppa på minus to. Eg kom til gards i halv åttetida, før folket retteleg hadde fått rigga seg til for dagen. Ellen Lovise hadde vore i Oslo med eine guten



Trygve Brandal i pærehaugen ein marsdag i 1998. Pæratrear er 40 år gamle, men er skorne tilbake for å få ei moderne stammeform. Han har kompressor på traktoren og brukar hydraulisk saks.

dagen før og kome seint heim. Men Trygve var snart i farta med kaffi og frukost, og det blei snart tid for ei økt i pærehaugen medan Trygve venta på saueklipparen.

Eldste trea i pærehaugen var planta for førti år sidan. Den gongen skulle trea ha god plass og vekse seg store. Sidan hadde det kome nye prinsipp, og det var planta nytta innimellom dei gamle trea. Dette var ikkje heilt ideelt i forhold til skjeringsa, men dei hadde vald å skjera tilbake dei gamle trea slik at også dei fekk ei stammeform. Gudmund, svigerfaren, kom til, og Trygve og han diskuterte korleis dei skulle skjera vidare. Det var kaldt, Gudmund slo floke, og det blei ikkje så mye gjort.

FAMILIEN PÅ EIANE

Det var tidleg i mars 1998 og Ryfylkemuseet hadde stelt seg til med prosjekt for dokumentasjon av året på fruktgarden. Vi hadde samrådd oss med heradsgartner Terje Pundsnes om mulege intervjuobjekt, og var blitt tatt vel i mot der vi sjølvbedne trakk inn på Eiane og i Askvik. Det viste seg å vera vel valde bruk. Eiane var deltidsbruk, Askvik heiltidsbruk, og begge stader var det to generasjoner i arbeid. På Eiane hadde dottera Ellen Lovise (f. 1954) tatt over garden saman med mannen Trygve Brandal (f. 1953), medan foreldra til Ellen Lovise, Marta (f. 1927) og Gudmund (f. 1927), framleis var fullt arbeidsføre og hjelpte til med både gardsdrift og hushald. I Askvik var det framleis Sigrun (f. ?????) og Sigurd Dale (f. 1935) som dreiv garden, medan sonen Ola (f. 1972) var klar til å overta. Han gifta seg med Anne Kari Øygard (f. ?????) sankthanshelga det året vi dreiv og reiste dit. På det viset blei vi kjente med gardbrukarar i fire stadium av drifta: Dei som snart skulle overta (Ola og Anne Kari), dei som nyss hadde overtatt (Ellen Lovise og Trygve), dei som snart skulle gi garden frå seg (Sigrun og Sigurd) og dei som hadde tatt steget over i pensjonisttilveret (Marta og Gudmund).

Men det var ikkje frukt det handla om denne marsdagen på Eiane. Tore Geir Østerhus kom til gards. Han skulle hjelpe til

med å klappe sauene. Han hadde gard sjølv i Jøsenfjorden, men tok på seg klipping for andre. Alldeles amatør var han heller ikkje. Tor Geir hadde vore på Stend og demonstrert saueklipp på landbruksstemne. Han kunne kanskje ikkje konkurrere med dei som klapte 600 på ein dag. Men eg tok tida. Han brukte fire minutt på ein sau. Det kunne bli 15 i timen om han sto på. Og det var ingen i Jøsenfjorden som hadde 600 sau, så han fekk likevel gjort mye i sauflokkane der på ein dag. På Eiane hadde dei jamt over 35 vinterfora sau.

Gudmund tok seg ei pause fra skjeringa i pærehagen og kom inn for å sjå til. Og så kom Ellen Lovise. Vi stor der og såg på i kjeledressane våre for å halde varmen medan Tor Geir sveitta i skjortermane. Han fekk eplesaft til å leske seg med av Ellen Lovise.

Sauhaldet på Eiane var basert på tungvindt slått av gras til silo mellom frukttrear. Det meste var spelsau, men med noe blanding av Texel som var meir kjøtfulle. Dei brukte Texel-ver på dei som skulle slaktast, Spelsau-ver i den linja som skulle førast vidare. Det var elles ikkje noe svært intensivt sauahald. Dei brukte ikkje setta på lamma første året, men let dei gå over ein sesong. I sauehuset var det såleis skilt mellom morsauer, fjarårlam og slike som skulle til slakt. «Gjømr» var dei som skulle lemme for første gong. Dei fekk klave og bjølle for første gong.

Plaga med sauesjukdomar hadde gjort at ein måtte vera nøy med hygienen. Saueklipparen måtte bruke særskilte klede under klippinga på Eiane, så han ikkje drog med seg smitte frå eit sauehus til eit anna. Og reiskapen måtte desinfiserast i klor mellom kvart fjøs. Det terte hardt på reiskapen.

Etter klippinga måtte ulla sorterast etter kor på sauene ho kom frå, og så pakkast i sekkar med eit avisepapir mellom kvar fell. Seinare blei ulla frå alle gardane samla og kjørt til ullmot-taket. Men det blei ikkje så mye av det. Dessutan gikk det ein god slump til han som klapte.

Ytre Eiane er ein gard med 27 da dyrka jord, 52 da kulturbeite og ganske mye utmark: Haug og hammar, men og drivverdig skog. Det meste er bratt. Dei tar kvart år ut ein god del vedaskog. Det er helst Gudmund som har drive med det. Vedladet sitt har han attmed riksvegen, og det må vera mellom dei mest stilsikre vedlada i heile Ryfylke. Garden gir mellom 0,7 og 0,8 årsverk, av dette 0,4-0,5 knytt til frukttdyrkinga. Av innmarka var 20 da planta til med eple, 5 da med päre og 2 da med plomme i 1998.



Tor Geir Østerhus klypper sauene på Eiane. Han har sjølv gard i Jøsenfjorden, men klypper i tillegg for andre.

Etter klypping må ulla sorterast etter kor på sauene ho kjem frå og pakkast i sekkar med papir mellom kvar fell.

Det er nemt frukthage på garden i eit folgebrev alt i 1867. Fruktdyrking i noe større stil starta kring 1900, og hadde altså halde på i nær 100 år da vi kom for å sjå kva som gikk føre seg. Det var Gudmund Eiane (1869-1917), oldefar til Ellen Lovise, som da planta ein etter måten stor pæreheage. Seinare blei det planta plommetre. Etter krigen leverte dei ofte 1000 kasser a 10 kg med plommer kvar haust. Elles var skogen eit godt lunnende til garden og fleire generasjonar brukarar dreiv fiske som næring frå Eiane. Frå garden kunne det drivast fiske både i Jøsenfjorden og i Erfjorden, som begge var gode fiskefjordar.

Fjorden var viktigaste ferdelsåra heilt til dei fekk vegutløsing i 1976. Da blei det enklare å få fram maskiner til å utføre arbeid på garden. Bekken gjennom garden blei lagt i rør, og innmarka blei planta til. Gudmund satsa sterkt på å utvikle garden, men det var usikkert kven som ville overta. Marta og Gudmund hadde tre barn. I 1983 flytta den nest eldste, Ellen Lovise, til Hjelmeland saman med Trygve. Dei flytta til Eiane i 1988 og overtok garden i 1992. Men garden var ikkje til å leva av. Sjølv Marta og Gudmund hadde drive kiosk ved ferjeliet på Vindsvik for å spe på inntekta, og Marta hadde hatt fast inntekt frå ei halv stilling som sjukepleiar. Nå ville Ellen Lovise kombinere gardsdrifta med deltidsstilling som sjukepleiar og Trygve med deltidsengasjement som bygdebokskrivar. Dei fekk etter kvart fem barn, og hadde god hjelp av Marta til å løyse tidsklemma.

FAMILIEN I ASKVIK

Ein måndagsmorgen eit par veker seinare kom eg til Askvik. Det hadde vore ei strålende fin helg. Alle kommenterte det fine veret og gledde seg over at våren hadde kome. Avløysaren kom rett etter meg. Dei hadde hatt avløysar i fleire år og hadde hatt stor glede av det. Sjølve ville dei ut på anna arbeid.

Sigrun gikk til bringebærhagen. Dei hadde alt grovskore ein del gamle skot som bar i fjar, nå batt Sigrun opp dei skota som skulle stå, og så skar dei ut resten. Fleire av ungane hadde vore heime i helga og hjelpt til med skjeringsa, så dei hadde kome langt. Sigrun gledde seg over våren. Finst ikkje finare plass enn Askvik om våren og sommaren. Men vinteren kan vera trist. Samtidig med skjeringsa av bringebæra må strengen som held rekkene stramast opp og flyttast inn. Når dei nye skota kom blei strengen flytta ut att.



Sigrun Dale i Askvik bind opp dei skota som står att etter skjeringsa i bringebærhagen. Det er mye arbeid med skjering og oppbinding av bringebæra.



Sigrud Dale i pæreheagen i Askvik. Han skjer ikkje så hardt som mange andre.



Også i Askvik er ved ein del av produksjonen. Ola Dale, sonen, har ansvaret for vedkøyvinga.

Sigurd gikk laus på pærehagen, akkurat som på Eiane. Han dyrka Clara Frijs, ein sort som var ved å bli moderne att. Trea var 5–6 år gamle. Det var om å gjera å tynne i trea så dei ikkje blei for tette. Men han hadde vore litt slakk med stellet. Greinene burde vore bundne ned. Han skar ikkje så hardt heller. Ingen som var samde om skjeringa likevel. Sigurd tykte mange skar vel mye.

Medan mora driv i bringebærhagen og faren i pærehagen står Ola med vedkøyvaren oppe med hovudvegen. Dei sel litt ved kvar vinter, men denne vinteren hadde det vore så mildt at etterspurnaden hadde vore liten.

Garden til Sigrun og Sigurd Dale var bruk nr. 2 i Askvik. Det var heller ingen stor gard: 20 da dyrka jord pluss ein del beite både på eigen grunn og i leige. Men ved intensiv utnytting og ein variert produksjon hadde dei lukkast med å få to årsverk ut av garden. Askvik var altså eit heiltidsbruk, berre den komande svigerdottera hadde arbeid utanom bruket.

Den dyrka marka blei brukt til plommer (4–5 da), eple (4–5 da), pære (3–4 da), morellar (2 da), jordbær (2 da), bringebær (4 da) og til pyntegrønt som dei batt sjølve. I tillegg hadde dei prøvd seg på bjørnebær, som ikkje hadde slått til, og på blåbær. Den breie produksjonen hadde samanheng med at dei sjølve selde det meste av varene på torget. Like sidan 50-talet

hadde Sigurd stått på torget i Stavanger, første tida saman med søstera. Dei reiste inn med rutebåten om morgonen, og leigde folk med handkjerre for å få varene opp på torget. Hest viss dei hadde mye. Samtidig var det kome meir fart i arbeidet med Ryfylkevegen att, og i mars 1961 blei det sett inn moderne bilferje i sambandet Stavanger–Tau. Her hadde Sigurd sett nye utvegar, og i 1960, 6. desember, tok han førarkort. Så kjøpte han bil og tok til å kjøre til byen. Han hadde vore den yngste på torget heile tida, og var det ennå (!), sto der 70–80 dagar i året frå midten av juli og fram til little julafatn. Det hadde gitt ei inntekt som var til å leva av i alle år.

I tillegg dreiv dei stort med høns. Hadde bygt hønsehus i slutten av 70-åra og hadde 2300 verpehøns. Så hadde dei 80 winterfora sau og hogg altså 15–20 famnar ved om året.

Det var bestefaren, Kleng Dale, som hadde starta med frukt. Han flytta til Askvik i 1913, dreiv med kyr og sauer dei første åra, men starta med plommer i 1920-åra. I 30-åra hadde dei mye solbaer i Askvik, men det kom sjukdom på den, og det blei slutt rett før krigen. Siste året med gule Sandeplomme var i 1968. Da selde dei 20 tonn. Det var to år etter at Sigrun og Sigurd hadde overtatt garden.

Dei fekk etter kvart seks barn, og hadde god hjelp av mor til Sigurd så lenge ho levde. Det var nødvendig, for Sigrun hadde heile tida vore med ute. Henta på kvist under skjeringa, var med i haustinga, i slåtten og hadde ansvaret for eggħentinga i



Eggproduksjon var ein viktig del av inntektsgrunnlaget i Askvik. Dei hadde 2300 verpehøns. Det var helst Sigrun som stelte med henting og vasking av eggā før levering.

hønsehuset. Det var mye ein kunne vera med på når drifta ikkje var så maskinintensiv. Borghild, svigermora, døydde i 1986, da var ho 88 år gammal.

Sigurd viser rundt på garden. Orsakar seg for at alt ikkje er så stelt som det burde vore, men han var ikkje heilt i stryken lenger og hadde ikkje fått gjort så mye som han ønskte dei siste åra. Nå var sonen på veg inn. Han ville ta opp dei store epletrea ovanom huset. Dei var planta alt i 60-åra. Men dei fekk nå stå i år, meinte Sigurd. Dei hadde alltid bore godt.

ARBEID ÅRET RUNDT

Fruktdyrking er ein arbeidskrevjande produksjon. Det er noe å gjera heile året, og da vi starta våre besøk i hagane på Eiane og i Askvik i mars var skjeringa alt i full gang. Skjeringa startar som regel i månadsskiftet februar-mars. Mars er viktigaste månaden. Arbeidet bør vera ferdig til påske.

Vi var komne til 20. mars da eg skulle vera med på skjeringa på Eiane. Det var ein fredag, og Trygve hadde fridagen sin fra bygdebokarbeidet. Det var ennå vinterkaldt frå morgonen,

men sola tok utover dagen, og i sørhellinja på Eiane var det utevrande. Hadde det ikkje vore for influensaen. Trygve var ikkje i slag, men var nå i arbeid likevel. Han skar på eple denne dagen. Kjekkare det enn å skjera pære. Veit meir kva han skal ta. Dei gamle var på tur, det var årsmøte i Indremisjonen på Jæren, og der reiste dei kvart år, men han får hjelp likevel. Ellen Lovise kjem etter og startar med å samle greiner. Var kvinnfolkarbeid både på Eiane og i Askvik det, enda det kunne vera tungt nok å dra på store greiner.



Det var kvinnfolkarbeid å samla saman kvisten etter skjeringa, sjølv om det var både tungt og litt meiningslaust. Her er det Ellen Lovise som slit på Eiane.


Minsten var i barnehagen to dagar i veka, så fekk ho litt meir tid. Men så var det fredag og behov for å gjera litt helgereint inne før ho kunne ta på seg kjeledressen og komma ut. Ho såg eigentleg ikkje den store meinингa i å dra på desse greinene heller, særleg ikkje å samle på dei små piskane. Tungvindt var det og, for dei hadde berre ein traktor, og den blei brukt til å drive kompressoren til saksa som Trygve brukte, så det var ikkje berre å hive greinene rett opp i ein tilhengar. Det var dessutan litt bratt, og ikkje godt tilrettelagt for traktor. Ho måtte dra greiene ned til botn av hagen og samle dei der. Etterpå blei dei kjørt bort. Ellen Lovise lurte ofte på korleis det kunne bli plass til alt, men som regel blei det det.

Det var ikkje berre skjering før påske. Første runden med sprøya var gjerne i slutten av mars. Da måtte det sprøytast med koparkalk mot kreft og soppssjukdomar. Og så var det kalking og gjødsling. Skulle ein plante nye tre var det tida for å bestille dei nå. Og så kom lemminga i april, med fleire turar ut i sauehuset kvar natt.

FRÅ VÅR TIL SOMMAR

Eg fekk vera med på poding ein vakker mai-dag. Det var sol frå skyfri himmel og meste sommar. Det var sprakande grønt og løvetann i full blom langs blå fjordar. Dei gikk i shorts og singlet på Eiane, Trygve ennå med kvite leggar stikkande ut av shortsen. Ellen Lovise var ved huset med minstemann. Utstyret til 17. mai var klart, men sjølv skulle ho vera heime. Hadde nattevakt både natt til den 17. og natta etter. Trygve og svigerforeldra dreiv på øvst oppe på Leitet. Hadde skore ned på gamle Katja-tre som berre bar små frukt, og som heller ikkje var så populære. Nå ville dei pode inn Aroma på stammen. Dei let det vera att ei grein eller to på stammen ettersom dette var tre i god vekst, så kunne dei skjera dei bort neste år når podekvistane hadde kome i vekst. Dei poda inn to kvister i stammen, slik at det skulle vera gode sjansar for at i alle fall den eine greidde seg. Det var Gudmund som skar og poda. Dei hadde fått kvistar frå Børøy, som blei tatt medan trea var i kvile, og som dei hadde hatt liggande fuktig i kjellaren sidan. Det måtte vera to knuppar på kvar kvist.

Gudmund skar eit langt snitt i podekvisten med ein spesialkniv som var slipte berre på eine sida. Han skar så eit snitt i barken på stammen, og sette så podekvisten ned i. Marta kom etter og batt rundt. Så blei såret voksa med ein spesialvoks. Det var viktig at det ikkje kom luft til podesåret. Trygve sjølv



Gudmund podar inn Aroma på stammen etter gamle tre som bar dårlig



I Askvik planta dei mye nytt den våren vi var der. Her held Sigurd og Ola på med nytt bringebærfelt.

dreiv og rydda bort det avskorne. Dette var arbeid for dei gamle.

Dei hadde elles sproyta trea og horva mellom rekkene. Her skulle dei så nytt gras. Det var viktig for sauene. Og så ville dei ha bort løvetanna. Var redde for at løvetanna konkurrerte sterkt om merksemda til biene. Epla hadde alt tatt til å bløme. Til vanleg rekna ein full pæreblomstring 17. mai, men i år var bløminga ei veke tidlegare enn normalt.

I Askvik planta dei mye nytt denne våren: Bjørnebær, bringebær, stikkelsbær, rips, plomme, eple, kristtorn og nobelgran. Dei utvida frukthagen med Victoria og Mallard plomme og eple av sorten Aroma. Dei siste var lette å halde fri for skurv, dei bar godt, produserte store eple og smakte godt. Men det var mote med frukta og. I torghandelen var det viktig å ha fleire sortar. Folk kom og spurte etter bestemte sortar, men for mange er det og ein inngang til ein prat med torghandlaren. Det var mange eldre, einslege som kom på torget for å prate. Torg-handel er spesielt, meinte Sigurd, og han lika det. Men det var ikkje berre torghandelen som gjorde at dei hadde mange slag i Askvik. Det var interessant og, halvveges som ein hobby.

Sprøytinga kravde mye merksemd om ein skulle halde tre og frukt frie for sjukdom. Samtidig var det eit mål å bruke så lite sprøytemiddel som mulig. Ryfylke Forsøksring hjelpte til med dette gjennom ei telefonavis der frukt- og bær-dyrkarane fekk løpende informasjon om trugsmål, sortar og middel.



Sprøytinga kravde mye merksemd om ein skulle halde tre og frukt fri for sjukdom. Ola sproyter med tåkesprøyte på traktor.

Og så var det hønsehuset. Hønsa var modne for utskifting. Det førte også med seg töming av all gjødsel og full rundvask før nye høns blei sette inn.

Det var 19. mai og ein gråkald dag etter ei veke med fint og drivande ver. Litt regn innimellom. Far og son dreiv og spadde opp bringebær, men ba meg straks inn på kaffe enda ho mor var i Molde for å sjå til ei døtterdotter som kom til verda 4. mai. Ola diska opp. Etter maten demonstrerte dei velvillig sprøyting både for hand og med tåkesprøyte. Til slutt var eg med på bringebærplanting og fekk med meg noen planter til eigen hage. Dei viste fram ein gjestfridom og ei interesse som gjorde at eg var på grensa til å bli brydd.

Stavanger Aftenblad fengja interesse for prosjektet vårt, og midt i juni invaderte vi Eiane med journalist og fotograf. Der var det heller ingen ting å utsetta på gjestfridomen. Avisa fekk det ho var ute etter og eplesaft med utsikt til blank fjord på kjøpet. Dei hadde starta på slåtten og heldt på å rake saman høy i pærehaven da vi kom, Trygve, Ellen og ein «dreng». Gudmund kom og til. Fint ver att etter ein periode med kaldt og regn. Det var varmt, slåttefolket gikk lettkleddet slik slåttefolk skal, det lukta nyslått gras og det var vakkert ved Jøsen-



Tre generasjonar på Eiane poserer for fotograf Jonas Friestad frå Aftenbladet.

fjorden. Aftenbladet blei begeistra og arrangerte meir raking og lessing, før det var tid for saftpause framfor huset.

Trygve klaga over at det var tung vindt. Blei for mye bruk for handemakt i arbeidet med slåtten. Gudmund tykte pærene bar därleg, men epla teikna godt. Podinga, som eg hadde vore med på, hadde slått til svært bra. Graset blei lagt i silo, men da hadde vi reist. Sist dei hadde hatt besøk av Aftenbladet var da dei fekk veg. Det var meir enn 20 år sidan.

I Askvik hadde dei kopplam like til sist i juni. Dei måtte få ei stripe med hantikk-middel langs ryggen for Sigurd og yngste sonen kjørte dei i folkevognbussen opp i beitet. Dei to yngste ungane var heime nå, og blei sette til å plukke stein på det nyplanta bringebærfeltet før det var tid for å slå der.

Men elles var dei litt ute av lage i Askvik. Dei var til bryllaup i Molde sankthanshelga og gifte bort Ola. Det var ein fin tur, men langt å reise, 60 mil kvar veg. Men så var det som ein



Podinga slo til. Begge podekvistane er i vekst.



Kopplammet får hantikkmiddel på ryggen før det blir sendt på beite.

ferie og, den ferien dei fekk det året. Og kanskje ei helg eller noe ved Mosvatnet. Dei hadde kjøpt seg ei hytte der, rett innfor holmane. Tykte det var fint der. Eg måtte seja eg meste skjemdest som snart skulle ha fleire veker med ferie. Men dei orsaka det, og sa at ein kan ikkje vera opptatt av ferier og reiser når ein vel å drive slike som dei gjorde.

Dei tykte det var rart at sonen gifta seg. Kjente det som dei mista han meir enn dei mista døtrene når dei gifta seg. Så står det da og i Bibelen at sonen skal skilje seg frå foreldra. Det står ikkje noe liknande om døtrene. Svigerdottera var kjekk, men ho var ein teoretikar. Dei var spente på korleis det ville bli. Dei unge hadde planar om å bygge om det gamle huset på garden, men der var det trong for både nytt bad og litt av kvart.

Jordbæra sto kraftig og fin, men det var ennå for tidleg å tenkje på plukking. Eg ville ta eit bilde, men Sigrun ortsakar ugraset i utkanten av åkeren. Dei ligg litt etter med slåtten. Dei skulle ha sprøytt jordbæra den dagen dei reiste til Molde, men da regna det. Jordbæra blei sprøytt mot sopp og rote. Ein del av epla hadde slått feil. Etter den fine blomstringa hadde dei stor tru på epla, men det var lite kart på Gravensteinen. Summerreden var derimot så rik på kart at det var behov for tynning. Men det er ikkje Sigurd med på. Tynning er arbeid for kvinner og barn. Og pærene hadde også slått godt til. Bringebæra dei planta året før voks godt, og det var behov for å skjera bort ein god del av dei nye skota. Bruka ljå til det. Bringebæra dei planta tidlegare står og godt, men det hadde kome mye ugras. Dei dreiv og slo mellom radene i det gamle feltet. Bruka plenkyppar til det. Bjørnebæra sto i blom, og såg bra ut. Buskene blei planta fire år tidlegare, men var blitt van-skjøtta da Sigurd var sjuk. Nå såg det betre ut, og bæra blei godt betalt sjølv om det ikkje hadde vore så mye bær.

Det store vonbrotet var det nyplanta eplefeltet. Der hadde rådyr vore på ferde og skamfare trea. Tatt alle skot på fleire tre, og til og med velta eitt. Dei hadde ikkje hatt problem med rådyr i Askvik tidlegare, så det var ei ny erfaring.

Men det er stadig meir nytt. Dei dreiv og litt med grønsaker i Askvik, og hadde m.a. sådd eit mål sukkererter på leigd jord. Det tykte eg var ganske mye sukkererter.

IKKJE MYE TID FOR FERIE

Det blei ikkje så mye ferie på Eiane heller. Dei brukte ha ei veke på Sunnmøre, der Trygve kom i frå. Og så gjerne ein leir på Sørlandet. Elles var det slik at heile slekta kom til Eiane.



Gudmund Eiane tar kvart år ut ein del vedaskog. Veden lør han opp attmed riksvegen, her med hjelp av kona Marta.

Bror til Ellen Lovise, som var lektor i Bergen, kom med heile familien og tok inn hos foreldra som hadde plass på loftet. Broren hadde elles fått overta eit lite hus på garden, som seinare blei sett i stand for hans bruk. Ungane har kanskje større behov enn oss for å komma ut, reflekterte Ellen Lovise og Trygve. Ungane deira var dei einaste som ikkje hadde vore i utlandet. Dei såg at det kom til å bli større behov for å stetta slike behov etter kvart som ungane voks til.

Det var blitt högsommar ved Jøsenfjorden. Morgontåka letta og det blei fint ver medan eg var på veg utover. Gudmund og Marta dreiv og lødde opp ved attmed vegen. Fin bjørkeved i ein lang, rett stabel. Alle vedskiene like lange, banka på plass slik at dei flukta mot vegen. Dei hadde sjeldan hogge så mye som i vinter. Gudmund trudde det kunne vera 15–20 famnar. Gudmund lika arbeidet i skogen, men han måtte gi seg med det når det vårest. Da var det arbeidet i hagen som måtte gå først. Dei selde mye av veden samla til ein på Fister, men det var betre økonomi i å selja småved i sekker til hyttefolk.

Dei tykte reportasjonen i Aftenbladet var grei. Dei hadde fått telefon frå ein i Stavanger Jernvare om kvelden, ein dei hadde kjent tidlegare, og som kom på at han ville ringe nå da det sto om dei i bladet. Gudmund meinte det var bra at det sto om

Eplesaft på museum

Nydelig gras og epsemat i hagen. Det lyder idyllisk, men for fruktdyrkene i Ryfylke betyr det hardt arbeid. Altomst nå venter tilskuddet, selv om tømten stokkes med egne produkter innom øktene.

*Aus Eigener Einsicht auf
jenes Haars Feuerstand (fot.)*

Frigående bøller kom
indtil længe de grønne
bøller var på. Klarer i Apenhøgda,
medens Røde og Vindebøl.
Tidligere har der godt oppe-
rettes et døbe. Børnene er
bølt med røde parer og
plommer steder.

Allerede i 1950 har den
største frakøn planter her. Den
alle spæde gennemgående klar til
1955.

Mens generel mængde
og grønne bøller er dø-
perne på træskurhøgden
indtys er ikke klar til
døbning. Sydlyngens
Røde er på oppegang. Han-
del defektivt. Døbt på en
frigående somme 1956.

Præstens høst var et vigtig
deltagelse.

- Vi er naboer like interessaerte med å få et dyrkingsområde ut i landet og holder også tilbakemeldinger om høstet og høsttakten over Hafslund.

I en høst skal alt skje spesielt før de driften i det frøliggende driftslandet. Allerede 1. september kan trærne vinterfæringen ikke mer bli gjort sikret, var Hafslund på planlagt nordisk mark og lauvmark. Det betyr at det kan følge høsttakten spesielt der øgget rydding og tørking av trærne før nesten høsten blir på programmet.

Konsultatet av studenter skal også minnes, og endres gis når teknikken eller leggen ikke er tilstrekkelig for ønskede høstutslag.

Rigsforskningsrådet har siden 1982 været engageret i forskningsprogrammer om frukt- og bærproduktion i Rigsförde. Diske gavne var et fokusområde og en rapport om det historiske legatværdi, og om frukt- og bærproduktion i midtjælland.

A man in a striped shirt drives a red tractor through a field of tall grass. Another man stands to the right, holding a long wooden rake and working on a large pile of hay. In the background, a lake is nestled among towering, steep mountains covered in dense green forests.

Det er ikke eneste, der har fået tilgang til de nye teknologier og teknikker. Tegneteknisk har også haft et stort udvalg af teknologier til udlejning, hvilket har gjort det muligt for både studerende og eksperter at få adgang til teknologierne.

- Vi denne mænne til
mænne, at vi skal døde
døde, der er generasjoner ghe
væren om dette. I tillegg
vi på landet arbeidet,
unge pôr et hattelandsk.
Dette fra tilleg på 1890-
talet, og der kunde generas-
jonen ikke overvinne, etter Hæ-
muset.

Hunne skal det til en dømmedagsdag over uheld og

Detta kommer som värt stud
bara varje uppställning för
dig, men ändå engagera sig
med det. Härifrån är vi på
ett miljö- och maktiskt å
taktförslag på en positiv
linje i Ryttare, där stat

Vi holder det glemme til vi kan. Norsk postkort er også populært på verden med i 1970-tallet. For oss gir dette muligheten for å se til å få et fullt dokument. Dette er utrolig godt for selgerne.

Try
Loc
Out
also
epic

responser på et
enk i Røffjelde. Tryg-
vold og Ellen Læte
har overtaffet ansva-
r Gudmund Elsøe.
I arbeid og resultat
ensieres for elter-

smile bryder sig fra
en guff i bækken. Eller
Eline, mens

Brands, spesial
industri og bedrifter
med flere har en
av egenproduksjon



Dei tykte reportasjen i Aftenbladet var grei, men let ikkje berre vel over vinklinga.

næringa i avisa, sjølv om det kanskje var litt negativt å fokusere på om dei var dei siste som kom til å drive bruket på denne måten.

«Om noen år kan den tradisjonsrike livsformen være historie. For museet er det derfor om å gjøre å registrere kunnska-


pen mens den ennå finnes», hadde Rigmor Lindøe skrive i Aftenbladet. Det viste kor vanskeleg det er å vera framtidssretta i eit museum. Min tanke var å bruke museet til å løfte fram ein livsstil og noen verdiar som eg meinte framleis var gyldige, og som kunne gi grunnlag for alternative strategiar i strevet med å oppretthalde livskraftige bygder. Eg har tillate meg å meine at den livsstilsinnvandringa som vi når ser, særleg frå Tyskland og Nederland, er prov på at eg var på sporet. Men eg greidde ikkje formidle det til Aftenbladet, og eg veit ikkje om det er så mange som ser lyset ti år etter heller. Dei som skal utvikle bygdene er mest opptatt av å dyrke det dei har kunnskap om frå før. Det som andre har kunnskap om er det vanskelegare å bygge på.

Marta og Gudmund tok seg ei pause i vedasjauen og reflekterte over si eiga rolle. Dei trudde det var viktig at dei sjølve var med i arbeidet på garden. Slik var det før, at dei gamle var med, og slik var det på Eiane nå. Marta tok seg av ungane i slåtten og hadde alt med maten medan dei andre var ute i arbeid.

Ellen Lovise dreiv og tynna i epla øvst i hagen. Regelen var at det skulle stå att berre ein kart i kvar blomekrans, at det skulle vera ein knytteves avstand mellom frukta og at det ikkje skulle vera meir enn 10 eple på kvar grein. Ein fekk det ikkje alltid til slik, og Ellen Lovise hadde vanskar med å nå opp i toppen på trea. Men det var eit mål å nå over alle epla for hand. Det var muleg å sprøyte, anten i blomen eller på karten, men dei lika ikkje det. Nå såg det likevel ut til å vera behov for å sprøyte mot insekt. Da måtte ho bruke hanskar etterpå. Ellen Lovise hadde aldri likt gifta. I tillegg til tynninga var det tid for nedbinding av greiner. Nedbindinga fører til at greinene blir tidlegare. Og så ville det bli andresiått før plommene begynte å komma og varsle at haustinga var i gang.

I Askvik var haustinga i full gang i juli. Medan dei berre satsa på frukt på Eiane, var bæra ein viktig del av produksjonen i Askvik. Men jordbærsesongen blei ikkje av dei beste. Det var mye dårleg ver og eit slitt å få fram fine bærkorger.


Det såg betre ut med bringebæra. Ja, så bra at dei hadde leigd med seg ungdomane i Viga, Kristin og Oddgeir Randa Heggland til å plukke. Det var første gongen dei hadde vore med på slikt arbeid, og det var dei sjøve som hadde spurta om det var råd å få vera med i bringebærplukkinga da dei kjente folka i Askvik frå før. Dei fekk sju kroner korga, og tykte det var ein grei jobb. Dei starta i åtte-halvntida om morgonen og heldt på til i fire-femtida. Sjølvfolket tok gjerne ei tredje økt etter mid-



Tynning var også i hovudsak kvinnfolkarbeid. Ellen Lovise tynnar så høgt ho når, men har vanskar med toppen på trea.

dagen. Kvart bær måtte kontrollerast før det blei lagt i korga. Var det flekkar på bæret måtte det hvast. Til å plukke bæra i brukta dei ei gammaldags sponkorg, av det slaget som hadde vore brukt under den store eksporten av bær fra Ryfylke til England, som dei batt fast med eit tøybelte rundt livet. Men så hadde dei altså to plastkorger oppi sponkorga da, til å ha bæra i, før ho blei samla i større kasser.

Dei hadde drive med bringebær i 25 år i Askvik. Og dei lika



I Askvik fekk ungdomane i Viga, Kristin og Oddgeir Randa sesongjobb i bringebærhagen. Her saman med Ola, som ordnar plasseringa i kassene.

bringebæra. Det var finsleg og lett å arbeide med bringebær, det var lett å få folk til å vera med å plukke, og det var god økonomi i bringebæra. Før blei det meste seld på torget i Stavanger, nå kanskje halvparten der og den andre halvparten direkte fra garden.

Ripsen kom og nå, mot slutten av juli, og var fin og ha med på torget saman med bringebæra. Og så kom morellane i starten på august. Da var og plommehausten like om hjørnet.



Sigurd har stått på torget i Stavanger i 50 år. Tidleg på hausten er det plommene som dominerer i torgboden, men her er også seine bær, tidelege eple og sukkererter.

DEN TRAVLE HAUSTEN

Det var blitt august og seinsommar og tidleg skumring gjorde arbeidsdagane stuttare. På Eiane plukka dei som var heime plommer om dagen medan Trygve tok ei økt etter middagen, så lenge det var lyst. Det var blåplommene nede med sjøen som sto i fokus eine kvelden eg var med. Det var stilt og fint, men oversky. Det hadde helst vore kaldt og fuktig ei tid så epla hadde ikkje vokse slik og fått den leten dei skulle ha, og i slike ver var det vanskeleg å berge dei gule plommene for dei sprakk. Mange av blåplommene var og sprukne. Men plomme var ikkje hovudproduksjonen på Eiane nå. Plomme hadde vore viktigare før. Da dreiv dei mye med plommer. Folk sylta og mye plommer før. Nå gikk plommene helst til eting, og på Eiane selde dei det meste til folk som forbi på vegen. Solveig, dottera, hadde stelt seg til med sin eigen plommebutikk i tunet, der ho selde plommer for 10 kroner korga. Dei er nok heldigare stelt med sal til slike som fer forbi på Eiane enn i Askvik. Det er hovudvegen til hyttefolket som går forbi Eiane. Vegen gjennom Askvik er ein sideveg som er eit heft for dei som skal til Stavanger. Så Sigurd tok med plommehausten sin til byen.

Eg møtte han på torget i byen ein dag i slutten av august. Det var opphold, men det bles ein sur nordavind. Sigurd hadde starta heimafrå kvart over seks. Han likte å vera tidleg ute. Det tok tid å rigge seg til. Men det hadde vore verre før. Da kunne han starte heimanfrå om kvelden fredagen, ligge over hos søstera si og ta inn til torget i fire-femtida for å få ein god plass. Sigurd blei konfirmert i 1950. Han lurte på om det var året etter han var med på torget første gongen. Men han var ikkje sikker. Det kunne ha vore tidlegare og. I alle fall var det nesten 50 år sidan.

Når han reiste med bær lasta han opp grytidleg om morgonen. Men frukta kunne han laste opp kvelden før. Bæra måtte stå på kjøling til ho skulle av stad. Men dette året hadde det vore svært vanskeleg. Det rå og kalde veret hadde øydelagt mye av bærsesongen.

Det var lite trafikk tidleg på morgonen. Trafikken tok seg først opp da folk tok inn til byen slik i ellevetida. Trafikken på torget endra seg med endringa av opningstidene til butikkane.

Sortimentet denne augustdagen var blåplommer, opal, sukkererer, eple (Transparent og Close) og rester av bringebæra. Bringebærsesongen var ikkje blitt slik dei håpte på. Det var blitt for mye dårleg ver.

Prisen på varene blei bestemt ut frå erfaring og kjensler. Og så følgdes dei da, dei som sto på torget. Det hende dei sette ned prisane utetter dagen, men det var det meir av før. Det var ein torgdag med mange boder på torget, men det var det og meir av før. Da sto dei stu i stu. Det var plommer hos mange av dei andre torghandlarane og, og bær. Men også godt tilbod på grønsaker: Kål, gulrot, persille, lauk, blomkål og brokkoli. Og solbær og rips. Og så blomar. Det var triveleg, det var fargerikt, det var stuttreist mat, det var mat rett frå produsenten, og han (maten) var ikkje sprøytt meir enn høgst nødvendig. Det var mat som bygde på ein livsstil. Aftenbladet hadde sett spørsmål ved, men som unge, ressurssterke menneske på kontinentet og i våre eigne byar drøymde om.


Det kom etter kvart meir folk til byen, og handelen tok seg opp. Om han alltid fekk selt alt, undra eg. «Ein handelsmann skal aldri bli utselt», svara Sigurd, klok av 50 års erfaring. Skylaget ville ikkje sprekke opp denne dagen, men det var opphaldsvær. Det blei verre utetter hausten når nordvesten sto på og feide inn Vågen og opp langs torget og det kunne vera sludd i bygene.

Livet på torget var eit liv i begivenhetenes sentrum. Alle var innom torget, det var rørsle heile tida, bildet endra seg frå minutt til minutt: Veret, trafikken, kollegane i dei andre torgbodane, folk. Det er mange smil på torget. Sigurd fylte på borda sine heile tida. Boden såg bognande ut. Men bringebæra gikk fort unna. Sukkerertene gikk tregare, sjølv om Sigurd var aleine om dei.

Plommene dominerte torgsalet til langt ut i september, men så overtok epla. Først Gravenstein og Summerred og noe Åkerø. Det gikk godt på torget, ja dei virka svært fornøgde i Askvik, og Sigurd kom heim i godt humør kvar dag. Han tykte å sjå eit oppsving i interessa for å handle på torget.

I slutten av september hadde Ola starta på pærehausten. Dei var store og fine og hadde vakse godt i godværperioden i det siste, sjølv om det hadde sett dårlig ut ei stund. Pærene blei hausta i plastbøtter med ein krok slik at dei lett kunne hekta opp i stigen. Frå bøttene blei pærene lagt i 20 kilos trekkasser som sto bak på svansen på traktoren. Seinare blei dei sorterte og pakka i pappkasser før dei blei frakta til byen.

Sigrun hadde til vanleg arbeidsdagen sin i hønsehuset. Ho vaska og pakka på egg. Dei måtte helst plukke egg kvar dag, og så lika ho best å vaske egg i vatn med litt såpe i, men ho hadde inga tru på at manfolk var like nøyne med det. Egg blei



Medan dei var mellomnogde med pærehausten på Eiane, var dei godt nödge i Askvik. Ola legg pærene over frå hentebottene til 20 kilos tre-kasser.

lagde i pappbrett og stabla i transportkorger som blei henta av egglaget. Dei skulle helst skifte både klede og sko når dei gikk inn og ut av hønsehuset. Men når han som kom frå egglaget, og som gikk i alle hønsehus kunne gå ut og inn utan å skifte, kunne det vel ikkje vera så nøye, reflekterte Sigrun. Salmonellaen spørke likevel i bakgrunnen, sjølv om dei hadde slept unna slikt så langt. Hønsehuset var moderne og tilfredsstilte alle nye krav. Her var automatisk fôring og utveg til dusjing når det var behov for det. Hønene sat tre i kvart bur, i tre høgder. Etter at ho var ferdig med eggja gikk Sigrun heim for å sjå til noe som var på kok på kjøkkenet. Men snart var ho ute att for å vera med på pærehaustinga.

Ola dreiv med sauesanking innimellom. Dei hadde beite opp frå Ulladalen, og hadde mista sju sauer så langt denne sommaren. Og så døydde bestemor til kona hans, slik at ho og Ola måtte til Volda i gravferd. Heldig da at dei hadde god avløysar som hadde vore der i mange år.

Eg kjørte innom Eiane på veg heim denne seine september-dagen, og kjøpte ei kasse førstesort Summerred til 110 kroner og ei kasse andresort pærer til 80. Ellen Lovise og Gudmund var heime og sorterte på pærer. Gudmund var ikkje nøgd med pærehausten. Pærene blei eigentleg levert usortert, men der-som dei plukka ut andresorten sjølv og selde han fekk dei litt meir att for han. Grossisten ville berre vrake alt som ikkje var førstesort. Det var ein tung jobb å sortere. Kassene vog 25-30 kilo, og dei måtte stå heile tida. Dei måtte dessutan vera svært varsame. Det blei lett skader på pærene, og ein måtte ikkje ha lange negler når ein henta eller sorterte på pære. Det blei lett skader viss pærene hang innat greiner og.

Dei siste eplesortane som blei plukka var Aroma og Ingrid Marie. Aroma er raude eller gul-raude. Dei var store og fine og mengda var god. Trygve var glad dei tynna såpass som dei gjorde. Om lag halvparten er tynna bort. Utan tynning ville det blitt små eple. Epla blei hausta etter kvart som dei blei modne, så dei måtte gå over trea fleire gonger. Ingrid Marie kunne dei plukke på like til starten på november om hausten var slik.

På Eiane leverte dei til NKL. Her blei andresorten sortert ut før levering. Deretter blei epla sende til tomatpakkeriet på Rennesøy der NKL hadde leigd eplepakking. Dei plukka rett i kasser, så unngikk dei skader ved omlasting frå henteposar til kasser. Kassene drog dei på graset ned til traktorvegen.

Så var haustinga over, det kom kalde netter, austavinden for med lauvet og det blei ei roleg tid i hagane både på Eiane og

i Askvik. Men ikkje heilt. Nå måtte dei sjekke gjerda for å prøve halde hjort og rådyr ute. Og så var dompapen ei plage. Han åt og knoppane, og det blei sett i verk ymse tiltak for å prøve skremme han vekk.

Eg hadde etter beste evne prøvd å følgje med på dei ulike arbeidsoppgåvene gjennom året. Men eg skjønte jo at det eg kunne få med meg gjennom tilskodarolla, og med fotoapparat og papir som hjelpermiddel, var avgrensa. Livet på garden er sorg og glede, vonbrot og håp, vurderingar som bygger på årelang erfaring, og samspel med familie, hjelparar av ulike slag, gjester og kundar. Og det er handlingsboren kunnskap. Arbeidet er påverka av lys og mørke, ver og vind, men det er også øvde grep og kroppslege handlingar. Eg burde ha vore dreng eit år for å skjønne litt meir, eller i det minste gått med i arbeidet noen veker. Slikter er det vanskeleg å finne tid til. Vi er etter kvart slik programerte at vi trur det meste som finst av kunnskap er av det slaget som kan lærest gjennom hovudet.

Det som kjem i tillegg, og som er knytt til handling, er det verre med.

EIN ATTRAKTIV LIVSSTIL?

Det livet eg har prøvd å skildre ovanfor blir i sterkare og sterkare grad framstilt som attraktivt. I bladhyllene hos Narvesen er det rader med livsstilsmagasin der livet på landet, den stuttreiste maten, dei lokale tradisjonane og den nostalgiske innreiinga blir løfta fram som teikn på harmoni, livsvisdom og lukke. God byggeskikk og eit velpleidd kulturlandskap blir framstilt som nødvendige rammer kring det gode livet, og menneska går kledd i etniske inspirasjonar og kører firehjulstrekkar. Stoffet konkurrerer rett nok med bejaing av dei mest eksotiske reisemåla og den dyraste vinen. Det handlar likevel om å ta noen val som skil ein ut frå mengda. Og når magasina finn ein veksande marknad for dette stoffet, må det bety at fleire og fleire er på leit etter alternativ til det urbane, travle



Ein lengt etter rein og vakker natur, fred, trygge oppvektsvilkår, gode jobbar og eit harmonisk liv.



God byggeskikk og eit velpleidd kulturlandskap blir framstilt som nødvendige rammer kring det gode liv. Frå Eiane i blomstringa.

og forsøplande levesettet som har dominert utviklinga i mange tiår. Magasina både er og surfar på trendar i samfunnet. Dei likar å setta dagsordenen, men dei er og avhengige av at mange nok er interesserte i stoffet til at det lønner seg å trykke det.

Samtidig skjer det ei innflytting i norske bygder av folk frå kontinentet, særleg frå Nederland og Tyskland, som dels er drivne av eit ønske om å komma bort frå stress, mas, kriminalitet og eit belasta miljø, dels av lengt etter rein og vakker natur, fred, trygge oppvekstvilkår, gode jobbar og eit harmonisk liv. Folk har mange og samansette motiv for å flytte, men dei gjer det, og dei flyttar til bygder som til heilt nyleg sleit med fråflytting av sine eigne. Medan bygdas eigne ungdommar flytter vekk, flytter altså unge menneske frå utlandet til bygdene. Vi kan tolke det som teikn på at nye verdiar er i ferd med å bli lagt til grunn for viktige val. Men i så fall kva slags verdiar er det? Og er det dei same verdiane som bøndene i fjord- og fjellbygdene forvaltar?

Det vi såg både på Eiane og i Askvik var at hardt og ordentleg arbeid var høgt verdsett. Det var lange arbeidsdagar og det blei lagt ned stor flid både i å halde det pent og ryddig rundt seg og i å leve reine og fine produkt. Resultatet var avhengig av lang erfaring, rette beslutningar til rett tid og eit øvd handlag i utføringa av arbeidet. Belønninga var gode tilbakemel-

dingar og eit tilfredsstillende økonomisk utbytte. Ulempa var lite fritid og nesten ingen ferie.


Vi såg også at samhaldet i familien og samarbeidet på tvers av generasjonane var både nødvendig og verdsett. Dette skapte ein fleksibel organisasjon og eit grunnlag for overføring av kompetanse. Men om generasjonane alltid var samde om alle disposisjonar i smått og stort har ikkje eg godt nok grunnlag for å seia noe om. Det ville vera underleg om det ikkje av og til ville oppstå konfliktar om når ein skulle ta i ferde med dette eller hitt, og når ein skulle hogge dei gamle trea og plante nye. Alle dagar var kanskje ikkje like harmoniske.

Endeleg såg vi ein livsstil som var trygg, open, gjestfri og inkluderande. Her var plass til dei fleste. Vertskapsrolla sto sterkt. Dei var vane med å gi, både på Eiane og i Askvik. Kanskje kan vi likevel spørja oss om dei alltid tykte dei fekk rimeleg fold tilbake?

Det å drive ein gard handlar mye om å forvalte ressursane på ein slik måte at det blir minst like mye å gi vidare til neste generasjon som ein fekk frå den førre. I alle fall er ideologien slik. Og han er knytt til familien. I den grad denne ideologien er gyldig, og blir følgt, må drifta av ein gard i ei tilmålt tid også vera prega av mye plikt. Med høgde for muleg fleksibilitet innafør søskjenflokken, er ein født til å drive ein gard. Er einheit utan interesse kan ein seia garden frå seg, men det er inga enkel avgjerd. Garden er i seg sjølv ein viktig premiss for det valet ein gjer. Det handlar ikkje berre om å velja ein attraktiv livsstil. Det handlar også om å føre vidare noe som er større enn seg sjølv.

Bonden eig på denne måten ein kapital som får tyngde av generasjonane før ein sjølv, og som gir ein nærleik til naturen som berre dei som er avhengige av han kan ha. Det gir ei tilhøring og ein stadtilknytta identitet som få andre kan få oppleva. Kulturarven er truleg eit nokså viktig grunnlag for valet av livsstil, sjølv om her er store utvegar til variasjon. Heittidsbonden er i enda større grad knytt til dei rammene for tilvertet som arbeidsoppgåvane og økonomien på garden gir, enn deltidsbonden som i alle fall økonomisk har fleire bein å stå på.

Nå er det ikkje noe nytt at bonden og bygdelivet blir oversverma. Ikke i Norge og ikkje andre stader. Romantiske svermeri kring det frie livet under ein open himmel i allslags ver har vore sterke lenge. Men skal vitru at det er ei ny romantisk bølgje vi nå er vitne til? Der det enkle, frie og trygge livet på landet er svaret på det meste av det som er vondt og vanskeleg



Samhaldet i familien og samarbeid på tvers av generasjonane er både nødvendig og verdsett. Trygve, Ellen Lovise, Gudmund og «drenge» i slåtten.

i verda? Der norske bygger framstår som upletta oasar i eit landskap prega av forsøpling, ufred og menneske hekta på stoff?

Ikkje veit eg. Vi veit for lite om dette, om motiva og grunngivingane for å emigrere. Akkurat som utvandringa til Amerika hadde samansette føresetnadar, har innvandringa til Norge det. Likeeins må vi tru det er mange grunnar til at livsstilsmaskina finn ein veksande marknad. Men det som står fast er at



Alle blei bedne med til bords i Askvik. Livsstilen er trygg, open, gjestfri og inkluderande.

dei oppfatningane mange har av korleis det er å bu i norske bygder og drive norske gardsbruk er i ferd med å endre seg hos grupper som er på leit etter alternativ til den utviklinga som har vore rådande dei siste tiåra. Dei som bur i bygdene forvaltar noen verdiar som kan vera i ferd med å bli etterspurde att. Det gir håp for dei som strevar med å oppretthalde livskraftige samfunn i utkantane, men det stiller og store krav til kunnskap om kva verdiar ein faktisk har i forvalting, og korleis ein utover forvaltinga. Det er ikkje openbart at den forvaltinga av norsk natur og norsk kultur som vi ser i dag er den som på lang sikt tener bygdene best.

Roy Høibo (59) er direktør ved Ryfylkemuseet. Han har vore tilsett ved museet sidan 1980, og har skrive fleire bøker og artiklar.

KJELDER:

Intervju med Ellen Lovise Eiane, Trygve Brandal, Marta og Gudmund Eiane, Ola Dale, Anne Kari Øygard, Sigrun og Sigurd Dale.
Feldagbok frå 1998
Notat frå besøk i Askvik av Gaute Berge Nilsen

LITTERATUR:

Brandal, Trygve: Hjelmeland. Gardar og Folk, Hjelmeland kommune 1989
Høibo, Roy: Vegen til byen, i FOLK i Ryfylke, årsskrift for Ryfylkemuseet, 2003
Lindoe, Rigmor: Eplesaft på museum, Stavanger Aftenblad 30.06.1998
Tjeltveit, Njål: Med båt og buss, Stavanger 1988

Folkemusikk i Hjelmeland

Av Ruth Anne Moen

Det har ikkje vore særleg fokus på folkemusikken i Hjelmeland. Leitar vi i arkivet, finn vi likevel ein del stoff frå området. Det er først og fremst barnesullar og småstubar, dessutan eit større materiale med salmar og åndelege songar. Vi finn også ein liten stubb i springartakt - kanskje siste rest av ein gammal danseslått?

Sven Randa hadde durspel, så det har nok vore spelt i stovene på Viga. Vi må tru dei har sunge og, sikkert slikt som har vore kjent elles i nærområda. Så la oss ta ein tur i arkivet for å sjå kva vi finn.

Vi tar først eit dykk i notesamlinga. Sogningen Olav Sande (f. 1850) reiste rundt og samla folkemusikk på vestlandet tidleg på 1900-talet. Han var og i Ryfylke. Her er ei vise han skreiv ned etter Børgine Nedrebø (Nærbø) frå Fister. Ho var født i 1843, og ho var dotter til Svein Sveinson Sigmundstad og Anna Reiarsdotter som var frå Valheim i Årdal. Kanskje hadde Børgine lært visa heime? Ho kan også ha lært visa av jammaldringar.

Etter Børgine Nedrebø, Fister

Vi fi - re sós - kend væ - re, som vok - te dei - ligt op, og
5 fri fra nød og fa - re fra taa og op til top. Men
9 lyk - ken sig om - vend - te, som vi er - fa - re kan, at
13 nød og mod - gang mød - te en del, vi og - saa fandt.

Vi fire søskend være, som vokste deiligt op,
og fri fra nød og fare fra taa og op til top.
Men lykken sig omvendte, som vi erfare kan,
at nød og modgang mødte en del, vi ogsaa fandt.

Vi skjønner at dette er starten på ei lengre vise. Men Olav Sande skrev berre ned første verset. Han var nok mest interessert i melodiens. Kanskje ein eller annan av lesarane kjenner visa og kan fleire vers? Her kjem ein salmetone etter same informanten:

Etter Børgine Nedrebø, Fister

Den som der vin - der, skal æ - de de sø - de frug - ter som smukt i Guds
 7 Pa - ra - dis gror. In - gen slags død el - ler jam - mer skal mø - de
 13 den paa mig sted - se og hjer - te - lig tror. Kvæ - gen-de saft,
 19 styr - ke og kraft gi - ves den, sei - ren i dø - den har havt.

Den som der vinder, skal æde de søde
frukter som smukt i Guds Paradis gror.
Ingen slags død eller jammer skal møde
den paa mig stedse og hjertelig tror.
Kvægende saft,
styrke og kraft
gives den, seiren i døden har havt.

Børgine var gift med Olav Nedrebø (Ole Pedersen Nærbo). Han var kirkesongar i Strand, men var født i Høgsfjord i 1840. Olav Sande skreiv ned fleire salmar etter han. Om det er slikt han har lært i Hjelmeland eller noko han har tatt med seg heimanfrå, er ikkje så godt å seie. Her er ein av salmane hans. Det er tydelig at Olav Nedrebø har sunge med ein utprega eldre tonalitet, og at det har vore vanskeleg for Olav Sande å velje korleis han skal plassere tonane. Han vekslar her mellom å notere B og H, medan informanten truleg har sunge noko midt i mellom, med litt variasjon.

Etter Olav Nedrebø, Strand/Forsand

Da - gen vi - ger og gaar bort. Lu - ften bli - ver tykk og sort.
9 So - len har alt da - let plat. Det gaan ad den mør - ke nat.

Dagen viger og gaar bort.
Luften bliver tykk og sort.
Solen har alt dalet plat.
Det gaan ad den mørke nat.

Ein annan som samla folkemusikk på vestlandet på 1900-talet, var hordalendingen Arne Bjørndal (f. 1882). Her er ein liten stubb eg fann i samlinga hans. Den er nedteikna etter Johannes Arneson i 1942. Johannes Arneson var født i Hjelmeland i 1865 og var son til lærar og kyrkjesongar Jakob Aadnesen. Den vesle stubben går i springartakt. Kanskje er det ein rest frå ein gammal springar dei har spelt til dans her? Så blei han til ein barnesong då springaren gjekk ut av bruk.

Etter Johannes Arneson, Hjelmeland

Lit - le fug - len se - de pit - lar i lauv, pit - lar i lauv, pit - lar i lauv,
had - de gu - le fo - der, kol - svar - te rau, kol - svar - te rau, kol - svar - te rau.

Little fuglen sede pitlar i lauv,
pitlar i lauv, pitlar i lauv,
hadde gule føder, kolsvarte rau,
kolsvarte rau, kolsvarte rau.

Olav Vigane (f.1905) budde på Laugaland i Vormedalen. Han song inn mange salmar og åndelege songar på band for at dei skulle bli tatt vare på i ettertida. Han blei født på Vigane ved Breilandsvatnet og mykje av stoffet hadde han etter far sin, Hans Vigane (f.1863). Hans Vigane var liksongar i bygda, og stemmeprakten gjekk i arv. Eg fekk treffe Olav Vigane då han var over 90 år. Han hadde framleis den flotte stemmen i behald.

Etter Olav Vigane, Laugaland

På å - ke - ren ut, sjå vå - ren han ly - ser frå hav og til nut, og
å - ker - en ligg her så vid og så stor. Du veit at han rekk o - ver
hei - le Guds jord. Og sæ - det det strå - lar av ski - ran - de
gull i så - kor - ga full, i så - kor - ga full.

På åkeren ut,
sjå våren han lyser frå hav og til nut,
og åkeren ligg her så vid og så stor.
Du veit at han rekk over heile Guds jord.
Og sædet det strålar av skiraste gull
i såkorgi full,
i såkorgi full.

Songen har mange vers, og Olav Vigane har sungne inn alle.

På eit av banda syng han barnesongar. Her er ei regle om kråka:

etter Olav Vigane, Laugaland

Krå - gå se - de på gard - staur, ro - pa et - te kvass - stein. Ka
3 vil du me kvass - stein? Kved - ja ljå. Ka vil du me ljå? Slå gras. Ka
5 vil du me gras? Gje - va ku. Ka vil du me ku? Mjøl - ka mjølk. Ka
7 vil du me mjølk? Ys - ta ost. Ka vil du me ost? Gje - va prest. Ka
9 vil dumme prest? Døy - ba bodn. Ka vil dumme bodn? Stappa dei opp i ein tjø - ru - holk!

Krågå sede på gardstaur,
ropar ette kvasstein,
Ka vil du me kvasstein?
Kvedja ljå.
Ka vil du me ljå?
Slå gras.
Ka vil du me gras?
Mjølka mjølk.
Ka vil du me mjølk?
Ysta ost.
Ka vil du med ost?
Giva prest.
Ka vil du me prest?
Døyba bodn.
Ka vil du me bodn?
Stappa dei opp i ein tjøruholk!

Og her kjem ein stubb om katten:

Etter Olav Vigane, Laugaland

Pu - se - katt se - de på ta - gje, ta - la te sin - e små gu - tar:
Kor ska me hen te vin - ter - en, me frys på vå - re små fø - ter?
Me ska rei - sa te Dan - ne - mark, kjø - ba sko for ein hal - ling - mark.
Tril - ling - a tril - ling - a sval - ta - ro, pu - se - katt spe - la på pe - ba - ro, han
pu - se - katt slo på trom - ma. Fi - re små rot - ter i ein ring, me' hei - la jord - å don - dra

Pusekatt sede på tagje,
tala te sine små guitar:
Kor ska me hen te vinteren,
me frys på våre små føter?
Me ska reisa te Dannemark,
kjøba sko for ein hallingmark.
Trillinga trillinga svaltar,
pusekatt spela på pebaro,
han pusekatt slo på tromma.
Fire små rotter i ein ring,
me' heila jordåondra.

Stev har dei sunge i Hjelmeland, som elles i Ryfylke. Torkel Mauland frå Time samla tekstar i Ryfylke og andre stader alt på slutten av 1800-talet. Her er nokre humoristiske stevtekstar han skreiv ned i Hjelmeland og Årdal. Dei sto på trykk for første gong i «Folkedikt og skjempt i Rogaland» (Stavanger 1919):

Eg og du me er kammerattar;
Me skal kjøpa oss blanke hattar.
Eg og du me hev fritt til ei,
og ingen av oss hev fenge nei ! (Hjelmeland)

Gjento mi ho er av dei fine,
soli maa kje paa henne skina.
Haust og vaar er ho raud og kvit,
men jonsok tid som ei ruadbarka hit. (Hjelmeland)

Den litla gjento med den stutte stakken,
ho vi kje hava den halte krakken;
men ho vil ha seg ein jordagut,
so ho kann liva sin alder ut. (Aardal)

Flinke gutar so vil me vera
og inkje uppstuss i laget gjera;
me vil skikka oss so godt me kann,
so me kann finnast ein annan gong. (Aardal)

Eg og du me er no two sellar,
me hev sulla ute so mange kveldar;
me hev sulla ute so mang ei nott,
naar røta fanten hev sove godt. (Hjelmeland)

Inkje hev eg i Røyldal vore,
inkje hev eg det smøret stole;
var det noko, so var det saup,
det stod i forstova i ein laup. (Hjelmeland)

I arkivet finn vi ikkje nokon stevmelodi vi veit sikkert at dei har brukt i Hjelmeland, men då alle nystev har same verserytme, kan vi hente ein i frå nabokommunen, Suldal. Kanskje kjente dei den i Hjelmeland og?

Etter Olav J. Bråteit, Suldal

The musical notation consists of two staves of music. The first staff starts with a treble clef and a 3/4 time signature. The second staff continues the melody. The lyrics are written below the notes:

Å vil du stev - jast med meg i leng - de, så må du kun - na ei hei - le
4 meng-de. Å vil du stev-jast med meg i dag, så må du kun-na i tu-sen - tal!

Her kjem nokre tekstar Torkel Mauland fekk av informantar på Hjelmeland. Desverre skreiv han ikkje ned melodiane, så om det er nokon av lesarane som kjenner desse, er det flott om de tek kontakt med Folkemusikkarkivet!

Ro ro til Balta.
Fiska seien og salta.
Salta han baade med ister og rogn,
leggja'n i tunnor og føra'n til Sogn.
So skal me bryggja og baka
og steikja badne ei kaka.

Sulla lulla barnet.
Det hev so mange farar,
prestar og studentar
og andre lause karar,
Tore Brult i Austigard
og ybbe Tore Valeim,
tvo i Land
og tvo i Strand,
fira og tjuge i Nordland.

Aa gjøye meg!
Kva felar deg?
Den store graa vêren hev stanga meg.
I bakken han stod,
med horni han slo;
aa nei, aa nei kor folkje lo.

Asgjerd Ramsfjell Taksdal (f. 1930) frå Voster i Strand, har lært fleire småstubbar av faren, Josef J. Ramsfjell (f. 1901) frå Jøsenfjorden. Her er ein om ekornet:

Etter Asgjerd Ramsfjell Taksdal, trad. Jøsenfjorden

I - kod-ne gjekk på vod - len og slo, haur' - e du koss det snør - de?
5 Skjo - rå rak - te og krå - gå drog og lit - le pu - se-kat - ten han kjør - de.
9 Han - en trøsk - te og hø - nå mol og gam-la svar-ta kjet - tå hu knad - de og
13 mu - så gjekk og gnau - la og gnol og ba om alt det di had - de.

Ikodne gjekk på vodlen og slo,
haur'e du koss det snørde?
Skjorå rakte og krågå drog
og little pusekatten han kjørde.

Hanen trøskte og hønå mol
og gamle svarte kjettå hu knadde
og muså gjekk og gnaula og gnol
og ba om alt det di hadde.

Til slutt ein stubb Olav Sande har nedteikna i Suldal, men som dreier seg om ei reise fra Ulladalen til byen og så tilbake til Fundingsland:

Etter ei nedteikning av Olav Sande

The musical notation consists of four staves of music. The first staff starts with a treble clef, a key signature of one sharp, and a 2/4 time signature. The lyrics begin with "Me ska rei - sa te by - dn i må - rå," with measure numbers 1 through 13 above the notes. The second staff continues the melody. The third staff begins with "rei - se me te Fun-nings-land" at measure 10. The fourth staff concludes the song with "Og så slas - ka me te - bars te Ud - la - dal - en i - gjen, me!"

Me ska rei - sa te by - dn i må - rå, kjø - pa suk - ker og kring - la, me. Så
rei - se me te Fun-nings-land te 'na gam - la bes - ta. Mos - ter der og
sos - ja - bo - dn der: Jo - ne og Ås - mund og To - mas og Lars.
Og så slas - ka me te - bars te Ud - la - dal - en i - gjen, me!

Me ska reisa te bydn i mårå,
kjøpa sukker og kringla, me.
Så reise me te Funningsland
te 'na gamla besta.
Moster der og sosjabodn der:
Jone og Åsmund og Tomas og Lars.
Og så slaska me tebars
te Uldadalen igjen, me!

Ruth Anne Moen (57) er konservator med ansvar for folkemusikkarkivet ved Ryfylkemuseet.

Årsmelding 2006

Vedtatt av styret i møte 28. februar 2007

Meldingsåret 2006 var eit jubileumsår for Ryfylkemuseet. Ved inngangen til året var det 25 år sidan museet tok på seg oppgåva som regionmuseum for Ryfylke, og i september var det 70 år sidan museet blei skipa, den gongen under namnet Rogaland Folkemuseum. Hendinga blei markert med stort jubileumsarrangement på Sand, og produksjon av utstillinga «Ekte vare». Årboka for 2006 hadde også museumshistoria som tema.

Meldingsåret var også eit år der vi begynte sjå resultatet av strevet med å inkludere heile Ryfylke i museumsarbeidet. I juni blei første avdelinga av Kvitsøy Hummermuseum opna. Same månaden overtok vi og opna husmannsplassen Bakken på Rennesøy som avdeling i Ryfylkemuseet. Og i november blei resultatet av innsamlingsarbeid i Strand presentert gjennom ei bok og ein CD kalla «Eg rodde på spreng – ifrå Hidle te Heng».



I juni blei første avdeling av Kvitsøy Hummermuseum opna. Utstillinga fekk tittelen «Frå teine til sòlvfat», og handlar om hummaren.



I juni overtok vi også husmannsplassen Bakken i Rennesøy og opna ny museumsavdeling der. På troppa: Kultursjef Tone M. Haugen og vår eigen antikvar Grete Holmboe. Det var dei som hadde ansvaret for istandsettinga av plassen.

Nedanfor følgjer ei liste over andre viktige resultat av arbeidet i 2006:

- Sesongdrift av 12 museumsanlegg 18. juni–14. august
- Gjennomført 31 andre arrangement
- Folkemusikkhelg med 60 deltakarar
- Gjennomslag for finansiering av ny stilling for handverkar frå 2007
- Avklara føresetnadane for realisering av byggeprosjekt, gjennomført anbodsrunde for detaljplanlegging
- Sinklafting av fjos til løa på Hustveit er gjennomført.
- Skrive jubileumssøge for Hjelmeland Sparebank
- Tatt nye viktige steg i arbeidet med katalogisering av samlingane
- Avslutting av utviklingsprosjektet FRAM
- Internasjonal kafe på Sand har halde fram med god tilslutning
- Utarbeiding av museums- og kulturvernplan for Sauda med etterfølgjande auke i driftstilskottet frå kommunen
- Hovudrestaurering av Røynevarden har kome i gang

MÅLOPPNAÅING

Ryfylkemuseet har lagt hovudmålet til Kulturdepartementet til grunn for formuleringa av det overordna målet til Ryfylkemuseet. Dette lyder slik:

Det overordna målet for Ryfylkemuseet er å skape grunnlag for, kunnskap om, forståing for og oppleving av natur, kultur og samfunn på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vi meiner at vi i det følgjande kan dokumentere god måloppnåing i forhold til dette overordna målet.

I Abm-meldinga¹ og i Kulturmeldinga² er det peika på ein del område som bør få høg prioritet. Ryfylkemuseet kan vise til gode resultat på ein del av desse områda.

I Abm-meldinga er følgjande utfordringar for musea tatt opp:

- Den fleirkulturelle utfordringa

Ryfylkemuseet er mellom pionerane i arbeidet med å inkludere nye nordmenn i arbeidet. Den internasjonale kafeen er eit viktig virkemiddel i dette arbeidet.



Vi har etter kvart lang erfaring frå samarbeid med innvandrarar og har sett at museet kan vera ein god møtestad for slike nye Ryfylkingar. Dansen er ofte ein forløysande aktivitet.

I 2006 har vi vore med og skipa eit nasjonalt museumsnettverk (Mangfoldsnettverket) for museum som arbeider med den fleirkulturelle utfordringa.

- Kystkultur

Aktivitetane kring bevaring og bruk av «Brødrene af Sand» er ein viktig lekk i arbeidet med å ta vare på og formidle fjordkulturen.

I Kvitsøy har vi i 2006 opna første delen av ei museumsavdeling som skal formidle fiskerihistoria og livsforma knytt til utnytting av ressursane i havet.

I 2006 blei husmannsplassen Bakken på Rennesøy innlemma i Ryfylkemuseet. Dette plassen representerer kombinasjonen jordbruk/sjøbruk, og er ei flott miljøutstilling sett i samanheng med utstillinga i BibMus.

- Industri og sørvisnæringer

Vi har eit sterkt engasjement i kraftbygging og industristadhistorie. I 2006 har vi vore med og arbeidd fram ein plan for museums- og kulturvernarbeid i Sauda.

- Økologi og miljøvern

Den unike samlinga av bygningsmiljø på sine opphavlege tufter er eit viktig bidrag til forståing av samanhengen mellom natur og kultur.

I meldingsåret har den største innsatsen vore knytt til Jonegarden på Hustveit og husmannsplassen Røyenvarden i Suldal.

- Handlingsboren kunnskap

Ryfylkemuseet er mellom dei leiande musea i landet i arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborene kunnskapen knytt til bygningsfaga, og ivaretar funksjonen som hovudansvarleg museum for Byggnettverket, eit av dei nasjonale museumsnettverka.

Med støtte frå ABM-utvikling arbeider vi med eit prosjekt som har til formål å styrke dokumentasjonen av bygningsvernet.

Kulturmeldinga gjentar desse prioriterte arbeidsområda, og understrekar behovet for å søke dialog med omverda.

Det nye i kulturmeldinga er at ho også tar opp behovet for å styrke arbeidet med folkemusikken og folkedansen. Departementet peikar dessutan på at utviklinga mot eit samfunn med større kulturelt mangfold gjer at vi har utfordringar i forhold til eit breitt mangfold av folkemusikkulturar. Ryfylkemuseet har arbeidd med denne oppgåva sidan starten, og har dei siste åra tatt inn over seg den fleirkulturelle utfordringa også på dette området.

ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet er sidan 1991 organisert som ei sjølevigande, privat stifting der medlemmene i museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette nemner opp medlemmar til styret.

Ny lov om stiftningar har gjort at vedtekten for museet dette året er justerte. Den viktigaste endringa i lova er at stiftningar ikkje lenger kan ha medlemmar. Medlemmene til museet vil derfor bli tilbydde medlemskap i ei frittståande venneforeining. I samband med endringar i vedtekten er også samansettinga av styret endra. Frå 2007 vil alle kommunar som har avtale med Ryfylkemuseet ha høve til å møte i styret. Tidlegare har representasjonen frå kommunane gått på omgang mellom Ryfylke-kommunane.



Venneforeninga for «Brodrene af Sand», her representert ved Kjell Århus og Gunnar Jonassen fekk ei god påskjøning da SR-bank, her representert ved Siri Førland, Ellen Iversen og Torfrid Baustad dukka opp med stor gáve til arbeidet.

MEDLEMMANE

Ved årsskiftet var det 465 som hadde betalt årspengar. Det var 25 færre enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

KOMMUNE	2005	2006
Forsand	4	4
Strand	21	16
Hjelmeland	51	46
Suldal	174	157
Sauda	57	58
Finnøy	49	43
Rennesøy	32	30
Kvitsøy	5	5
Andre	97	106
SUM	490	465

Det blei halde årsmøte for medlemmane på Håland i Erfjord 30. mars.

STYRET

Etter årsmøtet i 2006 har styret hatt denne samansettinga:

For medlemmane:

Terje Hidle, Finnøy	Til årsmøtet 2007
Vara: Audun Rake, Strand	Til årsmøtet 2007
Kristoffer Nødland, Sauda	Til årsmøtet 2008
Vara: Lars Olav Fatland, Suldal	Til årsmøtet 2008

For kommunane:

Tormod Skeie, Suldal	Til 31.12.2007
Vara: Sverre Underbakke, Suldal	Til 31.12.2007
Gro Voldner Birkeland, Sauda	Til 31.12.2007
Vara: Knut Risvold Aalvik, Sauda	Til 31.12.2007
Vibeke Meling, Finnøy	Til 31.12.2007
Vara: Arna Nærland, Finnøy	Til 31.12.2007

For fylkeskommunen:

Lars Pedersen	Til fylkestingsvalet 2007
Vara: Marit Jelsa	Til fylkestingsvalet 2007

For dei tilsette:

Trygve Brandal	Til 31.12.2007
Vara: Sanja Ignjatic	Til 31.12.2007

Styret har hatt 5 styremøte og behandla 27 saker.

TILSETTE

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør	
Trygve Brandal, førstekonservator med ansvar for samlingane (80%)	
Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga	
Sanja Ignjatic, kontorleiar	
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsleiar	
Ruth Anne Moen, konservator med ansvar for folkemusikkarkivet	
Eva Songe Paulsen, museumspedagog/formidlar (til 15.05)	
Åshild Marie Øverland, formidlar (frå 14.08)	

Timeløna:

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (ca 20%)	
---	--

Mellombels stillingar (prosjektstillingar):

Ernst Berge Drange, førstekonservator, bygdebokforfattar (permisjon 01.01-31.08)	
Bernd Elmies, konsulent, katalogisering (20%), frå 21.08 også prosjektmedarbeidar bygningsvern (60%)	
Erik Walter Vold, konsulent, prosjektmedarbeidar bygningsvern (til 30.06)	

Ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Mirkamil Abdulhakom, musikar	
Erling Berstad, instruktør	
Mohamed Abdirizak Bille, ekstrahjelp	
Monika Antun, instruktør	
Bård Egil Eide, oversettar	
Ingrid Vold Eriksen, museumsvert	
Britt Pernille Frøholm, instruktør	
Frode Haugstad, museumsvert	
Nils Nikolai Havrevoll, museumsvert	
Susanne Helgeland, instruktør	



Museet har ikkje nye Ryfylkingar berre som gjester, men også som tilsette. Her er Ruquia Said Farah, Maria Corazon A. Dørheim og Sanja Ignjatic flankert av Grete Holmboe og Ruth Anne Moen.

Eli Marie Kvæstad Hoftun, museumsvert

Hanne Holmen, museumsvert

Kristin Hotvedt, museumsvert

Katinka ten Hove, museumsvert/omvisar

Siri Holmboe Høibo, museumsvert

Birte Jelsa, museumsvert/omvisar

Wencke Johnsen, ekstrahjelp

Aud Kaurstad, omvisar

Bård Kleppe, museumsvert

Jorunn Marie Rypdal Kvernberg, musikar

Kjellaug Laugaland, museumsvert

Sveinung Søyland Moen, ekstrahjelp

Bjørg Jorunn Myhre, syerske

Jan Møgedal, rekneskap

Bjørn Erik Natland, tømrar

Aasmund Nordstoga, instruktør

Jan Olav Ommundsen, museumsvert

Randy H. Riecke, tømrar

Ellen Jensen Roalkvam, omvisar

Steinar Rygg, instruktør

Anders Erik Røine, instruktør

Olaug Sandanger, reinhaldar

Audun Magnus Skjelbreid, omvisar

Tove Solheim, musikar

Irene Tillug, musikar

Kirsti Anette Tomassen, reinhaldar

Åshild Vetrhus, musikar

Laruentsa Wigestrond, museumsvert/omvisar

Irma Weerstand de Wildt, omvisar

Knut Risvold Aalvik, myllar

Praksisplassar:

Ruquia Said Farah, introduksjonsprogrammet

Saedo Hussein Mahamoud, introduksjonsprogrammet

Bjørn Erik Natland, utdanning, bygningsavdelinga

Erling Johannes Gundersen, rehabilitering, bygningsavdelinga

Åse T. Jensen, Viga

Til saman har museet hatt arbeidsgjevaransvar for 9,2 årsverk. Praksisplassane er ikkje rekna med i dette talet.

Sjukefråveret har vore på 1,7% Dette er ein nedgang frå 2,2% i 2005.

FRIVILLIG ARBEID

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeninga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde «Brødrene af Sand» i drift. Til arbeidet med rigging/hedrigging og vedlikehald har venneforeninga i år rekna kring 500 dugnadstimar. I tillegg kjem den frivillige deltakinga i seglingar med fartøyet.

Den internasjonale kafeen som er for ein del basert på frivillige bidrag til serveringa. Det ser ut til å vera stor velvilje både mellom innvandrarane og andre for å få til ei rikhaldig og spennande kafébord.

På Kvitsøy er det etablert ei stor gruppe som deltar aktivt i arbeidet med å bygge opp og drive Hummarmuseet der.

På Rennesøy har folk frå bygdekvinnelaget og historielaget tatt på seg vertskapet på Bakken.

På Håland har Erfjord grenadautval nemnt opp eit gardsstyre som deltar i arbeidet med tilsyn og stell av hagen.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss



Prosjektleiar Grete Holmboe, ordførar Ole Olsen og dugnadsgjengen på Kvitsøy feirar opninga av hummarmuseet.

med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit. Bygdekvinnelaget på Sand deltok i det etter kvart årvisse arrangementet i Kvednahola på Ritland.

Museet drar også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. Museumslaget har i meldingsåret særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

I Hjelmeland er det etablert ei frivillig gruppe som vil arbeide med gjenstandssamlinga i Hjelmeland bygdemuseum.

Vi har eit samarbeid med Foreninga Suldalsdampen om seglingar med D/S Suldal på Suldalsvatnet.

I arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengigje av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore neverdugnad både på Birkeland i Sauda og på Nesflaten i Suldal.

Også i arbeidet med oppbygging av folkemusikkarkivet har vi stor nytte av folk som stiller opp som kontaktpersonar under

feltarbeid. I meldingsåret gjeld dette særleg Strand, der medlemmar av Strand mållag har stilt opp, og i Lund, der privatpersnar elles har stilt opp.

I tillegg til dette har ei rekke enkeltpersnar stilt opp for oss i arbeidet med ulike arrangement, slik som på sommarkonseriane, aktivitetsdagane og julearrangementet på Kolbeinstveit, kvernhusdagen i Kvednahola, tokt med «Brødrene af Sand» og under avviklinga av jubileumsarrangementet.

SAMARBEID MED ANDRE

I tillegg til dei frivillige gruppene har museet ei rekke andre samarbeidspartnarar. Tanken er at vi får gjort meir der det er noen å gjera det saman med enn der vi er aleine.

Det viktigaste er å følge opp initiativa frå kommunane. I år har vi arbeidd mye med etablering av Hummarmuseet i Kvitsøy og istandsetting og opning av husmannsplassen Bakken i Rennesøy. I Sauda har vi eit samarbeid med kommunen, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd og Fylkesmannen i Rogaland om utvikling og drift av Jonegarden på Hustveit og det har vore stor aktivitet kring bevaring av industristadens kulturminne. Vi har innleia eit samarbeid med Forsand kommune om utvikling av bygdemuseet der, og har likeeins kontakt med kulturkontoret i Hjelmeland om liknande oppgåver.

Reiselivsorganisasjonane er ein annan viktig samarbeidspartnar. Vi deltar i samarbeid med Reisemål Ryfylke, lokale turistkontor og andre reiselivsaktørar om utvikling av reisemål og marknadsføring av desse.

Etter at vi i perioden 1989–1991 hadde deltatt i eit samarbeid med Elkem Sauda, Sauda fabrikkarbeiderforening og Sauda kommune om ordning og registrering av bedrifts- og fagforeningsarkivet på smelteverket, var vi med og skipa ei stifting som skulle drive arkivet vidare, og vi har plass i styret for denne stiftinga. Behovet for å skaffe tilfredsstilande plass for arkivet er med i grunnlaget for arbeidet med å ta vare på Søndenå kraftstasjon.

Etter eit samarbeid med Stavanger Turistforening om rekonstruksjon av to av stølshusa på Bleskestadmoen, blei museet

i 2002 samde med turistforeningen om ein intensjonsavtale for vidare samarbeid. Dette samarbeidet har i meldingsåret vore fokusert på utvikling av ei utstilling i den nye Preikestolen fjellstove som turistforeningen skal bygge ved Prekestolhytta.

Tilboda våre om å bidra til kulturhovudstadsåret 2008 har ikkje nådd fram. Vi har vore i ein slags dialog like sidan vi sendte inn våre forslag i våren 2005, men da vi arbeidde med planar og budsjett for 2007 hadde vi framleis ikkje noe grunnlag for å legge inn førebuing for arrangement i 2008 i desse planane. Vi reknar såleis ikkje med noen kulturhovudstadsbidrag frå Ryfylkemuseet.

Internasjonalt deltar museet i den verdsomfattande museumsorganisasjonen the International Council of Museums (ICOM) gjennom underkomiteane for dei regionale musea, the International Committee for Regional Museums (ICR) og the International Committee for Historic House Museums (DEMI-HIST). Den siste hadde sitt møte på Malta i oktober, og vedtok da å legge sin generalkonferansen til Norge og Ryfylke i 2009.



Kompetanseutvikling er ei viktig del av personalpolitikken. Her deltar vi på fagmøte i Byggnettverket på Telemark museum i Skien. Ryfylkemuseet er leiar av det nasjonale Byggnettverket.

Med grunnlag i arbeidet med folkemusikkarkivet deltok vi i år på ein konferanse i den tilsvarande organisasjonen for folke-musikk- og folkedansforskjarar, the International Committee for Traditional Music (ICTM) i Cluj i Romania.

KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre. I år er det m.a. gjennomført førstehjelpskurs for museumsvertar.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar. Handlingsprogrammet for perioden 2007–2010 blei vedtatt av styret i møte 20.12.2006.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, kurs, seminar og konferansar innanfor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar.

Alle dei fast tilsette og ein av dei prosjektilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2006. Tre av dei tilsette har fått høve til å delta på internasjonale konferansar. Detaljert oversyn over deltagninga finst i resultattrapporten til styret.

Etter invitasjon frå Innovasjon Norge har vi deltatt i eit utviklingsprogram (FRAM) med støtte frå Suldal Utviklingsselskap. Programmet starta i februar 2005 og blei avslutta i juni 2006. Arbeidet har avdekkja behov for eit meir målrettet arbeid med kompetanseutvikling og sterkare fokus på produktutvikling, sal og marknadsføring.

RAMMEVILKÅR

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen og vertskommunen Suldal, ulike former for prosjekttilstskott, tilskott til særlege tiltak og eigeninntekter i form av biletteinntekter, medlemspengar, sal, kurs m.v.

Det var ingen store endringar i rammevilkåra frå 2005 til 2006, men eit meir systematisk arbeid både med søknadar om driftsstøtte og prosjekttilstskott har ført til løyingar som vil gjera driftssituasjonen lettare frå 2007.

Det er særleg Museumsreforma som har gitt grunnlaget for den veksten i løyingane som museet har fått dei siste åra. Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. I tillegg har vi oppnådd vekst i driftstilskotta både frå Rogaland fylkeskommune og vertskommunen Suldal. Nytt er at det nå også ser ut til å vera eit utvikling mot romslegare løyingar frå dei andre kommunane. Sauda kommune løyver kr. 200.000 i årleg driftsstøtte frå 2007 og Kvitsøy kommune har løvd romslege tilskott til utviklinga av hummarmuseet.

Kulturdepartementet refererer i St.meld. nr 48 (2002–2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014, til at minimumsbemannninga for eit konsolidert museum bør vera 8–11 stillingar. Ryfylkemuseet vil frå 2008 ha 8 faste stillingar, og har såleis kome opp på eit minimumsnivå. I tillegg kjem vi til å ha fleire prosjekttilsette dei nærmaste åra. Med dette har vi ressursar til å gjera mye godt museumsarbeid, men vi arbeider i ein stor og tungreist region og vi kan framleis ikkje vera synlege alle stader til alle tider.

På det nasjonale planet har vi vore aktive i arbeidet med å etablere eit Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket), og ABM-utvikling har peika ut Ryfylkemuseet som hovudansvarleg museum for dette nettverket. Vi er ells medlemmar eit kulturlandskapsnettverk og har i år vore med og skipa eit mangfaldsnettverk. Det siste skal arbeide mot innvandrarar og nasjonale minoritetar.

Folkemusikkarkivet deltar i nettverkssamarbeid med dei andre folkemusikkarkiva i Norge som også har eit samarbeid med folkemusikkarkiv i Sverige. Ryfylkemuseet er leiar for nettverket for arkiv som samarbeider om bruk av dataprogrammet FIOL.

MUSEUMSBYGG

For å komma fram til ei permanent løysing på behovet for tilfredsstilande verkstader, og etter kvart behov for meir kontor-

og arkivplass m.m., fekk museet i 1998 utarbeidd planar for eit nybygg attmed Nesa-sjøhuset på Sand. Det har vore ei tung sak å finansiere dette, men ved forre årsskifte var dei endelige vedtaka om tilskott til bygget på plass. Bygget er kalkulert til 18 mill. kr. og vi er svært spente på om denne kalkylen vil halde i ein nokså oppheita byggemarknad.

I 2006 har det vore arbeidd med å få på plass ulike føresetnadurar for å kunne føre byggeprosessen vidare, og det har vore gjennomført konkurranse om detaljplanlegging av bygget. Ved årsskiftet er planleggingsgruppe vald, og detaljplanlegginga vil starte på nyåret i 2007.

MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine hovudrolla musea har, etter oppgåveformuleringane i dei offentlege dokumenta om museumsverksemda, er å vera samfunnsminne. Dette gjer vi gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring.

BYGNINGAR

I vestnorsk målestokk er Ryfylkemuseet eit stort bygningsmuseum og det største i Rogaland. Ved utgangen av meldingsåret var talet på bygningar i eiga til museet 54. Bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

KOMMUNE	STAD	TAL BYGNINGAR
Hjelmeland	Viga	10
Suldal	Håland	3
	Jelsa	1
	Sand	1
	Kvæstad	1
	Ritland	4
	Kolbeinstveit	12
	Øystad	2
	Røynevarden	6
Sauda	Hustveit	10
	Åbø-byen	2
	Slettedalen	1
Rennesøy	Bakken	1
SUM		54



Den store bygningsmassen er ei stor utfordring for Ryfylkemuseet. Nå er det omfattande reparasjonar og restaurering på Røynevarden som står for tur.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbete. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei forsvarleg forvalting ut frå antikvariske prinsipp.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Men dette har også ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre därlegare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekka eit stort etterslep på vedlikehald av bygningane. Vi ser også at endring mot eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Med den nye handverkarstillingen frå 2007 får vi ein god auke i kapasiteten. To handverkarstillingar er ikkje noen overdriven bemanning for å ta vare på ein slik bygningsmasse, men med tillegg av noen prosjektfinansierte krafttak, håper vi at dette skal vera tilstrekkeleg til å halde forfallet på avstand. I perioden 2005–2008 finansierer ABM-utvikling eit prosjekt



«Brødrene af Sand» må på slipp kvart år. Venneforeninga tar den største delen av vedlikehaldet, men når vi nå har fått to handverkarar håper vi det skal bli muleg å bidra meir også frå museet si side.

kalla «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet», som har til formål å heve både kompetansenivået og praksisen i arbeidet med dokumentasjon av museumsbygningar og arbeidet med dei. Eit konkret resultat av prosjektet vil vera ei handbok i dokumentasjon av bygningar.

FARTØY

Museet eig 12 mindre båtar og Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand».

Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har også i 2006 tatt ansvar for vedlikehald og drift av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Venneforeninga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag.

I samarbeid med Hardanger Fartøyvernsenter er det utarbeidd ein vedlikehaldsplan for fartøyet.

GJENSTANDAR

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar:

KOMMUNE	STAD	TAL GJEN-STANDAR	AV DESSE	
			Registrert	Katalogisert
Forsand	Kommunehuset	700	0	640
	Bergevik	500		
Hjelmeland	Dalen skule	591	225	229
	Viga	1600	1600	1600
	Vågen	1688	1313	1313
Suldal	Håland	854	0	854
	Jelsa	67	0	0
	Sand	1179		
	Kolbeinstveit	1082	1082	1082
	Røynevarden	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0
Sauda	Hustveit	527	527	527
	Åbo-byen	539	539	405
	Sauda museum	1227	1227	156
Finnøy	Bygdamuseet	1700	1669	1669
Rennesøy	Kulturhuset	165	0	0
	Bakken	100	0	0
	Mosterøy	455	455	0
	Åmøy	2978	2978	2978
Kvitsøy	Ydstebøhavn	160	160	0
SUM		16515	13343	12991

Eit systematisk arbeid for å ta i ferde med katalogiseringa av gjenstandssamlingane har ført til at det i 2006 er katalogisert 2909 gjenstandar i ein database kalla WinRegimus. Det er gjenstandar frå Håland (891) og frå tilveksten til museet i åra 1982–1986 (1478). Ein del av desse katalogiseringane er revidering av tidlegare registreringar. Samtidig med katalogiseringa er det lagt inn digitale kopiar av foto av gjenstandane. Til saman er nå ca. 8700 gjenstandar edb-registrerte.

I Viga har registreringsarbeidet halde fram, og det er nå registrert 1528 nummer der. Dette året er det vesentleg bøker og arkivmateriale som er registrert. Gjenstandssamlinga i Viga er i eiga til tidlegare eigar av bygningane.

Databasen WinRegimus er ein base som mange små og mellomstore museum har tatt i bruk. Nå har noen større museum utvikla ein ny database kalla PRIMUS, og den gamle WinRegimus er i ferd med å bli fasa ut. I samarbeid med dei andre regionmusea i Rogaland har vi starta planlegginga av ein samla overgang til PRIMUS. Dette vil truleg skje tidleg i 2007.

Tilveksten til gjenstandssamlingane har vore 29 gjenstandar frå 8 forskjellige gjevarar. Gjevarane er. Bjørn Furre, Jelsa, Kari Bergjord, Suldal, Svein Klungtveit AS, Sand, Sand ungdomslag, Sverre Underbakke, Sand, Leiv Løvik, Sand, Maria Flatekvål og Åse T. Jensen, Hjelmeland.

Hovuddelen av den magasinerte gjenstandssamlinga er plassert i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy. Her er det behov for eit arbeid for å pakke ut og ordne gjenstandsaterialet.

NATURHISTORISKE SAMLINGAR OG KULTURLANDSKAPSVERN

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholda godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med ikring 150 tre tre av eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Nye frukttrær blei poda i vår. Det er gjennomført skjering og utplanting av nye tre i hagen.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følge opp samarbeidsavtalen, og vi er nå kome langt i arbeidet med å rekonstruere hovudløa på garden. Denne vil gi oss rom både for utstillings- og undervisningsformål. Det blir arbeidd med revidering av planane for vidare utvikling og drift.

FOTO

Vi reknar med at museet har ei fotosamling på kring 70 000 nummer.

Av desse er 8.500 reprofoto, det vil seia avfotograferingar av eldre bilde. Opplysningar om hovuddelen av reprosamlinga er katalogisert og lagt inn i database, men berre noen få saman med digital kopi av bildet. Etterslepet på katalogisering gjeld om lag 1000 foto. Katalogisering av dei øvrige samlingane er mangelfull, eller heilt fråverande, og det er heller ikkje aktuelt å tenkje seg at ein skal kunne utarbeide gode katalogar for alle samlingane.

I 2006 har vi registrert ein tilvekst på eigne opptak på 1636 foto (594 dias og 1042 digitale foto) samt 15 eldre originalfoto (positivar og negativar). I tillegg kjem 1174 gjenstandsfoto (dias og negativ) som er digitaliserte på grunn av katalogisering i WinRegimus med tilhøyrande digitalt foto. Samla tilvekst blir såleis 3272 foto. Det er dessutan laga digitale kopiar av 462 foto (positiv og negativ) i fotoarkivet.

VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 131 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smalfilmar, og av dei 72 andre er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles og 4 filmar. Tilveksten i 2006 var tre filmar. Dei handlar om tømmerhogst på gammalt vis i Hjelmeland, om fiske på Kvitsøy og om kornmaling i Kvednahola. Videosamlinga er registrert i ein videoprotokoll.

LYDBAND

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1050 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Det er registrert ein tilvekst på 2 lydband i meldingsåret. Begge er opptak av NRK-program. Det eine frå 1949 og handlar om livet i Sauda før industrien.

PRIVATARKIV

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 98 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 42 hyllemeter.

Tilveksten i 2005 var på 5 privatarkiv. Gjevarane var: Ryfylke kunstlag, Suldal kunstlag, Hadle Hovda, Kviteseid, Svein Klungveit AS, Sand og Rasmus Mikkelsen, Sand.

LITTERATUR

Det er i 2006 registrert ein tilvekst på 55 bøker. Samla omfatar biblioteket ca. 2405 bøker.

DOKUMENTASJON OG FORSKING

Ryfylkemuseet har eit langsigttig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. Bygdebokforfattaren har i år hatt permisjon fram til 01.09 for å arbeide med eit manus om Rasmus Løland, men har elles arbeidd med innsamling av materiale til historia om folk og gardar i gamle Jelsa kommune som skal vera ferdig i 2011.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjonshandverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga. Gjennom tilskott frå ABM-utvikling arbeider vi med eit prosjekt kalla «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging i bygningsvernet». Dette skal vera avslutta innan sommaren 2008.

Gjennom oppdragsavtale med Hjelmeland sparebank har vi tatt på oss arbeidet med å skrive ei jubileumssøge for banken. Denne var ferdig til januar 2007, da banken feira 100 års jubileum.


MUSEET SOM MØTEPLESS

Den andre hovudrolla til musea er å vera møtestad og dialoginstitusjon. Musea må kommunisere med omverda for å formedle kunnskap og opplevingar. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

Dei siste åra har vi lagt særleg vekt på å ta inn over oss det som blir kalla den fleirkulturelle utfordringa. Vi ser at musea kan vera viktige arenaer for møte og dialog i utviklinga av det kulturelle mangfaldet, og har gjennom dette lukkast med å nå nye grupper.

VIDAREUTVIKLING AV PUBLIKUMSTILBODET

Den største utfordringa for Ryfylkemuseet er likevel å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt, men uforløyst potensiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturelt medvet og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen.



Sommarsesongen på Kolbeinstveit opna med tilbod til skulane. Her er det Rasmus Løland på løa. Ingrid Vold fortel.

På Kolbeinstveit har vertskapsfunksjonen og aktivitetsprogrammet vore vidareført etter opninga av ny hovudutstilling i fjor. Her har vi nå eit tilbod som omfattar interessante bygningar, buande vertskap, dyr, lokal meny, utstillingar, konsertar og aktivitetsdagar og eit samarbeid om seglingar med D/S Suldal.

Det er planlagt tilsvarande oppgradering av formidlingstilboden i Viga. Arbeidet i 2006 har vore konsentrert om hagen.

Det har lenge vore arbeidd for å realisere planar for eit servicebygg på Hustveit, men det har vore vanskeleg å finne noen utveg til å finansiere dette. Nå ser vi utveg til å ivareta noen av dei behova som servicebygget skulle dekke gjennom gjenreising av løa på garden. Det er sett i gang eit arbeid for å revidere formidlingsplanen for Hustveit. Så langt har vi drøfta eit eksperiment med etablering av robuste utstillingar som kan stå opne og vera tilgjengelege heile døgnet heile året.

Ved sinkgruvene i Allmannajuvet i Sauda har Statens Vegvesen starta ei relativt omfattande og kostbar planlegging av eit visningsanlegg knytt til prosjektet Nasjonal Turistveg og har inngått ny avtale med grunneigarane. Museet har bidratt med faglege innspel til prosessen, men er ikkje invitert med på noen form for styring av prosjektet. Sinkgruvene i Allmannajuvet vil ikkje vera ein del av våre verne- og formidlingsoppgåver i framtida.

I Kvitsøy arbeider vi med innsamling og planlegging av eit permanent hummar- og fiskerimuseum i «Fiskernes Hus». Første del av utstillinga blei opna i juni 2006. Andre delen er planlagt opna i 2007. Arbeidet går føre seg i tett samarbeid med ei frivillig gruppe og med Kvitsøy kommune.

Vi har hatt møte med Forsand kommune om oppbygging av eit utstillingstilbod i biblioteket i kulturhuset, etter mønster av BibMus i Rennesøy. Også i Hjelmeland blir det arbeidd med ei samlokalisering av museet og biblioteket.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse tema-utstillingane i meldingsåret:

- | | |
|-------------|---|
| 01.01-31.12 | <i>Strandstaden Sand</i> , permanent utstilling på Nesa-sjøhuset |
| 01.01-31.12 | <i>Garden og folk</i> , permanent utstilling på Kolbeinstveit |
| 01.01-31.12 | <i>BibMus</i> , permanent utstilling i Kulturhuset Meieriet, Vikevåg |
| 10.01-23.01 | <i>Din myte – mi forteljing</i> , eigenprodusert vandreutstilling som i år er vist i Strand |



Hovudutstillinga dette året var ei jubileumsutstilling om museumsstasjonen i Ryfylke gjennom dei siste 25 åra.

12.01-18.04	Livets begynnelse – frå svangerskap til fødsel, innlånt utstilling frå Internasjonalt kultursenter og museum, Nesa-sjøhuset
03.06-31.12	<i>Frå teine til sølvfat</i> , permanent utstilling i Kvitsøy Humermuseum
09.06-12.10	<i>Ekte vare</i> , jubileumsutstilling, Nesa-sjøhuset
18.06-14.08	<i>Kunst og handverk</i> , sommarutstilling, Kolbeinstveit
13.10-23.10	<i>Ryfylkeutstillinga</i> , utstilling produsert av Ryfylke kunstlag, Nesa-sjøhuset

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

- Bergevik, Forsand – 37 t/v
- Viga – 8 t/v
- Håland – 4 t/v
- Skulemuseet på Jelsa – 8 t/v
- Nesa-sjøhuset – 43 t/v (vintersesongen 30 t/v)
- Kolbeinstveit – 36 t/v
- Jonegarden på Hustveit – 4 t/v
- Sinkgruvene i Allmannajuvet – 1 dagleg omvising
- Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – omvising 3 dagar i veka
- BibMus, Rennesøy – 14 t/v
- Bakken, Rennesøy – 2 t/v
- Kvitsøy Humermuseum – 2 t/v

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

ARRANGEMENT

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. Dette kan vera så ulike tilbod som tur på fjorden med «Brødrene af Sand», foredrag knytt til anlegg og utstillingar, eller om eit emne museet har arbeidd med, konsertar, aktivitetsdagar, dansekveldar, kvedarsamlingar o.a. Det vil føre for langt å ta inn detaljerte lister over alle arrangement her, dei finst i resultatrapporten til styret, men til saman har det vore kring 30 ulike arrangement i 2006.

Mellom dei store arrangementa var folkemusikkhelga på Mo 03.-15.11.



Gruppa *Tindra* spelte til underhaldning og dans under markeringa av 25 års jubileumet. *Tindra* har henta ein del av materialet sitt frå folke-musikkarkivet.

Vi gjentok i år også kvernhusdagen i Kvednahola på Ritland. Det var eit arrangement i samarbeid med Sand bondekvinnelag. Vi kjører kvernene, sel omnsbakt brød, og i år var det også muleg for ungane å prøve ut vasskrafta på sjølvspika vasskallar.

Vi gler oss også over samarbeidet med Strand mållag om innsamling av folkemusikkmaterialer i Strand. Resultatet av dette arbeidet blei presentert på eit arrangement på Tau der Silje Vige framførte ein del av materialet.

SKULEN

Det har dei siste åra vore sterke signal til musea om at dei må satse sterkare på barn og unge og utvikle eit betre samarbeid med skulen.

Ryfylkemuseet har gjennom folkemusikkarkivet i lang tid samarbeidd både med ulike skuleslag og med barnehagen. Folkemusikkhelga er eit arrangement som samlar deltakarar på tvers av generasjonane.

Vi har og sett at tilbodet til nye nordmenn har hatt appell på tvers av generasjonane. På dei internasjonale kveldane vi arrangerer er det med både barn og unge, og vi har søkt å tilrettelegge aktivitetar som passar for desse.

Eit nyutvikla undervisningsopplegg for ungdomsskulen på «Brødrene af Sand» er vidareført med godt resultat. Dette kan

overførast til ungdomsskular andre stader, men så lenge vi er avhengig av frivillig innsats for å føre jekta, har vi eit kapasitetsproblem i forhold til å ta oppdrag langt unna heimebasen på Sand på kvardagar.

BESØK

Statistikken for publikumsbesøk i 2006 samanlikna med tala for 2005 ser slik ut:

STAD	2005	2006
Forsand bygdemuseum	204	233
Dalen skule		900
Viga	253	458
Hjelmeland bygdemuseum		Ikkje ope
Håland	187	235
Jelsa skulemuseum	1 084	538
Nesa-sjøhuset	4 005	3 365
Kvednahola	400	100
Kolbeinstveit	2 063	1 406
Røynevarden	0	Ikkje ope
Hustveit	128	19
Industriarbeidarmuseet	79	415
Sinkgruvene	292	249
Bakken		61
BibMus	1 082	3120
Kvitsøy Hummermuseum		1 416
Brødrene af Sand	1 064	1 176
Eksterne arrangement	2 854	2 048
Sum anlegg	13 695	15 739

Vi gler oss over veksten i besøkstalet, men må sannkjenne at veksten er knytt til nye anlegg, nye utstillingar og nye aktivitetstilbod, medan det etablerte fort mister interessa. Det kan sjå ut til at fortsatt vekst i besøkstalet krev eit ganske stort trykk på produktutvikling og marknadsføring.

Besøksstatistikk byr dessutan på noen utfordringar i forhold til nye formidlingsformer. På Rennesøy har vi eit museumstilbod integrert i biblioteket. Biblioteket har ca. 9.500 besøkande i året. I fjor fekk vi oppgitt eit anslag for besøk i museumsavdelinga gjennom sommarsesongen, i år har vi tatt med eit anslag for besøket heile året. Men det er umuleg å måle kor aktivt forhold desse hadde til museumstilboden.

I tillegg til dei tala som kjem her har museet ein del besøk knytt til eksterne aktivitetar av ulike slag, som gjerne blir gjennomført i samarbeid med andre. Vi har ingen tilfredsstillende statistikk for desse arrangementa. Vi har heller ingen statistikk for bruk av anlegga våre utanom opningstidene.

PUBLIKASJONAR

I 2005 har Ryfylkemuseet gitt ut desse publikasjonane:

- *FOLK i Ryfylke 2006*, årsskriftet til museet, temanummer om Ryfylkemuseet (jubileumsnummer)

TAKK

Vi vil takke Kulturdepartementet, Norsk Museumsutvikling, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragstatarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

NOTAR

¹ St.meld nr. 22 (1999-2000) – Kjelder til kunnskap og oppleveling

² St.meld nr. 48 (2002-2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014

Sand, 28. februar 2007

Terje Hidle
Styrelseiar

Roy Høibo
Direktør

Rekneskap 2006

Vedtatt av styret i møte 28. februar 2007

RESULTATREKNESKAPEN

	2005	2006
Driftsinntekter	7 453 986	6 926 448
Varekjøp	-233 903	-194 031
Lønn og sosiale utgifter	-4 982 871	-4 453 772
Andre kostnadar	-2 255 817	-2 345 722
Driftsresultat	-18 605	-67 077
Finansinntekter	52 418	137 659
Finanskostnadar	-7 153	-7 340
Resultat av finansinntekter/-kostnadar	45 265	130 319
Årsoverskott/-underskott	26 660	63 242
Overføring frie fond		
Avsett til styrking av eigenkapital	-26 657	-63 242
Bruk av eigenkapital		
Avrunding	-3	-10
Sum disponert/dekka inn	-26 660	-63 252

BALANSEREKNESKAPEN

	2005	2006
EIGE		
Anleggsmidlar	246 713	135 274
Varelager	53 561	57 604
Kundefordringer	353 747	590 467
Feilkunder	450	0
Forskot løn		0
Kasse	1 300	1 300
Bank, brukskonto	2 780 982	5 791 396
Bank, skattetrekke		165 672
Sum eige	3 436 753	6 741 713
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital	-985 588	-1 048 830
Avsetninger	-1 592 648	-4 805 811
Leverandørgjeld	-386 268	-193 244
Skattetrekke		-165 672
Skuldig arbeidsgjevaravgift		-95 887
Skuldig pensjonstrekk	-665	-1 836
Anna skuld	4 518	17 058
Skuldig meirverdiavgift	-101	-7 361
Skuldig løn og feriepengar	-406 672	-374 069
Skuldig arb.gj.avg. av feriepengar	-69 329	-66 050
Øreavrunding		-11
Sum gjeld og eigenkapital	-3 436 753	-6 741 713

Årsberetning

Arten av verksemda og kor ho blir drive

Ryfylkemuseet er eit museum som har til formål å ta vare på, arbeide med og gjera kjent materiale om liv og verksemd i Ryfylke-regionen frå tida etter reformasjonen og fram til i dag. Museet legg stor vekt på samfunns- og samtidsengasjement. Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

Framhald av drifta

Institusjonen har føresetnadar for å drive vidare, og årsrekneskapen for 2006 bygger på dette.

Arbeidsmiljø

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Ryfylkemuseet blir vurdert som godt.

Ytre miljø

Drifta av Ryfylkemuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Museet legg vekt på balanse mellom kjønna. Av dei 7 faste stillingane ved museet er 4 kvinner og 3 menn. Det blir praktisert lik lønn for likeverdig arbeid.

Sand, 28. februar 2007

Kristoffer Nødland Vibeke Meling	Gro Voldner Birkeland Roy Høibo	Terjer Hidle Styreleiar Lars Pedersen	Tormod Skeie Trygve Brandal
-------------------------------------	------------------------------------	---	--------------------------------

Revisjonsmelding

Me har revidert årsrekneskapen for Stiftelsen Ryfylkemuseet for rekneskapsåret 2006, som viser eit overskat på kr. 63 252. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden for å halde fram drifta. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og årsmelding. Årsrekneskapen er avgjort av administrasjonen i museet. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold, i samsvar med krava i lov og forskrifter.

Me har utført revisjonen i samsvar med lov om stiftingar og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardene vedtekne av Den norske Revisjonsforening. Revisjonsstandardene krev at me planlegg og utførar revisjonen for å oppnå god tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbygger informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp som er nytta samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den

grad det følgjer av lov og god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av museet si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Me meiner at vår revisjon gi eit forsvarlig grunnlag for vår uttale.

Me meiner at

- årsrekneskapen er avgjort i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stode 31. desember 2006 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden for å halde fram drifta er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter
- det ikkje ligg føre noko tilhøve som seier at museet sin årsrekneskap ikkje er i samsvar med museet sitt føremål og vedtekten for øvrig.

Haugesund, 29. mars 2007-08-17

Thor Elias Sandvig
Konst. revisjonssjef

FOLK i Ryfylke

2007

tema VIGA



Marta Thorsen (1842-1924), var einaste dotter i Viga. Ho overtok garden saman med mannen sin Sven i 1875. Dei dreiv garden livet ut, og førde vidare frå ein generasjon til neste dei arbeidsmåtane, den livsstilen og dei verdiane som var knytt til det tradisjonelle bygdelivet.

Ellen Louise Eiane Brandal (f. 1954) reiste ut for å få seg utdanning, men flytta heim att i 1988 for å overta heimegarden saman med mannen sin Trygve Brandal. Dei valde å føre vidare den driftsforma som generasjonane før dei hadde utvikla, men i kombinasjon med arbeid utanom garden.

Katinka ten Hove (f. 1966) kom frå Nederland til Ryfylke saman med familien sin i 2002 på leit etter ein stad der dei kunne leva tettare på naturen, utvikle ein meir medveten livsstil og bidra til ei positiv utvikling av bygda.

Desse kvinnene er berarar av verdiar som er ulike dei verdiane som ser ut til å dominere samfunnsformingen. Men det er trendar i tida som tyder på at slike verdiar er i ferd med å bli sett høgare att. Det gir håp om ei bedre framtid både for oss som bur i bygdene frå før, og for dei som gjerne vil flytte hit.



RYFYLKEMUSEET